

Språkstatus 2017

Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet

Språkrådet

Språkstatus 2017
Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet

Språkrådet:

September 2017

Innhald

Innhald	3
Føreord.....	11
Status for det norske språksamfunnet	12
<i>Terminologi og fagspråk</i>	14
<i>Språkbruk i høgare utdanning og forskning</i>	14
<i>Språkbruk i arbeids- og næringslivet.....</i>	15
<i>Språk og teknologi</i>	15
<i>Kultur og medium.....</i>	15
<i>Språkleg dokumentasjon</i>	15
<i>Rettskrivningsnormer og språkobservasjon.....</i>	15
<i>Språkrøkt</i>	16
<i>Språkbruk i offentleg forvaltning</i>	16
<i>Nynorsk</i>	16
<i>Andre språk i Noreg</i>	16
<i>Språklege rettar og språkopplæring</i>	17
<i>Nabospråk</i>	17
1 Terminologi og fagspråk.....	18
1.1 <i>Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining</i>	18
Innleiing (kap. 7.2.1).....	18
Kunnskaps- og terminologiimport før og no (kap. 7.2.2).....	18
Kvífor ein eigen norsk fagterminologi? (kap. 7.2.3).....	18
Nasjonalt terminologiarbeid i Noreg m.m. (kap. 7.2.4/6).....	19
1.2 <i>Språkrådets rolle og aktivitetar</i>	19
1.3 <i>Nettverk på internasjonal nivå.....</i>	20
1.4 <i>Standardiseringsarbeid i Noreg</i>	20
Standard Norge	20
Norsk Elektroteknisk Komite (NEK).....	21
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom)	22
1.5 <i>Universitets- og høgskolesektoren</i>	22
Terminologiutvikling	22
Utdanning og kvalifisering i omsetjing til norsk, og utdanning i terminologi og fagspråk.....	22
1.6 <i>Fagspråklege offentlege dokument</i>	23
Omsette traktatar, internasjonale avtalar og overeinskomstar	23
Omsette EØS-rettsakter i 2016	23
1.7 <i>Terminologiressursar</i>	24
Fritt tilgjengelege termlister og termbasar på internett	24
1.8 <i>Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....</i>	26
Kjelder.....	27
2 Språkbruk i høgare utdanning og forskning	28
2.1 <i>Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining</i>	28
Generelt (kap. 7.3.1)	28
Omfanget av engelskbruk i ulike samanhengar (kap. 7.3.2).....	28
Nærare om forskingsspråket (kap. 7.3.3).....	28
Nærare om undervisningsspråket (kap. 7.3.4)	28
Nærare om språket i læremiddel og faglitteratur (kap. 7.3.5).....	29
Vurderingar og framlegg frå ulike språkutval ofl. (kap. 7.3.6).....	29
2.2 <i>Språkrådets rolle og aktivitetar</i>	29
2.3 <i>Språkpolitikk ved og for lærerstadene</i>	29

Språkpolitiske dokument.....	30
Parallellspråkbruk	30
Internasjonalisering	32
Språksenter.....	32
2.4 Vitskapleg språk	32
Forsking og formidling	32
Språk i doktoravhandlingar	33
Vitskaplege tidsskrift og open tilgang.....	34
2.5 Høgare undervisning på norsk og engelsk.....	35
Omfanget av undervisning på engelsk	35
2.6 Pensumlitteratur.....	37
Pensum på norsk	37
Digitalt pensum	38
Pensumbøker på norsk: tilgang og behov	39
2.7 Ansvaret for norsk fagspråk	40
2.8 Annan fagleg litteratur, formidling	40
2.9 Språk i digitale faglege kjelder	41
2.10 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	41
<i>Kjelder.....</i>	<i>43</i>
3 Språkbruk i arbeids- og næringslivet.....	46
3.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining	46
Innleiing (kap. 7.4.1).....	46
Konsernspråk (kap. 7.4.2)	46
Språk i stillingsannonser (kap. 7.4.3).....	46
Språk i marknadsføring og informasjon (kap. 7.4.4)	46
Eit språk- og teknologibasert arbeidsliv (kap. 7.4.5)	46
Spørsmålet om lovregulering av språk i arbeidslivet (kap. 7.4.6)	46
3.2 Språkrådets rolle og aktivitetar	46
3.3 Bruk av norsk og engelsk i bedriftene	47
3.4 Konsernspråk, offisielt arbeidsspråk	49
3.5 Språk i reklame og marknadsføring	49
3.6 Arbeid med klart språk i næringslivet.....	50
3.7 Språkbehov og språkkompetanse i verksemndene	50
3.8 Fleirspråklege arbeidsplassar	50
3.9 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	51
<i>Kjelder.....</i>	<i>52</i>
4 Språk og teknologi	54
4.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining	54
Innleiing (kap. 7.5.1).....	54
Tidlegare ambisjonar og tiltak (kap. 7.5.2/4)	54
Ein norsk språkbank (kap. 7.5.5/6)	54
4.2 Språkrådets rolle og aktivitetar	55
4.3 Ny strategi for språk og IKT	55
4.4 Norsk språkbank	56
Innhald per våren 2017	56
4.5 Kunnskapssystem eller kunstig intelligens?	57
4.6 Programvare i begge målformer	57
4.7 Parallelsøk	58
4.8 Maskinstøtta omsetjing	58
4.9 Taleteknologi	59
4.10 Bruk av IKT i skolen.....	59

Bruk av IKT i høgare utdanning	59
<i>4.11 Tilgang til internett og bruk av tenester på nett</i>	<i>59</i>
<i>4.12 Bruk av IKT i barnehagen.....</i>	<i>60</i>
<i>4.13 Oppsummering, arbeidet vidare og utfordringar.....</i>	<i>60</i>
<i>Kjelder.....</i>	<i>61</i>
5 Kultur og medium.....	63
<i>5.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining</i>	<i>63</i>
Innleiing (kap. 7.6.1).....	63
Språkbruk i mediesektoren (kap. 7.6.2)	63
Krav til allmennkringkastarane om bruk av norsk språk (kap. 7.6.3).....	63
Generelt om språk, litteratur og bibliotek (kap. 7.6.4).....	63
Språkpolitisk relevante verkemiddel i litteraturpolitikken (kap. 7.6.5)	64
Bibliotek som språkpolitisk verkemiddel (kap. 7.6.6)	64
Særskilt om leselyst, lesestimulering og litteraturformidling (kap. 7.6.7).....	64
Andre problemstillingar på kultur- og medieområdet (kap. 7.6.8)	64
Norsk språk i utlandet (kap. 7.6.9).....	64
<i>5.2 Språkrådets rolle og aktivitetar</i>	<i>65</i>
<i>5.3 Aviser.....</i>	<i>65</i>
<i>5.4 Innstillinga frå mediemangfaldsutvalet</i>	<i>65</i>
<i>5.5 Allmennkringkasting</i>	<i>66</i>
<i>5.6 TV 2</i>	<i>68</i>
<i>5.7 Kommersielle radio- og fjernsynskanalar.....</i>	<i>68</i>
<i>5.8 Språk i sosiale og nye medium.....</i>	<i>68</i>
<i>5.9 Kinofilm.....</i>	<i>70</i>
<i>5.10 Språk, litteratur og bibliotek.....</i>	<i>70</i>
Bøker	70
Bokavtalen og høve til fastprissamarbeid	71
<i>5.11 Språk i populærmusikk</i>	<i>72</i>
<i>5.12 Digitalisering</i>	<i>72</i>
<i>5.13 Den kulturelle skolesekken.....</i>	<i>72</i>
<i>5.14 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....</i>	<i>73</i>
<i>Kjelder.....</i>	<i>73</i>
6 Språkleg dokumentasjon.....	75
<i>6.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining</i>	<i>75</i>
Generelt (kap. 8.3.1)	75
Språksamlingar (kap. 8.3.2)	75
Innsamling av stadnamn (kap. 8.3.3)	75
Ordbøker og andre leksikalske oppslagsverk (kap. 8.3.4)	75
Spesielt om Norsk Ordbok (kap. 8.3.5)	76
Nærare om dokumentasjonen av bokmål (kap. 8.3.6)	76
<i>6.2 Språkrådets rolle og aktivitetar</i>	<i>76</i>
<i>6.3 Språksamlingar og digitalisering.....</i>	<i>76</i>
<i>6.4 Leksikon</i>	<i>77</i>
<i>6.5 Norsk Ordbok 2014</i>	<i>77</i>
<i>6.6 Dokumentasjonen av bokmål</i>	<i>78</i>
<i>6.7 Teiknspråkordbøker.....</i>	<i>78</i>
<i>6.8 Dokumentasjon av romani og romanes.....</i>	<i>78</i>
<i>6.9 Dokumentasjon av kvensk</i>	<i>79</i>
<i>6.10 Norske ordbøker på nettet.....</i>	<i>80</i>
<i>6.11 Råd om stadnamn</i>	<i>80</i>
<i>6.12 Innsamling av stadnamn</i>	<i>81</i>

6.13 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	81
Kjelder.....	82
7 Rettskrivningsnormer og språkobservasjon.....	84
7.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og meining</i>	84
Grunnlaget for språknormeringa (kap. 8.4.1)	84
Norsk normeringspolitikk 1997–2005 (kap. 8.4.2).....	84
Grunnlaget for eit framtidig normeringsregime (kap. 8.4.3)	84
Rettssgrunnlag og kunnskapsgrunnlag for rettskrivinga (kap. 8.4.4).....	84
Fastsetjing og normering av namn (kap. 8.4.5).....	85
7.2 Språkrådets rolle og verksemd.....	85
7.3 Retningslinjer for normering	86
7.4 Normeringsvedtak 2014–2016	87
Vedtak om endra grammatisk kjønn (genus):	87
Vedtak om å ta inn utbreidde dialektformer i normene:.....	87
Vedtak om norsk skrivemåte av importord (norvagisering):	87
Ymse justeringar i normene:	87
Vedtak om endring i skriveregler:	87
7.5 Moglege rettskrivingsendringar for inkjekjønnsord i bokmål.....	87
7.6 Undersøking om genusvariasjon og moglege innstrammingar i normene	88
7.7 Språkendring og språkobservasjon.....	88
7.8 Ordbøker og ordlister med offisiell rettskriving.....	89
Bokmålsordboka, Nynorskordboka og Norsk ordbank.....	89
Godkjenning av ordlister og ordbøker til skolebruk	89
7.9 Retningslinjer for transkripsjon frå andre skriftsystem	89
7.10 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	89
Kjelder.....	90
8 Språkrøkt.....	92
8.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og meining</i>	92
Generelt (kap. 8.5.1)	92
Språkleg kvalitet i lærebøker (kap. 8.5.2)	92
Språket i film- og fjernsynsteksting (kap. 8.5.3).....	92
8.2 Språkrådets rolle og aktivitetar	92
8.3 Språkrøkt i statsforvaltinga og kommunane	93
8.4 Språkrådets rådgiving til publikum.....	93
8.5 Språkleg kvalitet i lærebøker	94
8.6 Språket i aviser, fjernsyn og andre etermedium	94
8.7 Språket i fjernsynstekstar	95
8.8 Prisar frå Språkrådet	95
Språkprisen.....	95
Kvensk språkpris.....	96
Språkgledeprisen	96
Rosings språkpris	96
Nysgjerrigpers språkpris	96
Diplom for godt namnevett	96
Klarspråksprisen.....	97
8.9 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	97
Kjelder.....	97
9 Språkbruk i offentleg forvaltning.....	99
9.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og meining</i>	99
Offentleg språk som føredøme (kap. 8.6.1)	99
Analyse av forvaltningsspråket før og no (kap. 8.6.2).....	99

Klarspråk (kap. 8.6.3)	99
Oppsummerande vurdering (kap. 8.6.5)	99
9.2 Språkrådets rolle og aktivitetar	100
9.3 Språkpolitiske hovudmål og statlege styringsdokument	100
9.4 Kvaliteten på språket i statsforvaltninga	101
Standard for språkleg kvalitet	101
9.5 Særleg om nynorsk forvaltningsspråk.....	101
Tilsyn med målbruken hos sentrale statsorgan	101
Tilsyn med målbruken hos departementa	104
Førespurnader om moglege brot på mållova.....	105
9.6 Klarspråk	106
9.7 Prosjektet «Klart språk i staten».....	106
Effektar av prosjektet	106
Evalueringar	107
9.8 Utviklinga på klarspråksfeltet etter 2012.....	108
Klarspråksprisen.....	108
Støtte til klarspråkstiltak	108
Klarspråk i akademia	109
Klarspråk i kommunesektoren	109
9.9 Arbeid med språk i lover og forskrifter.....	109
Prosjektet «Klart lovspråk».....	110
Utviklinga på lovspråkområdet	111
Særleg om nynorsk lovspråk.....	111
Grunnlova på nynorsk	112
9.10 Kurs for statstilsette	112
Språkrådets nynorskkurs	113
Nynorsk øvingsrom for skoleelevar og offentleg tilsette	113
E-læringskurset «Oi, på nynorsk!»	113
Språkrådets klarspråkskurs	113
Kurs i regi av Difi	114
E-læringskurset «Den gylne pennen»	114
Påbyggingskurs i klarspråk	115
9.11 Statstilstokt til språkorganisasjonar og språktiltak.....	115
9.12 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	115
Oppfølging av mållova og arbeid med målbruk i statsorgana	115
Dokumenterte verknader av klarspråksarbeidet, og vegen vidare	116
<i>Kjelder.....</i>	<i>119</i>
10 Nynorsk.....	122
10.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meinig	122
Nynorskens status og bruk (kap. 9.1).....	122
Grunnleggjande perspektiv (kap. 9.1.1).....	122
Nynorsk for minoritetsspråklege (kap. 9.1.2)	122
Oppslutninga om nynorsk (kap. 9.1.3).....	122
Nynorsken si stilling innanfor utvalde språkdomene (kap. 9.1.4)	123
Nynorske korpusspørsmål (kap. 9.2)	123
Ordtarfanganget i nynorsk (kap. 9.2.2).....	123
Politikk for nynorsk (kap. 9.3)	123
Det politiske grunnlaget (kap. 9.3.1).....	123
Tiltaksområde (kap. 9.3.2)	123
10.2 Språkrådets rolle og aktivitetar	123
10.3 Nynorskens status og bruk	124

Undersøking om bruken av bokmål og nynorsk hos statstilsette og språkbrukarar generelt...	124
<i>10.4 Oppslutninga om nynorsk som opplæringsmål.....</i>	<i>125</i>
Nynorsk i grunnskolen	125
Hovudmål på skriftleg avgangseksamen i norsk på studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande skole	127
Folkerøystingar om opplæringsmål i grunnskolen.....	128
<i>10.5 Nynorsk for minoritetsspråklege.....</i>	<i>130</i>
Opplæringsmål for vaksne innvandrarar	130
Nynorske læreverk for minoritetsspråklege i grunnskolen og i vaksenopplæringa	130
<i>Grunnskolen:.....</i>	<i>130</i>
<i>Vaksenopplæringa:.....</i>	<i>130</i>
<i>10.6 Nynorsk i NRK</i>	<i>132</i>
<i>10.7 Nynorsk i kommunal og fylkeskommunal forvaltning</i>	<i>133</i>
<i>10.8 Målbyte frå nynorsk til bokmål</i>	<i>134</i>
«Stolt av eige språk» – språkstyrkingsprosjekt i Fjell kommune	134
Odda-modellen.....	134
Framlegg om å lovfeste Odda-modellen.....	134
<i>10.9 Rammevilkår for nynorskinstitusjonar.....</i>	<i>134</i>
<i>10.10 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar</i>	<i>135</i>
<i>Kjelder.....</i>	<i>135</i>
11 Andre språk i Noreg	137
<i>11.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meinig.....</i>	<i>137</i>
Mål og prinsipp for ein ny språkpolitikk (kap. 3.1)	137
Overordna språkpolitiske mål (kap. 3.1.1).....	137
Innleiing (kap. 10.1).....	137
Nemningsbruk (kap. 10.1.1)	137
Urfolksspråk og språka til nasjonale minoritetar (kap. 10.1.2).....	137
Politisk-administrative ansvarstilhøve (kap. 10.1.3).....	137
Samisk (kap. 10.2)	137
Situasjonen for samisk språk (kap. 10.2.1)	137
Oppfølging av relevant lov- og regelverk (kap. 10.2.2).....	137
Samisk språk og ikt (kap. 10.2.3).....	138
Samisk terminologiutvikling (kap. 10.2.4)	138
Sametinget sitt arbeid for samisk språk (kap. 10.2.5)	138
Oppfølging av Noregs tredje rapport til Europarådet (kap. 10.2.6)	138
Oppsummerande vurdering (kap. 10.2.7)	138
Kvensk (kap. 10.3)	138
Situasjon og status for kvensk språk i dag (kap. 10.3.1).....	138
Grunnleggjande tiltak for styrking av kvensk (kap. 10.3.2)	138
Merknader til oppfølging av minoritetsspråkpakta (kap. 10.3.3)	139
Oppsummerande vurdering (kap. 10.3.4)	139
Romani og romanes (kap. 10.4)	139
Bakgrunn og neverande situasjon (kap. 10.4.1).....	139
Merknader om oppfølging av minoritetsspråkpakta (kap. 10.4.2)	139
Oppsummerande vurdering (kap. 10.4.3)	139
Norsk teiknspråk (kap. 10.5).....	139
Språkbrukarar i ei særstilling (kap. 10.5.1).....	139
Tilhøvet mellom teiknspråk og talespråk (kap. 10.5.2)	139
Offisiell status for teiknspråk (kap. 10.5.3)	139
Anna arbeid for norsk teiknspråk (kap. 10.5.4)	139
<i>11.2 Språkrådets rolle og aktivitetar.....</i>	<i>140</i>

<i>11.3 Norsk teiknspråk</i>	140
Språklege rettar	141
Utdanning – barnehage og grunnutdanning	141
Utdanning – vidaregåande skole	142
Utdanning – vaksenopplæring	142
Utdanning – universitet og høgskolar	142
Forsking og utviklingsarbeid	142
Teiknspråklege seniorar	143
Høyrande barn av døve foreldre	143
Språkhaldningar	143
<i>11.4 Nasjonale minoritetsspråk og nyare minoritetsspråk</i>	144
Skogfinsk	144
Jiddisch.....	145
Romani.....	145
Romanes.....	145
Kvensk	146
Nyare minoritetsspråk	148
<i>11.5 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar</i>	148
Kjelder.....	148
12 Språklege rettar og språkopplæring	151
<i>12.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining</i>	151
Språkets funksjon for språkbrukarane (kap. 6.1)	151
Språkleg variasjon, toleranse og kvalitet (kap. 6.2).....	151
Språk – ein demokratisk rett (kap. 6.3)	151
<i>12.2 Språkrådets rolle og aktivitetar</i>	151
<i>12.3 Språklege rettar</i>	152
Retten til morsmål og nasjonalspråk	152
Retten til nasjonalspråk for fleirspråklege elevar	152
Språklege rettar i målbytesituasjonar	152
<i>12.4 Språkopplæring</i>	153
Språkstimulering i barnehagen.....	153
Språk i grunnopplæringa (1. årstrinn til vidaregåande trinn 3).....	154
Særleg om norskfaget i grunnopplæringa	155
Tiltaksplan for nynorsk i opplæringa	156
Språkpolitiske føringar for endringar i språkopplæringa	156
Kompetanse og opplæring i andre framandspråk enn engelsk	156
<i>12.5 Forsking på skrivekompetanse i begge målformer</i>	157
<i>12.6 Lærarutdanninga</i>	157
<i>12.7 Haldningar til eige fag hos norsklærarar</i>	158
<i>12.8 Lærermiddel</i>	158
Lærermiddelforskning	159
Støtte til utvikling av lærermiddel.....	159
<i>12.9 Forum for nynorsk i opplæringa og Nettverk for nynorsk i lærarutdanninga</i>	159
<i>12.10 Norsk og samfunnuskunnskap for vaksne innvandrarar</i>	159
<i>12.11 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar</i>	160
Kjelder.....	161
13 Nabospråk.....	164
<i>13.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining</i>	164
Nordisk språksammarbeid (kap. 11.1)	164
Internordisk språkforståing (kap. 11.2)	164
Verkemiddel i det nordiske språksammarbeidet (kap. 11.3)	164

Oppfølging av Den nordiske språkdeklarasjonen (kap. 11.4).....	164
Bakgrunn og innhold (kap. 11.4.1).....	164
Generelt om oppfølgingsarbeidet (kap. 11.4.2)	164
Språkforståing og språkkunnskap (kap. 11.4.3).....	164
Språkteknologi (kap. 11.4.4).....	165
Oppsummerende vurdering (kap. 11.4.5)	165
<i>13.2 Nordisk språksamarbeid og nabospråksforståing</i>	165
<i>13.3 Språkrådets rolle og aktivitetar</i>	166
<i>13.4 Verkemiddel i det nordiske språksamarbeidet</i>	166
<i>13.5 Den nordiske språkdeklarasjonen</i>	166
<i>13.6 Nettverket for språknemndene – arbeid for nordisk språkforståing</i>	166
<i>13.7 Nabospråkundervisning</i>	167
<i>13.8 Nettverk om parallellspråkbruk i Norden</i>	168
<i>13.9 Språkteknologi i det nordiske språksamarbeidet</i>	168
<i>13.10 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar</i>	168
<i>Kjelder</i>	169

Føreord

Dette er den femte språkpolitiske statusrapporten som Språkrådet legg fram. For at Språkrådet skal arbeide mest mogleg effektivt med gjennomføring av språkpolitiske tiltak, er det nødvendig å ha inngående kunnskap om tilstanden for norsk, norsk teiknspråk og dei norske minoritetsspråka. Det er fem år sidan sist Språkrådet presenterte ein tilsvarande språkpolitisk statusrapport, og det har derfor vore viktig å få på plass ein ny status. Utgangspunktet for rapporteringa er St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meinung. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, der det heiter at språkpolitiske tiltak og prioriteringar skal ta utgangspunkt i kunnskap om språktildstanden.

Rapporten er laga av tilsette i Språkrådet på grunnlag av opplysninga som er henta inn fram til 1. august 2017.

Kvart kapittel inneholder eit utdrag frå kortversjonen av *Mål og meinung*. Utdraga gir att situasjonen og dei politiske føringane på dei områda kapitla tek føre seg. Kapitla har òg eit fast avsnitt som gjer greie for kva roller og aktivitetar Språkrådet har på det aktuelle feltet. Avslutningsvis gjer vi greie for korleis Språkrådet vurderer kunnskapsbehova og utfordringane i det vidare arbeidet på kvart av dei prioriterte felta.

Guri Melby
styreleiar

Åse Wetås
direktør

Status for det norske språksamfunnet

I 2018 er det ti år sidan førre stortingsmelding om språk, *Mål og mening. Ein heilsakleg norsk språkpolitikk*, (St.meld. nr. 35, 2007–2008). Svært mange av problemstillingane som blir løfta fram i denne meldinga, er framleis relevante for det norske språksamfunnet, kanskje til og med i endå høgare grad enn tidlegare. Delar av samfunnet har likevel endra seg vesentleg sidan den gongen, og Språkrådet ser at tiltaka som skal sikre at vi når hovudmåla for den norske språkpolitikken, må utviklast vidare og setjast i verk på nye område. Den auka digitaliseringa av tenester og ordningar på alle samfunnsområde er eit fenomen som kan få svært mykje å seie for stoda for norsk språk framover. Vidare har medierøynda endra seg vesentleg på ti år. Vi kan no vere på nett heile tida, og sosiale medium og strøymetenester er tilgjengelege for oss. Dette kan få store følgjer dersom det norskspråklege tilbodet ikkje er godt nok og tilgjengeleg nok i møte med eit rikt engelskspråkleg tilbod. Det har òg vore store endringar i den norske arbeidsmarknaden sidan 2008. Til dømes har vi fått mange fleire arbeidsinnvandrarar frå EØS-området i løpet av det seinaste tiåret, noko som i ein heilt annan grad enn tidlegare har skapt fleirspråklege arbeidsplassar.

Det overordna målet for den norske språkpolitikken er å sikre posisjonen til norsk som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg. *Mål og mening* la stor vekt på presset frå engelsk mot norsk som bruksspråk. Hovudtendensen er framleis heilt klår: Norsk er under sterkt press frå engelsk på mange samfunnsområde. Til dømes ser vi at norsk fagspråk på enkelte område er minimalt i bruk. På slike fagområde står vi i fare for at det skal skje domenetap, og at vi ikkje lenger har eit norsk ordforråd å bruke når vi kommuniserer om desse faga. Mangelen på tilfanget av norskspråklege standardar til bruk i alle delar av arbeids- og samfunnslivet fører òg til eit svekt norsk fagspråk og kan ha konsekvensar som mangelfull effektivitet, därlegare lønsemd, større fare for feil og sviktande tryggleik på arbeidsplassen.

Norsk språk treng betre levekår innanfor den høgare utdanningssektoren. Engelsk står sterkt i forsking, og i somme fag er engelsk så dominerande at det knapt finst skriftlege kjelder som inneheld norsk fagspråk. Som undervisningsspråk ved norske institusjonar er engelsk på kraftig frammarsj, først og fremst på masterstudia, men i stigande grad òg på bachelornivå. Språkrådet er uroa for utviklinga av fagspråket, men minst like uroa er vi over at det ikkje er forska nok på kva konsekvensar det får for innlæring og tileigning av kunnskap hos den enkelte studenten når dette skjer på eit framandspråk. Dei fleste studentane på dei norske utdanningsinstitusjonane skal ut i det norske arbeidslivet. Der skal dei kommunisere med kollegaer, kundar, brukarar, pasientar, elevar og så vidare. Vi veit at medlemsbedriftene i NHO ønskjer seg medarbeidarar med solid kunnskap i norsk – både munnleg og skriftleg. Då er det viktig at utdanningane førebud studentane på arbeidslivet på ein best mogleg måte.

Språkrådet meiner at det hastar med å utvikle arbeidsmåtar ved universiteta og høgskulane som gjer at arbeidet med norsk fagspråk skjer langt meir systematisk enn i dag. Dette er ei lovpålagd oppgåve alle institusjonane har, men som det ser ut til at ikkje alltid blir høgt prioritert. Truleg ville det vore eit viktig verkemiddel om institusjonane måtte rapportere om denne delen av arbeidet sitt til Kunnskapsdepartementet. Det gjer dei ikkje i dag.

Teknologiutviklinga skjer raskt, og både offentlege og private tenester er i høg grad digitaliserte. For at norsk språk skal vere førstevaltet når digitale tenester blir utvikla i Noreg, må det etablerast ein betre språkleg digital grunninfrastruktur for norsk, i form av store ordsamlingar og oppmerkte korpus. Det er slike grunnressursar firma som utviklar teknologiske verktøy og program, treng for å levere produkta på norsk. Særleg er situasjonen alvorleg for slike ressursar på nynorsk. Det vil svekkje statens evne til å levere tenester til befolkninga etter krava i målloven, og det vil i siste

instans svekkje både dei språklege rettane til brukarane og på sikt nynorsk som likestilt skriftspråk.

Språkrådet ser at barn heilt ned i treårsalderen møter eit engelskspråkleg tilbod når dei bruker ressursar som er tilgjengelege på nett eller speler dataspel. Vi veit òg at bruken av nye medium aukar. Det finst norskspråkleg innhald av høg kvalitet for barn, og NRK Super speler ei avgjerande rolle for at dette tilboden er tilgjengeleg. Det er særleg viktig at barn i framtida framleis får gode språklege førebilete gjennom eit godt og lett tilgjengeleg norskspråkleg medie- og kulturtilbod, noko som er eit hovudmål for språkpolitikken på kultur- og mediefeltet. Det er grunn til å vere uroleg for om vi kan sikre viktige språkpolitiske mål på dette området utan auka innsats og nye verkemiddel.

Språkrådet har målt haldningane til engelsk i reklame i det norske samfunnet. Eit hovudfunn er at befolkninga er meir positiv til engelsk i reklame no enn tidlegare. Dette gjeld særleg den unge befolkninga i byane. Bruken av norsk og engelsk og innstillinga til dei kan seie oss noko om statusen til dei to språka. Sjølv om norsk i hovudsak står sterkt i Noreg, er det på fleire område tendensar til at engelsk har aukande status og bruk.

Situasjonen for nynorsk er eit tverrgåande emne i *Språkstatus*. I *Mål og mening* vart det fastslått at nynorsk er reelt diskriminert i det norske språksamfunnet, sjølv om dei to målformene formelt er jamstilte. I *Språkstatus 2017* kjem det fram at nynorsken framleis er under press, men for første gong på meir enn ti år ser vi ein svak auke i det absolutte talet på nynorskelever i grunnskolen. Det kan tyde på at språkpolitiske tiltak for å førebyggje målbyte frå nynorsk til bokmål har byrja å verke. Samstundes held prosentdelen elevar med nynorsk som opplæringsmål fram med å søkke, rett nok med lågare tempo enn tidlegare. Det skuldast i hovudsak at talet på *nye* elevar med bokmål som hovudmål aukar endå meir enn talet på nye nynorskelever.

I offentleg sektor ser vi at mange statsorgan og departement ikkje stettar krava i mállova, og at det jamt over blir brukt mindre nynorsk i statsforvaltinga enn det lova krev. Det er eit leiaransvar å sikre at alle medarbeidrarar har dei kvalifikasjonane som trengst til å utføre arbeidet. Det er òg eit leiaransvar å sikre at verksemdene overheld det norske lovverket. I ei tid der mange av dei offentlege tenestene blir digitale, er det viktig at statlege organ stiller krav til utforminga av dei digitale tenestene slik at systema og tenestene finst på begge målformer – til same tid. Meir samordning og tydelegare krav til utvikling av statlege digitale tenester er naudsynt for at staten skal nå dei språkpolitiske måla på dette feltet. For å sikre dette må det investerast i språkteknologi som legg til rette for utvikling av digitale tenester på begge målformer. Desse ressursane er ein viktig del av den norske samfunnsinfrastrukturen, og på same måte som med veg er det ikkje ressursar som kan utviklast ein gong for alle. Dei språktekologiske grunnlagsressursane må vedlikehaldast og utviklast løpende for at samfunnet skal få dei digitale språkressursane vi treng på norsk.

Regelverket bidreg ikkje alltid til å sikre rettane til nynorskbrukarane. På ny skal læreplanen i norsk for grunnskolen og vidaregåande skole reviderast, og opplæringa i skriftleg sidemål kjem truleg endå ein gong til å bli sentral i debatten om norskfaget. Då er det viktig at vi har mest mogleg sikker kunnskap om effektane sidemålsopplæringa har for dei overordna politiske målsetjingane. Språkrådet ser at den eksisterande sidemålsordninga er eit avgjerande verkemiddel for å nå det språkpolitiske målet Stortinget har sett om at bokmål og nynorsk skal vere jamstilte språk.

I løpet av dei siste åra har vi sett ei stor og aukande interesse for arbeid med klarspråk i næringslivet. Òg mange statsorgan har sett i gang tiltak for å gjere språket meir tilgjengeleg for brukarane, og prosjektet «Klart språk i staten» har vore ei avgjerande viktig drivkraft for slikt arbeid. Det er no brei semje om at klart språk i kommunikasjon frå staten og ulike private

tenesteytarar er eit gode for demokratiet og for velinformerte borgarar og forbrukarar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har rekna ut at kostnaden ved därleg språk i staten er på 300 millionar kroner i året. Når rettstryggleiken blir større for innbyggjarane i Noreg, og staten samstundes kan spare store summar, er det openbert at klart språk er ei viktig sak. Også næringslivet ser at det vil spare tid og framstå som meir tillitsvekkjande dersom ein bruker eit klart, enkelt og godt språk. Nyleg har òg organisasjonen KS sett i gang eit systematisert klarspråksarbeid i norske kommunar. Språkrådet har bidrige med rettleiing og klarspråksmetodikk til både private aktørar og til KS, og vi ser verdien av at det gode språket blir teke i bruk på stadig nye samfunnsområde og av stadig fleire nye aktørar.

Sidan 2012 har Språkrådet hatt fullmakt til å gjere bindande normeringsvedtak for bokmål og nynorsk når språkutviklinga tilseier det, og det er gjort fleire slike vedtak sidan 2014. Til grunn for normeringa ligg det at dei to målformene skal normerast på kvart sitt grunnlag, og at det skal vere færre og mindre omfattande endringar i rettskrivinga enn det som før har vore vanleg.

Språkrådet arbeider aktivt med å styrke dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes og har sidan førre *Språkstatus* tilsett ein rådgivar med dei nasjonale minoritetsspråka som sitt primære arbeidsfelt. Språkrådet fekk i 2011 ansvar for å arbeide med norsk teiknspråk. Framleis ser vi fordommar og stor mangel på kunnskap om døve og høyselshemma i Noreg, både blant fagfolk og i ålmenta. Norsk teiknspråk er eit fullverdig språk med brukarar som har språket som sitt førstespråk og morsmål. Likevel ser vi at teiknspråk dessverre ofte ikkje blir behandla som fullverdig språk. Språkrådet er uroa over fleire utviklingstendensar på teiknspråkområdet, der resultatet er stadig færre møteplassar der teiknspråkbrukarar faktisk kan *bruke* språket sitt. Det er alvorleg for den enkelte språkbrukaren, og det er alvorleg for framtida til norsk teiknspråk.

Nedanfor følgjer eit oversyn over hovudpunktata i dei 13 kapitla i Språkstatus 2017. Punktlistene viser dei tre viktigaste utviklingstrekkja på kvart av fagfelta:

Terminologi og fagspråk

- Svært få standardar blir omsette til norsk. Konsekvensane for det norske samfunnet kan vere svekt effektivitet og lønsemrd, manglande tryggleik og fare for feil.
- Det har vore lite vidareutvikling i store og viktige termbasar, primært på grunn av manglande finansiering.
- Det foregår for lite systematisk arbeid med terminologi ved dei norske universiteta og høgskolane. Språkrådet har utvikla ein mönsterpraksis for terminologiarbeid i universitets- og høgskolesektoren som gjer det mogleg å setje i gang nye termprosjekt i sektoren. Dette skal bidra til at sektoren betre kan gjennomføre lovpålagde oppgåver på feltet.

Språkbruk i høgare utdanning og forsking

- Stadig meir av undervisninga i universitets- og høgskolesektoren skjer på engelsk. Omstruktureringar i universitets- og høgskolesektoren har ført til ei rekke samanslåingar og nye institusjonar. Det er usikkert om desse nye institusjonane har språkpolitiske retningslinjer.
- Det er tydelegare at sektoren har sterke føringar for meir internasjonalisering enn for ivaretaking av norsk fagspråk. Arbeidet for å ivareta og vidareutvikle norsk fagspråk er i for låg grad prioritert og følgjt opp innanfor sektoren.
- Det skjer eit aktiv arbeid med å fremje parallellspråkbruk.

Språkbruk i arbeids- og næringslivet

- Norsk står sterkt i norsk arbeidsliv, og prinsippet om «norsk når du kan og engelsk når du må» ser stadig ut til å gjelde. Store internasjonale verksemder bruker likevel oftest engelsk. Det er stor interesse for arbeid med klart språk i næringslivet.
- Behovet for norskopplæring på fleirspråklege arbeidsplassar er aukande.
- Haldningane til engelsk i reklame og marknadsføring i det norske samfunnet er meir positive no enn før, sjølv om både verksemndene som reklamerer, og forbrukarane i mottakaren den meiner at engelsk ikkje er noko salsargument. Ungdom og folk i byane er mest positive til engelsk i reklame.

Språk og teknologi

- Det trengst stadig vidareutvikling av språkleg digital infrastruktur for at norsk skal vere det opplagde valet når språktekologiske produkt og tenester blir utvikla i Noreg.
- Det er særleg nødvendig med betre språkleg infrastruktur for nynorsk for at staten skal kunne etterleve krava i mållova og sikre dei språklege rettane til brukarane når dei digitaliserer tenestene sine. Kvalitetssikra termbasar for nynorsk og bokmål er ein viktig del av ein slik infrastruktur.
- Den aukande IKT-bruken i skolen tilseier at språket i programvare og digitale læringsressursar må få større merksemd.

Kultur og medium

- Etter valet hausten 2013 stoppa den nye regjeringa boklova og gjekk i staden inn for ein bokavtale. Språkrådet er særleg oppteke av at fagbøker og lærebøker for høgare utdanning, som er heilt sentrale for eit levande norsk fagspråk, får gode rammevilkår i det nye avtaleverket.
- Sosiale medium blir brukte meir og meir i det norske samfunnet, og språket i nye medium representerer nye uttrykksmåtar.
- Barn heilt ned i treårsalderen møter ofte engelsk når dei ser på tv og film og speler dataspel.

Språkleg dokumentasjon

- Talet på norskspråklege leksikonartiklar held fram med å auke. Det nynorske tilfanget aukar prosentvis mest, særleg på grunn av utviklinga på *Wikipedia* og veksten i *Allkunne*.
- Papirversjonen av *Norsk Ordbok* er ferdig, og *Det Norske Akademis ordbok* blir truleg klar i løpet av 2017. Likevel er det stort behov for midlar til fleire store ordbokprosjekt.
- Teiknspråklege ordbokressursar har vore under god utvikling dei siste åra, men mangel på folk med teiknspråkleg førstespråkkompetanse og leksikografisk og lingvistisk kompetanse som kan jobbe med teiknordbokarbeid, bremsar arbeidet. Ordboksituasjonen for kvensk er framleis mangelfull, og skriftleg dokumentasjon av kvensk språk er eit akutt behov. Det er behov for betre ordbøker for romani og romanes.

Rettskrivningsnormer og språkobservasjon

- Språkrådet har sidan 2012 hatt fullmakt til å gjere bindande normeringsvedtak når språkutviklinga tilseier det, og det er gjort fleire slike vedtak sidan 2014. Til grunn for normeringa av bokmål og nynorsk ligg det at dei to målformene skal normeras på kvart sitt grunnlag, og at det skal vere færre og mindre omfattande endringar i rettskrivinga enn det som før har vore vanleg.
- Språkrådet har vedteke retningslinjer for normering, som drøftar ulike prinsipp og omsyn som kan takast i normeringssaker. Normeringsarbeidet skjer på grunnlag av observasjon av språket slik det er i bruk ut frå vitskapleg fundert gransking av skriftleg nynorsk og bokmål i store tekstkorpus.

- Sidan førre Språkstatus-rapport frå Språkrådet er dei norske forskingsmiljøa i leksikografi, leksikologi og stadnamngransking lagde ned. Språkrådet ønskjer å medverke til å etablere og vidareutvikle eit leksikografisk fagmiljø i Noreg som òg i framtida kan syte for at det blir produsert gode ordbokressursar, og vi ønskjer å medverke i etableringa av eit nytt fagmiljø innanfor namnforsking.

Språkrøkt

- Språkrådet gir råd om norsk språk generelt, om terminologi og fagspråk og språkbruk i staten og om norsk teiknspråk og minoritetsspråk. Til rådgivingstenesta i Språkrådet kjem det årleg inn rundt 10 000 spørsmål på telefon og e-post. Nettsidene våre hadde over 3,3 millionar besök i 2016. Språkrådet gir òg råd på Twitter og Facebook.
- Språkrådet deler kvart år ut fleire prisar for å stimulere til språkleg medvit og heidre framifrå språkbruk og språkarbeid.

Språkbruk i offentleg forvaltning

- Etterspurnaden etter nynorskkurs aukar, og kontakten med statsorgana viser at mange statstilsette treng grunnleggjande opplæring i nynorsk.
- Interessa for eit klart, godt og brukarvennleg språk i lover og forskrifter har auka dei siste åra. I eit demokratisk samfunn er det avgjerande at folk forstår eigne rettar og plikter, og at lovspråket ikkje er til hinder for dette. Språket i lover og forskrifter har dessutan store ringverknader, fordi det dannar grunnlaget for svært mykje av saksbehandlinga både i offentleg og privat sektor. Språkrådet har derfor prioritert arbeidet med å kvalitetssikre språket i lov- og forskriftstekstar.
- Svært mange statsorgan har sett i gang tiltak for å betre språket sitt, og prosjektet «Klart språk i staten» har vore ei sterk drivkraft for slikt arbeid. Eit nytt e-læringskurs gir ei innføring i grunnleggjande klarspråksteknikkar, men statsorgana har framleis stort behov for tilpassa kurs og språkfagleg hjelp i arbeidet med viktige tekstar.

Nynorsk

- For første gong på meir enn ti år ser vi ein svak auke i det absolutte talet på nynorskelevar i grunnskolen. Samstundes held prosentdelen elevar med nynorsk som opplæringsmål fram med å søkke, rett nok med lågare tempo enn tidlegare.
- Vi ser at allmennkringkastaren NRK oppfyller målkrava for fleire av kanalane og er svært nær ved å gjere det for andre. Lågast nynorsksdel er det i radiokanalen NRK P2 og på nrk.no.
- Kommunar og fylkeskommunar er viktige språkaktørar, og Språkrådet vil følgje opp den pågående kommunereforma og sjå til at nynorsken held fast ved den posisjonen målforma har i dei tradisjonelle kjerneområda, og ikkje blir valt bort ved framtidig kommunesamanslåing.

Andre språk i Noreg

- Språkrådet fekk i 2011 ansvar for å arbeide med norsk teiknspråk. Framleis ser vi fordommar og stor mangel på kunnskap om døve og høyrselshemma i Noreg, både blant fagfolk og i ålmenta generelt.
- Språkrådet arbeider aktivt med å styrkje dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes. Situasjonen for desse språka er kritisk.

Språklege rettar og språkopplæring

- Nynorsk er under stadig press frå bokmål, og regelverket bidrar ikkje alltid til å sikre rettane til nynorskbrukarane. På ny skal læreplanen i norsk for grunnskolen og vidaregåande skole reviderast, og opplæringa i skriftleg sidemål kjem endå ein gong til å bli sentral i debatten om norskfaget.
- Nynorskprosenten i skolen held fram med å minke, men noko saktare enn tidlegare. Også for samisk ser vi ein jamm tilbakegang. Synleggjering av dei lovfesta språklege rettane til dei nasjonale minoritetane i sentrale opplæringsdokument ser dessverre ikkje ut til å vere nok for å sikre rettane til minoritetspråksbrukarane.
- Norsk teiknspråk er under press frå norsk talespråk, utviklinga på det medisinske fagfeltet og manglande kunnskap i kommunane. Regelverket bidreg ikkje alltid til å sikre rettane til teiknspråkbrukarane. Læreplanen i norsk teiknspråk for grunnskolen og vidaregåande skole skal reviderast. Høyrande barn av døve foreldre har framleis ingen språklege rettar og inga språkopplæring på førstespråket sitt.

Nabospråk

- Nabospråkforståinga i Norden har gått ned dei siste tiåra.
- Det nordiske medietilbodet påverkar nabospråkforståinga. Til dømes har tv-serien Skam hatt positiv påverknad for i kva grad svenskar og danskar interesserer seg for og forstår norsk.
- Nordisk språkpolitikk og språksammarbeid har fokusert mykje på skolesektoren og på nabospråktilbod for barn og unge dei seinare åra, medan det sektorovergipande språkarbeidet har blitt mindre vektlagt. Dei nordiske landa har mange felles språkinteresser, og språksammarbeid på fleire samfunnssektorar vil kunne vere god ressursutnytting og samstundes gje gode språkpolitiske resultat.

1 Terminologi og fagspråk

For få av dei nye europeiske og internasjonale standardane som blir fastsette som norsk standard kvart år, blir omsette til norsk. Faren for språkleg domenetap på området er overhengande, og konsekvensane for det norske samfunnet er store. Språkrådet og Standard Norge arbeider tett saman for å auke talet på standardar som blir omsette til norsk, og trenden i 2016 er positiv for første gong på fleire år. Det har vore lite vidareutvikling i store og viktige termbasar som til dømes SNORRE, UHR-termbasen og Termportalen, mellom anna på grunn av problem med finansiering og stoda for terminologi på nynorsk er særleg alvorleg. Arbeidet med felles omgrepsskatalog i staten har skapt eit større behov for systematisk terminologiarbeid i fleire statlege etatar. Dette er avgjerande for effektivt og godt samarbeid på tvers av sektorar, og for digitaliseringsarbeidet i staten. Språkrådet har utvikla ein mørnsterpraksis for terminologiarbeid i universitets- og høgskolesektoren som bidrar til stadig fleire termprosjekt i UH-sektoren som bidrar til at sektoren betre kan etterleve dei lovpålagde oppgåvene sine for å ivareta norsk fagspråk.

1.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og mening

Innleiing (kap. 7.2.1)

Fagspråk er ekspertspråk bygd opp kring eit system av presist definerte omgrep med tilhøyrande eintydige og dekkjande språklege nemningar, kalla fagterminologi. Ei stadig utvikling innanfor jamt meir spesialiserte kunnskapsfelt gjer at det heile tida oppstår ny terminologi. Dette kan også vitalisera det allmennspråklege ordtilfanga.

Kunnskaps- og terminologiimport før og no (kap. 7.2.2)

Men nesten all kunnskapsutvikling er internasjonal i sin natur, og i regelen blir derfor nye fagterminologi først utvikla på engelsk. Spreiing av engelskspråkleg terminologi skjer særleg gjennom vitenskapleg basert kunnskapsproduksjon, dessutan ved internasjonalt standardiseringsarbeid. Av om lag 1000 internasjonale standardar som kvart år blir gjorde gjeldande i Noreg, blir mindre enn 5 prosent omsette til norsk.

Kvifor ein eigen norsk fagterminologi? (kap. 7.2.3)

Fagterminologi på norsk krev eit særskilt nasjonalt terminologiarbeid. Mangel på norsk terminologi kan fort utløysa full bruk av engelsk.

Terminologi på norsk derimot fremjar presis fagleg forståing, gjer det lettare å popularisera spesialisert kunnskap og styrker dermed den demokratiske informasjonstilgangen.

Terminologi på norsk kan også vera bedriftsøkonomisk lønnsamt. Utviklinga av norsk oljeterminologi i 1980-åra gav språkleg og kulturell sjølvkjensle og betre tryggleik.

Terminologiarbeid er ei nødvendig plattform for effektiv kunnskapsoverføring mellom norsk og andre språk.

Nasjonalt terminologiarbeid i Noreg m.m. (kap. 7.2.4/6)

Norsk terminologi er dels utvikla gjennom ordinær fagleg aktivitet, dels gjennom meir idealistiske aktivitetar, dels ved større terminologiprojekt baserte på språkteknologiske metodar.

Datamaskinell termbehandling byrja i 1960-åra. Terminologien er spreidd gjennom ordlister, termsamlingar og større terminologiordbøker, men i dag er Internett det mest aktuelle formidlingsmediet. Viktig terminologiarbeid skjer gjennom omsetjing av internasjonale standardar i regi av Standard Norge.

Arbeidet med norsk terminologi gjekk lenge jamt framover, men ligg i dag mykje på etterskot. Vi manglar ein sentral nasjonal terminologiinstans til å koordinera arbeidet etter at Rådet for teknisk terminologi (RTT) gjekk konkurs i 2001.

Norske termar blir nesten berre utvikla på bokmål. Den aktiviteten som går føre seg, er spreidd og ukoordinert, og nyutvikla terminologi blir i liten grad gjord tilgjengeleg eksternt. Det trengst nye grep for å koma i gang med eit offensivt terminologiarbeid.

Språkrådet har dei siste åra teke fleire initiativ for å få oversikt over situasjonen på terminologifeltet. Ei kartlegging utført av Standard Norge i 2004 viste eit stort behov for ny terminologiutvikling. Eit funksjonelt norsk fagspråk for framtida krev at norsk terminologi blir utvikla raskt og effektivt i takt med fagleg, teknisk og økonomisk utvikling. Terminologien må formidlast til aktuelle brukarar gjennom digitale terminologidatabasar som er tilgjengelege over Internett. Norske termar må utviklast parallelt på bokmål og nynorsk.

Frå kortversjonen av Mål og mening (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

1.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

I *Mål og mening* fekk Språkrådet rolla som nasjonalt samordningsorgan for arbeid med terminologi og fagspråk, og som ei følgje av det vart Språkrådets terminologiteneste etablert i 2009.

Terminologitenesta skal på nasjonalt plan samordne terminologiarbeid som er i gang, ta initiativ til, leggje til rette for og følgje opp ny aktivitet, gi råd og rettleiing på området og assistere miljø som ønskjer å kome i gang med terminologiarbeid. Tenesta gir dessutan råd til publikum og svarer på spørsmål om terminologi som kjem til Språkrådets svarteneste.

Språkrådet driv informasjonsarbeid på terminologifeltet gjennom eit eige, fast nyheitsbrev og held fleire terminologikurs, både opne kurs for ålmenta og skreddarsydde kurs for organisasjoner som har sett i gang terminologiprojekt. Språkrådet held også innlegg om terminologi på konferansar og seminar.

Av strategiske omsyn har Språkrådet teke initiativ til fleire terminologiprojekt i UH-sektoren. Målet er å styrke stoda for norsk fagspråk, særleg på dei områda der det er fare for domenetap. Eit mønsterpraksisprosjekt for kjemi, som vart avslutta i 2014, danna grunnlaget for ein metode for innsamling og registrering av terminologi for ulike akademiske fagfelt. I 2016 kom det i gang terminologiprojekt for både lingvistikk og klima, medan termprosjektet i kjemi har vore ført vidare i ei fast arbeidsgruppe. Samstundes har Språkrådet tilgjengeleggjort eksisterande termlister på fagfelta bioteknologi og biologi i Språkrådets termwiki, ein nettbasert og fritt tilgjengeleg termbase. Språkrådet har også gitt tilskot til fleire termprosjekt i UH-sektoren (mellan anna på felta kjønnsforsking, matematikk og bibliotekfag).

Eit nordisk terminologiprojekt som skal styrke nordisk nabospråkforståing innanfor områda utdanning og arbeidsliv, har også vorte sluttført. Prosjektet har vore eit samarbeidsprosjekt med andre nordiske språknemnder og terminologiorganisasjonar. Prosjektleiinga har vore plassert hos Språkrådet.

Språkrådet har også stått for terminologisk rådgiving, til dømes for Finans Norge i samband med deira prosjekt for meir forståeleg pensjonsterminologi. Språkrådet har også delteke i ei arbeidsgruppe som har som mål å lage ein standard for omgrepsskriving, som skal nyttast for å etablere ein felles omgrepsskatalog i staten.

Standard Norge er ein nøkkelaktør i utviklinga av norsk teknisk terminologi. Språkrådet og Standard Norge har derfor saman laga ein handlingsplan som skal syte for at fleire standardar kjem i norsk språkdrakt, og fleire norskspråklege termar blir utvikla og registrerte i termbasen til Standard Norge. Fast finansiering av terminologiarbeid peikar seg ut som ein avgjerande faktor for å lykkast.

Språkrådet bestilte i 2016 ei undersøking av kva fordelar ein oppnår ved at standardar ligg føre på norsk framfor berre på engelsk. Spørjeundersøkinga vart send ut til brukarar av standardar gjennom Standard Norges faste nyheitsbrev.

1.3 Nettverk på internasjonalt nivå

Språkrådet deltek i styringsgruppa for det nordiske terminologiforumet Nordterm (nordterm.net), i styret for Den europeiske terminologiforeininga (EAFT – eaft-aet.net) og i styret for Det internasjonale informasjonssenteret for terminologi (Infoterm – infoterm.info). Noreg arrangerte årets Nordterm-konferanse på Kongsberg i juni 2017.

1.4 Standardiseringsarbeid i Noreg

Standardiseringsarbeidet i Noreg skjer i dei tre institusjonane Standard Norge (SN), Norsk Elektroteknisk Komite (NEK) og Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom).

Ein standard er eit dokument som skildrar og regulerer viktige sider ved eit produkt, ei teneste eller ein arbeidsprosess. Det er frivillig å nytte standardar, men føremålet er å oppnå likare konkurransetilhøve, produkttryggleik, ei enklare røynd for forbrukarane og felles løysingar nasjonalt og internasjonalt. Standardar effektiviserer og forenklar. På det elektrotekniske området blir standardane omtalte som *normer*. Standardar inneheld mykje og ofte ny terminologi på både tekniske og andre fagområde. Dette er terminologi som blir fastlagd gjennom standardane, og som blir utbreidd gjennom bruken av dei. For det norske samfunnet er det viktig at standardane er tilgjengelege i eit språk som brukarane kan forstå. I tillegg til å vere effektivt, er det òg viktig for tryggleik på arbeidsplassar, god kvalitet på produkt og tenester og god kommunikasjon mellom fagfolk på ulike ekspertområde.

Norske standardar kan vere utarbeidde på norsk her heime. Dei fleste standardar er europeiske eller internasjonale tekstar som anten er omsette til norsk (som hovudregel frå engelsk), eller som ikkje er omsette, men som blir gitt ut med engelsk tekst og norsk tittel.

Standard Norge

Tabell: Standardar frå Standard Norge 2008–2016, utvalde år

	2008	2009	2011	2013	2015	2016
Talet på europeiske eller internasjonale standardar fastsette som Norsk Standard	1011	1381	1035	1142	1054	1059
Talet på standardar omsette til norsk	34 (3,4 %)	37 (2,7 %)	42 (4,1 %)	23 (2 %)	22 (2,1 %)	31 (2,9 %)

Kjelder: Språkrådet (2012), Standard Norge (2017)

I tabellane er det ikkje teke omsyn til kor omfattande kvar einskild standard er i sidetal.

Tala for omsette standardar var relativt høge i perioden 2010 til 2012. Det har samanheng med SNORRE-prosjektet og ein auke i talet på omsetjarar i Standard Norge. SNORRE er namnet på Standard Norges termbase. Basen vart utvikla i 2010 og 2011 i eit prosjekt finansiert av Kulturdepartementet. Termbasen blir framleis jamleg oppdatert med terminologi frå dei ulike standardane. Diverre representerte prosjektet berre eit mellombels brot på den tidlegare tendensen med fallande prosentdel for omsette standardar. Trass i at prosjektet ikkje vart avslutta før hausten 2011, er det nemleg mogleg å spore ein liten tilbakegang allereie i 2011, slik tabellen under viser. Språkrådet og Standard Norge utvikla i 2016 ein felles handlingsplan for å auke talet på omsette standardar. Språkrådet og Standard Norge samarbeider tett for å få dette til. Det er derfor opploftande at tala på standardar som er omsette til norsk i 2016 bryt med den negative trenden. Det er likevel stort rom for vidare forbetring.

Standard Norge vart både i 2014 og 2015 tilgodesett med midlar gjennom ei utlysing av språkprosjektmidlar som Kulturdepartementet gjorde om hausten begge desse åra. Standard Norge fekk dessutan i 2014 ein mindre sum i støtte frå Språkrådet. Midlane har i all hovudsak gått til å trekke ut engelskspråkleg terminologi av europeiske og internasjonale standardar som fungerer som norsk standard, men som ikkje er omsette til norsk. Terminologien blir så lagd inn i SNORRE-basen med norske ekvivalentar for både bokmål og nynorsk.

Norsk Elektroteknisk Komite (NEK)

Tabell: Normer frå Norsk Elektroteknisk Komite

	2009	2010	2011	2015	2016
Samla tal på fastsette NEK-normer	1084	989	949	1102	1106
av desse med norsk tekst	8 (0,7 %)	8 (0,8 %)	6 (0,6 %)	4 (0,4 %)	10 (0,9 %)
Talet på NEK-normer utarbeidde nasjonalt (på norsk)	4 (0,4 %)	10 (1 %)	6 (0,6 %)	4 (0,4 %)	10 (0,9 %)
Samla tal på gjeldande NEK-normer	13 499	13 231	13 755	15 345	15 791

Kjelde: Norsk Elektroteknisk Komite (2017)

Engelsk språk rår i praksis grunnen i dei norske elektrotekniske standardane. NEK forklarer det med at sektoren er internasjonal med engelsk som dominerande språk, at elektroteknisk industri berre i liten grad har verksemd på den norske marknaden åleine, og sist, men ikkje minst, med at NEK ikkje får nokon offentleg økonomisk støtte til omsetjing til norsk.

Det er ingen framgang å spore for norsk fagspråk på dette feltet dei siste åra. Situasjonen er snarare verre. Det er mange som arbeider med elektroteknikk i Noreg, og det er ikkje bra nok at desse får viktig dokumentasjon berre på engelsk. Når så få av standardane ligg føre på norsk, kan norsk fagspråk bli utsett for eit domenetap på området.

For å bøte noko på stoda sette Språkrådet i 2012 i gang eit prosjekt saman med NEK der elektroteknisk terminologi på engelsk og norsk (bokmål og nynorsk) vart samla inn og gjord allment tilgjengeleg i den nettbaserte termdatabasen til den internasjonale elektrotekniske standardiseringsorganisasjonen IEC (www.electropedia.org). Prosjektet fekk finansiering for to år, 2012 og 2013, og gjorde viktig nybrotsarbeid som resulterte i 3073 termar på bokmål og like mange på nynorsk. Diverre vart prosjektet avslutta på grunn av mangel på vidare finansiering.

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom)

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet har ansvar for å forvalte standardar på teleområdet i Noreg. Ved utgangen av 2014 fanst det i alt 4029 norske standardar på teleområdet. Til samanlikning var talet 4170 i 2011. I april 2017 fanst det i alt 4223 slike standardar i bruk i Noreg. Ingen av desse er omsette til norsk. Ifølgje Nkom er standardane i hovudsak meinte for systemspesialistar og rettar seg såleis i liten grad mot vanlege borgarar. Nkom har derfor ikkje sett det som nødvendig å leggje fram norske versjonar av tekstan.

Brukundersøking om fordelar ved standardar på norsk

Opinion gjennomførte i 2016 ei spørjeundersøking på oppdrag frå Språkrådet om språkval i standardar. Spørjeundersøkinga gjekk til brukarar av standardar og sökte svar på kva fordelar ein oppnår ved at standardar ligg føre på norsk framfor berre på engelsk. Svara viser at for dei fleste brukarane er det engelskspråklege standardar som ligg føre. 44 % bruker flest standardar på engelsk, medan berre 28 % bruker flest standardar på norsk. 1 av 3 melder at standardar på engelsk i stor grad er ei ulempe. 48 % meiner at det ville vere til hjelp dersom termer og definisjonar i dei engelskspråklege standardane var omsette til norsk. Det vart òg stilt spørsmål om kva som var dei vanlegaste ulempene ved bruk av engelskspråklege standardar. Heile 60 % av dei spurde seier at dei bruker meir tid i arbeidet sitt når standarden dei følgjer berre finst på engelsk. 30 % seier at engelsk i standardar har ført til misforståingar i arbeidet, og 28 % seier at arbeidet blir mindre effektiv. 6 % oppgir at engelske standardar har ført til feil i utføringa av arbeidet. Rett nok er svargrunnlaget i denne undersøkinga lite, men vi kan likevel lese nokre tendensar ut av svara. (Opinion 2016, *Undersøkelse om språkvalg i standardar*).

1.5 Universitets- og høgskolesektoren

Terminologiutvikling

Vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk og terminologi i UH-sektoren er språkpolitisk viktig, særleg fordi norsk er utsett for sterkt press frå engelsk. Forskingspublikasjon skjer i all hovudsak på engelsk, og store delar av pensumlitteraturen er berre tilgjengeleg på andre språk enn norsk. Truleg finst det eit stort etterslep i utviklinga av norsk terminologi i denne sektoren, spesielt på spesialisert nivå innanfor naturvitenskapane. Samstundes er ein monaleg del av den norske terminologien som faktisk finst, ikkje lett nok tilgjengeleg for dei aktuelle brukargruppene, korkje i ordbøker, termlister eller termbasar.

Språkrådet har prioritert å sørge for at fleirspråklege termlister blir utvikla og gjorde tilgjengelege innanfor fleire fagområde i UH-sektoren. Eit mønsterpraksisprosjekt for kjemi, som vart avslutta i 2014, danna grunnlaget for ein metode for innsamling og registrering av terminologi for ulike akademiske fagfelt, mellom anna optometri, kjønnsforsking, kognitiv lingvistikk og klima. Termlister innanfor fagfelta bioteknologi og biologi blir fortløpende gjorde tilgjengelege i Språkrådets termwiki.

I tillegg til det arbeidet Språkrådet gjer på feltet, har realfagsbiblioteka ved Universitetet i Bergen og Universitetet i Oslo sytt for å utvikle ei stor mengd realfagstermar og gjere dei søkbare i ein nettbasert base. Basen mottek støtte frå Kulturdepartementet.

Utdanning og kvalifisering i omsetjing til norsk, og utdanning i terminologi og fagspråk

Hovudsakleg to studium på universitets- og høgskolenivå har hatt fokus på terminologi eller fagspråk: bachelorprogrammet SPIK («språk og interkulturell kommunikasjon»), som er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen (UiB) og Noregs handelshøgskole (NHH), og bachelorgraden i «oversetting og interkulturell kommunikasjon» ved Universitetet i Agder. Det

første programmet er no nedlagt, medan det andre ikkje har terminologi som ein del av programminnhaldet. Ved UiB kan ein likevel studere emnet NOSP210 (*Nordisk språkbruksanalyse*), der emnet fagspråk inngår som ein del av innhaldet, og emnet TRANS-HF, eit emne i praktisk og teoretisk omsetjing, også fagspråkleg.

NHH har oppretta eit nettbasert kurstilbod i juridisk omsetjing. Frå før er NHH norsk medarrangør av TERMDIST, eit fellesnordisk kurstilbod i terminologi.

Tabell: Utdanning og kvalifisering i omsetjing til norsk og utdanning i terminologi og fagspråk (tal på studentar)

Program/emne	2009	2010	2011	2015	2016
Bachelor i oversetting og interkulturell kommunikasjon (UiA), heile programmet	75	55	61	–	70
TRANSHF (UiB)	24	44	62	10	
NOSP (UiB), nordisk språkbruksanalyse, fagspråkleg innhald	–	–	19	ukjent	
SPIK101 (NHH og UiB)	11	25	13	–	
SPIK102 (NHH og UiB)	11	6	15	–	
Termdist (NHH), norske kandidatar	20	20	5	3	ikkje arr.
Jurdist				32	23
Innleverte mastergradsoppgåver	3	1	0	ukjent	
Doktorgradsstipendiatar (NHH)	3	4	5	3	
Translatoreksamnen (eksamen fra framandspråk til norsk, «Prøve 2», stått)	–	12 av 48 stod	8 av 43 stod	3 av 16* / 25 av 82** stod	

*skoleeksamen, **heimeeksamen

Kjelder: Universitetet i Agder (2017), Universitetet i Bergen (2017) og Noregs handelshøgskule (2017)

1.6 Fagspråklege offentlege dokument

Omsette traktatar, internasjonale avtalar og overeinskomstar

Utanriksdepartementets traktatregister gir ei oversikt over bilaterale og multilaterale avtalar som Noreg er part i. På nettsidene til Lovdata finn vi ei kronologisk oversikt som viser at det vart gitt ut 35 slike dokument i 2016. Det finst inga oversikt over korleis fordelinga er når det gjeld målform, men så vidt vi kan sjå, er alle omsette til bokmål.

Omsette EØS-rettsakter i 2016

Rettsakter frå EU som blir tekne inn i norsk rett som følgje av EØS-avtalen, skal leggjast fram for Stortinget i norsk språkversjon. Tabellen nedanfor viser tala for omsette rettsakter i 2016 og fordelinga mellom bokmål og nynorsk.

Tabell: Omsette EØS-rettsakter på minst 10 sider (2016)

	Bokmål	Nynorsk	Totalt
Totalt omsett	3856 sider	54 sider	3910 sider
Prosent	98,6 %	1,4 %	100 %

Kjelde: EØS-sekretariatet, Utanriksdepartementet

Tabell: Omsette EØS-rettsakter på mindre enn 10 sider (2016)

	Bokmål	Nynorsk	Totalt
Totalt omsett	286 sider	17 sider	303 sider
Prosent	94,4 %	5,6 %	100 %

Kjelde: Utanriksdepartementet (2017)

1.7 Terminologiressursar

Fritt tilgjengelege termlister og termbasar på internett

Språkrådet har samla inn og tilgjengeleggjort lenkjer til eit omfangsrikt utval termlister og termbasar under fana «Terminologi og fagspråk» på Språkrådets nettstad. Det gjeld norske, nordiske og internasjonale ressursar. Dei norske ressursane kan vere éin-, to- eller fleirspråklege. Vi har inntrykk av at det finst mange tilgjengelege ressursar av denne typen, men det er vanskeleg å seie om omfanget aukar eller går ned. Innhaldet har ulik status og er av varierande kvalitet.

I tabellen nedanfor har vi samla tal for nokre av dei største termbasane i Noreg og for nokre termbasar som Språkrådet er involverte i arbeidet med. Alle har termar på norsk. Termbasane for Kollegiet for brannfaglig terminologi, Akutt forureining og ICNP (International Classification for Nursing Practice) inneholder berre bokmålstermar, medan dei andre termbasane inneholder termar i begge målformer. Det har vore mindre endringar i innhaldet i dei større termbasane. Termressursen *Realfagstermer* er ny.

Landbruksordboka har tidlegare vore fritt tilgjengeleg i ein wiki-versjon, men vart fjerna frå nettet i 2015. Ei gruppe under Landbruksmållaget arbeider for gjere ordboka tilgjengeleg att i ein wiki-versjon på nett.

Tabell: Nokre termbasar i Noreg

TERMBASAR	termpostar 2011	termpostar 2014	termpostar 2015	termpostar 2016
SNORRE (Standard Norge)	53 486	–	52 282	55 500
EØS-EU-basen (UD)	40 354	–	42 895	43 061
Landbruksordboka	ca. 20 000	–	–	
MeSH (Helsebiblioteket.no)	ca. 12 600	18 741	19 008	19 085
Electropedia (IEC)*	–	3 073	3 073	3 073
Internasjonal klassifikasjon for sjukepleiepraksis (ICNP) (Norsk sykepleierforbund)	2 848	–	4 212	4 320
UHR (studieadministrativ terminologi)	1 722	–	1 868	1 868
Kollegiet for brannfaglig terminologi	1 534	1 629		1 708
Akutt forureining (Kystverket)	229	458	599	681
Realfagstermer** (Universitetsbiblioteket)				30 062
Termportalen (NHH)	–	–	95 829	95 879
Språkrådets termwiki:			1 656	2 197
Dataterm			85	86
Kjemi			472	680
Vegvesenet			1 012	1 132
Datatilsynet			73	73
Kjønnsforskning			14	23
Klima			–	45
Kognitiv lingvistikk			–	54
Bioteknologi			–	62
Biologi			–	42
Finans Norge				140
Termbase til støtte for nordisk mobilitet	–	–	–	206

*IEC = International Electrotechnical Commission

**55101 termar, inkludert 17679 på nynorsk og 2988 på engelsk.

Kjelder: Språkrådet (2012), Standard Norge (2017), Utanriksdepartementet (2017), Folkehelseinstituttet (2017), Norsk Elektroteknisk Komite (2017), Norsk sykepleierforbund (2017), UHRs termbase (2017), Kollegiet for brannfaglig terminologi (2017), Kystverket (2017), Universitetsbiblioteket (2017), Termportalen (2017), Språkrådets termwiki (2017) Finans Norge (2017), Termbase til støtte for nordisk mobilitet (2017)

1.8 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Terminologisk verksemelding er arbeidsintensiv og tidkrevjande og dermed kostesam, men samstundes svært lønnsam på lengre sikt fordi resultatet kan gjenbrukast kostnadsfritt. Nett av di det for mange kan vere vanskeleg å sjå nytta av slik verksemelding på kort sikt, er det ei utfordring å få stilt dei nødvendige midlane til rådvelde. Grunnleggjande utfordringar for terminologiarbeidet i Noreg heng derfor saman med og går ut på å skape større medvit og kunnskap om nytta av terminologiarbeid hos avgjerdstakarar og løvvande politikarar og slik oppnå midlar til auka innsats på området.

Kunnskapen om terminologiske prinsipp og arbeidsmetodar finst på fleire plassar i landet. Det finst òg mykje innsamla terminologi og terminologisk medvit, men desse ressursane blir berre i liten grad utnytta. Det manglar samordning i mange samanhengar. I universitets- og høgskolesektoren finst det mykje terminologi i lærebøker, anna undervisningsmateriell og forskingspublisering, men terminologien er spreidd og ofte usystematisk og fragmentarisk. Det same gjeld i privat sektor. Av ei spørjeundersøking som Språkrådet har fått gjennomført i nokre verksemder i denne sektoren, går det fram at det i mange bransjar skjer praktisk terminologiarbeid for eigne føremål. Men den innsamla eller danna terminologien kjem ikkje andre til gode, og han blir ikkje systematisert og harmonisert for heile eller fleire bransjar. Det blir gjort ein del terminologiarbeid i offentleg sektor òg, men også her skjer arbeidet utan tilstrekkeleg samordning. Vonleg vil arbeidet med ein felles omgrepsskatalog i staten bøte på dette. Dette arbeidet kan føre til auka innsats frå Språkrådet på langt fleire område for å harmonisere omgrepene i ulike offentlege forvaltningsorgan.

Det nasjonale terminologiarbeidet står andsynes fire hovudutfordringar som alle heng i hop: Korleis kan ein oppnå auka medvit om nytta av terminologiarbeid, betre samordning av fragmentert verksemelding på området, betre finansieringsløysingar for terminologiprosjekt og meir informasjon om terminologiressursane blant potensielle brukarar?

Erfaringane som er gjorde, syner at det er behov for ein stabil finansieringsmodell. Interessa for utlyste midlar til terminologiprosjekt er prov på det. Kulturdepartementet lyste ut midlar til språktiltak i 2014 og 2015, og fleire terminologiprosjekt fekk støtte. Det gav gode resultat, men ordninga var ikkje permanent. Språkrådet har også lyst ut midlar til terminologiprosjekt dei siste to åra, noko som har resultert i tre nye termprosjekt. Det ville vere ønskjeleg å få på plass ei fast og regelbunden utlysing av midlar.

Samstundes er det viktig at termressursane blir gjorde synlege, og at dei når ut til flest mogleg. Det er framleis ein veg å gå når det gjeld marknadsføring av termbasarar, særleg utover eit avgrensa fagfelt. Det er ikkje berre fagfolk som har nytte av termlister på fagfelte sine. Det gjeld òg fagfolk på andre felt, studentar, fagomsetjarar, politikkutformarar og andre. Meir kjennskap er òg med på å bidra til auka legitimitet for og medvit om terminologiarbeidet i Noreg.

Arbeidet med terminologiutvikling bør vere forskingsbasert. I dag skjer terminologiforskinga i landet i all hovudsak ved Noregs handelshøgskole. Fagmiljøet er lite, men viktig. Det er ønskjeleg med eit sterkare forskingsmiljø som kan styrke arbeidet med å utvikle fleirspråklege termressursar. Vi har behov for meir kunnskap om faktisk termbruk og termdanning på norsk, og fagfeltet treng automatiske termekserperingsverktøy for å gjøre terminologiutviklinga meir effektiv.

Det har òg vorte meir aktuelt å utvikle fleirspråklege termlister for innvandrarar og flyktningar. Regjeringa arbeider for snøgg integrering, også på arbeidsplassane. Det finst i dag få termlister som er utvikla for denne målgruppa, og det manglar kunnskap om behov og status.

Ei anna utfordring er å gjøre dei terminologiske ressursane som er utvikla, tilgjengelege og tilpassa for vidare bruk i utviklinga av språktekknologiske verktøy. Språkbanken spelar ei nøkkelrolle her og bør i større grad rå over terminologisk innhald som kan attvinnast i taleteknologi og automatiske omsetjarverktøy (jf. òg kapittel 4 i denne rapporten).

Kjelder

- Finans Norge (2017): E-post 8.5.
- Folkehelseinstituttet (2017): E-post 3.5.
- Kollegiet for brannfarlig terminologi (2017): E-post 26.3.
- Kystverket (2017): Terminologi for akutt forurensning – Årsrapport for 2016.
- Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (2017): E-post 27.4.
- Noregs handelshøgskole (2017): E-post 21.4.
- Norsk Elektroteknisk Komite (2017): E-post 28.4.
- Norsk Sykepleierforbund (2017): E-post 4.4.
- Opinion (2016): *Undersøkelse om språkvalg i standarder*. <http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/undersokelse-om-sprakvalg-i-standarder.pdf>
- Språkrådet (2012): *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet*.
<http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/sprakstatus1/> (april 2017).
- Språkrådets termwiki (2017). <http://www.termwiki.sprakradet.no/wiki/Hovedside> (april 2017).
- Standard Norge (2017): E-post 6.4.
- St.meld nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf>. Kortversjon:
http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf.
- Termbase til støtte for nordisk mobilitet (2017). <http://nordterm.iterm.dk/portal/nn/> (april 2017).
- Termportalen (2017): www.termportalen.no (april 2017).
- UHRs termbase (2017): [www.http://termbase.uhr.no](http://termbase.uhr.no) (april 2017).
- Universitetet i Agder (2017): E-post 21.4.
- Universitetsbiblioteket (2017): <https://app.uio.no/ub/emnesok/realfagstermer/> (april 2017).
- Utanriksdepartementet (2017): E-post 27.4.

2 Språkbruk i høgare utdanning og forskning

Stadig meir av undervisninga i universitets og høgskolesektoren skjer på engelsk.

Omstruktureringar i universitets- og høgskolesektoren fører til nye institusjonar. Det er usikkert om dei nye institusjonane har språkpolitiske retningslinjer. Det er tydelegare at sektoren har sterke føringar for meir internasjonalisering enn for ivaretaking av norsk fagspråk. Arbeidet for å ivareta og vidareutvikle norsk fagspråk er i for liten grad strukturert og prioritert i sektoren. Det går føre seg eit aktivt arbeid med å fremje parallelsspråkbruk.

2.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og mening

Generelt (kap. 7.3.1)

Ein meir offensiv internasjonaliseringspolitikk dei seinare åra gjer sitt til at valet mellom engelsk og norsk reiser særlege dilemma innanfor forsking og høgare utdanning. For å motverka domenetap innanfor denne sektoren vart det i Norsk i hundre! foreslått at institusjonane må utvikla eigne språkstrategiar med parallelsspråksbruk som grunnprinsipp. Tilsvarannde er foreslått i Den nordiske språkdeklarasjonen. I 2006/2007 kom eigne utvalsrapportar med slike strategiframlegg ved universiteta i Oslo og Bergen og i regi av Universitets- og høgskolestyret.

Omfanget av engelskbruk i ulike samanhengar (kap. 7.3.2)

Alt i 1980 var 62 prosent av alle faglege og vitakaplege publikasjonar frå norske universitetsforskarar på engelsk. I 2000 var dette auka til 71 prosent. Men det var då som seinare store skilnader mellom fagområda. I 2006 viste språkfordeliga av publiseringspoeng i det nye finansieringssystemet ein norskprosent på 2,4 innanfor naturvitenskap, mot 55,4 innanfor humaniora.

I 1996 var vel ein tredjedel av litteraturen på pensumlistene ved norske universitet og høgskular på engelsk. Ei undersøking frå 2001 viste at det framandspråklege pensumstoffet innanfor dei tradisjonelle universitetsutdanningane utgjorde vel 50 prosent.

Hovudkonklusjonen frå ei nordisk spørjeundersøking frå 2005/2006 var at det aller meste av undervisningstilbodet ved universitet og høgskular i Norden skjer på nasjonalspråket. Men mange institusjonar nytta også engelsk som munnleg undervisningsspråk, og i større grad etter kvart som studentane kjem høgare opp i studiet.

Nærare om forskingsspråket (kap. 7.3.3)

Behovet hos forskarane for å nå ut til og bli kritisk etterprøvd av eit verdsomspennande forskarsamfunn av spesialiserte fagellar er bakgrunnen for at engelsk er så dominante som vitakapleg publiseringsspråk. Innanfor visse kultur- og samfunnsfag kan likevel kontakt med nasjonale fagmiljø og den tankekrafta som ligg i morsmålet, vera vel så viktig. Det er hevda at poengsystemet i det nye finansieringssystemet favoriserer publisering på engelsk, men i prinsippet er systemet språknøytralt, og føremålet er å fremja forskingskvaliteten.

Nærare om undervisningsspråket (kap. 7.3.4)

Ønsket om å byggja opp eit fagtilbod på engelsk for å fremja internasjonalisering var grunngevinga for at ein i 2002 oppheva føresegna i universitets- og høgskulelova om at undervisningsspråket til vanleg er norsk.

Men både i Norsk i hundre! og i dei sektorbaserte strategirapportane er det dokumentert at undervisninga og læringseffekten blir best når lærarar og studentar kan nyta eit felles morsmål. Dei fleste norske studentar skal dessutan utøva eit framtidig yrke overfor eit norskfagleg publikum.

Særleg viktig er det med begynnarunderskrift på norsk. Elles bør undervisning på engelsk helst avgrensast til kurs med særleg mange gjestestudentar, eller der føremålet er å utvikla kompetansen i engelsk fagspråk hos dei norske studentane.

Nærare om språket i læremiddel og faglitteratur (kap. 7.3.5)

God læring, særleg på innføringsnivået, krev også tilgang på spesialisert norskfagleg studielitteratur. Fastprisordninga for lærebøker til høgare utdanning er meint som eit verkemiddel for å stimulera norskfagleg læremiddelproduksjon, men det er ulike vurderingar av om tiltaket er tilstrekkeleg målretta. Det blir også gjeve statstilskot til norske lærebøker på utvalde område. I mangel av andre alternative verkemiddel er fastprisordninga vidareført ut inneverande avtaleperiode i bokbransjen.

Vurderingar og framlegg frå ulike språkutval ofl. (kap. 7.3.6)

Vurderinga i Norsk i hundre! er at marginalisering av norsk som hovudregel må godtakast innanfor primærpublisering av vitenskapleg forsking, og at norsk fagspråk likevel vil kunna overleva dersom formidlinga og undervisninga i hovudsak skjer på norsk. Det ligg her føre ulike forslag om lovfestaa ansvar for institusjonane, dessutan om organisering av særskilde språktenester ved institusjonane.

Frå kortversjonen av Mål og mein (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

2.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Etter § 1 i vedtekten skal Språkrådet «særleg arbeida med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid». Universitets- og høgskolesektoren er eit område der statusen til norsk er truga, og der viktige delar av samfunnsoppdraget til sektoren står under stort press frå auka krav til internasjonalisering. Språkrådet har i mange år vore oppteke av og uroa over den auka bruken av engelsk i denne sektoren og har fleire gonger teke språkpolitiske initiativ, finansiert undersøkingar, arrangert konferansar og prøvd å påverke utviklinga. Språkrådet har gode kunnskapar om sektoren og gode kontaktar med ulike akademiske miljø.

Institusjonane innan høgare utdanning i Noreg er autonome; dei skal rå over sine ressursar og sine arbeidsfelt. Likevel finst det eit verkemiddelapparat som er meint å styre sektoren i ønskt retning. Språkrådets rolle er å prøve å påverke dette verkemiddelapparatet slik at arbeidet ved institusjonane bidrar til styrking og ivaretaking av norsk fagspråk. Språkrådet er interessert i å kartleggje språksituasjonen i sektoren og kome med konkrete innspel med utgangspunkt i resultata av kartleggingane. Vi gir råd og rettleiing om korleis institusjonane på best mogleg vis kan arbeide for å etterleve dei lovpålagde oppgåvene sine om å vidareutvikle og ivareta norsk fagspråk.

Dei siste åra har Språkrådet gjennomført to undersøkingar av språk og fagspråk i høgare utdanning, *Språk i høyere undervisning. En pilotstudie høsten 2013* (TNS og Språkrådet 2013) og *Studentene og fagspråket. Spørreundersøkelse blant studenter i alderen 19–29 år hausten 2015* (TNS og Språkrådet 2015). Sidan 2015 har vi samarbeidd med Noregs handelshøgskole om eit prosjekt om paralleltspråkbruk i høgare utdanning, der målet har vore å utarbeide ein mønsterpraksismodell for institusjonen. Denne modellen vil så bli vidareutvikla av Språkrådet til ein meir generell modell som vi kan tilby institusjonane i sektoren for å bidra til betre fordeling mellom norsk og andre språk, i hovudsak engelsk.

2.3 Språkpolitikk ved og for lærestadene

Dei siste par åra har det skjedd store strukturelle endringar i den statlege delen av universitets- og

høgskolesektoren i Noreg som følgje av stortingsmeldinga *Konsentrasjon for kvalitet. Strukturreform i universitets- og høgskolesektoren* (Meld. St. 18 (2014–2015)). Universitet og høgskolar har vorte slått saman til universitet¹, og fleire høgskolar har slått seg saman². Dette har ført til at 33 statlege institusjonar har vorte til 21 og gjer det vanskeleg å direkte samanlikne tal frå tidlegare år. Vi veit enno ikkje kva dette vil få å seie for språkval i sektoren, og i kva grad dei nye institusjonane vil utarbeide nye språkpolitiske retningslinjer i tråd med tilrådinga frå Universitets- og høgskolerådet. Det kan bli avgjerande for norsk fagspråk at dei nye institusjonane utviklar språkpolitiske retningsliner som på godt vis legg opp til vidareutvikling og ivaretaking av norsk fagspråk. Det vi presenterer her om dei enkelte institusjonane, vil stort sett omhandle situasjonen før dei store samanslåingane i 2016 og 2017.

Sidan førre *Språkstatus* (Språkrådet 2012a) har det vorte lagt sterkare føringar for internasjonalisering i universitets- og høgskolesektoren. Seinast har det kome til uttrykk i stortingsmeldinga *Kultur for kvalitet i høyere utdanning* (Meld. St. 16 (2016–2017)). Dette har ført til at konflikten mellom omsynet til norsk språk, og då særleg norsk fagspråk, og kravet til internasjonalisering i sektoren har vorte endå tydelegare. Eit eventuelt omsyn til norsk språk vil vere nedfelt i språkpolitiske dokument.

Språkpolitiske dokument

I 2006–2007 kom dei første rapportane om språkstrategi for universiteta. Sidan har fleire lærestader vedteke slike strategiar. Ei kartlegging Språkrådet gjorde i 2014 mellom 24 av høgskolane, viser at 2/3 av dei anten hadde nedfelt ein språkpolitikk eller hadde planar om å gjere det (Simonsen 2014). Alle universiteta hadde på det tidspunktet utarbeidd ein språkpolitisk strategi, men dette var altså før dei store samanslåingane i 2016 og 2017.

Dei institusjonelle språkpolitikkane følgjer gjerne retningslinjene frå Universitets- og høgskolerådet (UHR), og det går att at norsk skal vere hovudspråket, men òg at ein skal vere parallelsspråklege, slik dette er definert i den nordiske språkdeklarasjonen (Nordisk ministerråd 2007). Det inneber at norsk og andre språk skal kunne nyttast etter behov på alle felt, at språkbarrierar ikkje skal sperre vegen til høgare utdanning for nokon, og at vitskaplege resultat skal kunne nå fram til alle.

Alt i 2013 gjennomførte Språkrådet ei undersøking for å få eit inntrykk av kor god kjennskap dei tilsette ved institusjonane i høgare utdanning hadde til dei språkpolitiske dokumenta som var vedtekne (TNS og Språkrådet 2013). Resultatet var heller nedslående. Berre 26 % visste at universitet eller høgskolen dei arbeidde ved, hadde eit språkpolitiske dokument.

Parallelsspråkbruk

I 2014 kom boka *Hvor parallelt. Om parallelsspråkighet på Nordens universitet* (Gregersen 2014) utarbeidd av eit nordisk nettverk som skulle greie ut om parallelsspråklegheit på universiteta i Norden. Boka inneheld landrapportar frå alle dei nordiske landa (Danmark, Noreg, Sverige, Finland og Island) og også nokre meir generelle kapittel om språkpolitikk og internasjonalisering på universiteta i Norden og om engelsk som undervisningsspråk. I innleiinga blir det slått fast

- at det på dei nordiske universiteta i dei siste tjue åra har publisert stadig færre vitskaplege artiklar og ph.d.-avhandlingar på dei lokale nordiske språka. Det har vorte mykje meir vanleg å publisere store delar av dei vitskaplege resultata på engelsk;

¹ Høgskolane i Harstad og Narvik har gått inn i Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet, høgskolane i Nesna og Nord-Trøndelag har gått inn i Universitetet i Nordland og har vorte Nord universitet, høgskolane i Sør-Trøndelag, Gjøvik og Ålesund har gått inn i Norges teknisk-naturvitenskaplege universitet, og Kunst- og designhøgskolen i Bergen har gått inn i Universitetet i Bergen.

² Høgskolen i Buskerud og Vestfold og Høgskolen i Telemark har vorte Høgskolen i Søraust-Noreg, høgskolane i Bergen, Sogn og Fjordane og Stord/Haugesund har vorte Høgskulen på Vestlandet og høgskolane i Hedmark og Lillehammer har vorte Høgskolen i Innlandet.

- at det samstundes har vore ein sterk auke i talet på kurs på engelsk, anten dei er del av heile utdanningar på engelsk eller enkeltståande kurs;
- at det er fleire internasjonale studentar og tilsette på dei nordiske universiteta no enn før

Arbeidet til dette nettverket vart følgt opp av ei nordisk gruppe for parallellspråklegheit, nedsett av Nordisk ministerråd i 2014. Dei kom med ein delrapport i 2016 som sette opp vilkår for korleis ein kan samanlikne dokumentasjon av bruken av engelsk og dei lokale språka på universiteta i Norden (Nordisk gruppe for parallellspråklighet 2016). I avslutningsrapporten sin frå våren 2017 sette dei opp ti tilrådingar til ein parallellspråkleg mørnsterpraksis på dei nordiske universiteta (Nordisk gruppe for parallellspråklighet 2017).

Parallelt med arbeidet i den nordiske gruppa sette Språkrådet våren 2015 i gang eit prosjekt for å skape større medvit om korleis ein kan bruke engelsk og norsk, skriftleg og munnleg, ved sida av kvarandre utan at det eine språket fortrengjer det andre, det ein kallar parallellspråkbruk. Målet med prosjektet var å utarbeide ei praktisk oppskrift, ein mørnsterpraksis, for kva ein skal gjere når spørsmålet om å velje norsk eller engelsk oppstår i universitets- og høgskolesektoren.

Kulturdepartementet var pådrivar for prosjektet. Dei fekk også med seg Kunnskapsdepartementet. Dette var avgjerande, sidan høgare utdanning ligg under dette departementet. Noregs handelshøgskole (NHH) vart invitert til å delta, sidan dette er ein institusjon som er passeleg stor, og som ligg langt framme når det gjeld internasjonalisering. Det ser ein mellom anna av den store prosentdelen emne som blir undervist på engelsk ved institusjonen (jf. avsnittet om undervisningsspråk).

Den første delen av prosjektet var ei omfattande kartlegging av språkbruken på NHH i vårsemesteret 2016. Spørjeskjema som skulle kartleggje kva språk som faktisk blir brukte i ulike situasjonar, gjekk ut til alle delar av institusjonen: teknisk-administrativt tilsette, vitskapleg tilsette og studentar. Skjemaa var tilpassa dei enkelte gruppene. Tidlegare studentar og eit utval arbeidsgivarar som NHH hadde hatt kontakt med i ulike samanhengar, vart også spurde. Målet med det siste var å få eit oversyn over kva språkkrav som møter studentane når dei kjem ut i arbeidslivet.

Med denne kartlegginga fekk dei som skulle arbeide med mørnsterpraksisen, eit omfattande oversyn over språksituasjonen på NHH som dei kunne diskutere ut ifrå. Diskusjonane internt på NHH gjekk føre seg i tre arbeidsgrupper: éi for undervisning (som også inkluderte studentrepresentantar), éi for forsking og forskingsformidling og éi for arbeids- og kommunikasjonsspråk. Felles for dei tre gruppene var eit ønske om at ikkje-norskspråkleg tilsette lærer seg så godt norsk at dei kan følgje ein samtale og lese norsk tekst. Det høvde godt med ønsket til mange av dei utanlandske tilsette om betre norskspråkleg kompetanse. Med betre kompetanse i norsk vil dei mellom anna kunne forstå spørsmål på norsk frå studentane, medan dei vil kunne svare på engelsk. Dei vil også kunne følgje norsk samtale i eit møte, men delta i samtalet på engelsk. Studentar og norskspråklege tilsette på si side melde at dei hadde behov for å betre engelskkunnskapane sine. Og arbeidsgivarar og tidlegare studentar melde om behov for å meistre både norsk og engelsk i arbeidslivet.

Rapporten frå dei tre arbeidsgruppene på NHH låg føre i mai 2017 (NHH 2017). NHH vil kunne bruke han i det vidare interne språkarbeidet sitt, eventuelt saman med resultata frå kartlegginga. Språkrådet skal bruke materialet frå prosjektet til å utarbeide ein meir generell mørnsterpraksis for heile universitets- og høgskolesektoren. Slik får dei enkelte institusjonane eit verktøy som kan hjelpe dei ut av dei språklege dilemmaa som kravet om internasjonalisering skaper.

Samstundes med dette prosjektet gjennomførte Språkrådet også ei spørjeundersøking hos studentane på eit obligatorisk bacheloremne på NHH der undervisninga for første gong skulle vere på engelsk. Vi var interesserte i å finne ut korleis studentane opplevde dette, og kva problem dei støytte på undervegs. Studentane kunne velje om dei ville skrive eksamen på engelsk eller på norsk. Undersøkinga viste at studentane var delte i haldninga til engelsk som undervisningsspråk; somme meinte det var svært positivt, særleg då fordi dei ville trenge engelsk seinare i arbeidslivet, andre

var meir negative. Dei siste meinte at undervisning på engelsk gjekk utover læringsutbytet; dei brukte meir tid både på å førebu seg til forelesingane og å arbeide med notata etterpå, og dei vart mindre aktive på forelesingane.

Internasjonalisering

I ei undersøking frå 2012 (Johansen 2012) vart det sett eit kritisk søkjelys på oppfølginga av dei språkpolitiske dokumenta. Det er nemleg slik at universiteta og høgskolane ved sida av desse dokumenta òg har laga lokale handlingsplanar for internasjonalisering, på grunnlag av stortingsmeldinga om internasjonalisering, og her viser det seg at *auka bruk av engelsk* er eit mykje tydelegare mål enn dei språkpolitiske føringane i *Mål og mening*. I dei overordna strategidokumenta for institusjonane er språkpolitikken nemnd av berre tre av dei åtte institusjonane som på det tidspunktet hadde vedteke ein språkpolitikk.

I rapporten *Kvalitet og samspill i universitets- og høgskolesektoren* (Frølich ofl. 2016) kjem det fram at internasjonalisering og meir samarbeid med utlandet, fleire utanlandske tilsette og fleire utvekslingsstudentar blir brukt som argument for høgare kvalitet i sektoren. Dette argumentet finn vi òg att i stortingsmeldinga *Kultur for kvalitet i høyere utdanning* (Meld. St. 16 (2016–2017)). Her blir ikkje språk nemnt i det heile, korkje norsk eller andre språk. I dei lokale handlingsplanane for internasjonalisering finn vi mellom anna slike formuleringar: «UiB skal tiltrekke seg studenter og forskere fra hele verden.» (UiB 2016), «Undervisningen på masternivå skal der det er hensiktsmessig være på engelsk.» (NTNU 2014).

Språksenter

Tanken om eit språksenter stod sentralt i utvalsrapportane frå 2006–2007. Eit slikt senter vart skipa ved Universitetet i Bergen i 2011. Senteret var knytt til internasjonaliseringsarbeidet og fekk frå mars 2012 utvida bemanninga frå ei halv til ei heil stilling. Diverre vart senteret lagt ned i 2014. Erfaringar frå språksenteret er samla i ein sluttrapport som også inneholder erfaringspunkt som ein bør ta omsyn til om det skal oppretta eit språksenter (UiB udatert). Språkrådet kjenner ikkje til at det finst slike språksenter ved andre institusjonar i sektoren.

NTNU har oppretta eit eige senter for fagleg kommunikasjon, SEKOM, som skal opnast hausten 2017. Senteret har som oppgåve å utvikle og formidle forskingsbasert kunnskap om fagleg og tverrfagleg kommunikasjon. Det har fokus på dei kommunikative utfordringane studentar, arbeidstakrar og leiarar står overfor i sitt faglege virke, og dei samarbeider med aktørar både innanfor og utanfor universitetssektoren, i både privat og offentleg sektor.

2.4 Vitskapleg språk

Forsking og formidling

Når det gjeld forskingspublisering, har styresmaktene fastsett visse vilkår som må vere oppfylte for at eit fagleg bidrag skal kunne reknast som *vitskapleg*. Bidraget må mellom anna vere tilgjengeleg for dei fleste forskrarar som kan ha interesse av det, og det må publiserast i ein kanal med rutinar for fagfellevurdering. Det er elles brei semje om at forskarane sjølve må velje fritt kva språk dei vil publisere på. Det er klart at dei to nemnde krava får følgjer for språkvalet deira, sidan fagmiljøa mest alltid er internasjonale, og engelsk er det språket som rekk ut til flest på mest alle forskingsfelt.

Til å måle forskingspublisering nyttar styresmaktene ein publiseringssindikator, som er eit system av konkrete publiseringaskanalar (forlag og tidsskrift/bokseriar) som er rangerte på to nivå. Bidrag som blir publiserte i dei rangerte kanalane, gir poeng som så blir lagde til grunn for tildelinga av ein liten del (1,5 % i 2010) av løyvingane til den institusjonen forskaren er knytt til. Bidrag i kanalar på det øvste nivået (nivå 2) gir mykje høgare utteljing enn bidrag på det nedste


nivået (nivå 1). Denne indikatoren blir ofte omtalt som «teljekantsystemet».

Systemet har vore kritisert for å fremje publisering på engelsk framfor på norsk og for å diskriminere publisering i antologiar, der norsk tradisjonelt har vore mykje brukt. Ordninga vart evaluert i rapporten *Evaluering av den norske publiceringsindikator* (CFA 2014). Rapporten inneheld tal til og med 2011 og viser at den relative delen publikasjonar på norsk fall frå 2005 til 2011. Det er store skilnader mellom dei ulike fagområda; det reelle talet på publikasjonar på norsk i humaniora og samfunnsvitskap voks i perioden, medan det stagnerte for dei andre områda. På spørsmål om publiseringssindikatoren har ført til at ein har auka publiseringa si på internasjonale språk, svarer 41 % av forskarane innan samfunnsvitskap og 33 % innan humaniora at dei er heilt samde eller samde i ei slik utsegn.

Det er dei store internasjonale publiseringssanalane som dominerer på det øvste rangeringsnivået, og derfor dominerer også publisering på engelsk her. Når det gjeld norsk, kom det i 2016 ut 71 vitskaplege tidsskrift med norsk som artikkelspråk (nivå 1), ifølgje Norsk senter for forskingsdata (NSD). I tillegg kom det ut elleve vitskaplege tidsskrift på nivå 1 og tre på nivå 2 med artiklar på norsk og andre språk ved norske institusjonar i UH-sektoren.³

Publiserte bidrag blir registrerte i det nasjonale forskingsinformasjonssystemet CRISTin, men her blir det ikkje skilt mellom fagfellevurdert forsking og meir populærvitskapleg formidling. Tal herifrå, fram til april 2016, er sett opp i figuren nedanfor. Han viser at engelsk er det mest brukte språket i forsking og formidling med ein bruksfrekvens på 52,3 %, medan det samla talet for norsk (norsk uspesifisert, bokmål og nynorsk) er 44,1 %. Innslaget av andre språk er marginalt.

Figur: Fordeling av originalspråk på all formidling registrert i CRISTin siden 2011
(kjelde: Karlsen 2016)



Språk i doktoravhandlingar

Frå våren 2014 starta NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning) etter initiativ frå Språkrådet med fast registrering av språk i doktoravhandlingar på grunnlag av

³ Nivå 1: Fontene forsking, Fokus på familien, Historisk tidsskrift, Nordisk poesi, Nordisk politiforskning, Nordisk Østforum, Norsk medietidsskrift, Nordisk tidsskrift for pedagogikk og kritikk, Skandinavisk tidsskrift for yrker og profesjoner i utvikling, Tidsskrift for fysisk helsearbeid og Viking. Nivå 2: Edda, Maal og Minne og Tidsskrift for Rettsvitenskap.

tittelen på avhandlinga.⁴ Det er etablert ei ordning der NIFU kvart år i mars/april rapporterer om resultata frå siste kalenderår til Språkrådet. Det nyaste tala gjeld såleis for kalenderåret 2015. I rapporten som vart avlevert i 2016 (NIFU 2016), var også resultata frå åra 2014 og 2013 gitt opp, slik at ein òg kan seie noko om tendensen i utviklinga.

Tabell: Språk i doktorgradsavhandlingar 2013–2015 (kjelde: NIFU 2016)

Språk i avhandling	2013	2014	2015	2013–2015 samla
Engelsk	1394 91,5 %	1291 89,2 %	1300 90,5 %	3985 90,4 %
Norsk, bokmål	107 7,0 %	129 8,9 %	110 7,7 %	346 7,8 %
Norsk, nynorsk	14 0,9 %	18 1,2 %	13 0,8 %	45 1,0 %
Fransk	1 0,0 %	5 0,3 %	3 0,2 %	9 0,2 %
Spansk	4 0,3 %	1 0,0 %	3 0,2 %	8 0,2 %
Tysk	2 0,1 %	3 0,2 %	3 0,2 %	8 0,2 %
Samisk	1 0,0 %	0	1 0,0 %	2 0,0 %
Nordiske språk	0	1 0,0 %	1 0,0 %	2 0,0 %
Nederlandsk	0	0	2 0,1 %	2 0,0 %
Italiensk	1 0,0 %	0	0	1 0,0 %
Totalt	1524 100 %	1448 100 %	1436 100 %	4408 100 %

Kartlegginga av ph.d.-gradar oppnådde i 2015 viser at 123 av totalt 1436 avhandlingar heilt eller delvis⁵ var på skrivne på norsk, jf. tabellen over. Det utgjer 8,6 % av totalmengda. Det er ein nedgang på 1,5 prosentpoeng frå 2014, men ein auke på 0,7 samanlikna med 2013. Tendensen er den same for begge målformene. Innslaget av språk ved sida av engelsk og norsk er svært lite. NIFU opplyser at 37 % av doktorgradane i 2015 vart avgjorde av utanlandske statsborgarar. Dersom ein tek bort dei kandidatane som ikkje var norske statsborgarar, aukar delen norskspråklege avhandlingar til 13,6 %.

Avhandlingar som er skrivne på norsk, blir særleg leverte innanfor humaniora og samfunnsvitskap. Ser ein samla på dei norskspråklege avhandlingane i perioden 2013–2015 (391), vart 55 % avgjorde innanfor samfunnsvitskaplege fag, medan 35 % var innanfor humaniora. 8 % høyrde til medisin og helsefag. Ser ein isolert på fagområde, er det framleis innanfor humaniora og samfunnsvitskap at innslaget av norskspråklege avhandlingar er størst. 32 % av avhandlingane innanfor humaniora er skrivne på norsk, men talet for samfunnsvitskapane er 24 %. I medisin og helsefag er 2 % av avhandlingane på norsk.

Vitskaplege tidsskrift og open tilgang

Nasjonale tidsskrift som får støtte frå Forskningsrådet, må frå 2017 gjere artiklane fritt tilgjengelege

⁴ Dersom tittelen indikerer at avhandlinga er skriven på eit anna språk enn engelsk, er dette kontrollert mot opplysningar om språk i søkerenesta Oria hos BIBSYS.

⁵ Vel 20 % av dei avhandlingane som her er rekna som norskspråklege, er kategoriserte som fleirspråklege i Oria fordi dei inneheld opptrykk av tidlegare publiserte artiklar publiserte på eit anna språk enn norsk, hovudsakleg engelsk.

gjennom ei open tilgang-løysing. Mange av tidsskrifta har peikt på at dei vil miste abonnementsinntekter som følge av det, og at eksistensgrunnlaget vil derfor vere truga. Dei har etterlyst mekanismar som kompenserer for bortfallet av abonnementsinntektene. Det gjeld særleg fagtidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskapane.

Vitskaplege nasjonale tidsskrift er viktige forvaltarar av norsk fagspråk, og Språkrådet har derfor engasjert seg i saka. I løpet av 2016 leverte ei arbeidsgruppe nedsett av Kunnskapsdepartementet framlegg til nasjonale retningslinjer for open tilgang til forskingsresultat (open access) (KD 2016a). Framlegget diskuterte mellom anna spørsmålet om norsk som forskingsspråk for humsam-tidsskrifta. I tillegg føreslo gruppa ein nasjonal konsortiemodell for innkjøp av opne, norske humanistiske og samfunnsvitskaplege tidsskrift. Språkrådet deltok i høyringsrunden i kjølvatnet av framlegget.

I stortingsmeldinga *Humaniora i Norge* (Meld. St. 25 (2016–2017)) skriv Kunnskapsdepartementet at dei vil vidareføre arbeidet med open tilgang og støtte seg på den foreslalte nasjonale konsortiemodellen i ein overgangsperiode frå 2017 til 2020. Språkrådet vil følgje utviklinga og samarbeider med Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening på dette feltet.

2.5 Høgare undervisning på norsk og engelsk

Omfanget av undervisning på engelsk

Å gi begynnarundervisninga på norsk og så føre inn engelsk etter kvart når den norske terminologien er etablert, kan vere ein god måte å følgje opp prinsippet om parallellspråklegheit på. Dette mønsteret er truleg vanleg innanfor mange fag og fagområde. Men om det er nokon gjennomført praksis ved universiteta og høgskolane i Noreg, er det ingen som veit.

Tidleg på 2000-talet dominerte nasjonalspråka i høgare undervisning i Noreg, men det var alt den gongen ein ambisjon ved mange lærestader å tilby fleire engelskspråklege studieprogram. Dette målet er no nedfelt i strategiplanar og andre styringsdokument ved universiteta og høgskolane og kan i praksis vere viktigare enn dei overordna språkpolitiske retningslinjene frå Universitets- og høgskolerådet (UHR 2011a), der det mellom anna heiter at «[u]ndervisningsspråket ved universiteter og høgskoler bør til vanlig være norsk». Mykje tyder på at tilboda om undervisning på engelsk aukar i høgt tempo, kanskje også på grunnivået i visse fag.

Kunnskapsdepartementet har sidan 2008 gitt ut ein rapport over tilstanden i høgare utdanning. I rapporten frå 2016, med tal frå 2015 og åra før, blir det i samandraget slått fast at «[d]et engelskspråklige studietilbuddet ved norske universiteter og høyskoler er økende» (KD 2016b:13). Går vi inn i tabellane i rapporten, ser vi ein jamn auke i talet på emne med eit anna undervisningsspråk enn norsk. Sidan språkemna er haldne utanfor, vil dette i praksis seie at undervisningsspråket er engelsk. Ut frå tabellen ser vi at endringa i talet på emne berre det siste året, frå 2014 til 2015, har vore på heile 11 % i heile sektoren.

Tabell: Engelskspråklege utdanningstilbod 2009–2015

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Endring 2014–2015
--	------	------	------	------	------	------	------	----------------------

Tal Prosent

Universitet	2836	3095	3281	3429	3619	3851	4173	322	8 %
Statlege vitskaplege høgskolar	256	230	237	259	277	218	289	71	33 %
Statlege høgskolar	350	335	404	447	451	518	581	63	12 %
Kunsthøgskolar	12	12	12	12	1	1	—	—	—
Private vitskaplege høgskolar	224	280	344	370	328	214	299	85	40 %
Private høgskolar	14	15	18	26	30	39	38	- 1	- 3 %
I alt	3692	3967	4296	4543	4706	4841	5380	539	11 %

Merknad: Med engelskspråklege utdanningstilbod meiner ein her emne med undervisningsspråk ulikt norsk (bokmål/nyorsk) som det er avgjort eksamen i. DBH registerer dette som «framandspråklege» tilbod, men i praksis vil dette i all hovudsak tyde at dei er engelskspråklege, sidan språkutdanningar er haldne utanfor. Emne med ukjent undervisningsspråk er ikkje med i oversikta. Gjeld alle studienivå.

Kjelde: KD (2016b)

Denne tabellen seier oss noko om talet på emne innanfor dei enkelte kategoriene, men han seier ikkje noko om kor stor del av emna som blir undervist på engelsk. Dei emna som har kome til, kan vere heilt nye emne eller dei kan vere emne som går parallelt på engelsk og norsk. Det vil derfor vere meir interessant å sjå på prosentdelen emne med eit anna undervisningsspråk enn norsk. Det viser denne tabellen:

Tabell: Framandspråklege utdanningstilbod 2009–2015, i prosent av det totale fagtilbodet (frå vedlegg til tilstandsrapporten)

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Universitet	17,9	20,1	20,9	21,6	22,3	23,7	25,6
Statlege vitskaplege høgskolar	19,8	17,7	17,6	18,7	19,5	15,2	20,2
Statlege høgskolar	4,5	4,3	5,2	5,5	5,4	6,3	7,1
Kunsthøgskolar	2,8	2,8	3,2	3,2	0,2	0,3	0
Private vitskaplege høgskolar	14,4	18,8	19,2	20,9	19,5	14,2	20,2
Private høgskolar	1,6	1,4	1,6	1,8	2,0	2,5	2,3
I alt	13,3	14,4	15,2	15,7	15,9	16,5	18,3

Merknad: Talet på emne med undervisningsspråk ulikt norsk (bokmål/nyorsk) som del av totalt tal på emne. Berre emne det er avgjort eksamen i, tel med. Språkutdanningar og emne med ukjent undervisningsspråk er haldne utanfor både framandspråklege og det totale talet på emne. Inga avgrensing for studienivå.

Kjelde: KD (2016b).

Her ser vi at det for heile sektoren har vore ein jamn auke frå 13,3 % av det totale talet på emne i 2009 til 18,3 % i 2015. Går vi endå eit par år attende, til 2007, var prosentdelen 8,9, altså ei dobling

på dei siste ni åra. Vi såg eit relativt stort hopp på om lag 3 prosentpoeng frå 2007 til 2008. Ut frå denne tabellen ser vi òg at det er universiteta og dei statlege og private vitskaplege høgskolane som har den største prosentdelen emne med eit anna undervisningsspråk enn norsk. For universiteta utgjer dette kvart fjerde emne, medan dei vitskaplege høgskolane ikkje ligg så veldig langt etter med kvart femte emne. For dei statlege høgskolane er prosentdelen til samanlikning berre på om lag 7 %, eller i underkant av kvart tiande emne. Ifølgje rapporten kjem dette av den faglege profilen til desse høgskolane. Tabellen seier ikkje noko om kor stor del av studentmassen som tok desse emna, eller korleis dei er fordelt på studienivå: master eller bachelor.

I tilstandsrapporten er prosentdelen broten ned på dei enkelte institusjonane, og då ser vi at det er handelshøgskolane som toppar lista; på Noregs handelshøgskole var nær halvparten av emna (43,4 %) på engelsk i 2015, medan Handelshøyskolen BI ikkje låg så veldig langt etter med godt over kvart tredje emne (34,9 %) – begge med ein nokolunde jamn auke dei siste åra. Dette blir i rapporten forklart med at desse høgskolane i stor grad rettar seg mot eit internasjonalt næringsliv og er meir aktive enn dei fleste andre norske UH-institusjonane i rekrutteringa av utanlandske studentar og førelesarar. Ut frå kartlegginga Språkrådet gjorde på NHH hausten 2016, veit vi at denne institusjonen på masternivå har svært mange mindre emne, gjerne på engelsk, som truleg slår mykje ut på dette oversynet, medan talet på emne er mykje lågare på bachelornivå, 87 mot 28. Vi veit ikkje korleis dette er på dei andre institusjonane i sektoren.

Arkitekt- og designhøgskolen i Oslo ligg ikkje så langt etter NHH i 2015 med heile 43,4 % av emna på engelsk, men her har det vore store svingingar dei siste åra, til dømes frå 22,6 % i 2013 til 9,6 % i 2014 og altså til heile 43,4 % i 2015. Kva som er årsaka til dette, seier ikkje rapporten noko om. Fleire av universiteta ligg heller ikkje så langt etter BI; både på Noregs miljø- og biovitakaplege universitet (NMBU), Noregs teknisk-naturvitakaplege universitet (NTNU) og Universitetet i Bergen (UiB) blir om lag kvart tredje emne undervist på engelsk. Her skil UiB seg ut med eit relativt stort hopp frå 12,7 % i 2009 til 21,3 % i 2010.

2.6 Pensumlitteratur

Pensum på norsk

I *Mål og mening* heiter det at tilgang på relevant norsk studielitteratur er ein føresetnad for at norske titlar kan stå på pensumlistene. Meldinga drøftar dei verkemidla som fanst i 2006, særleg fastprissystemet for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning og den støtteordninga for lærebøker for høgare utdanning som Universitets- og høgskolerådet (UHR) forvaltar på vegner av Kunnskapsdepartementet.

Når det gjeld statistikk over språk i pensum for høgare utdanning, har vi mest eldre tal og berre tal for lågare nivå. Dei mest omfattande dataa stammar frå den landsdekkjande undersøkinga i 1999–2000 som viste at prosentdelen av pensum på norsk den gongen jamt over hadde seg stabil eller auka sidan 1980 (Hatlevik og Nordgaard 2001). Men det var stor variasjon på tvers av fag og utdanninger og til dømes mykje meir norsk pensum i profesjonsutdanningane ved høgskolane enn i dei tradisjonelle universitetsfaga, og mykje meir i humaniora og samfunnsvitskap enn i naturvitenskap.

I 2010–2012 fekk Språkrådet gjennomført to meir avgrensa studiar av pensumlitteratur. Den eine var ei kvantitativ undersøking av språk i pensum på grunnivået i fem fagtilbod⁶ ved inntil åtte lærestader (Schwach og Dalseng 2011), den andre var ei kvalitativ undersøking knytt til dei same fagtilboda ved dei same lærestadene, der pensumfastsetjarar, forlagsfolk og studentar vart spurde om pensumlitteratur og språk (Schwach, Brandt og Dalseng 2012).

Den kvantitative studien viste at det samla sett var meir pensum på norsk i dei undersøkte

⁶ Faga var fysikk, historie, informatikk, sosiologi og sjukesekretariat.

faga i 2010–2011 enn i 1999–2000, med auke i sosiologi og informatikk, men nedgang i sjukepleie, historie og fysikk. I den kvalitative studien er hypotesen at den auka bruken av norsk kjem av at undervisarane tek omsyn til auka tilstrøyming av studentar generelt og til studentar med dårlegare føresetnader for å lese framandspråk spesielt.

Året etter, i 2013, fekk Kopinor og Universitets- og høgskolerådet gjennomført ei undersøking av kva dokumenttypar som var å finne på pensum, og også kva språk desse dokumenta var på i utvalde fag⁷ og emne (Schwach og Mæsel 2013). Undersøkinga viste at 70 % av pensum var på norsk, mot 30 % på engelsk. Det er mest ikkje pensum på andre skandinaviske språk slik det var tidlegare. På lågare nivå (bachelornivå) var tre firedelar på norsk og ein firedel på engelsk. Her ser norskdelen ut til å ha auka sidan tusenårsskiftet, då det på oppdrag frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet vart gjennomført ei landsdekkjande undersøking av pensum på lågare nivå (Hatlevik og Norgård 2001). Det skjer ein delvis overgang frå norsk til engelsk frå lågare til høgare nivå (masternivå), noko som gir seg utslag i at pensum på høgare nivå er om lag likt fordelt på norsk og engelsk. På høgare nivå har vi ikkje tidlegare tal å samanlikne med.

Eit mønster i undersøkinga frå 2013 er at det er meir pensum på engelsk i fag som biologi, informatikk og økonomi enn i historie, rettsvitenskap og sjukepleie. I rettsvitenskap er til dømes alt pensum på norsk på begge nivåa, medan det i informatikk og økonomi går frå tospråkleg norsk og engelsk pensum på lågare nivå til einspråkleg engelsk på høgare nivå.

I 2019–2020 vil det vere tjue år sidan det vart gjennomført ei landsdekkjande undersøking av pensum (på lågare grad) og ti år sidan den siste undersøkinga av pensum på utvalde fag. Språkrådet meiner det er på tide med ei ny undersøking for å sjå korleis utviklinga har vore i desse periodane.

Digitalt pensum

Dei to studiane frå 2011–2012 seier ikkje noko om omfanget av digitalt pensum. Men ein rapport frå Universitets- og høgskolerådet (UHR 2011b) gir att resultat frå ei kartlegging av pensum i ca. 100 emne ved til saman 1500 pensumpostar ved to universitet og tre høgskolar hausten 2010 og våren 2011. Her var pensum relativt likt fordelt mellom bøker, bokkapittel og tidsskriftartiklar. I alt 42,5 % var elektronisk tilgjengeleg, og når det gjaldt tidsskriftartiklar, var heile 91,6 % elektronisk tilgjengeleg.

Det er ikkje tvil om at det skjer ein overgang til meir bruk av pensum i digital form. Her er det verdt å merkje seg at digital pensumlitteratur for høgare utdanning dreier seg om digitale fagbøker, fagtidsskrift osv., ikkje om digitale *lærebøker*, som det av ymse grunnar er lite interesse for, også internasjonalt (Språkrådet 2012a).

Frå undersøkinga til Schwach og Mæsel i 2013 såg ein av dei innrapporterte pensumlistene at over 80 % av innhaldet var på trykt format og berre ein svært liten del var på digitalt format eller begge delar. Då universitetsbibliotekarar gjekk gjennom dei same listene, fann dei at om lag 60 % av pensumsidene var berre på trykt format, medan heile 26 % var på digitalt format eller begge delar, og berre 2 % var berre digitalt. (For 13 % var det ikkje tilstrekkelege opplysningar til å bestemme format.) Det er grunn til å tru at tala frå den gongen kan ha endra seg, sidan sektoren mellom anna har teke i bruk eit nytt system for digitale kompendium (Bolk). Eit oversyn henta frå Forleggerforeningensbransjestatistikk, *Bokmarkedet* (2015), viser ein sterk auke i omsetning av digitale læremiddel frå 2013 til 2015 for høgare utdanning (sjå tabell nedanfor), noko som også kan støtte opp under ein slik tanke. Det har ikkje vore gjennomført nyare undersøkingar av digitalt pensum.

Tabell: Digitale læremiddel og andre digitale produkt (omsetning i kroner), inkludert forlag som

⁷ Faga var biologi, fysikk, historie, informatikk, rettsvitenskap, sjukepleie og økonomi.

er medlem i Forleggerforeningen, og frivillig innrapportering frå forlag som ikkje er medlem

	2013	2014	2015
Høgare utdanning	414 000	498 000	2 207 000
Faglitteratur for profesjonsmarknaden	89 378 000	100 132 000	107 267 000

Pensumbøker på norsk: tilgang og behov

Den kvalitative studien viser at det *blir* skrive lærebøker ved lærestadene, men at dette ikkje er svært vanleg. I 2012 seier fagfolk som er spurde, at slikt arbeid ikkje er meritterande, men at det burde vore det. Lærebokskriving må konkurrere med forskingspublisering om tid og ressursar, og «teljekantsystemet» frå 2005 kan ha svekt andre måtar å formidle fagstoff på, som lærebokskriving.

Dei etterlyser ei meritteringsordning også for anna fagleg verksemد enn vitskapleg publisering. Som i 1999–2000 har ein også i dag få insentiv til å skrive lærebøker (Schwach ofl. 2012).

Forleggerforeningens bransjestatistikk, *Bokmarkedet* (2015), gir oss eit oversyn over lærebøker for høgare utdanning, både nye titlar og samla tal på titlar, og selde eksemplar per år. I oversynet er det ikkje spesifisert kva språk bøkene er på, og vi kan dermed ikkje garantere at alle titlane er på norsk. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke har på sine nettsider eit oversyn over nye titlar per år og også om desse er på norsk eller engelsk, og ut frå dette oversynet kan vi gå ut frå at dei aller fleste titlane er på norsk.

Tabell: Lærebøker for høgare utdanning

	2011	2012	2013	2014	2015*
Nye titlar	248	324	311	324	442
Samla tal på titlar (inkl. nye)	3 085	3 340	3 446	3 511	5 226
Talet på selde eksemplar	754 978	755 004	774 533	741 013	1 006 886

* Endringa i 2015 er påverka av frivillig innrapportering frå forlag som ikkje er medlem av Forleggerforeningen.

Frå denne tabellen ser vi at talet på nye titlar har auka jamt og trutt i perioden 2011–2015, medan talet på samla titlar har vore ganske jamt, men med eit hopp frå 2014 til 2015 som truleg kan forklarast med den frivillige innrapporteringa.

Om talet på selde eksemplar blir fordelt på faglege undergrupper, får vi dette resultatet for åra 2014 og 2015:

Tabell: Undergrupper – lærebøker for høgare utdanning, tal på selde eksemplar

	2014	2015
Diverse	35 318	41 399
Jus	67 617	80 367
Økonomi etc.	107 151	195 658
Helse og sosial	209 616	238 063
Samfunnsvitskaplege dag	72 373	91 929
Pedagogikk	143 568	200 853
Språk / estetiske fag	31 241	50 610
Religion etc.	54 113	73 409
Tekniske fag	5 786	16 124
Naturvitenskap	14 230	18 474

Ut frå desse tala er det også rimeleg å gå ut frå at dette i all hovudsak viser bøker på norsk, sidan tala er såpass mykje lågare for dei fagområda som vi veit har mykje faglitteratur på engelsk, tekniske fag og naturvitenskap.

2.7 Ansvaret for norsk fagspråk

I 2009 fekk universiteta og høgskolane lovfesta ansvar for å halde ved like og vidareutvikle norsk fagspråk. I 2011–2012 har Universitets- og høgskolerådet samarbeidd med Språkrådet med tanke på korleis dette ansvaret konkret kan følgjast opp på best mogleg vis. Det har vore arrangert eit idéseminar, og i mars 2012 låg det føre ein rapport frå ei utgreiingsgruppe med framlegg til vidare tiltak, mellom anna om kva som kan vere ein tverrinstitusjonell mønsterpraksis for innsamling, registrering og tilgjengeleggjering av fagterminologi i universitets- og høgskolesektoren (Språkrådet 2012b). Sjå elles kapittel 1 i denne rapporten.

2.8 Annan fagleg litteratur, formidling

Tilsette ved universitet, høgskolar, institutt osv. publiserer mykje som ikkje blir fagfellevurdert, og som derfor ikkje blir rekna som forsking. I tillegg til lærebøker og læremiddel dreier det seg om ein vid restkategori av rapportar (i rapportseriar o.a.), ulike typar fagbøker, populærvitenskap, ulike former for sakprosa, papir- og nettbaserte artiklar i tidsskrift, andre utgivingar for eit breiare publikum osv. Mykje av dette er på norsk. All denne litteraturen kan samlast under paraplyen *anna fagleg publisering*.

Dei fagbøkene som er rekna med i statistikken frå Den norske Forleggerforening, er «fagbøker for profesjonsmarknaden». Dei siste åra fram mot 2014 har talet på nye titlar her lege på 100–150 i året, medan det samla talet på titlar med registrert sal i det same tidsrommet har vore på mellom 1000 og 1500 kvart år, og det samla salet har kome opp i 250 000–300 000 eksemplar i året (Bokmarkedet 2015). Tala for 2015 viser ein auke i desse parametrane, men denne kjem truleg av at forlag som ikkje er medlem av Forleggerforeningen, frivillig har innrapportert tal for dette året.

Også under *sakprosa* fell det noko akademisk-fagleg litteratur. Tal frå Forleggerforeningen viser at talet på nye titlar har lege på kring 700 i perioden 2011–2015, somme gonger over, andre gonger under. Her har det samla talet på titlar med registrert sal lege nokolunde konstant på kring

5 500. Også for denne kategorien ser vi ein auke i 2015 som truleg kjem av den frivillige rapporteringa. Under innkjøpsordninga for sakprosa som Kulturrådet forvaltar, kjøper staten kvart år inn ca. 70–80 titlar, kvar i 773 eksemplar, 703 papirbøker og 70 e-bøker. Ordninga er selektiv, det vil seie at det er budsjettet som avgjer kor mange sakprosabøker som kan kjøpast inn kvart år.

Noko av den faglege publiseringa som ikkje er vitskap, kjem inn under det ein kallar *forskningsformidling*. Slik formidling er overføring av vitskapleg eller vitskapsbasert kunnskap til ikkje-spesialistar og er noko lærerstadene har ei lovlista plikt til å drive med. Denne verksemda er språkpolitisk relevant fordi mykje av formidlinga i Noreg går føre seg og må gå føre seg på norsk. Og det går føre seg formidling på norsk i stort omfang også i andre forum; til dømes er mange universitets- og høgskoletilsette med på å skrive for dei to leksikona på nettet, *Store norske leksikon* og *Wikipedia*.

Det finst ikkje eit nasjonalt system for å gjere formidling meritterande. Ved somme lærerstader, som Universitetet i Agder, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, Universitetet i Stavanger, Høgskolen i Oslo og Akershus og Høgskulen i Volda, finst det lokale ordningane. I desse ordningane blir til dømes populærvitskaplege artiklar, avis kronikk, lærebøker, föredrag og omsetjingar prioriterte og lønte. Problema med å etablere slike ordningane kjem kanskje ikkje berre av at feltet er stort og vanskeleg å avgrense, med ei uklar grense mot kommersialisering, men også av at det er store skilnader i kunnskapsstruktur mellom dei store hovudvitskapsområda (naturvitenskap, humaniora, samfunnsvitenskap).

Språkrådet har engasjert seg i arbeidet med å gjere skriftlege formidlingsformer, som lærebøker, populærvitskaplege artiklar og liknande, meritterande, sidan det er her ein finn norsk fagspråk i aktiv bruk. Språkrådet kom mellom anna med innspel til rapporten *Læremidler og formidling i høyere utdanning. En evaluering av tilskuddsordningen og en vurdering av insentivene* (Sivertsen ofl. 2016) i håp om å få med noko om skriftlege formidlingsformer. Vi arbeider også aktivt på dei aktuelle arenaene for å fremje slikt arbeid.

2.9 Språk i digitale faglege kjelder

I takt med den generelle medieutviklinga blir bruk av digitale kjelder stadig viktigare også i universitets- og høgskolesektoren. Det gjeld sjølv sagt både blant forskrarar, lærarar og studentar, og her er tilbodet av norskspråklege kjelder av stor interesse, språkpolitisk sett. Dette ser vi tydeleg i bransjestatistikken til Forleggerforeningen for dei siste åra, der det har vore ein jann auke i nettoomsetninga av digitale læremiddel og andre digitale produkt frå om lag 46 millionar kr i 2009 til om lag 210 millionar kr i 2015, det siste året vi har tal for. Berre i undergruppa for høgare utdanning har nettoomsetninga i dei tre siste åra auka frå 414 000 kr i 2013 til 2,2 millionar kr i 2015 (*Bokmarkedet* 2015).

Norske fag- og forskningsbibliotek inneheld store mengder vitskapleg og annan akademiskfagleg litteratur, både på papir og i digitalt format. Statistisk sentralbyrå publiserer kvart år tal for utlån frå desse biblioteka (SSB 2016), og frå og med rapporteringsåret 2013 har dei også registrert tal for digital bruk, det vil seie digitale nedlastingar frå biblioteka. Desse tala viser ein stor auke i den digitale bruken, medan utlånet av bøker og anna bibliotekmateriale i fysisk form har gått ned. Dei aller fleste av dei elektroniske bøkene er opplagt ikkje på norsk, og også blant papirbanda er det utan tvil mange som er på andre språk enn norsk, truleg mest engelsk.

2.10 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Det er mykje som tyder på at språkpolitikken har ein tendens til å forsvinne i dei overordna strategi- og styringsdokumenta ved universiteta og høgskolane. Dette er ei alvorleg undergravning av ambisjonane og måla i språkmeldinga *Mål og mening*. I kjølvatnet av dei omfattande

samanslåingane i høgare utdanning dei siste par åra er det behov for å gå inn og sjå på i kva grad dei nye institusjonane utarbeider språkpolitiske retningslinjer, og kva slike retningslinjer inneheld. Det vil også vere behov for å sjå på i kva grad institusjonane følgjer dei retningslinjene dei vedtek eller har vedteke.

Internasjonaliseringspolitikken legg sterke føringar på val av språk i sektoren, og frå Kunnskapsdepartementets side er det krav om at institusjonane rapporterer på graden av internasjonalisering. Så lenge det ikkje ligg føre krav om å rapportere på språkbruk i undervisning og publisering, og ikkje minst på det lovpålagde kravet om å ta vare på og vidareutvikle norsk fagspråk, er Språkrådet redd at norsk språk vil bli vigd lite merksemd i sektoren. Så mykje som 90 % av alle studentane skal ut i det norske arbeidslivet, og vi veit at arbeidslivet ønskjer seg kandidatar som meistrer norsk. Dette bør vere ein viktig grunn til at sektoren gjer meir medvitne språkval som er tilpassa dei reelle samfunnbehova. Språkrådet etterlyser større medvit om kvifor ein vel kva språk til kva tid i sektoren, og ser eit behov for eit meir strukturert arbeid rundt val av språk i universitets- og høgskolesektoren.

Den nordiske parallelsspråkgruppa kom i sin delrapport frå 2016 med framlegg til kva faktorar institusjonane bør rapportere på, for at ein skal få eit oversyn over graden av internasjonalisering i sektoren, og korleis dette påverkar språkvala (Nordisk gruppe for parallelsspråklighet 2016). I sluttrapporten frå mai 2017 kom gruppa òg med framlegg til korleis institusjonane kan skape større medvit om og ta betre vare på dei nasjonale språka i Norden (Nordisk gruppe for parallelsspråklighet 2017). For at dette ikkje skal bli berre fagre ord frå ei gruppe oppnemnd av Nordisk ministerråd, er det viktig at Kunnskapsdepartementet, for Noregs del, grip tak i desse framlegga og set dei ut i livet.

Samstundes er det nødvendig å få meir kunnskap om språkutviklinga under internasjonaliseringa av universitets- og høgskolesektoren. Det som særleg manglar, er forskingsmiljø som arbeider systematisk med å skaffe fram kunnskap om globalisering og språkbruk i denne sektoren. I Danmark skjer slik forsking mellom anna i regi av Center for Internationalisering og Parallelssproglighed ved Københavns Universitet. I Noreg må det knytast betre kontaktar mellom dei forskingsmiljøa der det finst interesse for desse tema, og relevante styresmakter for å få etablert relevante forskingsprogram. Dette bør òg sjåast i samanheng med tanken om etablering av språksenter ved dei sentrale lærstadene. Slik det no er, må Språkrådet halde fram med å ta initiativ og finansiere mindre undersøkingar.

Ein konsekvens av internasjonaliseringa er at det blir meir undervisning på engelsk, først og fremst på høgare nivå (mastergrad), men etter kvart også på lågare nivå (bachelor). Det skulle vere ekstra viktig å følgje utviklinga på lågare nivå sidan det er her studentane møter faget og fagspråket – og der dei bør møte det på sitt eige språk. Dei oversyna som ligg føre no, skil ikkje mellom høgare og lågare nivå. Større kvantitative undersøkingar av undervisningsspråk er krevjande og kostbare og bør derfor gjerast med fleire års mellomrom. Det er stort behov for å få fram meir kunnskap om dette, fordi språket i undervisninga kan vere ein avgjerande faktor i kunnskapsoverføringa. Det er også viktig å skape eit medvit i sektoren om at skrivetrening er ein viktig lekk i innlæringa av både fag og fagspråk, først på norsk og eventuelt etter kvart også på engelsk. Også trening i sjangrar som er relevante for arbeidslivet seinare, er viktig i ein slik samanheng.

Om ein vil tryggje kvaliteten på undervisninga, trengst det også mykje meir kunnskap om korleis undervisning på engelsk fungerer. For Språkrådet ville det vere særskilt interessant å samanlikne læringsutbytet mellom førelesinger gitt på norsk og førelesinger gitt på engelsk. Dette kan gjerast i dei tilfella der ein i eit gitt emne skiftar språk frå eitt semester til eitt anna. Det interessante her ville vere til dømes å samanlikne eksamenstilane både når det gjeld fagleg forståing og den språklege kvaliteten, uansett om svara er skrivne på norsk eller engelsk.

Pensumspråket vil også kunne påverke læringsutbytet. I 2019–2020 vil det vere tjue år sidan det vart gjennomført ei landsdekkjande undersøking av pensum (på lågare grad), og ti år sidan den siste undersøkinga av pensum på utvalde fag. Det er kanskje på tide med ei ny undersøking for å sjå

korleis utviklinga har vore i desse periodane? Samstundes kunne det vere interessant å undersøkje om dei store samanslåingane i sektoren, og overgangen til universitet for somme av institusjonane, har påverka språkfordelinga i pensumlitteraturen.

Fagbøker og lærebøker for høgare utdanning er språkpolitisk viktige for at norsk skal stå seg i konkurransen med engelsk. Det er nødvendig å få innført effektive meritteringsordningar for lærebokskriving, og også for formidling, slik at den eksisterande ordninga for forskingspublisering ikkje går ut over dei andre formene for fagleg verksemد i akademia. Eit av tiltaka som kan vere aktuelle når det gjeld ph.d.-avhandlingar, er at det blir krav om eit samandrag på norsk når avhandlinga er skriven på engelsk eller eit anna ikkje-nordisk språk, og omvendt når ho er skriven på norsk. Det same kan gjerast med meritterande artiklar som blir skrivne på engelsk. Somme institusjonar har alt innført eit krav om slike samandrag for ph.d.-avhandlingar. Det vil òg bli viktig å støtte opp om tiltak som fremjar publisering på norsk i open tilgang.

Språkrådet arbeider som nemnt ovanfor med å utarbeide ein mønsterpraksis for parallellspråkbruk i høgare utdanning i Noreg. Planen er å gjere denne kjend i sektoren og aller helst få institusjonane til å ta han i bruk både i planlegging og i konkrete situasjonar. For å få til dette, og også for å få fortgang i andre tiltak i sektoren, er ein avhengig av støtte frå sentrale institusjonar som Kunnskapsdepartementet og Universitets- og høgskolerådet. Norsk studentorganisasjon vil også vere ein naturleg samarbeidspartnar i det vidare arbeidet. I dette arbeidet vil det òg vere viktig å skape forståing i sektoren for at arbeidslivet har minst like stort behov for arbeidstakarane sine ferdigheter i norsk som i engelsk. Dette viser mellom anna NHOs kompetansebarometer for 2016 (Solberg ofl. 2016).

Kjelder

Bokmarkedet (2015) = Den norske Forleggerforening – Forleggerforeningens servicekontor:

Forleggerforeningens bransjestatistikk. http://www.forleggerforeningen.no/wp-content/uploads/2016/06/Bransjestatistikk_2015-finale.pdf (april 2017).

CFA (2014) = Dansk Center for Forskningsanalyse: *Evaluering af den norske publiceringsindikator.* Århus: Aarhus Universitet.

http://www.uhr.no/documents/evaluering_af_den_norske_publiceringsindikator.pdf (april 2017).

Frølich, N., Gulbrandsen, M., Vabø, A., Wiers-Jenssen, J. og Aamodt, P.O. (2016): *Kvalitet og samspill i universitets- og høgskolesektoren.* NIFU-rapport 2016:2.
<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2387749/NIFUrapport2016-2.pdf?sequence=1&isAllowed=y> (april 2017).

Gregersen, F. (red). (2014): *Hvor parallelt. Om parallellspråkighet på Nordens universitet.* TemaNord 2014:535. København: Nordisk ministerråd.

Hatlevik, I.K.R. og Norgård, J.D. (2001): *Myter og fakta om språk. Pensumlitteratur på grunnivå i høyere utdanning.* NIFU-rapport 2001:5.

Johansen, A. (2012): *Språkmeldingen som handlingsplan: Retorikk og resultater.* Språkrådets skrifter nr. 2. http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakradets-skrifter/språkmeldingen-som-handlingsplan_retorikk-og-resultater.pdf (august 2017).

Karlsen, K.E. (2016): *Språk i forsking, undervisning og formidling i 2016.* Internt notat i Språkrådet.

KD (2016a) = Kunnskapsdepartementet: *Nasjonale retningslinjer for åpen tilgang til forskningsresultater.*
<https://www.regjeringen.no/contentassets/72e9794a183647e5b53ec39ba8cf516a/rapport-nasjonale-retningslinjer-for-apen-tilgang-til-forskningsresultater.pdf> (mai 2017).

KD (2016b) = Kunnskapsdepartementet: *Tilstandsrapport for høyere utdanning 2016.*

https://www.regjeringen.no/contentassets/ff233dff1b2a48359ee92c7e1b4eb876/tilstandsrapp_ort2016_endelig_nettversjon.pdf (mars 2017). Vedlegg med institusjonsdata: <https://www.regjeringen.no/contentassets/ff233dff1b2a48359ee92c7e1b4eb876/vedlegg-endelig.pdf> (april 2017).

Meld. St. 18 (2014–2015) *Konsentrasjon for kvalitet. Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren*. Kunnskapsdepartementet.

https://www.regjeringen.no/contentassets/86d1e31e78b44de6a3a15e913b092bf4/no/pdfs/st_m201420150018000dddpdfs.pdf (mai 2017).

Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i høyere utdanning*. Kunnskapsdepartementet https://www.regjeringen.no/contentassets/aee30e4b7d3241d5bd89db69fe38f7ba/no/pdfs/st_m201620170016000dddpdfs.pdf (april 2017).

Meld. St. 25 (2016–2017) *Humaniora i Norge*. Kunnskapsdepartementet.

https://www.regjeringen.no/contentassets/e51d8864c32248598e381e84db1032a3/no/pdfs/st_m201620170025000dddpdfs.pdf (mai 2017).

Mål og mening sjå St.meld. nr. 35 (2007–2008).

NHH (2017) = Noregs handelshøgskole: *Parallellspråk. Arbeidsgruppens rapport*. Rapport fra et samarbeidsprosjekt mellom Språkrådet og NHH.

http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/parallellsprak_rapport_fra_nhh.pdf (august 2017).

NIFU (2016) = Norsk institutt for studier av forskning, innovasjon og utdanning: *Språk i doktoravhandlinger 2013–2015*.

Nordisk gruppe for parallellspråklighet (2016): *Første delrapport: Parallelsproglighed på universiteter i Norden*. <http://sprogkoordinationen.org/media/1426/foerste-delrapport.pdf> (mai 2017).

Nordisk gruppe for parallellspråklighet (2017): *Afslutningsrapport. More parallel, please! Sprogbrug i internationaliséringsprocesser*.

<http://sprogkoordinationen.org/media/1461/afslutningsrapport-final-paralellsproglighed.pdf> (mai 2017).

Nordisk ministerråd (2007): *Deklaration om nordisk språkpolitikk 2006*. København.

<http://www.sprakradet.no/upload/anp2007746.pdf> (august 2017).

NSD = Norsk senter for forskningsdata: *Register over vitenskapelige publiseringsskanaler*. <https://dbh.nsd.uib.no/publiseringsskanaler/Forside> (august 2017).

NTNU (2014) = Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet: *Internasjonal handlingsplan 2014–2017*. http://www.ntnu.no/documents/10137/981312606/internasjonal-handlingsplan_ntnu.pdf/ (april 2017).

Schwach, V., Brandt, S.S. og Dalseng, C.F. (2012): «*Det gikk på engelsk og norsk, engelsk og norsk*: En undersøkelse av språk i pensum på grunnivå i høyere utdanning. NIFU-rapport 2012:7. <https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/280858/NIFUrapport2012-7.pdf?sequence=1&isAllowed=y> (mai 2017).

Schwach, V. og Dalseng, C.F. (2011): *Språk i pensumlitteratur. Bruk av norsk og engelsk i første år på grunnivå i høyere utdanning: fysikk, historie, informatikk, sosiologi og sykepleie*. NIFU-rapport 2011:9.

<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/281567/NIFUrapport2011-9.pdf?sequence=1&isAllowed=y> (mai 2017).

Schwach, V. og Mæsel, E.S. (2013): «Pensum i høyere utdanning – hvilke læreremidler brukes? Kartlegging av praksis i utvalgte fag», *NIFU Rapport 29/2013*

<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/280447/NIFUrapport2013-29.pdf?sequence=1&isAllowed=y> (mai 2017).

Simonsen, D.F. (2014): *Statusrapport: Har høyskolene en individuelt tilpasset språkstrategi? Resultat av en kartlegging*. Internt notat i Språkrådet.

Sivertsen, G., N. Løver, E.S. Mæsel og C. Tømte (2016): *Læreremidler og formidling i høyere*

- utdanning. En evaluering av tilskuddsordningen og en vurdering av insentivene.* NIFU-rapport 2016:18.
- Solberg, E., P. Børings, K. Rørstad og T.C. Carlsten (2016): *NHOs kompetansebarometer 2016. Hovedresultater fra en undersøkelse om kompetansebehov blant NHOs medlemsbedrifter 2016.* NIFU Arbeidsnotat 2016:1. <https://www.nho.no/siteassets/nhos-filer-og-bilder/filer-og-dokumenter/kompetanse-og-utdanning/kompetansebarometer/nhos-kompetansebarometer-2016.pdf> (mai 2017).
- Språkrådet (2012a): *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport fra Språkrådet.* <http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf> (april 2017).
- Språkrådet (2012b): *Terminologiarbeid i universitets- og høgskolesektoren. Rapport fra en utredningsgruppe.* <http://www.sprakradet.no/globalassets/sprakarbeid/terminologi/rapportar-og-spørjeundersøkingar/uh-terminologi-rapport-2012-03-13.pdf> (august 2017).
- SSB (2016) = Statistisk sentralbyrå: *Fag- og forskningsbibliotek.* <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/ffbibl/aar/2016-05-26> (mai 2017).
- St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.* Kultur- og kyrkjedepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (august 2017). Kortversjon:
http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (august 2017).
- TNS og Språkrådet (2013): *Språk i høyere undervisning. En pilotstudie høsten 2013.* http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersøkelser/rapport_hoyere-undervisning_tns2013.pdf (mai 2017).
- TNS og Språkrådet (2015): *Studentene og fagspråket. Spørreundersøkelse blant studenter i alderen 19–29 år.* <http://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Forsking-og-hogre-utdanning/Hogare-utdanning/studentene-og-fagspraket--en-sporreundersøkelse/> (mai 2017).
- UHR (2011a) = Universitets- og høgskolerådet: *Overordnede språkpolitiske retningslinjer.* http://www.uhr.no/documents/språkpolitisk_plattform.pdf (mai 2017).
- UHR (2011b) = Universitets- og høgskolerådet: *Fra papir til digitalt pensum.* http://www.uhr.no/documents/Sluttrapport_Fra_papir_til_digitalt_pensum.pdf (august 2017).
- UiB (2016) = Universitetet i Bergen: *Internasjonalisering. Handlingsplan 2016–2022.* http://ekstern.filer.uib.no/ledelse/Handlingsplan_Internasjonalisering_UiB_NOR.pdf (11.4.2017).
- UiB (udatert) = Universitetet i Bergen: *Språkprosjektet ved UiB. Sluttrapport.* Intern rapport.

3 Språkbruk i arbeids- og næringslivet

Norsk står sterkt i norsk arbeidsliv, og prinsippet om «norsk når du kan og engelsk når du må» ser ut til å gjelde. Store, internasjonale verksemder bruker likevel oftest engelsk. Det er også stor interesse for arbeid med klart språk i næringslivet. Behovet for norskopplæring på fleirspråklege arbeidsplassar er aukande. Vi ser at haldningane til engelsk i reklame og marknadsføring er meir positive no enn før. Ungdom og folk i byane er mest positive til engelsk i reklame.

3.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meinung

Innleiing (kap. 7.4.1)

Meir utanlandsk eigarskap og lettare tilgang til utanlandske marknader medverkar i dag til eit aukande engelskpress i næringslivet.

Konsernspråk (kap. 7.4.2)

Enkelte større bedrifter innanfor det internasjonaliserte næringslivet har gjort vedtak om engelsk som konsernspråk. Den faktiske bruken av engelsk varierer, men aukar di høgare opp i hierarkiet ein kjem. Slike konsernspråkvedtak kan dessutan signalisera ein ambisjon om meir bruk av engelsk i tida framover.

Språk i stillingsannonsar (kap. 7.4.3)

Ein gjennomgang av stillingsannonsane i Aftenposten ein månad i 2005 viste at 6 prosent hadde engelske stillingsnemningar, medan 4 prosent hadde fullstendig engelsk tekst.

Språk i marknadsføring og informasjon (kap. 7.4.4)

Held norsk stillinga elles i samfunnet, vil ikkje bedriftene tena på å bruka engelsk i marknadsføring og informasjon overfor eit norskspråkleg publikum. Faresignalar er større i bedriftsintern informasjon.

Eit språk- og teknologibasert arbeidsliv (kap. 7.4.5)

Spørsmålet er kva følgjer det får at arbeidstakarar overalt i næringslivet blir stadig meir avhengige av elektroniske kommunikasjons- og lagringsmedium med engelskspråkleg teknologi.

Spørsmålet om lovregulering av språk i arbeidslivet (kap. 7.4.6)

Norsk i hundre! reiser spørsmålet om behovet for å lovregulera rett til norsk i produktinformasjon, hms-dokumentasjon, avtaleverk og liknande.

Frå kortversjonen av Mål og meinung (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

3.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Etter vedtekten er arbeidet med å styrke statusen til det norske språket i notid og framtid ei av dei aller mest sentrale oppgåvene til Språkrådet. Ein av dei samfunnssektorane der statusen til norsk lenge har vore utfordra av engelsk, er arbeids- og næringslivet.

I Mål og mening er det lagt til grunn at representantar for næringslivet skal trekkjast direkte med i arbeidet til Språkrådet. Dette er realisert gjennom fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning, som har hatt medlemmer med næringslivsbakgrunn det meste av tida, så også dei siste åra.

Språkrådet har dei seinare åra hatt fleire arrangement, opne og lukka, retta mot arbeids- og næringslivet. Hausten 2013 vart dagskonferansen «Sykehuset, samfunnet og språket» arrangert som eit samarbeid mellom Oslo universitetssjukehus og Språkrådet (jf. Språkrådet 2016). Føremålet med konferansen var å utvikle betre kontakt med viktige aktørar i arbeidslivet som arbeider med språklege utfordringar, og å setje språk og språkbruk i arbeidslivet meir på dagsordenen. I tillegg til arrangørane kom innleiarane frå Universitetet i Oslo, LO (Industri Energi), DNB og NTNU, og det var også ein paneldebatt med deltakarar frå Arbeids- og sosialdepartementet, Finans Norge, Legeforeningen og LO (Fagforbundet).

Våren 2014 vart denne konferansen følgd opp av eit internt innspelsseminar om Språkrådets strategi for arbeid med språk i arbeids- og næringslivet. Her inviterte vi deltakarar frå mellom anna Telenor, Fellesforbundet, Hovedorganisasjonen Virke og Norsk kommunikasjonsforening. Begge desse arrangementa gjorde det klart at arbeidet med språk i arbeids- og næringslivet måtte omfatte meir enn berre tilhøvet mellom norsk og engelsk, samstundes som ein heller ikkje måtte gløyme den problemstillinga. Sidan *Mål og mening* kom i 2008, har det vorte fokusert meir på fleirspråklege arbeidsplassar og behovet for eit felles språk her som kanskje heller bør vere norsk enn engelsk.

Som eit resultat av desse arrangementa har Språkrådet sidan 2014 hatt eit nært samarbeid med Finans Norge om klarspråk og terminologi i liv- og pensjonsselskap og i 2017 innleidd eit samarbeid med Norsk kommunikasjonsforening om å spreie informasjon om klarspråks- og terminologiarbeid til medlemmene deira.

Språkrådet har også dei siste åra fått gjennomført ulike undersøkingar for å få eit oversyn over bruken av engelsk og norsk i arbeids- og næringslivet. Vinteren 2015/2016 utførte TNS Gallup to undersøkingar for oss for å finne ut i kva grad verksemder i arbeids- og næringslivet bruker engelsk i ulike samanhengar (TNS Gallup og Språkrådet 2015 og 2016). Planen er å gjennomføre liknande undersøkingar med fem års mellomrom frametter for å få eit bilet av utviklinga. Hausten 2016 utførte Respons Analyse to undersøkingar for Språkrådet for å få nærmare kunnskap om bruken av og haldninga til engelsk språk i reklame og marknadsføring (Respons Analyse og Språkrådet 2016a og 2016b). Desse to siste var ei oppfølging av undersøkingar gjorde i 2008 og 2010.

Språkrådet har i mange år delt ut diplom til bedrifter som vel gode norske namn. Dette er eit tiltak som er ganske godt kjent, og som gir positiv omtale til verksemder som gjer ein innsats for språket gjennom gode namneval.

3.3 Bruk av norsk og engelsk i bedriftene

Språkrådet har tidlegare, mellom anna i *Språkstatus 2010* (Språkrådet 2010) og *Språkstatus 2012* (Språkrådet 2012), teikna eit bilet av korleis ulike språk blir nytta i større norske bedrifter. Valet av norsk eller engelsk varierer med ulike faktorar, som bedriftstype, om kommunikasjonen er ekstern eller intern, nivået i hierarkiet, avdelinga, profesjonen, språkbrukssjangeren, typen av dokument osv. Fleire kjelder, mellom anna ei e-postundersøking frå 2005 blant tjue av dei største selskapa i Noreg (Rosenhart og Simonsen 2005), viser at engelsk står etter måten sterkest på nettstaden, i årsrapporten, i sakspapir til styret, som møtespråk i styret, i ekstern korrespondanse og i møte med eksterne partar – altså i meir formelle språkbrukssjangrar og i ekstern kontakt. Men norsk er faktisk mest brukt også på alle desse områda.

I 2009 gjennomførte Språkrådet ei landsomfattande undersøking (Simonsen 2009) der leiarar i ti store norske selskap vart djupintervjua. Dei meinte at bruken av engelsk varierer med eigarstrukturen, graden av internasjonal verksemd, innslaget av ulike nasjonalitetar,

stillingsomtalar og kva for publikum ein vender seg til. Engelsk blir nytta særleg på konsernnivå, i finansavdelingar, i samband med helse, miljø og tryggleik (ofte) på skandinavisk nivå og som arbeidsspråk blant teknikarar og spesialistar. I internasjonale verksemder kjem skriftleg og munnleg engelsk inn i styreromma. Engelsk blir òg brukt i visse stillingsannonser, i økonomisk informasjon til investorane og overfor utanlandske kundar og leverandørar, forutan i dei sjangrane som også e-postundersøkinga dokumenterte. Norske bedrifter er jamt over små, og store selskap er ikkje utan vidare representative. Men undersøkinga frå 2009 omfatta òg ei meiningsmåling blant eit representativt utval av norske bedriftsleiarar, som stadfestar inntrykket ovanfor.

For å få eit oversyn over bruken av norsk og engelsk i norsk næringsliv utforma og gjennomførte Språkrådet i samarbeid med TNS Gallup ei ny undersøking hausten 2015, *Bruk av engelsk i norske bedrifter* (TNS Gallup og Språkrådet 2015). Undersøkinga gjekk ut til leiarar i private bedrifter med fleire enn ti tilsette innan industri, varehandel og tenesteyting. Meininga er å gjennomføre ei tilsvarande undersøking kvart femte år for å kunne følgje utviklinga. Undersøkinga var ikkje så finmaska som dei tidlegare undersøkingane og gjekk også til andre delar av næringslivet, og det er derfor vanskeleg å samanlikne resultata direkte. Hovedfunna frå undersøkinga i 2015 viser at norsk er mest brukt i bedrifter i Noreg. Likevel nyttar sju av ti bedrifter også engelsk, men det er store variasjonar frå bransje til bransje. Undersøkinga viser dessutan at engelsk er styrespråket i ein svært liten del av bedriftene, og det verkar ikkje som bruk av engelsk i styresamanheng fører til meir bruk av engelsk elles i bedrifta. Det viser seg òg at det er praktiske behov som styrer valet av språk:

- Dess fleire tilsette i bedrifta, dess meir blir engelsk brukt.
- Dess fleire nasjonalitetar som arbeider i bedrifta, dess meir blir engelsk brukt.
- Bedrifter med utanlandske kundar og leverandørar bruker meir engelsk enn dei med norske kundar og leverandørar.

Vi ser òg at i den grad tilsette utover leiinga må bruke engelsk i arbeidet, gjeld dette i stor grad berre ein liten del av dei tilsette. Konklusjonen etter denne undersøkinga er at norske bedrifter ser ut til å følgje Språkplakaten som NHO og Språkrådet sette opp i 2009 om å bruke norsk når du kan, og engelsk når du må.

I tilknyting til undersøkinga hausten 2015 vart det våren 2016 gjennomført ei tilsvarande undersøking mellom tillitsvalde frå LO-forbunda Felles forbundet og Industri Energi, *Bruk av engelsk i industri og bygge- og anleggsvirksomhet* (TNS Gallup og Språkrådet 2016), for å sjå om verda såg annleis ut frå arbeidstakarane si side. Undersøkinga vart gjennomført i samarbeid med dei to LO-forbunda, og resultata vart samanlikna med resultata frå dei same bransjane frå hausten 2015. I industrien er det berre vel 2 % av dei tillitsvalde som svarer at bedrifta deira ikkje nyttar norsk i det heile, og åtte av ti bedrifter nyttar både norsk og engelsk. I bygg og anlegg nyttar alle bedriftene norsk, medan halvparten av bedriftene nyttar både norsk og engelsk. Innanfor desse bransjane blir engelsk stort sett brukt i samband med styremøte.

Det er små skilnader mellom svara frå leiinga og svara frå dei tillitsvalde. På spørsmål om kor stor del av arbeidsstokken som må nytte engelsk i arbeidet, svarer éin av ti tillitsvalde at det berre er leiarane som må nytte engelsk, medan to av ti leiarar meiner det same. Effektiv ekstern kommunikasjon er den viktigaste grunnen til at bedriftene nyttar engelsk, uavhengig av bransje, men òg effektiv *intern* kommunikasjon blir oppgitt som grunn. Ein annan viktig grunn er reklame og marknadsføring. Her er det store skilnader mellom bransjane. I halvparten av bedriftene i industrien meiner dei tillitsvalde at det er ein viktig grunn, medan det i bygg og anlegg er svært få som svarer at det er viktig.

Dei tillitsvalde fekk spørsmål om bruken av engelsk fører til problem i bedrifta. Mellom 40 og 50 % meiner at det først og fremst skaper problem for den interne kommunikasjonen. Innanfor bygg og anlegg meiner dessutan fire av ti tillitsvalde at engelskbruken også går ut over

den interne effektiviteten og helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen.

3.4 Konsernspråk, offisielt arbeidsspråk

Mål og meininger frå 2008 poengterer at nokre større bedrifter innanfor den internasjonaliserte delen av norsk næringsliv har gjort vedtak om såkalla konsernspråk, som regel engelsk, men at slike vedtak sjeldan inneber at engelsk blir nytta i alle språkbruksituasjonar. Undersøkinga frå 2005 viste at blant tjue av dei hundre største bedriftene i Noreg i privat eller offentleg eige hadde tolvt valt engelsk som konsernspråk eller offisielt språk. Fire hadde gjort vedtak om norsk som offisielt språk. Åtte hadde ikkje noko vedtak.

Val av offisielt arbeidsspråk var noko av det vi var interesserte i få vite meir om i undersøkingane vinteren 2015/2016. Resultata viste at det mellom bedriftsleiarane berre var 5 % som svarte at engelsk var det offisielle arbeidsspråket. Norsk var det offisielle arbeidsspråket hos 55 % av bedriftene, og dette samsvarer ganske godt med svara frå dei tillitsvalde der resultatet var kring 50 %. Her var det først og fremst dei største bedriftene, med meir enn 100 tilsette, og bedrifter med søster- eller dotterbedrifter i utlandet som hadde fastsett engelsk som offisielt arbeidsspråk. Om lag ein tredel av bedriftene hadde ikkje fastsett noko offisielt arbeidsspråk.

3.5 Språk i reklame og marknadsføring

Språkrådet har sidan 2008 i fleire runder undersøkt haldningane til bruk av engelsk i reklame og marknadsføring i Noreg. Den første undersøkinga vart gjord i 2008/2009 og var litt meir omfattande enn dei seinare undersøkingane, som vart gjorde i 2010 og 2016. Dei to siste er lagde opp slik at dei kan samanliknast, og slik at liknande undersøkingar kan gjennomførast med jamne mellomrom i framtida.

I den meir omfattande undersøkinga i 2008/2009 vart både bedriftsleiarane og eit representativt utval av befolkninga spurde om norsk og engelsk i reklame. Av bedriftsleiarane sa 46 % at verksemda reklamerer eller marknadsfører seg overfor norske forbrukarar, og for meir enn tre fjerdedelar av desse verksemndene gjeld dette alle aldersgrupper. Mest alle leiarane her meinte at dei nyttar mest norsk i marknadsføringa. Heile 92 % hadde ikkje dokumentasjon for at reklame på engelsk aukar salet. Generelt meinte likevel 19 % av leiarane at engelsk er viktig i reklame, medan 58 % såg på det som svært lite viktig, og 12 % trudde at engelsk fremja salet av produkta eller tenestene deira. I befolkninga meinte heile 75 % at engelsk i reklame og marknadsføring ikkje fremjar salet av produkt og tenester generelt.

I ei ny og mindre meiningsmåling frå 2010–2011 (Simonsen 2011) var talet på dei som trudde at engelsk i reklame fremjar salet, gått ned litt både i befolkninga og blant bedriftsleiarane. Meir oppsiktsvekkjande var det at dei som sa at dei var negative til engelsk i reklame i Noreg, var gått opp frå 36 til 46 % av befolkninga, at dei som meiner at det generelt blir nytta for mykje engelsk i reklame og marknadsføring, hadde auka frå 39 til 52 %, og at mest to av tre ønskte norsk i all reklame og marknadsføring i Noreg i 2010–2011.

Hausten 2016 gjennomførte Språkrådet i samarbeid med Respons Analyse to nye undersøkingar av haldningane til engelsk i reklame og marknadsføring, og også her var det bedriftsleiarar og eit representativt utval av befolkninga som vart spurde: *Bruk av engelsk språk i reklame og markedsføring. Undersøkelse blant næringslivsledere* (Respons Analyse og Språkrådet 2016b) og *Bruk av engelsk språk i reklame og markedsføring. Befolkningsundersøkelse* (Respons Analyse og Språkrådet 2016a). Både hos bedriftsleiarar og i befolkninga elles er det framleis bortimot to av tre som meiner at norsk språk bør nyttast i all reklame og marknadsføring i Noreg, det same som i 2010. Samstundes ser vi at det er større aksept for bruk av engelsk no enn for seks år sidan, sjølv om fleirtalet framleis er usamd i påstanden om at engelsk fører til auka sal. Derimot er fleirtalet på 52 % i 2010 som meinte at det blir brukt for mykje engelsk i reklame og

marknadsføring i Noreg, no snuud til eit mindretal på 42 %, men dette er likevel fleire enn dei 39 % som meinte det same i 2008/2009.

Meininga er å gjennomføre tilsvarende undersøkingar om 5–10 år, og då vil vi truleg få eit klarare bilet av utviklinga på lengre sikt.

3.6 Arbeid med klart språk i næringslivet

Klarspråksarbeid frå Språkrådets side har i stor grad gått føre seg i offentlege verksemder og har vore knytt til prosjektet «Klart språk i staten». I samband med sjukehuskonferansen hausten 2013 vart det klart at næringslivet òg kunne ha behov for slikt arbeid. Språkrådet såg på dette som eit godt høve til å styrke rådgivningsarbeidet overfor næringslivet ved å arbeide for betre – og kanskje også meir – norsk i næringslivet. På konferansen i 2013 deltok mellom anna Finans Norge, hovudorganisasjonen for finansnæringa i Noreg, noko som viste seg å bli opptakten til eit seinare samarbeid med Språkrådet. Finans Norge har sidan 2015 arbeidd med betre språk i sine liv- og pensjonsselskap, og i dette arbeidet har Språkrådet bidratt med rådgiving både når det gjeld arbeid med klarspråk og arbeid med terminologi (Nybø 2015). Arbeidet munna i 2016 ut i ein språkstandard for dei aktuelle selskapa saman med ei ordliste på nettet med definisjonar av ei rekke av dei mest brukte omgrep innanfor livs- og pensjonsforsikring.

Klarspråksarbeidet hos Finans Norge skal nyttast til å utarbeide ein verktøykasse for klarspråksarbeid i næringslivet som vil bli tilgjengeleg på nettsidene til Språkrådet. Våren 2017 arrangerte Norsk kommunikasjonsforening saman med Språkrådet eit frukostseminar om klarspråksarbeid i næringslivet for å gjere dette arbeidet betre kjent.

3.7 Språkbehov og språkkompetanse i verksemndene

I *Mål og meining* heiter det at språkpolitiske spørsmål blir relevante for fleire enn før fordi stadig meir av arbeidslivet baserer seg på språk og ikkje minst skrift. Vidare heiter det at det er nødvendig med ei meir gjennomtenkt haldning til språk og språkbruk i arbeidslivet. Språkbehova i arbeids- og næringslivet kan vere behov som bedriftene eller dei tilsette har, eller behov knytte til intern eller ekstern kommunikasjon, eller dei kan gjelde kunnskapar og ferdigheter i norsk og andre språk.

Mange bedrifter treng framandspråk ikkje berre når dei har kontakt med utlandet, men også internt, som undersøkingane om bruk av engelsk i næringslivet syner (sjå ovanfor). Og som del av det norske samfunnet treng bedrifter også kompetanse i norsk over eit breitt spekter. Dette viser att i *NHOs kompetansebarometer 2016* (Solberg ofl. 2016) der munnleg kommunikasjon på norsk og skriftleg formidlingsevne på norsk kjem på høvesvis andre- og tredjepllass når det gjeld personleg kompetanse som næringslivet etterspør når dei skal tilsetje nye medarbeidarar, forbigått berre av praktisk erfaring. Kompetanse i framandspråk kjem nesten nedst på lista, etter både bruk av IKT-verktøy og leiarkompetanse, mellom fleire andre.

3.8 Fleirspråklege arbeidsplassar

Mål og meining peiker på at stadig fleire arbeidsplassar i Noreg blir fleirspråklege. Dette er ei følgje av den internasjonale utviklinga innanfor mange bransjar, men det er også ei følgje av auka mobilitet i arbeidskrafta innanfor EØS-området og av auka innvandring på meir permanent basis. Ei slik utvikling skaper ulike språklege behov hos dei tilsette.

For det første blir det skapt eit tildriv til å nytte engelsk på arbeidsplassane. Som vist ovanfor blir engelsk nytta i ein stor del av bedriftene i Noreg, sjølv om arbeidsspråket er norsk. Det er også mange av dei større konserna som går over til å ha engelsk som arbeidsspråk. Mange tilsette må altså meistre framandspråk i arbeidet.

Men sett frå den andre sida er det eit grunnleggjande behov for å nytte norsk språk på

arbeidsplassane. For det første gjer omsynet til både helse, miljø og tryggleik at ein ikkje kjem utanom dette, og norsk er òg heilt nødvendig for å tryggje innsyn i og etterleving av dei demokratiske rettane. For det andre er det brei semje om at innvandrarar må kome i arbeid for å fungere i samfunnet, og mange av dei treng opplæring i norsk og oppfølging ut over det styresmaktene tilbyr. Fleirspråklege arbeidsplassar var tema på Språkdagen 2011 (Språkrådet 2011).

På ein konferanse i regi av Fellesforbundet hausten 2014 vart det sett soknjelys på kva rett dei ulike innvandrargruppene hadde til norskopplæring. Her kom det fram at dei som er arbeidsinnvandrarar frå EØS-området, ikkje har rett til slik opplæring. Det har vore ein stor auke i denne innvandrargruppa sidan utvidingane av EU i 2004 og 2007 då fleire austeuropeske land vart med i EU. Det har òg vist seg at engelskkunnskapane til mange i denne gruppa ikkje er gode nok til at engelsk kan nyttast som kommunikasjonsspråk i bedriftene. I dei seinare åra har mange bedrifter prøvd å bøte på dette ved å setje i gang norskopplæring for sine tilsette.

I 2015 gjennomførte Vox (som 1. januar 2017 endra namn til Kompetanse Noreg) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet ei kartlegging av korleis byggjenæringa og industrien vurderte språkkompetansen til arbeidsinnvandrarane, og kva haldningar desse bransjene hadde til språkopplæring (Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk 2015). Av denne kartlegginga går det fram at det eksisterer eit behov for at arbeidsinnvandrarar får norskopplæring i desse næringane. Behovet er større i bygg- og anleggsbedriftene enn i industribedriftene. Oppsummert viser kartlegginga at «det er et udekt opplæringsbehov, og at tiltak i regi av det offentlige kan føre til at flere arbeidsinnvandrere får norskopplæring» (s. 4). Etter kvart har også styresmaktene følgt opp, og frå 2015 kan bedriftene søkje om midlar til slik opplæring frå Kompetanse Noreg.

Kamilla Kraft har i si doktoravhandling frå 2017 (Kraft 2017) sett på korleis arbeidsinnvandrarar frå EØS-land taklar arbeidet i byggje- og anleggsbransjen når dei ikkje har eit felles språk å kommunisere på. Mange av dei kan verken engelsk eller norsk, og dette skaper utfordringar for både kommunikasjon, effektivitet og tryggleik. Dei har heller ikkje rett på norskopplæring, og dette er det arbeidsgivarane eller dei sjølve som må sørge for. Ho stiller òg spørsmålet: Kva er dei språklege og sosiale konsekvensane for arbeidsinnvandrarane i denne arbeidsmarknaden?

3.9 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

I Språkrådets arbeid er næringslivet definert som dei private bedriftene som driv næring, medan arbeidslivet er arbeidsplassane sett frå perspektivet til arbeidstakarane og omfattar både privat og offentleg sektor og dessutan arbeidsplassane til sjølvstendig næringsdrivande utan tilsette.

Språkrådet har dei siste par åra arbeidd for å skaffe seg ei betre kontaktflate mot heile denne sektoren, både på arbeidsgivar- og arbeidstakarsida. Dette er nødvendig for å få betre oversyn over tilhøva i sektoren og også for å kunne vurdere om det er noko Språkrådet kan bidra med. Undersøkingane i 2015 og 2016, saman med dei tidlegare undersøkingane, har gitt oss eit utgangspunkt for å kunne følgje med på utviklinga på eit overordna plan. Dette gjeld både tilhøvet mellom norsk og engelsk og språk i reklame og marknadsføring. Men vi treng meir kunnskap om kva som går føre seg internt i bedriftene når det gjeld språklege tilhøve, slik at vi på beste vis kan tilpasse arbeidet vårt etter dei faktiske behova i bedriftene

I åra som kjem, er derfor Språkrådet interessert i å få i stand nærmare undersøkingar av språktilhøva på fleirspråklege arbeidsplassar. Særleg har oljebransjen, sjømatindustrien og bygg- og anleggsbransjen merkt seg ut. Vi arbeider no med ein plan for korleis slike undersøkingar kan gjennomførast.

Større bedrifter som går over til engelsk som arbeidsspråk, er ein annan kategori som er interessant for Språkrådet. Ved å gå inn i ei bedrift vil ein kunne sjå nærmare på kva eit slikt skifte har å seie for arbeidstakarane når det gjeld mellom anna informasjonsflyt, innsyn og deltaking i

dei demokratiske prosessane, og for helse, miljø og tryggleik. Ein vil då kunne sjå på kva tiltak som kan setjast i verk for at ein slik prosess skal kunne gjennomførast på best mogleg måte for alle partar.

For å kunne gjennomføre slike undersøkingar trengst det forskingsmiljø som er interesserte i å sjå nærrare på dei språklege mekanismane som er i sving. Det verkar som om språk og språkkunnskap i mange tilfelle blir teke for gitt, som noko som arbeidstakarane må handtere på eiga hand, anten det gjeld arbeidstakrarar som møter på engelsk fagspråk i arbeidskvardagen, eller arbeidsinnvandrarar som treng å meistre norsk fagspråk i arbeidskvardagen sin. Det er nyleg etablert eit nytt tverrfagleg forskingsfelt som skal sjå på korleis val av konsernspråk eller arbeidsspråk vil prege ein organisasjon eller ei verksemd. Bidraga vil kome frå mellom anna lingvistikk, organisasjonsteori, organisasjonspsykologi og strategi og vil kunne avdekkje prosessar i samband med slike språkval og også kva konsekvensar dei kan få. Språkrådet er interessert i å følgje denne forskinga tett.

Kjelder

- Kraft, K. (2017): *Constructing migrant workers. Multilingualism and communication in the transnational construction site*. Ph.d.-avhandling, Multiling, Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo.
- Mål og meining. Sjå St.meld. nr. 35 (2007–2008).
- Nybø, B.N. (2015): «Næringslivet vil bli tydelegare». *Språknytt* 1/2015.
<http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Språknytt/spraknytt-2015/spraknytt-12015/naringslivet-vil-bli-tydelegare/> (mai 2017).
- Respons Analyse og Språkrådet (2016a): *Bruk av engelsk språk i reklame og markedsføring. Befolkningsundersøkelse*. http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/bruk-av-engelsk-i-reklame_rapport-befolkning-2016.pdf (mai 2017).
- Respons Analyse og Språkrådet (2016b): *Bruk av engelsk språk i reklame og markedsføring. Undersøkelse blant næringslivsledere*. http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/bruk-av-engelsk-i-reklame_rapport-naringslivsledere-2016.pdf (mai 2017).
- Rosenhart, S. og D.F. Simonsen (2005): *En spørreskjemaundersøkelse av språkbruk i tjue viktige norske selskaper*. Upublisert notat til strategigruppa for Norsk i hundre!
- Simonsen, D.F. (2009): *En undersøkelse av holdninger til engelsk i næringslivet*.
<http://www.sprakradet.no/upload/Næringslivet/Undersøkelse%20næringsliv%20reklame%20engelsk%5b1%5d.pdf> (mai 2017).
- Simonsen, D.F. (2011): «Motviljen mot engelsk i reklame og markedsføring øker kraftig». *Språknytt* 1/2011. <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Språknytt/Arkivet/Språknytt-2011/Språknytt-12011/Motviljen-mot-engelsk-i-reklame-og-markedsforing-oker-kraftig/> (mai 2017).
- Solberg, E. ofl. (2016): *NHOs kompetansebarometer 2016. Hovedresultater fra en undersøkelse om kompetansebehov blant NHOs medlemsbedrifter 2016*. NIFU Arbeidsnotat 2016:1.
<https://www.nho.no/siteassets/nhos-filer-og-bilder/filer-og-dokumenter/kompetanse-og-utdanning/kompetansebarometer/nhos--kompetansebarometer-2016.pdf> (mai 2017).
- Språkrådet (2010): *Språkstatus 2010. Kunnskap frå elleve språkpolitiske område*.
<http://www.sprakradet.no/upload/Språkstatus%202010.pdf> (mai 2017).
- Språkrådet (2011): Språkdagen 2011. <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/kurs-og-arrangementer/språkdagen-2016/Språkdagen-2011/> (august 2017).
- Språkrådet (2012): *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet*.

<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf> (mai 2017).

Språkrådet (2016): *Sykehuset, samfunnet og språket*. Språkrådets skrifter nr. 6.

<http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakradets-skrifter/sykehuset-samfunnet-og-spraket-web.pdf> (mai 2017).

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meinings. Ein heilsapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf>. Kortversjon:

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf.

TNS Gallup og Språkrådet (2015): *Bruk av engelsk i norske bedrifter*.

<http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/bruk-av-engelsk-i-norske-bedrifter---tns-gallup-23.11.15.pdf> (mai 2017).

TNS Gallup og Språkrådet (2016): *Bruk av engelsk i industri og bygge- og anleggsvirksomhet*.

http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/undersokelse-av-engelsk_industri-bygg-og-anlegg.pdf (mai 2017).

Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk (2015): *Norsk på arbeidsplassen. En kartlegging av behovet for norskopplæring for arbeidsinnvandrere i byggenæringen og industrien*.

https://www.kompetansenorge.no/contentassets/dc66db8de9714d60a816787701580b85/norsk_pa_arbeidsplassen.pdf (mai 2017).

4 Språk og teknologi

Det trengst stadig vidareutvikling av språkleg infrastruktur for at norsk skal vere det opplagde valet når språkteknologiske produkt og tenester blir utvikla i Noreg.

Det er særleg nødvendig med betre språkleg infrastruktur for nynorsk for at statsorgan skal kunne etterleve krava i mållova når dei digitaliserer tenestene sine. Kvalitetssikra termbasar for nynorsk og bokmål er ein viktig del av ein slik infrastruktur.

Offentlege tenester no blir digitaliserte raskare og har oftare talefunksjon.

4.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meinung

Innleiing (kap. 7.5.1)

Som eige språkdomene og som medium for informasjonsspreiing er informasjons- og kommunikasjonsteknologien ein sentral innfallsport for engelskspråkleg påverknad. Det er til dømes ei utfordring både å sikra norskspråkleg programvare og norsk kvalitetsinnhald på Internett.

Tidlegare ambisjonar og tiltak (kap. 7.5.2/4)

Desse spørsmåla vart drøfta alt i ein statssekretærrapport frå 1996 og konkretiserte i ein handlingsplan for it på kulturområdet i 1997. I ei stortingsmelding same hausten vart det slått til lyd for ein nasjonal innsats for bruk av norsk språk i informasjonssamfunnet. I 2000 fekk Språkrådet oppgåva som eit fagleg-administrativt knutepunkt for norsk språk og it.

Språkrådet la fram ein handlingsplan for norsk språk og ikt i 2001 og i 2002 ei utgjeiring om samling og tilgjengeleggjering av norske språkteknologiressursar, også omtalt som ein norsk språkbank. Utanom språkbanken har eit stort spørsmål vore korleis ein kan sikra at norsk programvare til bruk i det offentlege skal vera tilgjengeleg også på nynorsk.

Ein norsk språkbank (kap. 7.5.5/6)

Utgangspunktet er språkteknologi, ein forskingsdisiplin der språkvitskap og datavitenskap møtest. Produkt og tenester med innebygde dataprogram som behandler menneskeleg språk, både tekst og tale, har alt i dag eit vidt bruksområde. Dei teknologiske løysingane er nøytrale, men dei språklege ingrediensane må skiftast ut dersom kvart språk skal få eigne versjonar. Utan norskspråklege versjonar blir teknologien dels mindre tilgjengeleg, dels vil vi bruka dei engelskbaserte løysingane, med eit alvorleg domenetap for norsk språk som resultat.

Den kritiske innsatsfaktoren for utvikling av norskspråklege versjonar er tilgang til ei tilrettelagd samling av digitaliserte norske språkressursar i form av tekst, tale og orddata. Frå ein slik nasjonal språkbank skal både næringslivsaktørar og forskingsinteresser kunna henta ut det språkmaterialet dei treng for eit aktuelt prosjekt.

Investeringane i språkbanken vart i 2002 kostnadsrekna til 100 mill. kroner, men ein førebels oppdatert gjennomgang indikerer ca. 90 mill. Kultur- og kyrkjedepartementet vil avklara organiserings- og finansieringsspørsmålet i samarbeid med andre aktuelle departement.

Frå kortversjonen av Mål og meinung (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

4.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådets rolle er å arbeide for å få gjennomført vedtekne språkpolitiske mål for bruken av norsk språk på informasjons- og kommunikasjonsområdet (IKT) i samfunnet. Språkrådet arbeider for at norsk språk skal vere det opplagde valet når språkteknologiske produkt og tenester blir utvikla i Noreg. Å utvikle språkteknologiske produkt krev god infrastruktur, det vil seie tilgang til godt merkte og tilrettelagde språkressursar som tale og tekst. Språkrådet arbeider for å bidra til å byggje ut en slik infrastruktur og gjere han tilgjengeleg i Språkbanken, som ligg i Nasjonalbiblioteket. Språkrådet har delteke aktivt i arbeidet med etableringa og i utviklinga av Språkbanken. Språkbanken er ei ressurssamling der alle som ønskjer det, fritt kan hente kvalitetssikra, relevante, oppdaterte og tilrettelagde språkressursar og verktøy til bruk i både forsking og i kommersiell produktutvikling som trengst for å få på plass norskspråklege IKT-produkt og IKT-tenester.

Språkrådet informerer dei ulike utviklingsmiljøa av digitale verktøy og tenester om innhaldet i Språkbanken. Vi får tilbakemeldingar om kva utviklingsmiljøa treng utover det som alt finst i Språkbanken. Vi arbeider òg aktivt for å påverke miljøa til å utvikle IKT-produkt og IKT-tenester i begge målformer for den norske marknaden. Det er eit mål å få IKT-innkjøparane til å stille krav til leverandørane om å få begge språkversjonar samstundes. Det er særleg viktig at innkjøparane i skole og offentleg forvaltning stiller krav om parallelle utgåver på nynorsk og bokmål av alle tenester og produkt, slik at dei ikkje risikerer å bryte mállova og slik at jamstillinga mellom dei to norske målformene og brukarane sin rett til å få informasjon i den føretrekte målforma, kan bli reell.

4.3 Ny strategi for språk og IKT

Språkrådet vedtok i 2016 ein ny strategi og nye resultatmål for arbeidet med norsk språk og IKT. Det overordna målet er å auke tilgangen til og bruken av norskspråklege teknologiproduct i offentleg og privat sektor.

Eit delmål er å bidra til å vidareutvikle Språkbanken og gjere materialet betre kjent i utviklarmiljøa. Tilgang på gode norskspråklege ressursar i Språkbanken bidrar til å auke talet på norskspråklege produkt på marknaden. I 2016 inviterte Språkrådet store IKT-aktørar til å møte representantar for Språkbanken for å gi dei ein presentasjon av innhaldet i Språkbanken. Fleire av dei gav uttrykk for at dei ikkje kjende til Språkbanken, men at dei ville ha god nytte av innhaldet til prosjekt som dei arbeider med. Vi brukte i desse høva kontaktnettet vårt til å spreie informasjon om Språkbanken og bidrog til at innhaldet vart teke i bruk i relevante miljø. Utviklarmiljøa melde òg inn kva type ressursar som framleis trengst. Eit større nynorskkorpus og eit parallelkorpus mellom nynorsk og bokmål vart trekt fram. Vi såg òg at ei slik samordning førte til betre kontakt mellom aktørane og Språkbanken om meir og anna innhald.

Eit anna delmål i strategien er å syte for at private og offentlege aktørar får betre tilgang til Norsk ordbank, som Språkrådet eig saman med Universitetet i Bergen. I tillegg er det viktig med tilgang til kvalitetssikra terminologibasar. Norsk ordbank omfattar fullformslistar med bøyingsinformasjon for alle lemma i Nynorskordboka og Bokmålsordboka, og denne ressursen vart i 2017 gjord fritt tilgjengeleg i Språkbanken. Det betyr at alle som lagar stavekontrollar og utviklar skrivestøtteprodukt som til dømes grammatikkontroll, normval og automatisk samandrag av tekstar, kan betre kvaliteten ved å ta i bruk ordbanken. Firma som utviklar stavekontrollar, får med det tilgang til råmateriale med gjeldande rettskrivingsnorm for begge målformer. Ei undersøking som Språkrådet sette i gang i februar 2016 for å kartleggje kor store problema med stavekontrollen til Microsoft er, resulterte i etterfølgjande positiv dialog med Microsoft om revisjon. Tilgangen til Norsk ordbank gjer at Microsoft (og alle andre) no kan hente Norsk ordbank frå Språkbanken, lage oppdaterte stavekontrollar både for nynorsk og bokmål og samstundes vere sikre på at dei følgjer gjeldande rettskriving.

Tredje delmål er å få det offentlege til å forstå kva marknadsmakt dei har når dei skal kjøpe IT-produkt og IT-tenester. Dei har mellom anna høve til å stille krav om levering av parallelle

språkversjonar. Det finst standardavtalar for statlege innkjøp av IKT-produkt og IKT-tjenester. Språkrådet meiner ein må stille krav om parallelle utgåver anten i sjølve kontrakten eller i sjekklista som er laga for å hjelpe innkjøparane i prosessen. Språkrådet starta i 2016 arbeidet med å finne fram til rett aktør som kan bistå med dette.

4.4 Norsk språkbank

Språkrådet la ned eit stort arbeid før det vart politisk gjennomslag for å etablere ein norsk språkbank. Språkbanken gir forskrarar og næringslivsaktørar tilgang til språklege råvarer og verktøy til utvikling av produkt for den norske marknaden. Språkbanken vart etablert i 2009 og lagd til Nasjonalbiblioteket. Sidan 2012 får Språkbanken midlane over det generelle budsjettet til Nasjonalbiblioteket.

Språkrådet har frå starten delteke i Språkbankens faglegeråd for å bidra til strategisk utbygging av ressursane i Språkbanken. Nasjonalbiblioteket la hausten 2016 ned det faglegerådet for Språkbanken. Den nye strategien for norsk språk og IKT tilseier at Språkrådet held fram med å bidra til strategisk utbygging av Språkbanken, hjelper til med å skaffe meir innhald og spreier informasjon om innhaldet til forsking og næringsliv. I 2016 inviterte Språkrådet fleire større og mindre aktørar innan programvareutvikling til møte der Språkbanken vart presentert. Ein av desse aktørane var IBM, som er i gang med å utvikle eit kunnskapssystem for norsk (norsk Watson). Som eit resultat av desse møta henta IBM ut mykje materiale som allereie ligg i Språkbanken, og kom òg med konkrete ønske om anna innhald i tillegg. Møta resulterte også i at aktørane oppdaga at det var tilgjengelege og tilrettelagde språkressursar som dei har god bruk for. Erfaringane viser at Språkrådets etablerte nettverk i ulike utviklingsmiljø er nyttig og viktig når det gjeld å informere om og å ta i bruk innhaldet i Språkbanken.

Innhald per våren 2017

Språkbanken har tilrettelagt ulike tale-, tekst- og teiknspråkkorpus for språktekknologisk bruk. I tillegg er nokre språkverktøy tilgjengelege, mellom anna eit statistikkverktøy som viser ordfrekvens over tid. Det finst også verktøy for å bygge nye korpus. Begge verktøya hentar bakgrunnsdata fra Nasjonalbibliotekets digitale bokbase Bokhylla. Tale- og tekstressursane er godt merkte, og dei er dokumenterte med metadata som skildrar innhaldet. Det meste av innhaldet er gratis og kan lastast ned direkte frå Språkbankens ressurskatalog.

Ordnert er ei samling omgrep som i Språkbanken blir kalla *ordnev*. Eit ordnett viser korleis innhald i omgrep heng saman. Ordveven er svært nyttig til utvikling av maskinomsetjing, grammatikkontroll og til program som skal søkje gjennom store dokumentmengder. Ordnnettet finst både for bokmål og nynorsk.

Talekorpuset inneholder materiale frå Nordisk Språktekhnologi (NST) og er innlesen tale med manuell merking. Opptaka var gjorde rundt år 2000, noko som blir rekna som gammalt i språktekhnologisk samanheng. Opptaka dekkjer ikkje all uttalevariasjon i norsk, og spreiinga i alder og fordelinga på kjønn er ikkje god nok. Vi ser derfor med glede på at Språkbanken i nyare tid har fått lagt til oppdatert materiale frå 2012–2014 med god spreiling på uttale, kjønn og alder. Materialet er samla inn, dokumentert og tilrettelagt for bruk. Det kan mellom anna brukast til utvikling av kunstige stemmer, taletenester og automatisk talegenkjenning.

Eit merkt tekstkorpus har mange bruksområde og er mellom anna grunnlag for utvikling av verktøy for automatisk tekstanalyse. Språkbanken har fleire, godt merkte tekstkorpus for gratis nedlasting. I tillegg finst nokre korpus som krev at brukaren signerer ein spesiell lisens før ein kan ta dei i bruk. Dette er nødvendige ressursar for utvikling, testing og kontroll av IKT-program og IKT-tjenester som mange har god bruk for. Eit eksempel kan vere automatisk setningsanalyse som grunnlag for omsetjing av tekst. Utanriksdepartementets omsetjarminne er spesielt nyttig for omsetjarar, og ikkje minst som underlag for programvare til maskinstøtta omsetjing.

Norsk ordbank vil frå våren 2017 bli lisensfritt og gratis tilgjengeleg for nedlasting. Ordbanken inneholder fullstendig bøyingsinformasjon for alle lemma i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Ordbanken har også informasjon om orddelingspunkt, og innhaldet er oppdatert etter gjeldande rettskriving.

Avtalane som ligg til grunn for nynorskkorpuset til prosjektet «Norsk Ordbok», blir reforhandla våren 2017. Målet er å lage eit stort korpus på nynorsk som kan vere fritt tilgjengeleg i Språkbanken.

Basic Language Resource Kit (BLARK) er ei enkel og skjematiske kartlegging av kva for språkressursar og -verktøy ein bør gjere tilgjengelege for eit språk for å ha ein fullgod infrastruktur til språktekologiske føremål (Krauwer 2003). Internasjonalt blir BLARK nytta for å måle kva ein har, og kva som manglar for det einskilde språket. Språkrådets prosjektplan for Språkbanken (Språkrådet 2008) inneholder ei slik kartlegging for norsk. I 2013 gjennomførte META-NET (Network of Excellence), finansiert av EU-kommisjonen, ein serie analysar av eksisterande språkressursar og teknologiar for dei 23 offisielle EU-språka pluss andre nasjonale og regionale språk – mellom dei norsk. Resultata tyder på betydelege hòl i forsking og utvikling for alle språka.

4.5 Kunnskapssystem eller kunstig intelligens?

Ein ny type digitale kunnskapssystem kjem no for fullt. Det er tale om ein teknologi som gjer datamaskinar i stand til å søkje, finne og sortere store dokumentmengder på svært kort tid. Talet på dokument kan vere så stort at det for eit menneske ville ta mange år å lese gjennom og hente fram relevant informasjon. Teknologien er laga slik at han er i stand til å lære og på den måten gjere søka stadig betre. For kvart språk som tek i bruk denne teknologien, må store dokumentmengder vere digitalt tilgjengelege, og det må finnast ressursar i form av godt merkt språkmateriale. Ressursane som trengst, er godt merkt tekst og tale som systemet treng for å «lære» språket og «forstå» korleis språket er oppbygd. IBM er i gang med ei norsk utgåve av kunnskapssystemet Watson og har henta ein del av det språklege underlaget dei treng frå Språkbanken. IBM har gitt tilbakemelding om at dei også treng anna materiale som per i dag ikkje er tilgjengeleg frå Språkbanken.

Informasjonen Watson finn, blir brukt til å kome med framlegg til løysing på ei bestemt problemstilling. Systemet baserer seg på nevrale nettverk. Nevrale nettverk er programmerte, forenkla modellar av sentralnervesystemet med nodar og koplingar laga slik at verktøya kan trenast opp, slik at det blir etablert nye koplingar, eller ved at eksisterande koplingar blir styrkte. Denne teknologien blir no prøvd ut til dømes i førarlause bilar, i kamera med ansiktsgjenkjenning og til ulike føremål i helsesektoren. Feltet er tverrfagleg, og i tillegg til sjølve teknologien dreier forskinga seg om (avgjerd)prosessar i hjernen, korleis kunnskap blir til, planlegging, språkforståing og sansing.

4.6 Programvare i begge målformer

Alle som bur i Noreg, har rett til å velje om dei vil ha skjema og tenester på bokmål eller nynorsk. Statlege institusjonar skal svare innbyggjarane i den målforma den einskilde bruker når han eller ho har kontakt med ein offentleg instans.

Stortingsmeldinga *Mål og mening* (St.meld. nr. 35 (2007–2008)) drøftar kvifor programvare til bruk i det offentlege bør vere tilgjengeleg i begge målformer. Mønsterkontraktane som blir brukte ved innkjøp i det offentlege, stiller per i dag ikkje dette kravet, men det bør ikkje hindre at dei i framtida tek inn eit slikt krav i kontrakten. Språkrådet gjekk i 2016 gjennom dei mest brukte statlege kontraktane og kom til at anten kan kravet om parallelitet ved leveranse skrivast inn i sjølve kontrakten, eller det kan stå i hugslista som er utarbeidd til hjelp ved utlysing av offentlege innkjøp. Det er billegare å lage begge versjonar av programvaren eller tenesta samstundes enn å lage ein ny versjon etter at produktet er ferdig.

Ikkje all programvare som er i dagleg bruk i skolen, er tilgjengeleg i begge målformer. Statlege innkjøpsreglar krev offentleg utlysing ved store innkjøp, og dei som lyser ut, kan stille krav om at programvara eller tenesta må leverast i begge målformer for å kome med i vurderinga.

Situasjonen på dette feltet er noko betre enn for ein del år sidan, men framleis blir mange program, skjema og elektroniske tenester berre leverte på bokmål. Det er sjeldan leverandøren presenterer parallelle utgåver når ny programvare kjem på marknaden. Språkrådet får no og då spørsmål om det finst økonomisk støtte til utvikling eller tilrettelegging av nynorske versjonar. I handlingsplanen for språk og IKT frå 2001 (Norsk språkråd 2001) føreslo Språkrådet at staten burde setje av midlar til ei slik støtteordning. Så langt har dette ikkje vorte prioritert.

Programvare kjem ikkje inn under kravet til parallelitet i opplæringslova, men Språkrådet har fleire gonger teke opp med Utdanningsdirektoratet at programvare som elevane bruker dagleg, må vere tilgjengeleg i begge målformer.

4.7 Parallellsøk

Mål og mening peiker på at det er nødvendig å ha program som søker parallelt i dokument på bokmål og nynorsk i elektroniske arkiv, i saksbehandlingssystem og på internett. Teknologien finst, og nokre få arkivsystem blir leverte med ein slik funksjon, men det er vanskeleg å få overført funksjonen til andre program der han også kunne vore nyttig, til dømes ved reine søk på internett.

Innkjøparar i det offentlege kjenner sjeldan til kva som er mogleg, og dei stiller derfor heller ikkje krav om ein slik funksjon. Store parallelle korpus mellom bokmål og nynorsk er den råvara som må til for å utvikle gode parallellsøk, og det er ei ulempe at slike ikkje finst. Eit korpus med parallelle tekstar mellom bokmål og nynorsk vil vere svært nyttig på mange samfunnsområde, mellom anna til utvikling av maskinstøtta omsetjing. Språkrådet arbeider for at det skal byggjast eit slikt korpus.

4.8 Maskinstøtta omsetjing

Automatisk omsetjing mellom språk finst, men kvaliteten på resultata varierer. I overskodeleg framtid er det urealistisk å tru at maskinomsetjingar vil kunne erstatte kvalitetssikra omsetjingar gjorde av profesjonelle omsetjarar. Det mest realistiske bruksområdet for maskinomsetjingar er for å hjelpe brukarar til å forstå hovuddrag i originalteksten, og hjelpe brukaren til å finne dei viktigaste informasjonsbitane i ein tekst eller eit dokument som er skrive på eit språk brukaren ikkje kan.

I april 2013 kom ein rapport (Choudhury og McConnell 2013) som peikte på at termbasar og ulike gradar av automatisk omsetjing ville bli meir og meir brukt. Firma som har slike ressursar, og som raskt kan levere omsette tekstar av høg kvalitet, vil vere dei som kan konkurrere med reine maskinbaserte tekstar i framtida. Våren 2017 presenterte Google Translate eit omsetjarprogram som leverer omsetjingar av betre kvalitet enn vi har sett til no. Men sjølv om omsetjarprogramma stadig blir betre, er det framleis eit stykke att til maskinane leverer omsetjingar vi kan bruke til anna enn å skjøne grove trekk av kva tekstar på framande språk dreier seg om. Program for omsetjing baserer seg anten primært på statistikk eller på ein kombinasjon av statistikk og reglar. Google Translate har tilgang til store tekstmengder og bruker statistikk og maskinlæring for å finpusse resultatet. Andre program legg grammatiske reglar for målspråket til grunn.

Det finst program som langt på veg kan levere omsetjingar mellom bokmål og nynorsk og mellom dansk og norsk. Programma er ei god støtte når det gjeld ordval, men dei gir ikkje særleg hjelp når det gjeld ordstilling og setningsbygging.

Omsetjing mellom talte språk er på utprøvingsstadiet. Til no har slike tenester vorte prøvd ut på nokre få område og med eit avgrensma ordforråd, til dømes på flyplassar, men det finst ingen slike tenester som set om til eller frå norsk.

4.9 Taleteknologi

Fleire og fleire nye tenester har no talefunksjon i tillegg til vanleg skrift. Brukaren kan velje mellom å lese sjølv eller få lese opp ein tekst. I nokre system kan ein også gjere val i tenesta ved å snakke til maskinen som i sin tur kjenner att orda. Det varierer kor gode løysingane er. Spesielt er ofte den delen som skal kjenne att tale, därleg. I 2015 starta utviklinga av ein generell talegenkjennar for norsk som skal vere klar i løpet av 2017. Utfordringa er å ha stort nok omfang på dei språklege ressursane bak systemet, slik at orda blir korrekt gjenkjende. Ei utfordring er å ha nok dialektvariasjon i grunnlagsdataa til at programvara kan gjera god nok gjenkjennning. Materialet i Språkbanken er for lite til bruk for talegenkjennning, og særleg skortar det på materiale for nynorsk. Max Manus, firmaet som lagar talegenkjennaren, har valt å setje om tekstmateriale frå bokmål til nynorsk for å lage ei nynorsk utgåve. Det står att å sjå kor god kvaliteten blir.

Kunstige stemmer for vaksne har vore på marknaden ei stund, og dei siste par åra har det også kome nokre for barn. Stemmene er eit godt hjelpemiddel for personar utan eiga stemme eller med nedsett taleevne. Framleis er få slike stemmer laga med norsk språk som utgangspunkt. Ingen er bygde av norske aktørar.

4.10 Bruk av IKT i skolen

Skolen blir ein viktigare og viktigare arena for pedagogisk bruk av IKT, og det er viktig at IKT-tilbodet er tilgjengeleg både for elevar med bokmål og nynorsk som hovudmål. Spelteknologi blir lagd til grunn for utvikling av nye læringsressursar i mange fag. Mange firma som utviklar spel til bruk i skole og utdanning, har samla seg under paraplyen Oslo Edtech Cluster. EU arrangerer EU Code Week, som er eit tiltak for å lære barn programmering. I 2016 deltok 968 500 personer (570 000 i 2015). Det var over 23 000 arrangement i 46 land, inkludert Noreg. Dei norske arrangementa vart koordinerte av den frivillige organisasjonen Lær Kidsa Koding. Digital kompetanse er ei av dei fem grunnleggjande ferdigheitene i læreplanane for grunnopplæringa, og elevane skal arbeide med digital kompetanse i alle fag.

Senter for IKT i utdanninga undersøkjer årleg den digitale tilstanden i skolen. Rapporten frå 2016 (Egeberg, Hultin og Berge 2016) viser at dei digitale verktøya blir mest brukte i språkfaga og minst i matematikk og naturfag. 11 % av elevane med dårligast sosioøkonomisk bakgrunn bruker aldri digitale verktøy i undervisninga, og 54 % bruker dei éin gong i månaden eller sjeldnare.

Bruk av IKT i høgare utdanning

Norgesuniversitetets mål er å bidra til auka og betre bruk av IKT i høgare utdanning. Rapporten *Digital tilstand 2014* (Norgesuniversitetet 2015) viste at det ikkje står så bra til med bruken av digitale verktøy og læringsressursar blant studentar og fagleg tilsette i høgare utdanning i Noreg. Berre fire av ti meiner at bruken av digitale verktøy i undervisninga bidrar til auka læring for studentane. Studentane, derimot, er positive til teknologibruk og legg vekt på bruk som kan gjere studiekvarden enklare. Ni av ti studentar meiner at digitale verktøy er viktige hjelpemiddel i studiekvarden.

Teknologien lettar informasjonsflyten og forenklar samarbeidet med andre, men berre halvparten av studentane meiner at dei digitale verktøya bidrar til at deira eiga læring blir betre.

4.11 Tilgang til internett og bruk av tenester på nett

Ifølgje Statistisk sentralbyrås *Norsk mediebarometer* (SSB 2017) var det i 2015 færre enn tidlegare som las trykte aviser og nettavisar per døgn. Talet på TV-sjåarar gjekk ned, medan tida folk bruker på internett, gjekk opp. Talet på brukarar av sosiale medium aukar framleis. Dei ivrigaste nettbrukarane er dei mellom 16 og 24 år; i snitt bruker dei nettet 3 timer og 33 minutt per døgn.

I ei gjennomsnittleg veke hadde 66 % lese ei trykt avis mot 73 % i 2014. 43 % hadde lese ei trykt bok, og 93 % hadde vore innom internett. Desse tala fordeler seg svært ulikt på aldersgruppene: Av dei mellom 9 og 12 år hadde 74 % lese ei bok og 28 % lese eit teikneserieblad i veka. 91 % av dei mellom 67 og 79 år hadde lese ein trykt avis. Alle i alderen 13–24 år hadde vore innom internett i løpet av ei veke, medan tilsvarende var 56 % for kvinner i alderen 67–79 år.

4.12 Bruk av IKT i barnehagen

Nettbrett og spel er på full fart inn i barnehagane. Mange av desse produkta har både tekst og tale, men få er norskspråklege. Språket i spela og programma som dei bruker, er sentrale for læring og språkleg medvit for denne aldersgruppa. Små barn lærer koding ved å bruke figurar og symbol på nettbrett. Brukt på ein pedagogisk og god måte kan det bidra til å utvikle digital kompetanse og godt språk. Derfor er det viktig at produkta har eit godt norsk språk anten dei baserer seg på tekst eller tale.

4.13 Oppsummering, arbeidet vidare og utfordringar

Hausten 2016 vedtok Språkrådet ein ny strategi for norsk språk der arbeidsområdet norsk språk og IKT var inkludert (Språkrådet 2017). Utfordringa framover er å utvikle vidare den kontakten Språkrådet har med aktørar som kan bidra til at programma og tenestene for allmenn bruk får gode, norskspråklege grensesnitt.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har ansvar for den statlege IKT-politikken. I 2016 kom stortingsmeldinga *Digital agenda for Norge. IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet* (Meld. St. 27 (2015–2016)), som skisserer kva som må til for å auke produktiviteten i landet. Det dåverande Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet leverte ei tilsvarende melding tre år tidlegare (Meld. St. 23 (2012–2013) *Digital agenda for Norge. IKT for vekst og verdiskaping*), og det såkalla Digiutvalet kom med sin rapport tidleg i 2013 (NOU 2013: 2 *Hindre for digital verdiskaping*). Ingen av meldingane seier noko om kor viktig språket er for IKT og utviklinga på området. Språkrådet sende i 2013 ei fråsegn til Digiutvalets rapport (Språkrådet 2013) som understreka kravet om norskspråklege grensesnitt og peikte på kor viktig det er å støtte opp om norskbasert språkteknologi, sidan språkteknologien gir stort rom for innovasjon og utvikling på mange samfunnsområde. Språkrådet har gitt mange innspel om dette i relevante forum både før, under og etter at meldingane vart skrivne. Det er ei utfordring for Språkrådet å auke medvitet om kor viktig det er å få IKT-produkt og IKT-tenester med godt norsk språk, og at Språkbanken sit på viktig og nødvendig grunnlagsmateriale for å lage norske utgåver.

Taletenester og kunstige stemmer blir meir og meir vanlege som funksjonsval i mange produkt og tenester. Språkrådet vil følgje med på om bruken av nye taletenester kan påverke utviklinga av ei norm for uttale på norsk. Noreg har inga vedteken uttalenorm, trass i at nokre ordbøker gir råd om uttale på særskilde felt. Det skjer ei utvikling mot regiolektar som avløysar dialektane, og det kan bli interessant å sjå om bruken av taletenester medverkar til å setje fart i denne utviklinga.

Stavekontrollane for dei norske målformene må bli betre. Språkrådet vil bidra til vidare utvikling og utviding av Språkbanken og til å gjøre Språkbanken kjent i utviklingsmiljø som treng språkressursane, mellom anna til utvikling av slike forbetra stavekontroller.

Den største utfordringa framover vil vere utviklinga av kunnskapssystem og løysingar som nærmar seg kunstig intelligens. Vi må syte for at vi har stor nok mengde norskspråklege ressursar til føremålet. Kunnskapssystem og kunstig intelligens er dataprogram som må forstå både tekst og tale, og skal dei fungere for og på norsk, må dei ha tilgang til nødvendige og rette språklege råvarer.

Kjelder

- Bokmålsordboka. <http://ordbok.uib.no/> (august 2017).
- Choudhury, R. og B. McConnell (2013): *Translation Technology Landscape Report*. TAUS BVP, De Rijp. <https://www.taus.net/think-tank/reports/translate-reports/taus-translation-technology-landscape-report> (august 2017).
- Egeberg, G., H. Hultin, og O. Berge (2016): *Monitor skole 2016. Skolens digitale tilstand*. <https://iktsenteret.no/monitor/monitor-skole-2016> (august 2017).
- EU Code Week. <http://codeweek.eu/> (august 2017).
- Krauwer, S. (2003): The Basic Language Resource Kit (BLARK) as the First Milestone for the Language Resources Roadmap. I: *Specom'2003: International Workshop. Speech and Computer. Moscow, Russia 27–29 October 2003. Proceedings*. 8–15. <http://www.elsnet.org/dox/krauwer-specom2003.pdf> (august 2017).
- Lær kidsa koding. <https://kidsakoder.no/> (august 2017).
- Meld. St. 23 (2012–2013) *Digital agenda for Norge, IKT for vekst og verdiskaping*. Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-23-20122013/id718084/> (august 2017).
- Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-27-20152016/id2483795/> (august 2017).
- Mål og mening sjå St.meld. nr. 35. (2007–2008).
- Norgesuniversitetet (2015): *Digital tilstand 2014*. Norgesuniversitetets skriftserie 1/2015. <https://norgesuniversitetet.no/digitaltilstand> (august 2017).
- Norsk språkråd (2001): *Handlingsplan for norsk språk og IKT. Revidert utgave*. <http://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Sprak-IKT/Handlingsplan-for-norsk-sprak-og-IKT/> (august 2017).
- NOU 2013: 2 *Hindre for digital verdiskaping*. (Digiutvalget) Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet.
- Nynorskordboka. <http://ordbok.uib.no/> (august 2017).
- Oslo Edtech Cluster. <http://osloedtech.no/> (august 2017).
- Språkbanken. <http://www.nb.no/Tilbud/Forske/Spraakbanken> (august 2017).
- Språkbankens ressurskatalog. <http://www.nb.no/sprakbanken/repositorium#ticketsfrom?lang=nb&collection=sbr> (august 2017).
- Språkrådet (2008): *Plan for etablering av Norsk språkbank*. 15. august 2008. http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/prosjektplan-for-sprakbanken_2008.pdf (august 2017).
- Språkrådet (2013): «Hindre for digital verdiskaping» – høringsuttalelse. Datert 19. april 2013. <https://www.regjeringen.no/contentassets/c6ab3a5ed2fa478a9f8bcba24759d0ba/sprakradet.pdf> (august 2017).
- Språkrådet (2017): *Strategi for Språkrådet 2016–2019*. Datert 18.1.2017. <http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/diverse/strategi-2016-2019.pdf> (august 2017).
- SSB (2017) = Statistisk sentralbyrå: *Norsk mediebarometer*. Oppdatert 20. april 2017. <https://ssb.no/medie/> (august 2017).

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meininger – ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet.

[https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-](https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf)

[no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf](https://www.regjeringen.no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf) (august 2017). Kortversjon:

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf

(august 2017).

Watson. IBM Norge. <http://www-05.ibm.com/no/helse/fremtidens-helse/watson/index.html>

(august 2017).

5 Kultur og medium

Etter stortingsvalet hausten 2013 stoppa den nye regjeringa boklova som Stortinget vedtok tidlegare same året og gjekk i staden inn for ein bokavtale. Sosiale medium blir brukte stadig meir i det norske samfunnet. Språket i nye medium representerer nye uttrykksmåtar. Også statsforvaltninga har teke i bruk sosiale medium og bør få gode råd om språkbruk og informasjon om at mållova gjeld også der. Bruk av av nye medium er i vekst, og særleg Youtube er på frammarsj. Barn heilt ned i treårsalderen møter i stor grad engelskspråkleg innhald når dei ser videosnuttar på Youtube eller speler dataspel.

5.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og mening

Innleiing (kap. 7.6.1)

Eit breitt og differensiert kultur- og medietilbod på norsk er grunnleggjande for å sikra nasjonalspråket. Men dei utviska grensene mellom det norske språksamfunnet og ei sterkt internasjonalisert medieverd gjev angloamerikansk kulturindustri ein påtrengjande innverknad. Utviklingstendensane er likevel ikkje eintydige.

Språkbruk i mediesectoren (kap. 7.6.2)

Framleis er fjernsynet det mest brukte mediet, og mangfaldet av kommersielle utanlandske fjernsynskanalar har auka tilbodet av underhaldningsprega engelskspråkleg programmateriale. Marknadsdelen for utanlandske kanalar i Noreg er likevel berre knapt 10 prosent.

Men angloamerikansk språk- og kulturimport skjer også gjennom dei norske kanalane. Likevel har både NRK og TV 2 meir enn halvparten norskproduserte program, og mykje er norskspråkleg også i andre norske fjernsynskanalar. Samla tilbod av norskspråkleg fjernsyn har aldri vore større, men prosentvis har det vore nedgang. Sjåarvanar vert dermed avgjerande.

I nyhendeformidling, debatt- og magasinstoff vil norsk språk vanskeleg kunna vika plassen så lenge norsk dominerer som morsmål.

Eit språkpolitisk problem for seg er mangelen på andre framandspråk enn engelsk innanfor det samla fjernsynstilbodet.

Krav til allmennkringkastarane om bruk av norsk språk (kap. 7.6.3)

Vedtekts- og konsesjonskrav om bruk av norsk språk både i fjernsyn og radio, med tilhøyrande kontroll frå Medietilsynet, garanterer det norskspråklege innhaldet innanfor dei riksdekkjande allmennkringkastarane. Det kan nemnast at kravet til NRK om å spela minst 35 prosent norsk musikk no er endra til norskspråkleg musikk.

Generelt om språk, litteratur og bibliotek (kap. 7.6.4)

Språket er også eit estetisk og kunstnarleg uttrykk, og språkleg er kunsten både kontinuitetsberar og fornyande kraft. Dei litterære klassikarane og den nasjonale songskatten held fast kvalitetane i norsk språk. Ein differensiert og levande samtidslitteratur hevdar seg godt som norskspråkleg motvekt i ein jamt skarpere konkurranse frå nye, internasjonale medieprodukt. Litteratur- og bibliotekpolitikk er eit fundament i språkpolitikken.

Språkpolitisk relevante verkemiddel i litteraturpolitikken (kap. 7.6.5)

Innkjøps- og produksjonsstotteordningane under Norsk kulturråd er grunnleggjande verkemiddel for å sikra eit breitt utval av kvalitetslitteratur på norsk.

Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur inneber at folkebiblioteka får eit gratiseksemplar av kvar påmeld vaksenbok, medan barne- og ungdomsbøkene også går til skulebiblioteka. I tillegg finst selektive innkjøpsordningar, ei for omsett skjønnlitteratur som i 2008 omfatta 90 titlar, ei for ny norsk faglitteratur for barn og unge med 25 titlar i 2008, og ei ordning for ny norsk sakprosa med 50 titlar.

Vidare har vi ei innkjøpsordning for fonogram, ei støtteordning for kulturtidsskrift, både oppstart- og produksjonsstøtte og ei selektiv innkjøpsordning, ei produksjonstøtteordning for nynorsk litteratur og ei støtteordning for norske kvalitetsteikneseriar.

Ordninga med nullsats for meirverdiavgift på bøker representerer elles ei omfattande indirekte støtte til bokbransjen. Den privatrettslege avtalen mellom aktørane i bokbransjen basert på ei unntaksordning etter konkurranselova har som uttrykt mål å styrkja norsk språk og skriftkultur. Det er viktig at partane sikrar at avtalen fungerer slik at bokhandlar over heile landet kan by fram eit breitt utval av bøker.

Bibliotekvederlagsordninga og stipend- og garantiinntekter til kunstnarar representerer viktig støtte til norske forfattarar og verkar dermed indirekte som språkpolitiske basisordningar.

Bibliotek som språkpolitisk verkemiddel (kap. 7.6.6)

Som formidlar av språklege og litterære utrykksformer er biblioteka viktige verkemiddel i nasjonal språkpolitikk. Utanom utlån av norskspråkleg litteratur driv folkebiblioteka ulike litterære formidlingsaktivitetar. Dei har også tilrettelagd litteratur, litteratur på samisk og viktige tilbod til framand- og minoritetsspråklege.

Særskilt om leselyst, lesestimulering og litteraturformidling (kap. 7.6.7)

Innanfor både utdannings- og kultursektoren vert det arbeidt med å stimulera til leselyst og å utvikla lesekunnskapane. Handlingsplanen Gi rom for lesing handla om å styrkja kompetansen hos lærarane i leseopplæring, litteraturformidling og bruk av skulebibliotek. Samanslutninga Leser søker bok arbeider for at det skal finnast tilrettelagde bøker slik at alle kan få tilgang til litteratur. Foreningen !les skal fremja leselyst særleg hos ungdom og unge vaksne. Andre særskilde aktørar er Norsk Forfattersentrum, Norsk barnebokinstitutt og Nynorsk kultursentrums.

Litteraturformidling står sentralt innanfor Den kulturelle skulesekken. Her må det spesielt leggjast vekt på å sikra eit tilbod på nynorsk. Utfordringa generelt er å systematisera den kompetansen og dei røynslene som finst, slik at arbeidet med lesestimulering og litteraturformidling kan styrkast og samordnast.

Andre problemstillingar på kultur- og medieområdet (kap. 7.6.8)

Pressestøtta og momsfritaket for aviser er viktig for å verna om eit stort og differensiert norskspråkleg tekstmedium som eit fundament for norsk skriftkultur.

Norsk språk vert også styrkt gjennom aukande digitalisering av verdifullt språkmateriale i arkiv, bibliotek og museum, gjennom auka støtte til utvikling av moderne dataspel tufta på norsk språk og gjennom større produksjon av og publikumsoppslutning om norsk film.

Norsk språk i utlandet (kap. 7.6.9)

Å fremja norsk språk og kultur i utlandet er også med på å gje språket vårt styrke og status. Ca. 140 høgare lærestader verda over har undervisningstilbod i norsk språk og norske emne.

Omsetjing av norsk litteratur og promotering av norske forfattarar i utlandet er eit anna viktig aktivitetsfelt. Her spelar institusjonen NORLA ei sentral rolle.

Frå kortversjonen av Mål og meinings (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

5.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

På mange område av kultur- og medie sektoren har Språkrådet ingen formalisert rolle og såleis ikkje så mange direkte verkemiddel. Generelt har Språkrådet rolla som høyringsinstans i språksaker og som ein institusjon som gir språkråd, informerer om verkeområdet for mållova og fører tilsyn med målbruk hos statsorgan som er omfatta av mållova. Språkrådet gir òg råd om språk i media gjennom svartenesta vår. I tillegg samarbeider Språkrådet med aktørar innanfor kultursektoren om ulike initiativ.

For å sikre at det norskspråklege medie- og kulturtilbodet utgjer eit godt alternativ til det engelskspråklege tilbodet, ser Språkrådet at det trengst oppdatert kunnskap om medievanar og mediebruk, og om kva språk som møter brukarane på dei ulike plattformene. Særleg viktig er det at tilbodet til barn er stort nok og av høg kvalitet. Språkrådet har derfor nyleg stilt spørsmål om kva språk barn møter når dei bruker ulike medium gjennom TNS Kantars årlege undersøking *Mediebarn* (TNS Kantar 2017).

Ifølgje NRKs språkreglar (NRK 2007) skal person- og stadnamn, tal og teikn skrivast og uttalast i samsvar med reglar og råd som er godkjende av Språkrådet, og NRK skal følgje reglane for offisiell rettskriving.

5.3 Aviser

Det norske avisbiletet er i endring. Mest synleg er det at visse riksavisar har framgang, medan andre har stagnasjon eller tilbakegang. Tal frå informasjonssentralen Medienorge viser at talet på avisar har halde seg nokså stabilt eller auka litt den siste tiårsperioden, men at det samla opplaget har gått ned frå år til år, slik at nedgangen gjennom ti år er markert.

I tabellen under er *samla opplag* basert på gjennomsnittleg opplag per utgåve for avisar som kjem ut minst éin gong i veka. Søndagsutgåver er ikkje inkluderte.

Tabell: Tal på avisar og samla opplag 2009–2015

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tal på avisar	225	226	228	227	229	230	228
Opplag i 1000	2659	2572	2501	2421	2230	2150	2041

Kjelde: Medienorge (2017)

Medrekna periodiske publikasjonar kom det i 2014 ut 235 avisar i Noreg. Dei 235 avisene hadde eit samla opplag på nær 2,2 millionar eksemplar. 46 (20 %) av avisene hadde nynorsk som formelt redaksjonsspråk, 20 (9 %) begge målformer og 167 (71 %) bokmål. Sidan avisar som bruker nynorsk redaksjonelt, er lokalviser og mellomstore avisar, ligg omfanget av stoff på nynorsk sjølv sagt mykje lågare enn talet på avisar kunne tilseie. Når det gjeld talforholdet mellom nynorskavisar og bokmålsavisar, skjer det få og små endringar frå år til år. Konkurransen frå nettavisene fekk i byrjinga mest å seie for opplagstala til dei store riksavisene. Etter 2008 har også fådagarsavisene fått merke konkurransen frå nettet, men det manglar pålitande lesartal for store delar av marknaden. I 2014 hadde osloavisene VG og Dagbladet 43 % av dei dokumenterte nettlesarane (Grepstad 2015).

5.4 Innstillinga frå mediemangfaldsutvalet

I mars 2017 kom innstillinga frå det såkalla mediemangfaldsutvalet, *Det norske mediemangfoldet. En styrket mediepolitikk for borgarne* (NOU 2017: 7). Innstillinga greier ut kva mål staten skal ha

for mediemangfaldet, og korleis økonomiske verkemiddel kan stimulere til framtidig mediemangfald. Mellom anna føreslår utvalet at lokale medium skal få eit minstetilskot, og at tilskot til nummer to-aviser blir fasa ut. Vidare bør dagens fritak for meirverdiavgift (som frå 2016 også omfatta elektroniske nyheitsmedium) utvidast til også å gjelde alle nyheits- og aktualitetsmedium – også dei som går i djupna på få stoffområde, meiner utvalet. I tillegg føreslår utvalet at norske nyheitsmedium bør fritakast for arbeidsgivaravgift i ein overgangsperiode på fire år.

Utgreiinga diskuterer i liten grad språklege sider ved norsk presse. Korleis språkleg kvalitet kan gjerast til kriterium for presse, og at nynorskaviser treng systematisk styrking, er i liten grad tema. Det finst heller ikkje ei forankring av både utgreiinga og den norske mediepolitikken meir generelt i den språkpolitikken Stortinget vedtok med *Mål og mening*. Sjølv om det i utgreiinga er peikt på kor viktig det er at nynorsk også er mediespråk, blir ikkje temaet følgt opp vidare. Dette er overraskande i lys av at Stortinget i 2009 slutta seg til eit prinsipp som inneber at nynorsk alltid skal reknast med når norsk språk blir tematisert. Dersom omsynet til nynorsk ikkje er relevant, skal ein oppgi ein grunn for vurderinga.

Tiltak for å styrke samisk og kvensk språk er handtert på ein god måte.

5.5 Allmennkringkasting

Mål og mening seier at omsynet til styrking av norsk generelt og nynorsk spesielt skal ha stor vekt ved forvalting og utforming av rammevilkåra for dei norske allmennkringkastarane. NRKs eigne vedtekter slår fast at NRKs tilbod i hovudsak skal bestå av norskspråkleg innhald. Begge dei offisielle målformene skal nyttast (NRK 2009).

Det vart vist 111 norske filmar på lineær tv i 2016. Det utgjer 4,3 % av alle filmar vist på fjernsyn i 2016. Til saman vart dei norske filmane viste 384 gonger, som utgjer 3,4 gonger per film. Det er færre enn dei utanlandske filmane, som i snitt vart viste 5,2 gonger. Til gjengjeld hadde dei norske filmane i gjennomsnitt 48 000 sjårarar per sending, medan dei utanlandske filmane hadde 26 000 sjårarar per sending (Norsk filminstitutt 2016:53). Samanlikna med 2014 var det i 2016 ein nedgang både i talet på produksjonar, sendingar og sjårarar når det gjeld norske filmar på lineær tv. Tilsvarande tal for norske tv-seriar viser derimot ein auke frå 2014 til 2016. Samanlikna med tala frå 2015 var det likevel ein nedgang i talet på produksjonar og sjårarar i 2016 for norske tv-seriar.

Talet på norskproduserte dokumentarar er monaleg høgare enn tala for norske filmar og tv-seriar. Når det gjeld norskproduserte dokumentarar, finst det berre tal for 2016, men som det kjem fram i tabellen under, utgjer norskproduserte dokumentarar 27,8 % av den totale mengda, medan det tilsvarande talet for norske filmar er 4,3 % og for norske tv-seriar 5,0 %.

Tabell: Del norske seriar, filmar og dokumentarar på lineær tv 2014–2016

	2014	2015	2016
TV-seriar			
Tal på produksjonar	4,6 %	5,4 %	5,0 %
Tal på sendingar	0,5 %	1,2 %	2,4 %
Samla tal på sjårarar	9,6 %	12,4 %	11,1 %
Filmar			
Tal på produksjonar	6,9 %	4,3 %	4,3 %
Tal på sendingar	2,5 %	2,1 %	2,4 %
Samla tal på sjårarar	5,0 %	4,2 %	4,7 %

Dokumentarar			
Tal på produksjonar			27,8 %
Tal på sendingar			13,2 %
Samla tal på sjåarar			43,5 %

Kjelde: Norsk filminstitutt (2016)

Etter Medietilsynets vurdering har NRK ein variert produksjon og formidling av norsk drama i radio, tv og på internett. I 2015 vart det sendt store dramaproduksjonar for tv, mellom anna *Kampen om tungtvannet*, *Unge lovende* og *Skam*. Nettet er teke i bruk i formidlinga. Medietilsynet vurderer det slik at NRK klart innfriar kravet om å produsere og formidle norsk drama, og den monalege eigenproduksjonen bidrar til å innfri kravet om å styrkje norsk språk, identitet og kultur.

Etter NRKs vedtekter (NRK 2009) skal minst 35 % av musikken som blir spelt, vere norsk, med vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk. I *Allmennkringkastingsrapporten 2015* (Medietilsynet 2015) kjem det fram at NRK innfriar kravet i alle radiokanalane i 2015. Delen av norskspråkleg eller norskkomponert musikk auka i alle kanalar frå 2014, og den gjennomsnittlege delen av norsk musikk utgjorde 40 % totalt. Av den norske musikken som vart spelt, var delen av norsk på norsk 66 % i NRK P1, 19 % i NRK P2 og 29 % i NRK P3.

NRK har no elleve kanalar som spelar eit stort mangfold av musikk. Kringkastingsorkesteret og overføring av konsertar med norske artistar bidrar positivt til at NRK innfriar denne delen av kravet.

Medietilsynet meiner at NRK har eit breitt tilbod av norsk musikk både på hovudkanalane i radio, i dei andre digitalradiokanalane og på tv. I 2015 oppfylte NRK kravet om at 35 % av musikken som blir spelt, skal vere norsk i alle hovudkanalane på radio, og i P1 utgjorde norsk musikk 45 %. For åra 2014 og 2015 var det berre NRK P2 som i 2014 ikkje stetta kravet om minst 35 % norsk musikk. Den gjennomsnittlege norskdelen i dei tre kanalane auka frå 38 % i 2014 til 40 % i 2015.

Tabell: Norsk musikk i radio i 2014 og 2015

	NRK P1	NRK P2	NRK P3
2014	42 %	33 %	39 %
2015	45 %	36 %	39 %

Kjelde: Medietilsynet 2015

NRK gjer ikkje greie for bruken av norsk språk i radiokanalane, men Medietilsynet legg til grunn utgreiingane frå tidlegare år frå NRK om at alle radiosendingar i hovudsak er norskspråklege.

NRKs tilbod skal i hovudsak bestå av norskspråkleg innhald. NRK oppfyller dette kravet ved å ha ein omfattande norskspråkleg innhaldsproduksjon som blir formidla på radio, tv og internett. NRK opplyser at ei viktig satsing i 2015 har vore å ta vare på og utvikle norsk språk. Dette skjer gjennom å oppmode til dialektbruk i NRK, gi medarbeidarane raske svar på språkspørsmål og gjennom arbeidet med den fleirkulturelle ordlista (NRK 2014). Det har også vorte vedteke retningslinjer for dialektrøkt, og NRK har fått på plass nettstaden sprak.nrk.no (NRK 2015).

NRK innfriar ikkje kravet om at minst 25 % av innhaldet skal vere på nynorsk på alle plattformer i 2015. Sjå elles omtalen av nynorsk i NRK i kapittel 10 i denne rapporten.

5.6 TV 2

Når det gjeld TV 2, gjekk konsesjonen for allmennkringkasting ut ved inngangen til 2010, då bakkenettet vart fritt. Frå 2010 var TV 2 dermed ein kommersiell fjernsynskanal med konsesjon for sending via det digitale riksnettet. Denne konsesjonen, som TV 2 hadde fått på linje med andre kommersielle aktørar, kravde altså ikkje nokon allmennkringkastingsprofil.

Den 3. desember 2010 signerte TV 2 ein avtale med Kulturdepartementet om å vidareføre TV 2 som ein kommersiell, riksdekkjande kringkastar med visse særskilde allmennkringkastingsplikter. Ifølgje avtalen skal TV 2s hovudkanal i heile avtaleperioden sende norskspråklege program for barn minst ein gong i veka og norskspråklege program for unge jamleg. Norskspråklege program skal utgjere minst 50 % av sendetida, og begge dei offisielle norske målformene skal nyttast (Medietilsynet 2015).

TV 2s del av norskspråklege program var i 2015 på 47,5 % og dermed lågare enn kravet på 50 %. Trenden er likevel at delen av norskspråklege program har stige siste kvartal i 2015. Medietilsynet konkluderte i 2015 med at TV 2 oppfylte kravet om at kanalen skal sende jamlege norskspråklege program for barn og unge. Også kravet om formidling av norsk film og drama vart oppfylt i 2015 (Medietilsynet 2015). Sidan TV 2 har vist at både bokmål og nynorsk blir nytta i sendingane på hovudkanalen, har Medietilsynet kome til at kravet til målformer er oppfylt.

5.7 Kommersielle radio- og fjernsynskanalar

I konsesjonsvilkåra for Radio Norge og P4 står det ikkje noko uttrykkjeleg om språkbruk, men for alle allmennkringkastarar er det eit overordna krav at sendingane skal bidra til å styrke norsk språk, identitet og kultur.

I *Allmennkringkastingsrapporten* (Medietilsynet 2015) har Medietilsynet vurdert om Radio Norge og P4 innfrir det overordna kravet om å styrke norsk språk, identitet og kultur. Grunnlaget for vurderinga ser ut til berre å omfatte omfanget av norsk musikk spelt i kanalane.


Delen av norsk musikk som vart spelt på P4 i 2015, var 39 %, og kanalen innfridde dermed kravet om at 35 % av musikken skal vere norsk. «Norsk på norsk»-delen av musikken var på 13 %. P4 framhevar at kanalen også er oppteken av å promotere og satse på norske artistar på turnear.

Radio Norge skifta eigara i 2015, og den nye eigaren Bauer Media AS har overteke konsesjonsavtalen for allmennkringkastarkanalen. Bauer Media AS er registrert med verksamhetsadresse i Bergen, men føretaket har flest tilsette i ei avdeling som er lokalisert i Oslo. Radio Norge spelte 38 % norsk musikk i 2015, og kanalen oppfyller dermed kravet om å spele minimum 35 % norsk musikk.

5.8 Språk i sosiale og nye medium

Delen av befolkninga som har brukt internett i løpet av ein dag, har auka monaleg dei siste åra. Delen av internettbrukarar per dag i 2015 var på 87 % og hadde auka til 89 % i 2016. Også tida vi bruker på nettet, har auka, frå 127 minutt per dag i 2015 til 140 minutt i 2016. Folk i aldersgruppa 16–24 år er dei som bruker nettet mest, med 4 timer og 5 minutt per dag. I løpet av ei gjennomsnittsdag i 2016 hadde 72 % av dei som var på nettet, vore innom Facebook, medan 50 % hadde vore innom andre nettsamfunn. Bruken av alle sosiale medium har såleis auka monaleg dei siste åra.

Språket i nye medium representerer nye uttrykksmåtar. Setningane er gjerne kortare enn i annan prosa og har munnleg preg. Stavemåten er ofte ikkje i tråd med gjeldande rettskriving ved at ord blir forkorta eller skrivne lydrett. I ei spørjeundersøking frå Trondheim gjennomført i 2010 (N = 830, 15–30 år) kjem det til dømes fram at 67 % bruker dialekt på Facebook, medan 52 % gir opp at dei skriv meldingar på engelsk (Skog 2010):



Det finst ikkje mykje forsking på dei nye media, men eit nordisk forskingsnettverk med namnet «Nordisk sprog og sprogforståelse i de nye kommunikationsformer» var aktivt i perioden 2012–2013 og gav ut ein nettverksrapport i 2013 med oversyn over det som finst av kunnskap på området (NoSSinK 2013).

Statsforvaltninga har teke i bruk sosiale medium, og i samband med det har det dukka opp nye problemstillingar. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har laga ei generell rettleiing for staten om bruken av sosiale medium. I rettleiinga blir statsorgana mellom anna tilrådde å lage eigne retningslinjer. I avsnittet om kva dei bør innehalde, er språk nemnt, men det finst ingen eigne råd for språkbruk. Språkrådet rår offentlege institusjonar til å skrive uformelt, men utvitydig i sosiale medium. Språket skal vere korrekt, og mållova gjeld òg når statsorgan skriv i sosiale medium.

Barns bruk av nye medium

TNS Kantar gjennomfører årleg ei undersøking som viser medievanane til barn. Nytt i 2017 er det at Språkrådet har formulert spørsmål til undersøkinga om kva språk barna møter når dei bruker ulike medium. Resultata viser at barn mellom 3 og 11 år vanlegvis møter mykje norsk språk når dei ser film og tv-program (høvesvis 73 % og 79 % av barna), men går vi til korte filmsnuttar på t.d. Youtube eller Facebook og bruk av dataspel, har prosentdelen norsk språk utgjer, falle til høvesvis 30 % og 40 %. Dersom vi deler gruppa inn i barn på ulike aldersteg, 3–5 år, 6–9 år og 10–11 år, ser vi at det er dei yngste barna som møter mest norsk, men at prosentdelen norsk dalar etter kvart som dei blir eldre. Eit døme kan vere språket dei møter når dei ser korte filmsnuttar på t.d. Youtube og Facebook: Her finn vi at av dei yngste barna er det 37 % som til vanleg møter norsk språk, i aldersgruppa 6–9 år har prosenten gått ned til 29 %, og i aldersgruppa 10–11 år er det berre 20 % av barna som til vanleg møter norsk språk på desse plattformene. Vi veit òg at ein av dei tydelegaste trendane for medievanane til barn i dei siste åra er at bruken av Youtube er i sterk vekst. Også for norskspråklege dataspel er tala svært låge, t.d. er det berre 39 % i aldersgruppa 2–5 år som til

vanleg møter norsk språk i dataspel (TNS Kantar 2017).

Frå Medietilsynets undersøking av mediebruken til barn mellom 1 og 6 år ser vi at foreldre rapporterer at barna ofte bruker videotjenester, ulike spel og nett-tv. Dei nettsidene eller appane som er dei mest populære blant barn mellom 1 og 4 år, er Youtube, NRK Super og Fantorangen (Medietilsynet 2016). NRK har altså ei svært viktig rolle som produsent av norskspråkleg innhald på nett for små barn.

Det overordna språkpolitiske målet for kultur- og medie sektoren er å sikre at det norskspråklege tilbodet er så stort og har så høg kvalitet at det kan hevde seg i tevlinga med det framandspråklege tilbodet. I ei ny medierøynd blir det viktig å sørge for at det norskspråklege tilbodet til barn er tilstrekkeleg til å utgjere eit reelt alternativ til det engelskspråklege. Det er ikkje sikkert at det er situasjonen per i dag i dei nye media.

5.9 Kinofilm

Ifølgje *Mål og meining* skal det vere eit basiselement i norsk filmpolitikk å styrke norsk språk. Det har aldri før kome så mange norske filmar som det gjorde i 2014. Då kom det 36 norske filmar, det vil seie ein marknadsandel på 24,4 %. Målsetjinga til regjeringa om at norsk film skal ha ein marknadsandel på 25 %, vart såleis nesten nådd i 2014. I 2015 var marknadsdelen av kinobesøk som såg norsk film, nede i 20,5 %.

Tabell: Norske filmar 2009–2015

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tal på norske premierar	23	26	33	25	26	36	26
Marknadsandel, norske filmar	20,6 %	23,3 %	24,5 %	17,9 %	20,3 %	24,4 %	20,5 %

Kjelde: Film & Kino (2010, 2015)

I november 2011 endra Kulturdepartementet forskrifta om tilskot til audiovisuelle produksjonar og innførte krav om obligatorisk teksting. No er det slik at alle spelefilmar som får statstilskot etter 1. januar 2012, skal vere teksta når dei kjem på kino.

5.10 Språk, litteratur og bibliotek

Mål og meining, saman med to andre stortingsmeldingar frå Kultur- og kyrkjedepartementet, St.meld. nr. 23 (2008–2009) *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* og St.meld. nr. 24 (2008–2009) *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv*, legg vekt på kor viktig språket og litteraturen er for utviklinga av demokrati og velferd, næringsliv, helse, læring, integrering og utvikling av kulturen i landet. Meldingane understrekar at det ikkje er nok å produsere god litteratur, litteraturen må òg formidlast til folket slik at alle kan ta del i kulturell nyskaping og språkleg vidareutvikling. Biblioteka og digitalisering av den litterære arven er heilt sentrale tiltak i dette arbeidet.

Bøker

Den norske Forleggerforening utarbeider årleg bransjestatistikk over bokomsetninga i Noreg. Det var 90 medlemsforlag i foreininga ved utgangen av 2010. For sakprosa viser dei samla tala ein nedgang i talet på utgivingar når vi ser utviklinga over dei sju siste åra, men ein auke i 2015 (1207 utgivingar) samanlikna med tala for 2013 og 2014 (1125 utgivingar begge åra). Det er ein negativ tendens når det gjeld norsk sakprosa for barn, men ein auke i omsett sakprosa for barn. Tabellen under omfattar berre bøker som er utgitt av forlag som er med i Forleggerforeningen. Han gjeld altså ikkje alle norske forlag.

Tabell: Sakprosa. Nye titlar

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Norsk sakprosa for vaksne	688	661	696	735	618	685	756
Omsett sakprosa for vaksne	457	443	393	357	357	287	291
Norsk sakprosa for barn	70	83	67	67	51	52	49
Omsett sakprosa for barn	79	97	124	120	99	101	111
Samla	1294	1284	1280	1279	1125	1125	1207

Kjelde: Den norske Forleggerforening (2015)

Når det gjeld skjønnlitteratur for vaksne, ser talet på nye titlar ut til å halde seg nokolunde jamt samla sett. Talet på utgivingar av norsk skjønnlitteratur for vaksne aukar, medan tendensen er motsett for norsk skjønnlitteratur for barn. Talet på omsett skjønnlitteratur for vaksne har falle svakt over tid, medan talet på omsett skjønnlitteratur for barn aukar.

Tabell: Skjønnlitteratur. Nye titlar

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Norsk skjønnlitteratur for vaksne	314	313	303	287	319	325	330
Omsett skjønnlitteratur for vaksne	325	312	333	319	346	325	317
Norsk skjønnlitteratur for barn	344	282	312	304	261	312	287
Omsett skjønnlitteratur for barn	326	379	383	297	270	396	393

Kjelde: Den norske Forleggerforening (2015)

Bokavtalen og høve til fastprissamarbeid

Med heimel i forskrifter som gir unntak frå konkuranselova, har dei norske forlaga til no hatt høve til å samarbeide om prisen på bøker. Ved utgivinga har dei sett ein fastpris, som boka så må seljast til i ein periode som varierer frå nokre månader til mest eitt og eit halvt år. Det har vore semje om at denne ordninga har medverka til ein brei og god norsk litteratur.

Vinteren 2010–2011 kom det framlegg frå leiaren i familie- og kulturkomiteen på Stortinget om ei eiga norsk boklov, og Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet sette så i gang eit utgreiingsarbeid. Våren 2012 var to utgreiingar om ei boklov, Oslo Economics ofl. (2012) og Rønning ofl. (2012), ute på høyring. Stortinget vedtok våren 2013 ei boklov som skulle ta over for bokavtalen, men lova tredde aldri i kraft. Den nye regjeringa varsla hausten 2013 at dei heller vil ha ein bokavtale.

Ei norsk boklov kjem etter alt å dømme til å krevje obligatorisk fastpris på bøker dersom det blir vedteke ei slik lov. Den generelle bakgrunnen for framlegget er den nye og uvisse situasjonen på bokmarknaden som utviklinga av e-bøker har skapt, både i Noreg og andre land. Meir konkret speler det ei rolle at EU ikkje ønskjer regulering av marknader gjennom avtalar om fastpris. Mange EU-land har vedteke boklover ganske nyleg.

Meiningane om fastpris eller fripris er svært delte, og dette har ført til ein engasjert debatt om kulturpolitikk, bokpolitikk og verkemiddel (sjå omtale òg i kapittel 2 i denne rapporten).

Språkrådet uttalte seg om høyringane og var ope for å innføre ei boklov, men meinte at styresmaktene må kome tilbake med eit konkret lovutkast før det er råd å ta endeleg stilling. I

høyringsfråsegna la Språkrådet spesielt vekt på at fagbøker og lærebøker for høgare utdanning er i ei utsett stilling, mellom anna fordi dei politisk-administrativt blir behandla separat, og at dei må tryggjast same kva konklusjonen elles blir.

5.11 Språk i populærmusikk

Dei nyaste resultata på dette feltet er framleis funna frå spørjeundersøkinga som Språkrådet utførte i 2009 i samarbeid med Synovate og artistorganisasjonen Gramart om kva stilling norsk språk har i populærmusikken. Det var to undersøkingar, éi blant bransjemedlemmer og éi blant befolkninga. Undersøkinga blant bransjemedlemmene viste at det er meir vanleg å syngje på engelsk enn på norsk. 16 % av dei spurde medlemmene syng berre på norsk, medan 38 % syng berre på engelsk. Eit interessant funn er dessutan at heile 28 % av medlemmene har endra språk i løpet av karrieren. 20 % har endra språk frå engelsk til norsk, medan 10 % har endra frå norsk til engelsk. Det kan signalisere at norsk språk, eller musikk på norsk, er i ferd med å få ein sterkare posisjon også i musikkbransjen (Synovate 2009). Dette inntrykket blir forsterka når vi i avsnitt 5.5 les at delen av norsk musikk aukar i alle radiokanalane i NRK, også delen av norsk musikk sungen på norsk.

5.12 Digitalisering

Mål og meinung la opp til ei nærmare vurdering av korleis digitalisering og ulike former for digital formidling kan bidra til å styrke interessa for god litteratur og kvaliteten og verdien i norsk språk og dei to norske skriftkulturane. Her har no Nasjonalbiblioteket med si etablering av nettstaden Bokhylla gjort over 250 000 bøker allment tilgjengelege på internett. I tillegg til bøkene kjem aviser, tidsskrift og lyd- og biletmaterialer, til saman over ein million einingar.

5.13 Den kulturelle skolesekken

Den kulturelle skolesekken er nemnd særskilt i *Mål og meinung*. Den kulturelle skolesekken er eit offentleg tiltak som har desse måla:

- medverke til at elevar i skolen får eit profesjonelt kunst- og kulturtildel
- leggje til rette for at elevar i skolen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med og utvikle forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- verke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnariske og kulturelle uttrykk i realiseringa av læringsmåla i skolen

I stortingsmeldinga *Kulturell skulesekke for framtida* (St.meld. nr. 8 (2007–2008)) er det slått fast at Den kulturelle skolesekken har eit særleg ansvar for å formidle kunst og kultur på nynorsk. Dette er grunngitt med eit ønske om å styrke nynorsk, som den minst brukte målforma (s. 44). Den kulturelle skolesekken er i hovudsak finansiert av spelemidlar frå Norsk Tipping. I 2015 er budsjettet på 210 millionar kroner.

Den kulturelle skolesekken omfattar alle skolar i Noreg og er eit samarbeidsprosjekt mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Kulturtanken (tidlegare Rikskonsertane) fekk i 2016 det nasjonale ansvaret for ordninga. Fylkeskommunen er ansvarleg for koordineringa regionalt, men kommunane har også høve til å utvikle sine eigne program. I førre språkstatus (Språkrådet 2012) kom det fram at Kulturdepartementet la særleg vekt på satsing på nynorsk i Den kulturelle skolesekken. I tildelingsbrevet til Kulturtanken for 2017 (KUD 2017) er ikkje dette språkperspektivet med.

5.14 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Bruken av norsk generelt og nynorsk spesielt er under press i mange delar av kulturlivet.

Språkbruken er regulert berre i avgrensa delar av sektoren. Derfor er det nødvendig å setje i verk stimuleringstiltak som kan sikre bruken av norsk andsynes engelsk og å sikre stillinga til nynorsken. Både offentlege og private aktørar bør trekkjast med i eit slikt arbeid.

Det trengst meir kunnskap om korleis språk blir brukt i sosiale medium og kva dette fører til, og om det norskspråklege medie- og kulturtilbodet er av eit slikt omfang at det står seg mot det rike engelskspråklege tilbodet. Språkrådet bør syte for at prinsippa i mållova blir tekne inn i ei rettleiing for statsorgan om språkbruk i sosiale medium, eventuelt i tillegg til nokre råd om god språkbruk.

Kjelder

Bokhylla. <http://www.nb.no/nbsok/search?mediatype=b%C3%B8ker> (august 2017).

Den norske Forleggerforening (2015): *Bokmarkedet 2015. Forleggerforeningens bransjestatistikk.* http://forleggerforeningen.no/wp-content/uploads/2016/05/Bransjestatistikken_2015-AP.pdf (august 2017).

Film & Kino (2010): *Årboknummer 2010. Tallenes tale. Alt om film og kino i Norge.*

http://www.kino.no/migration_catalog/article964013.ece/binary/Film%20&%20Kino%20-%20%C3%85rbok%202010 (august 2017).

Film & Kino (2015): *Årsmelding 2015. Det store kinoraset.*

http://www.kino.no/incoming/article1268498.ece/binary/%C3%85rsmelding2015_nettet.pdf (august 2017).

Grepstad, O. (2015): *Språkfakta 2015.* Kapittel 15: Presse. Hovdebygda: Nynorsk kultursentrums.

http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/15_presse/ (august 2017).

KUD (2017) = Kulturdepartementet: *Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken i Norge.*

Statsbudsjettet 2017 – tildelingsbrev.

https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/kud/tildelingsbrev-og-arsrapporter/kulturtanken-dks-tildelingsbrev-2017_.pdf (august 2017).

Medienorge (2017): *Antall avisar og samlet opplag.*

<http://www.medienorge.uib.no/?cat=statistikk&medium=avis&queryID=361> (april 2017).

Medietilsynet (2015): *Allmennkringkastingsrapporten 2015.*

<http://allmennkringkastingsrapporten2015.medietilsynet.no/> (april 2017).

Medietilsynet (2016): *Foreldre om barn & medier. Foreldres syn på barn og unges bruk og opplevelser av medier.* http://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/barn-og-medier-undersokser/2016_barnogmedier_foreldre.pdf (april 2017).

Mål og mening sjå St.meld. nr. 35 (2007–2008).

Norsk filminstitutt (2016): *Årsrapport 2016.* <http://www.nfi.no/statistikk/statistikk-analyse-og-rapporter> (april 2017).

NoSSinK (2013) = *Netværksrapport for NoSSinK-projektet.* <https://dsn.dk/vi-arbejder-ogs-med/tidlige-projekter/NoSSinKprojektet.pdf> (april 2017).

NOU 2017: 7 *Det norske mediemangfoldet – en styrket mediepolitikk for borgerne.*

Kulturdepartementet.

https://www.regjeringen.no/contentassets/1e0e03eacdad4c2f865b3bc208e6c006/no/pdfs/nou2017_2017007000dddpdfs.pdf (august 2017).

NRK (2007): *Språkreglar i NRK.* Vedteke på NRKs direktørmøte 19. juni 2007.

<https://www.nrk.no/etikk/sprakreglar-i-nrk-1.6880516> (august 2017).

NRK (2009): *Vedtekter for NRK AS.* <http://www.nrk.no/informasjon/fakta/1.5392438> (april 2017).

NRK (2014): *NRKs fleirkulturelle ordliste.*

<https://fido.nrk.no/1947cabebf8a764e93601b54479471e2322d39f740f8ec5b4bd503b02c60c111/>

- [flerkulturell_ordliste_nynorsk.pdf](#) (august 2017).
- NRK (2015): *Årsrapport 2015.*
<http://fido.nrk.no/f071ec8180503cf1f0405cc77dfbc2b927b068cdf5df9dd1f21f713a0c9e2d8c/120416%20-%20%C3%A5rsrapport%202015.pdf> (august 2017).
- Oslo Economics, Simonsen advokatfirma og Oeconomica (2012): *Utredning om litteratur- og språkpolitiske virkemidler. Utarbeidet for Kulturdepartementet.*
http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvernavdelingen/Rapporter_Utredninger/Utredning_om_litteratur-og_spraakpolitiske_virkemidler_2012.pdf (august 2017).
- Rønning, H., T. Slaatta, O. Torvund, H. Larsen og T. Colbjørnsen (2012): *Til bokas pris. Utredning av litteraturpolitiske virkemidler i Europa.* Overlevert til Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet 15.2.2012.
http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvernavdelingen/Rapporter_Utredninger/Utredning_av_litteraturpolitiske_virkemidler_i_Europa_2012-2.pdf (august 2017).
- Skog, B. (2010): *Språket i sosiale medier.* <http://forskning.no/content/spraket-i-sosiale-medier> (april 2017).
- Språkrådet (2012): *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport fra Språkrådet.*
<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf> (april 2017).
- St.meld. nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skulesekk for framtida.* Kultur- og kyrkjedepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/487a17bcac7140368970648595afb7eb/nno/pdfs/stm200720080008000dddpdfs.pdf> (august 2017).
- St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.* Kultur- og kyrkjedepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nno/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (august 2017). Kortversjon:
http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (august 2017).
- St.meld. nr. 23 (2008–2009) *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid.* Kultur- og kyrkjedepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/6a7ad6f5ba584c8aafdc8bfa5cba86b1/nno/pdfs/stm200820090023000dddpdfs.pdf> (august 2017).
- St.meld. nr. 24 (2008–2009) *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv.* Kultur- og kyrkjedepartementet.
<http://www.regjeringen.no/pages/2176228/PDFS/STM200820090024000DDDPDFS.pdf> (august 2017).
- Synovate (2009): *Kartlegging av bruk og omdømme av norsk språk i dagens musikk-Norge.*
http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/rapport_musikk-norge_synovate2009.pdf (august 2017).
- TNS Kantar (2017): *Mediebarn 2017.* <http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/mediebarn-2017-rapport.pdf> (august 2017).

6 Språkleg dokumentasjon

Talet på nynorskspråklege leksikonartiklar held fram med å auke. Det nynorske tilfanget aukar prosentvis mest, særleg på grunn av utviklinga på Wikipedia og veksten i Allkunne. Papirversjonen av Norsk Ordbok er ferdig, og Det Norske Akademis Ordbok (NAOB) blir truleg klar i løpet av 2017. Likevel er det stort behov for midlar til fleire store ordbokprosjekt, men det ligg ikkje føre nokon samla norsk ordbokpolitikk.

Teiknspråklege ordbokressursar har vore under god utvikling dei siste åra, men mangel på folk med teiknspråkleg førstespråkkompetanse og leksikografisk og lingvistisk kompetanse som kan drive med teiknspråkleg leksikografi, bremsar arbeidet. Ordboksituasjonen for kvensk er framleis mangelfull. Det er behov for betre ordbøker for romani og romanes.

6.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og mening

Generelt (kap. 8.3.1)

Dokumentasjon av den språklege tradisjonen og samtidsspråket i levande bruk har både språkpolitisk og kulturhistorisk verdi.

Språksamlingar (kap. 8.3.2)

Verdifulle forskings- og dokumentasjonsressursar i form av gamle, papirbaserte språksamlingar har i dag usikre fysiske og driftsmessige rammevilkår m.a. innanfor universitetssystemet. Samlingane er ikkje alltid tilgjengelege, og vidare innsamlingsarbeid er innstilt. Noko er tidlegare digitalisert, men det trengst ei meir systematisk vidareføring av digitaliseringarbeidet.

Innsamling av stadnamn (kap. 8.3.3)

Eit materiale med spesiell språkvitskapleg og kulturhistorisk dokumentasjonsverdi er gamle stadnamn. Eksisterande stadnamnsamlingar av varierande kvalitet er resultat av eit mangslunge innsamlings- og registreringsarbeid frå 1920-åra og framover. Men i delar av landet er lite samla inn, og etter 1990 har det vore vanskeleg å finansiera nemnande innsamlingsarbeid. Mange stadnamn går no i gløymeboka etter kvart som dei siste tradisjonsberarane fell ifrå. Utan ei snarleg løysing risikerer vi eit uerstatteleg kulturtap.

Ordbøker og andre leksikalske oppslagsverk (kap. 8.3.4)

Ordbøker og leksikalske oppslagsverk er viktig skriftkulturell infrastruktur.

Internett har endra marknadsvilkåra for leksikonverk. Derfor krev tilgang til kvalitetssikra kunnskap og norsk formidlingsspråk i dag eit nasjonalleksikon i digital grunnform.

Som ordbokland er ikkje Noreg av dei mest avanserte, men vi har også ein særleg innfløkt språksituasjon å dokumentera.

Utanom eksisterande skuleordbøker trengst det fleire større ordbøker mellom norsk og ulike framandspråk, m.a. for å dokumentera norsk språk i internasjonal kontekst.

Det trengst også fleire nynorskspråklege spesialordbøker. Viktigast er likevel allmennordbøkene, frå rettskrivningsordlister til skulebruk via eittbands definisjonsordbøker til

bandsterke, vitskaplege dokumentasjonsordbøker. Dokumentasjonsordbøker er grunnleggjande kjelde- og referanseverk som det tradisjonelt har teke fleire generasjonar å fullføra. I dag kan dei redigerast og gjerast tilgjengelege i elektronisk form.

Spesielt om Norsk Ordbok (kap. 8.3.5)

Elektronisk redigering, stram prosjektorganisering og sterkt opptrapping av det statlige tilskotet gjer at ordbokprosjektet Norsk Ordbok, påbyrja sist i 1920-åra, no kan fullførast i 2014. Verket gjev ei uttømmende framstilling av ordtilfanget i nynorsk skriftspråk og norske dialektar, og kombinasjonen av skriftspråk og talemål gjer dette verket unikt i europeisk samanheng.

Nærare om dokumentasjonen av bokmål (kap. 8.3.6)

Det einaste komplette norske, vitskaplege ordbokverket i dag er Norsk Riksmålsordbok. I regi av Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur blir det arbeidt med ei revidert, oppdatert og utvida utgåve. Ved Universitetet i Oslo er det bygd opp eit tekstkorpus med sikte på eit anna dokumentasjonsprosjekt, spesielt innretta mot moderne bokmål.

Prosjekta har ulikt tyngdepunkt, men også grenseflater. Prinsipielt vil ikkje departementet favorisera det eine framfor det andre, men framdriftsstatus og tidlegare tilsegner gjer at den økonomiske medverknaden må konsentrerast om det førstnemnde.

Frå kortversjonen av Mål og mening (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

6.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Frå og med 18. november 2016 eig Språkrådet *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* og Norsk ordbank saman med Universitetet i Bergen (UiB). Drifta og vedlikehaldet av desse ressursane skjer ved UiB, men Språkrådet ser til at ordbökene er i tråd med gjeldande rettskrivingsnormer. Mellom anna gjennom desse ordbökene informerer Språkrådet om gjeldande norm. Språkrådet var med i arbeidet med boka *Nyord i norsk* (Guttu og Wangensteen 2012), som inneholdt nye ord frå perioden 1975–2005. Språkrådet godkjener elles ordlister til skolebruk (jf. òg kapittel 7 i denne rapporten).

6.3 Språksamlingar og digitalisering

Mål og mening tok opp stoda for sikring, digitalisering og tilrettelegging av språksamlingane til universiteta (m.a. i punkt 8.3.2 og tiltak 3 i kapittel 8.7). Utsiktene til å få skipa eit nasjonalt digitalkorpus med dialekttifang vart nemnde. Det finst i dag fleire halv- og heildigitaliserte delsamlingar (m.a. under Tekstlaboratoriet og Eining for digital dokumentasjon, UiO), men noko samla nasjonalt digitalt dialektkorpus finst enno ikkje.

«Det digitale Nasjonalbiblioteket» utgjer no den største digitalt tilgjengelege norske språksamlinga, med både lyd og tekst. Nasjonalbibliotekets nettstad Bokhylla er ei god kjelde til ord- og uttrykkshistorie. Ei anna viktig tekstkjelde er medieovervakingsbyrået Retriever, som er ått av NTB og det svenska Tidningarnas Telegrambyrå.

Dei fleste store språksamlingar som er klargjorde til forsking, skriv seg frå universiteta. Leksikografisk bokmålskorpus ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) ved UiO inneholder no om lag 100 millionar ord. Det nynorske tekstkorpuset, som har følgt språksamlingane og Norsk Ordbok over til UiB, omfattar per i dag om lag 105 millionar ord. Ein del norsk målføretifang er gjord digitalt tilgjengeleg i eit nordisk dialektkorpus under det nordiske paraplyprosjektet Scandinavian Dialect Syntax (ScanDiaSyn), tilgjengeleg ved ILN.

To store edisjonsfilologiske prosjekt har digitalisert store mengder stoff: «Henrik Ibsens skrifter» var klar i første versjon våren 2014. Den førebels siste versjonen vart lansert i juni 2016.

«Ludvig Holbergs Skrifter» (samarbeid mellom Universitetet i Bergen og Det Danske Sprog- og Litteraturselskab) vart lansert i første versjon i august 2015.

6.4 Leksikon

Per april 2017 var talet på norskspråklege Wikipedia-artiklar om lag 598 000. Talet på bokmålsartiklar har auka med snaue 129 000 sidan 2012. Nynorskalet har auka med dryge 50 000. Den prosentvise auken er framleis monaleg større på nynorsksida (61 %) enn på bokmålssida (38 %). Samisk (nordsamisk) Wikipedia har om lag 7 200 artiklar. Som ei prøveordning finst det no også Wikipedia-utgåver (på Wikimedia Incubator) på sør-samisk, lulesamisk og kvensk, men talet på artiklar er så langt lågt, og dei aller fleste artiklane er veldig korte.

Tabell: Tal på artiklar i Wikipedia

	1.1.2010	14.4.2011	16.4.2012	7.4.2017
Nynorsk	53 000	65 000	82 000	132 897
Bokmål	241 000	298 000	336 000	464 995
Samisk			4 200	7 281

Prosjektet «Norsk nettleksikon» var eit fritt tilgjengeleg leksikon som bygde på *Store norske leksikon*, *Store medisinske leksikon* og *Norsk biografisk leksikon*. I 2012 vart prosjektet omorganisert, og under namnet Foreningen SNL gir dei ut fire frie oppslagsverk på nett: *Store norske leksikon*, *Store medisinske leksikon*, *Norsk biografisk leksikon* og *Norsk kunstnerleksikon*. Dei fire leksikona har 184 903 artiklar per 10.4.2017. Det finst artiklar på både bokmål og nynorsk, men nynorskdelene er låg. Vi har ikkje eksakte tal for fordelinga mellom bokmål og nynorsk, men berre 15 av 524 fagansvarlege har per april 2017 oppgitt at dei skriv nynorsk, og dei står som forfattarar på 581 artiklar (SNL 2017).

Nettleksikonet *Allkunne* har utvikla seg frå eit verk om nynorsk kulturhistorie til eit allment oppslagsverk på nynorsk. Hausten 2011 tok *Allkunne* til å leggje omsette artiklar frå *Caplex nettleksikon* inn i basen ved sida av ei aukande mengd nyskrivne artiklar om ymse emne. I 2015 tok dei over NRKs *Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane*. Per 1.4.2017 hadde *Allkunne* 23 279 artiklar.

6.5 Norsk Ordbok 2014

Prosjektet «Norsk Ordbok 2014» var lenge i rute med det store ordbokverket over norske dialektar og det nynorske skriftspråket (jf. tiltak 6 i kapittel 8.7 i *Mål og mening*). Arbeidet med redigeringa av verket skulle etter planen vore avslutta til 1. mars 2015, men som eit resultat av at Universitetet i Oslo i første omgang sa opp dei tilsette med verknad allereie frå 1. januar 2015, vart arbeidet med det siste bandet av ordboka bremsa kraftig opp. Redaksjonen fekk etter kvart utsett sluttdatoen til den opprinnelige, 1. mars 2015, men då stod det framleis att mykje redigeringsarbeid. Dei attverande redaktørane greidde å få fullført redigeringa som stod att, slik at det tolvtre og siste bindet av *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* kunne lanserast i mars 2016.

Prosjektet «Norsk Ordbok 2014» har i tillegg utvikla mange andre viktige ressursar. Redigeringsverktøya er tekniske i bruk også til *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Det nynorske tekstkorpuset (Nynorskorpuset) inneheldt i juni 2015 om lag 105 millionar ord. Korpuset er tilgjengeleg for alle på internett. Det vart også utvikla ei nettutgåve av alle digitalt tilgjengelege ordartiklar i verket (bokstavane frå I til Å), og denne er som nynorskorpuset fritt tilgjengeleg på nett. Alle desse ressursane vart sommaren 2016 overførte til Universitetet i Bergen etter at

Universitetet i Oslo i 2014 vedtok å kvitte seg med språksamlingane.

6.6 Dokumentasjonen av bokmål

Det Norske Akademi for Språk og Litteratur i samarbeid med Kunnskapsforlaget har i fleire år arbeidd med ei revidert og oppdatert utgåve av *Norsk Riksmålsordbok* (som tel fire bind frå 1937–1957 og to supplementsbind frå 1995). Det nye verket heiter *Det Norske Akademis ordbok* (NAOB) og skulle ha vore ferdig til publisering på nett i 2014. Løyvingane til arbeidet var for små til at det lét seg gjere å bli ferdige innan fristen. Løyvingane auka og redaksjonen vart styrkt då Norsk Ordbok 2014 vart nedlagd, og ein del av redaktørane frå det prosjektet vart henta til NAOB. Etter planen skal verket ferdigstillast innan utgangen av 2017.

Ved Universitetet i Oslo har ein òg arbeidd med å dokumentere (moderne) bokmål. I *Mål og mein* blir miljøa ved UiO og rundt NAOB oppmoda om å samarbeide. Gjennom prosjektet «Bokmålets og riksmålets orddatabase» (BRO) kom ein intensjonsavtale på plass og fekk tilskot frå Kulturdepartementet til eit forprosjekt i 2012, men samarbeidet stranda då universitetet ikkje lenger ville ha verksemd knytt til dei norske språk- og namnesamlingane ved UiO.

6.7 Teiknspråkordbøker

Statped har ansvar for utvikling av *Norsk tegnordbok* på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Oppgåva er å registrere, dokumentere og publisere teikn som er i bruk av døve i Noreg.

Satsingsområde dei siste åra har vore fagterminologi på teiknspråk for ulike fagområde (til dømes transport og industriell produksjon, restaurant- og matfag, medium og kommunikasjon, byggfag, helse og omsorg). Det blir for tida arbeidd med teikn i samband med KRLE og naturfag. Det blir også arbeidd med teikn og forklaringar på faste teiknspråklege uttrykk som ikkje har preg av språkkontakten med norsk i sitt uttrykk. Dette er viktig arbeid for dokumentasjonen av norske teiknspråklige uttrykk. I tillegg har Statped ei teneste der lærerar kan be om hjelp til fagterminologi på teiknspråk via e-post. Desse teikna blir fortløpande lagde ut på TegnWiki Norge, som er ein nettressurs der brukarane av teiknspråk kan registrere og dokumentere teikn.

Dessverre er det få tilsette med teiknspråkleg førstespråkskompetanse og leksikografisk og lingvistisk kompetanse som kan arbeide med teiknordbokarbeid. Det er heller ikkje utvikla søkjemetodar slik at ein kan søkje i teiknspråklege parametrar som artikulator, artikulasjonsstad og artikulasjon. Dette betyr at morsmåls- og førstespråksbrukarane ikkje kan søkje i teiknordboka for å få norske ordoppslag gjennom teiknspråklege lemma. Det finst heller ikkje eit heilskapleg arbeid når det gjeld oppretting av eit teiknspråkkorpus i Noreg, slik dei har i Sverige. Teiknordbokarbeidet blir finansiert gjennom løyvingar frå Utdanningsdirektoratet, men ikkje som øyremerkte midlar som tidlegare.

Norsk tegnordbok finst i nettversjon på tegnordbok.no. Ho finst også som app både for iOS og Android. Som app finst også ein kortare versjon av teiknordboka, *Tegnordbok MINI* med 1000 teikn. Tegnordbok.no hadde 83 976 besøk i 2016, eit snitt på om lag 230 søk om dagen.

Appversjonane av teiknordboka vart lasta ned snaue 16 000 gonger, medan MINI-versjonen hadde om lag 8500 nedlastingar. Sjå elles kapittel 11 i denne rapporten.

6.8 Dokumentasjon av romani og romanes

Dokumentasjonsarbeidet for romani og romanes er prega av at språka først og fremst har vore i bruk som munnlege språk. I tillegg møter arbeidet med romani motstand fordi mange av språkbrukarane er negative til kartlegging av språket. Dei seinare åra har mellom anna RT-senteret (Romanifolkets/Taternes senter) gjort forsøk på å registrere informasjon om ulike sider ved språket.

I 2014 kom boka *Vandriane rakkrar* (Theil 2014) ut på romani, med ei ordliste med omsetjing til både bokmål og nynorsk. Boka vart utgitt av Taternes landsforening, og professor Rolf Theil var

språkvitskapleg fagperson. Det er truleg behov for eit større ordbokverk som kan byggje på Ragnvald Iversens *The Romany Language in Norway* (Iversen 1944).

Dei seinare åra er det utgitt fleire bøker på romanes, mellom anna ei artikkelsamling (Sigfridsson og Hasvoll 2015), ei kokebok (Lakatosova 2016) og ei barnebok (Lakatosova, Lorentsen og Hasvoll 2016). Den siste kan vere eit viktig bidrag til å fastsetje eit skriftspråk for den norske varianten av romanes. Sjå elles kapittel 11 i denne rapporten.

6.9 Dokumentasjon av kvensk

Ordboksituasjonen for kvensk er framleis mangelfull. Nettstaden til Kainun institutti – Kvansk institutt har ei digital ordbok med 8486 oppslagsord på kvensk–bokmål og 7700 oppslagsord på bokmål–kvensk (april 2017). Kainun institutti – Kvansk institutt arbeider aktivt med ordinnsamlingsarbeid saman med Kvansk språkting. Vappu Pyykkö har laga ordlister til Alf Nilssen-Børskogs to første romanar (Pyykkö 2008).

Finska bandarkivet (Suomen kielen nauhoitarkisto) har meir enn 400 timer opptak med kvenskspråklege dialektar frå Troms og Finnmark. Opptaka er frå perioden 1959–1971. Kvansk institutt har fått digitalisert over 233 timer av dette, og ein liten del er transkribert. Materialet er tilgjengeleg for forskrarar og slektningar til informantane.

I tillegg til Finska bandarkivet har bandarkivet i Uleåborg (Oulun nauhoitarkisto), arkivet for historie, kultur- og kunstforskning i Åbo (Turun kulttuurintutkimuksen arkisto), Kvenarkivet ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) og Finska Litteratursällskapet (Suomalaisen kirjallisuuden seura, SKS) kvenskspråkleg materiale i arkiva sine.

Universitetet i Oslo ved Pia Lane stod for prosjektet «Ruija-korpuset», som vart lansert for eit par år sidan. Materialet ligg i Talemålsarkivet og omfattar opptak frå Bugøynes (Sør-Varanger) og Porsanger frå perioden 1960–2009, til saman 76 timer.

Det finst ein eigen database for kvenske stadnamn, Kvansk stedsnavndatabase. Den store finske dialektordboka *Suomen murteiden sanakirja* (Ordbok over finske dialektar) har ein god del kvenske ord frå eige arkiv (SMS-arkivet). Ordboka har åtte bind, resten kjem på nett.

Kvansk institutt og UiT (Giellatekno) har basert sitt språktekologiske arbeid med kvensk på Porsanger-varianten sidan 2013. Dei elektroniske hjelpe midla for språkbrukarar har vore i bruk i kvenskstudiet ved UiT, men også elles i kvensk språkundervisning. Sjølv om hjelpe midla framleis er i utvikling, har tilbakemeldingane frå brukarane vore svært positive. Ordboka og retteprogrammet har saman med den grammatiske analysatoren utgjort verktøy som gjer det mogleg å lese og skrive kvensk for alle, frå språklærarar, vanlege språkbrukarar og studentar til omsetjarar.

I den situasjonen kvensk er i i dag, er det svært viktig for språkrevitaliseringa å fokusere på dei nødvendige språklege ressursane som hjelper folk med å ta språket i bruk, spesielt med tanke på skriftspråket. Også auka interesse blant kvener for å skrive og lese kvensk har ført til nye behov for og krav til utvikling av skriftspråksnorma. Sjølv om Porsanger har vore kjerneområdet for kvensk språkrevitalisering, har også andre kvenske regionar vore med på å ta språket sitt i bruk i lokale kvenske samfunn. Samstundes har språkbrukarar frå andre kvenske dialektområde ønskt å bruke dialekten sin parallelt med Porsanger-varianten.

Både Kvansk språkting og ulike språkforskarar (Lane 2011, Söderholm 2014) peiker på at det er svært viktig å ha variasjon i kvensk skriftspråk. Fordi kvensk er eit trua språk, og mange av språkbrukarane har avgrensa mogleigheter for å bruke språket, er det viktig å oppmuntre dei til å bruke eit språk i skrift som dei kan kjenne att, og som dei kan identifisere seg med. Når det gjeld kvensk, må vi ta omsyn til variasjon i bøyingsformer og i ordforråd. For å hjelpe språkbrukarar til å kunne bruke sin eigen skriftelege variant skal Kvansk institutt og Giellatekno utvide dei språktekologiske verktøy med dialektvariantane frå Varanger, Alta/Storfjord og Kvænangen/Kåfjord i løpet av 2016 og 2017.

6.10 Norske ordbøker på nettet

Språkrådet eit nettutgåvane av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* saman med Universitetet i Bergen. Bruken av ordbøkene har halde fram med å auke også etter 2012, og i 2015 vart det gjort om lag 50 millionar søk i *Bokmålsordboka*. Talet for *Nynorskordboka* same året var 38 millionar.

Tabell: Søk i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* 2008–2011 (millionar)

	2008	2010	2011	2015
Bokmålsordboka	14,8	17,2	21,1	50
Nynorskordboka	10,7	12,6	14,4	38

Kjelde: Eining for digital dokumentasjon, UiO

I 1981–1988 gav Det Danske Sprog- og Litteraturselskab ut ei ordbok over Ludvig Holbergs språk, *Holberg-Ordbog. Ordbog over Ludvig Holbergs Sprog* (opphevleg eit dansk–norsk prosjekt). Denne ordboka er tilgjengeleg på internett og kan vere av interesse også i Noreg.

Det nordiske samarbeidsprosjektet LEXIN tilbyr gratis søk i ordbøker frå norsk (i alt 36 nettordbøker og 17 ulike språk). Målgruppa er innvandrarar og flyktningar: «Det norske LEXIN-prosjektet bygger på det originale LEXIN-konseptet som ble utviklet og fullfinansiert av den svenske stat fra 1970-tallet og utover, for å forsøke å hjelpe innvandrere å lære svensk raskere og mer effektivt.» (Rambøll 2012:5)

Det finst òg andre intranordiske ordbøker på nettet i tillegg til ein samisk orddatabase med omsetjing til fleire skandinaviske språk (Sátni).

I mars 2012 lanserte prosjektet «Norsk Ordbok 2014» nye nettsider med ein digital versjon av ordbokverket, slik at ein kunne søkje gratis i den delen av verket som er skriven i eit moderne elektronisk redigeringsformat. Då prosjektet vart avslutta, kunne ein søkje i alfabetstrekket *i–åværig*. Det hadde ikkje vore tid og ressursar til å gjere resten av verket digitalt tilgjengeleg medan prosjektet pågjekk, og då UiO ikkje ville ha meir med språksamlingane å gjere, var det heller ikkje aktuelt å søkje om midlar til eit nytt prosjekt for å få gjort dette. Også den digitale versjonen av *Norsk Ordbok* er no overført til Universitetet i Bergen, og all oppfølging av denne må skje der. Ordboka frå A til H (altså den delen som er redigert før ein tok i bruk nye redigeringsverktøy) må leggjast inn i det elektroniske formatet før det kan bli søkbart i den digitale versjonen av verket. UiB har levert ein søknad til Kulturdepartementet om prosjektmidlar for å få gjort dette, men søknaden er i skrivande stund ikkje behandla.

I tillegg finst det ei rekke private ordboktenester på internett, både gratistenester og ulike betalingsløysingar.

6.11 Råd om stadnamn

Stadnamntenesta til Språkrådet skal først og fremst gi råd til offentlege organ om skrivemåten av stadnamn etter stadnamnlova. Alle statlege, fylkeskommunale og kommunale organ som skal vedta skrivemåtar av stadnamn, skal leggje saka fram for stadnamntenesta. Stadnamntenesta er delt inn i fire område: stadnamntenesta for Nord-Noreg, stadnamntenesta for Midt-Noreg, stadnamntenesta for Vestlandet og stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka. I tillegg finst ei eiga stadnamnteneste for kvenske stadnamn. Stadnamnforvaltinga er meir inngående regulert i *Forskrift om stadnamn* (fastsett 23. mai 2017), som avløyste ei eldre forskrift frå 2007.

Etter at stadnamntenesta vart ein del av Språkrådets digitale arkiv frå 1.1.2014, har det ikkje vorte laga oversikter over talet på behandla namn per år. Ein stor del av namnesakene gjeld framleis adressenamn og vil truleg gjere det framover i delar av landet, sjølv om kommunane skulle ha gjennomført dette arbeidet innan 2015.

Klagenemnda for stadnamnsaker hadde eitt møte i 2012 (7 saker), eitt møte i 2013 (9 saker), to møte i 2014 (26 saker), to møte i 2015 (17 saker) og eitt møte i 2016 (15 saker).

I mai 2016 vart stadnamnarkivet ved Universitetet i Oslo flytta til Universitetet i Bergen. Stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka og Klagenemnda for stadnamnsaker mista dermed tilgangen til dei fysiske arkiva, som dei til no har nytta i normeringsarbeidet.

6.12 Innsamling av stadnamn

I statsbudsjettet for 2014 vart det sett av midlar for å etablere ei tilskotsordning for innsamling og registrering av gamle stadnamn. Denne tilskotsordninga skulle bli forvalta av Språkrådet. Det vart utvikla eit registeringsverktøy, og midlar til innsamling vart utlyste sommaren 2015.

Tilskotsordninga har vorte vidareført, med ny utlysing hausten 2016.

6.13 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Ordboksiusjonen i Noreg er prega av at fagmiljøa er splitta, og at ingen av dei kvar for seg per i dag er ferdige til å utgjere navet i ein samla ordbokpolitikk. Den store staben med leksikografar som vart bygd opp under arbeidet i prosjektet «Norsk Ordbok 2014» (NO), gjekk i oppløysing då Universitetet i Oslo sa frå seg ansvaret for vidare drift av språksamlingane. Nokre få av redaktørane frå prosjektet held fram med leksikografisk arbeid i *Det Norske Akademis ordbok* (NAOB), men langt dei fleste er no spreidde rundt i andre verksemder. Dei fast tilsette leksikografane ved ILN har alle gått av med pensjon eller kjem til å gå av i løpet av få år. Språksamlingane, inkludert alt materiale relatert til *Norsk Ordbok*, og handordbökene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er overførte frå Oslo til Universitetet i Bergen, men der må det byggjast opp eit nytt leksikografisk fagmiljø frå grunnen. Arbeidet med NAOB skal etter planen vere avslutta innan utgangen av 2017.

Dei største behova på ordbokfronten i dag knyter seg til nettopp dei nemnde miljøa. Det har lenge vore ei forventning om at arbeidet med ei vitskapleg dokumentasjonsordbok over moderne bokmål skulle setjast i gang når NO og NAOB var fullførte. Samstundes er det eit stort behov for å gjere nettversjonen av *Norsk Ordbok* komplett. Nytteverdien av ordbøker avheng no heilt klart av kor tilgjengelege dei er på nett, og det er ikkje haldbart i lengda at ein ikkje kan søkje opp ord i alfabetspennet frå A til H. Det er også stort behov for oppgradering av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Nettversjonane av desse bökene er svært populære og mykje brukte, men det har ikkje vore utført nemnande innhaldsrevisjonar av dei sidan bökene kom ut i 1987. Lemmautvalet bør samkjøyrast betre, og all tekst må endrast i tråd med gjeldande rettskriving. Kulturdepartementet har no tre søknader inne om midlar for å få gjennomført desse prosjekta, og det har ikkje vore noko samordning mellom dei. Prosjekta med revisjon av handordbökene og klargjering for publisering av heile *Norsk Ordbok* på nett bør likevel kunne samkjøyrast, i første omgang ved å satse på oppbygging av eit solid miljø av fagleksikografar ved Universitetet i Bergen.

Endringar i *lov om stadnamn* tredde i kraft 1.7.2015, og ny forskrift til lova kom 23. mai 2017. Ei av dei viktigaste endringane i lova var regelen om at grunneigaren no kan fastsetje skrivemåten av namnet på eige bruk, dersom vedkomande kan dokumentere at skrivemåten har vore nytta som offentleg bruksnamn. Fagmiljøet var imot denne endringa, men ho har ikkje fått praktiske konsekvensar for stadnamntenesta og har heller ikkje ført til stor pågang av krav om eigarfastsette skrivemåtar.

Språkrådet skreiv 10.4.2014 eit brev til Kulturdepartementet om framtidsutsiktene for namnesamlingane og faget namnegransking, med eit framlegg til løysing. Brevet viste òg til sluttrapporten frå 2012 for eit prosjekt som mellom anna skulle kartleggje stadnamnsamlingane. Sidan samlingane no er flytta til UiB, er det dei som må syte for vidare drift og digitalisering. Det er uvisst kva planar UiB har for å oppretthalde samlingane og sikre at det finst eit namnfagleg miljø.

Kjelder

- Allkunne. <https://www.allkunne.no/> (august 2017).
- Bokhylla. <http://www.nb.no/nbsok/search?mediatype=b%C3%B8ker> (august 2017).
- Bokmålsordboka. <http://ordbok.uib.no/> (august 2017).
- Det Norske Akademis ordbok. <http://www.naub.no/> (august 2017).
- Eining for digital dokumentasjon. <http://www.edd.uio.no/> (august 2017).
- Forskrift om stadnamn (2017). Fastsett av Kulturdepartementet 23. mai 2017 med heimel i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova) § 13.
<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2017-05-23-638> (august 2017).
- Guttu, T. og B. Wangensteen (red.) (2012): *Nyord i norsk*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Henrik Ibsens skrifter. <http://ibsen.uio.no/> (august 2017).
- Holberg-Ordbog. *Ordbog over Ludvig Holbergs Sprog*. 1981–88. København/Oslo: Det Danske Sprog- og Litteraturselskab. <http://holbergordbog.dk/> (august 2017).
- Iversen, R. (1944): *Secret Languages in Norway – Part I. The Romany Language in Norway*. Oslo: Dybwad.
- Kainun institutti – Kvensk institutt. <http://www.kvenskinstitutt.no/> (august 2017).
- Kvensk stedsnavndatabase. <http://kvenskestedsnavn.no/> (august 2017).
- Lakatosova, M.B., R. Lorentsen og B.C. Hasvoll (2016): *Romske eventyr og historier. Paramiči taj čáce historiji*. Oslo: Solum.
- Lakatosova, S. (2016): *Romane chabenata. Romske matretter*. Oslo: Romtiltaket.
- Lane, P. (2011): The birth of the Kven language in Norway: emancipation through state recognition. I: *International Journal of the Sociology of Language* 209:57–74.
- Leksikografisk bokmålskorpus.
<https://www.hf.uio.no/iln/tjenester/kunnskap/sprak/korpus/skriftsprakskorpus/lbk/> (august 2017).
- LEXIN. <http://lexin.udir.no/> (august 2017).
- Ludvig Holbergs Skrifter. <http://holbergsskrifter.no> (august 2017).
- Mål og meinung sjå St.meld. nr. 35 (2007–2008).
- Norsk biografisk leksikon. <https://nbl.snl.no/> (august 2017).
- Norsk kunstnerleksikon. <https://nkl.snl.no/> (august 2017).
- Norsk Ordbok. *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* (1966–2016). Oslo: Samlaget. <http://no2014.uib.no> (august 2017).
- Norsk Riksmålsordbok (1937–1995). Oslo: Aschehoug/Kunnskapsforlaget.
- Norsk tegnordbok. <http://www.tegnordbok.no/> (august 2017).
- Nynorsk korpuset. Norsk Ordboks Nynorsk korpus. <http://no2014.uib.no/korpuset/> (august 2017).
- Nynorskordboka. <http://ordbok.uib.no/> (august 2017).
- Pyykkö, V.I. (2008): *Sana-aitta. Ordliste til «Kuosuvaaran takana» og «Aittiruto» av Alf Nilssen-Børsskog*. Kainun institutti – Kvensk institutt.
<http://www.kvenskinstitutt.no/sites/default/files/Sana-aitta.pdf> (august 2017).
- Rambøll (2012) = *Brukerundersøkelse av LEXIN – ordbøker for minoritetsspråklige*. Rapport til Utdanningsdirektoratet. <http://www.udir.no/Upload/5/lexin.pdf?epslanguage=no> (august 2017).
- Retriever. <https://www.retriever-info.com/> (august 2017).
- Ruija-korpuset. <https://www.hf.uio.no/iln/tjenester/kunnskap/sprak/korpus/talesprakskorpus/ruija/> (august 2017).
- Sátni. <http://sátni.org/> (august 2017).
- ScanDiaSyn. Nordic Dialect Corpus and Syntax Database.
<http://www.tekstlab.uio.no/nota/scandiasyn/> (august 2017).
- Sigfridsson, I. og B. Hasvoll (red.) (2015): *Ute er det kaldt. Om romer i Norge*. Oslo: Tiltaket for rom.

- SNL (2017): E-post frå redaksjonen i *Store norske leksikon* 10.4.2017.
- Stadnamnlova (1990) = *Lov om stadnamn*. <http://www.lovdata.no/all/hl-19900518-011.html> (august 2017).
- St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meinings. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (august 2017). Kortversjon:
http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (august 2017).
- Store medisinske leksikon*. <https://sml.snl.no/> (august 2017).
- Store norske leksikon*. <https://snl.no/> (august 2017).
- Suomen murteiden sanakirja*. <http://kaino.kotus.fi/sms/> (august 2017).
- Söderholm, E. (2014): *Kainun kielen grammatikki*. Helsingfors: Suomalaisen kirjallisuuden seura.
- TegnWiki Norge. <http://no.signwiki.org/> (august 2017).
- Theil, R. (red.) (2014): *Vandriane rakkraar. Taterne forteller / Taterane fortel*. Oslo: Novus.
- Wikimedia Incubator. <https://incubator.wikimedia.org> (august 2017).
- Wikipedia – bokmål. <https://no.wikipedia.org> (august 2017).
- Wikipedia – nordsamisk. <https://se.wikipedia.org> (august 2017).
- Wikipedia – nynorsk. <https://nn.wikipedia.org> (august 2017).

7 Rettskrivingsnormer og språkobservasjon

Språkrådet har sidan 2012 hatt fullmakt til å gjere bindande normeringsvedtak når språkutviklinga tilseier det, og det er gjort ei rekke slike vedtak sidan 2014. Til grunn for normeringa ligg det at dei to målformene skal normerast på sjølvstendig grunnlag, og at det skal vere færre og mindre omfattande endringar i rettskrivinga enn det som før har vore vanleg. Språkrådet har vedteke retningslinjer for normering, som drøftar ulike prinsipp og omsyn som kan takast i normeringssaker. Normeringsarbeidet skjer på grunnlag av observasjon av språket slik det er i bruk ut frå vitskapleg fundert granskning av skriftleg nynorsk og bokmål i store tekstkorpus. Språkrådet ønskjer å medverke til å etablere og vidareutvikle eit leksikografisk fagmiljø i Noreg som òg i framtida kan syte for at det blir produsert gode ordbokressursar.

7.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meinung

Grunnlaget for språknormeringa (kap. 8.4.1)

Språknormering inneber at ein autoritativ instans fastset kva som skal gjelda som korrekt språk. Kjerneområdet for slik normeringsverksemeld er rettskrivinga.

Normeringsinstansar kan vera frittståande akademi, som Svenska Akademien i Sverige, private ordbokkonsern, som i Tyskland, eller offentlege språknemnder, som i Danmark, der rettskrivinga også er lovforankra.

Norsk rettskriving er ikkje lovfesta, men eit klart offentleg ansvar. Utanom større rettskrivningsreformer forankra i Storting og regjering kom etter kvart eit meir løpende normeringsarbeid. Inntil omdanninga i 2005 hadde Språkrådet nærare definerte oppgåver og fullmakter i normeringsspørsmål.

Norsk normeringspolitikk 1997–2005 (kap. 8.4.2)

Dei seinare åra har målet vore å stabilisera rettskrivinga, men føresetnaden var at det først måtte skje ei viss opprydding.

Utgangspunktet var den vide valfridommen, delvis resultat av tidlegare tilnærningspolitikk mellom bokmål og nynorsk. I 2002 oppheva Stortinget lovforesege om å stimulera slik tilnærming.

I 2005 godkjende departementet framlegg til opprydding i bokmålsrettskrivinga. Skiljet mellom hovudformer og sideformer vart oppheva, lite brukte former, ofte tilnærningsformer, gjekk ut, og enkelte tradisjonelle riksmålsformer kom inn. Dette bør gje grunnlag for framtidig stabilitet i bokmålsrettskrivinga.

Grunnlaget for eit framtidig normeringsregime (kap. 8.4.3)

Stabilitet føreset færre og sjeldnare endringar, men framleis trengst løpende normering av nyord og anna normvedlikehald. Under omdanninga uttalte mange høyringsinstansar at Språkrådet framleis burde arbeida med normeringsspørsmål.

Rettsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag for rettskrivinga (kap. 8.4.4)

Offisiell rettskriving er formelt forpliktande i skulen og i statstenesta.

[...]

Etter opplæringslova skal ordlistar til skulebruk godkjennast av Språkrådet. Det kan her vera aktuelt

å justera ordlyden for å fanga opp også elektroniske ordlister og ordbøker.

[...]

Dei allmenne definisjonsordbøkene, Bokmålsordboka og Nynorskordboka, er utarbeidde under medverknad av Språkrådet og fungerer også som offisielle rettskrivingsordbøker. Språkrådet har også gjennomgått Tanums store rettskrivningsordbok, som er den mest omfattande rettskrivningsordboka for bokmål.

Bokmålsordboka og Nynorskordboka er kopla til ein elektronisk ordbank ved Universitetet i Oslo og er gratis tilgjengelege som søkjeteneste på Internett.

Fastsetjing og normering av namn (kap. 8.4.5)

Namn er spesielt iaugefallande språkbruk og kan derfor vera ein spegel for språkets status i eit samfunn. Men det er kreyjande å halda namnekulturen i språkleg hevd når identitets- og profileringsomsyn ofte fangar større merksemeld enn språkleg kvalitet og funksjonalitet.

Særleg i private firmanamn ser ein mykje avvikande språkbruk, også mykje engelsk ordstoff.

Namn på statlege institusjonar er bundne av offisielle rettskrivings- og skrivereglar, men desse gjev ikkje alltid fullnøyande rettleiing om sjølvne nammekonstruksjonen. Derfor har no Kultur- og kyrkjedepartementet fastsett rutinar som skal sikra språkfagleg medverknad frå Språkrådet ved namnelaging i staten.

Frå kortversjonen av Mål og meinung (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

7.2 Språkrådets rolle og verksemd

I vedtektena for Språkrådet som vart fastsette 5. desember 2012 (Språkrådet 2017), vart rammene for Språkrådets normeringsfullmakter definerte:⁸

§ 3 Normering av bokmål og nynorsk

Språkrådet kan gi råd om staving og bøyning av nye og tidlegare unormerte ord og gjer bindande normeringsvedtak når språkutviklinga tilseier det. Føresegna gjeld også for transkripsjon av utanlandske namn. Språkrådet gir råd og rettleiing om tekniske skrivereglar og skal så langt det er tenleg, klargjera kva reglar som er obligatoriske for korrekt språk.

Etter opplæringslova § 9-4 fjerde ledd skal Språkrådet godkjenna ordlister og ordbøker til skulebruk.

Dersom faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det, kan Språkrådet vedta ny stavemåte og bøyning av tidlegare normerte ord og justeringar i skrivereglane. Vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for departementet til godkjenning. Føreseggnene i første og andre punktum gjeld tilsvarande for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker, jf. andre ledd.

Til grunn for normeringa av bokmål og nynorsk ligg dei to prinsippa Stortinget sluttar seg til gjennom behandlinga av *Mål og meinung*: 1) Kvar av målformene skal normerast på sjølvstendig grunnlag utan tilnærming. 2) Vi bør ha mindre hyppige og mindre omfattande endringar i rettskrivinga enn det som tidlegare har vore vanleg her i landet.

Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon har eksistert sidan 2007. Fram til dei nye vedtektena vart fastsette, var verksemda til fagrådet konsentrert om rådgiving i saker som gjaldt rettskriving, ordbruk og transkripsjon og namnesaker. Etter at Språkrådet fekk normeringsfullmakt, har fagrådet jamleg behandla ulike normeringssaker.

⁸ Paragraf 3 er uendra i dei nye vedtektena som vart fastsette 6. april 2017.

7.3 Retningslinjer for normering

I 2014 bad styret fagrådet for normering og språkobservasjon om å setje opp eit dokument som skildra dei overordna perspektiva og retningslinjene som gjaldt normeringsverksemda. Dokumentet fekk tittelen *Retningslinjer for normering* og vart utarbeidd av fagrådsmedlemmene i fellesskap. Retningslinjene er vedteke av styret og gjeld frå 1. mars 2015. Dei ligg føre på bokmål og nynorsk og er tilgjengelege på Språkrådets nettsider (Språkrådet 2015a og 2015b).

Retningslinjer for normering gjer greie for det språkfaglege, historiske og juridiske grunnlaget for normeringa av dei to norske målformene. Vidare presenterer dokumentet dei prinsippa som ein skal ta omsyn til ved behandling av normeringssaker:

- 1) *Sjølvstendeprinsippet*: Bokmål og nynorsk skal normerast sjølvstendig kvar for seg; likevel skal ein i normeringa unngå unødvendige skilnader mellom målformene, til dømes i grunnleggjande ortografiske prinsipp, teiknsetjing og tekniske skriveregler.
- 2) *Stabilitetsprinsippet*: Rettskrivinga for bokmål av 2005 og for nynorsk av 2012 skal ikkje endrast vesentleg. Det er likevel rom for å gjere mindre justeringar i dei eksisterande normene, til dømes for å fjerne inkonsekvens eller skape betre samsvar mellom norm og språkbruk. Ein kan òg normere ord og uttrykk som ikkje har normert form frå før.
- 3) *Bruksprinsippet*: Hovudgrunnlaget for normeringa av bokmål og nynorsk er kvar av desse målformene slik dei ser ut i tekster som blir vurderte som normdannande. Nye former kan takast inn i norma om dei er mykje brukte i skrift og vil gjere norma enklare å bruke. Vurderingar av bruksprinsippet må byggje på undersøkingar av store tekstkorpus med tekster frå ulike sjangrar og frå fleire tidsperiodar.
- 4) *Stramleiksprinsippet*: I utgangspunktet er det ikkje noko mål korkje å stramme inn eller utvide valfridomen i bokmåls- eller nynorsknorma. For bokmålet gjeld det likevel at ein på lang sikt bør vurdere om norma kan strammast inn noko i den mon faktisk bruk og stabilitet tillèt det.
- 5) *Enkelheitsprinsippet*: Det er eit mål at rettskrivinga skal vere enkel å bruke, og ho skal vere så systematisk at språkbrukarane kan resonnere seg fram til det korrekte når dei støyter på noko ukjent. Dette vil seie at normeringa i størst mogleg grad skal gjelde klassar av ord, og at innslaget av unntak ikkje bør vere for stort.
- 6) *Talemålsprinsippet*: Dette prinsippet gjeld berre normeringa av nynorsk. I tilfelle der norma blir stramma inn på punkt der det er taletalsvariasjon, bør den forma som har sterkest taletalsgrunnlag, bli ståande. Om ein utvidar norma, bør den nye forma ha svært godt taletalsgrunnlag. Unormerte former med godt taletalsgrunnlag skal likevel ikkje takast inn i norma om dei er lite brukte i skrift.
- 7) *Tradisjonsprinsippet*: Tradisjonelle skriftspråksformer som framleis er i bruk, bør i nokon mon bli ståande i norma sjølv om dei har lågare bruksfrekvens enn før.
- 8) *Ordtarfangsprinsippet*: Ordtarfansen er generelt ikkje underlagt normering. Når det gjeld opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlistar og ordbøker, kan Språkrådet likevel gjøre bindande vedtak, jf. § 3 i vedtekten.

Dokumentet *Retningslinjer for normering* drøftar særskilte normeringsomsyn når det gjeld terminologi og namn, og det nemner ymse faktorar som ein skal ta omsyn til ved normering av

importord. Når ein norvagiserer importord, det vil seie gir dei norsk skrivemåte, skal prinsippa som er trekte opp i utgreiinga *Lånte fjører eller bunad?* (Sandøy 2000), følgjast.

I eit vedlegg til dokumentet ligg det ein mal som skal brukast når normeringssaker blir behandla. Malen sikrar ei einskapleg og systematisk saksbehandling der ein tek omsyn til alle relevante aspekt og prinsipp. Normeringssaker blir behandla i fagrådet etter førebuing i Språkrådets sekretariat. Tilrådingar frå fagrådet blir så lagde fram for styret i Språkrådet, og endringar i rettskrivinga blir gyldige ved at styret fattar vedtak. Vedtak om gjennomgripande endringar og systemendringar må likevel leggjast fram for Kulturdepartementet til godkjenning.

7.4 Normeringsvedtak 2014–2016

Styret i Språkrådet har gjort ei rekke normeringsvedtak i perioden 2014–2016. Ei samla oversikt over vedtaka er publisert på nettsidene til Språkrådet. Nedanfor nemner vi nokre av vedtaka; årstala viser kva år dei vart gjorde. Om ikkje anna er nemnt, gjeld vedtaka begge målformer.

Vedtak om endra grammatiske kjønn (genus):

- *ein/en design* eller *eit/et design* (før: berre *ein/en*) (2014)
- *ein/en kompliment* eller *eit/et kompliment* (før: berre *ein/en*) (2015)

Vedtak om å ta inn utbreidde dialektformer i normene:

- *rakefisk* eller *rakfisk* osv. (før: berre *rake-*) (2016)
- *smalahove* eller *smalehovud* (før: berre *smalehovud*) (2016, berre nynorsk)
- *døla-* eller *døle-* (før: berre *døle-*) (2016, berre bokmål)

Vedtak om norsk skrivemåte av importord (norvagisering):

- *nikab* (2015)
- *podkast* eller *poddkast* (2015)
- *kviss* eller *quiz* (før: berre *quiz*) (2015)
- *saharawi, saharawisk* (2016)

Ymse justeringar i normene:

- justering i bøyninga av nokre verb på *-s* (2015, berre bokmål)
- berre langform i personnemningar av religiøs og historisk art: *anglikanar* osv. (før: *anglikan* eller *anglikanar*) (2016, berre nynorsk)

Vedtak om endring i skrивereglar:

- klokkeslett kan òg skrivast med kolon: 09:00 (2014)
- årstal på 2000-talet kan òg skrivast *tjue-*, t.d. *tjuefjorten* (2014)

7.5 Moglege rettskrivingsendringar for inkjekjønnsord i bokmål

Språkrådet har i lengre tid arbeidd med ei større sak som gjeld endring i bøyninga for ein del grupper substantiv i bokmål, hovudsakleg inkjekjønnsord. Saka omfattar mellom anna framlegg om å fjerne samandratt form i bunden form eintal av inkjekjønnsord på *-el* og *-er* (*stempelet/stemplet* > *stempelet, underet/undret* > *underet*) og justeringar i bøyninga av ein del inkjekjønnsord frå latin.

Framlegg til endringar langs desse linjene vart lagde fram av Norsk språkråd for Kultur- og kyrkjedepartementet i 2000 og 2003, men vart ikkje godkjende av departementet i samband med den nye bokmålsrettskrivinga i 2005. Ettersom dei fleste av dei føreslegne endringane vart gjennomførte for nynorsk i 2012, fann Språkrådet det på sin plass å vurdere saka på nytt også for bokmålet. Fagrådet for normering og språkobservasjon behandla saka grundig, mellom anna ved å

undersøkje språkbruk i store tekstkorpus. Etter vedtak i styret sende direktøren i 2015 brev til Kulturdepartementet der ho bad om at dei føreslattede endringane vart godkjende. Svaret frå departementet var at det måtte gjerast fleire utgreiingar før eit endeleg vedtak kunne fattast, og i 2016 vart saka endå ein gong behandla i fagrådet og sidan i styret. Per september 2017 ligg saka enno til vurdering i departementet.

7.6 Undersøking om genusvariasjon og moglege innstrammingar i normene

Etter initiativ frå fagrådet for normering og språkobserasjon tok Språkrådet i 2016 initiativ til ei undersøking om variasjon i bruken av grammatisk kjønn (genus) for substantiv som i bokmåls- og nynorsknorma har valfridom mellom fleire genus. Undersøkinga vart gjort av Philipp Conzett frå Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (Conzett 2016). Conzett valde å avgrense seg til substantiv normerte med hankjønn og inkjekjønn, men analyserte fordelinga mellom desse to genusa i begge målformer i høvesvis *Leksikografisk bokmålskorpus* og *Norsk Ordboks nynorskkorpus*. Undersøkinga viser at det totalt er ca. 130 ord i bokmål og nynorsk der norma har valfridom mellom hankjønn og inkjekjønn, men der eitt av desse blir brukt i 90 % eller meir av tilfella. Tilrådinga frå Conzett er å vurdere å stramme inn bokmåls- og nynorsknormene for desseorda med mindre det finst andre faktorar som tilseier noko anna.

Fagrådet vil i tida framover ta utgangspunkt i den nemnde rapporten og venteleg kome med framlegg til styret om visse innstrammingar når det gjeld valfridom mellom genus. Fagrådet ønskjer elles at undersøkingane av genusvariasjon blir vidareførte, og det er også ønskjeleg å undersøke bruk av genus utanfor norma systematisk. Arbeidet med genusvariasjon er eit godt døme på korleis målretta vitskapleg språkobserasjon kan tene som grunnlag for justeringar i normene.

7.7 Språkendring og språkobserasjon

Vedtekten til Språkrådet slår i § 1 fast at rådet «skal observera og analysera aktuelle utviklingstrekk i heile det norske språksamfunnet». Fagrådet for normering og språkobserasjon, som har høg norskfagleg kompetanse og kontakt med ulike fagmiljø, speler ei viktig rolle i dette arbeidet. For sekretariatet er kontakten med publikum gjennom svartenesta også ei kjelde til innsikt i dei endringsprosessane som går føre seg i språksamfunnet.

Dei endringane som kan observerast i dag, følgjer i stor grad dei same linjene som dei som var nemnde i førre utgåve av *Språkstatus* (Språkrådet 2012:72–73). Norske dialektar er framleis vitale, og ein ser også at dei blir tekne i bruk skriftleg, såleis særleg i sosiale medium og i uformelle kommunikasjonskanalar. Samstundes er det ein tendens til regionalisering av dialektane, somme stader er det omfattande endringar. Det har elles lenge vore observert at det veks fram nye talemålsvarietatar – multietnolektar – i dei større byane. Det står att å sjå om grammatiske trekk fra slike varietatar – til dømes mindre grad av inversjon (Nistov og Opsahl 2014) – etter kvart vil spreie seg og også få påverknad på skriftspråket.

Fleire av dei endringane som kan observerast i norsk anno 2017, kan knytast til ytre påverknad, særleg frå engelsk. Det mest synlege er kanskje dei engelske importorda, men også setningskonstruksjonar med engelsk førebilete er noko ein ofte støyter på i norsk tekst. Det nære slektskapet mellom norsk og engelsk og det at det er lett for språkbrukarane å identifisere engelske ord og morfem med kognate norske ord og morfem, gjer det enklare å overføre heile strukturar frå engelsk til norsk.

Det er svært viktig at Språkrådet også i tida framover følgjer med på endringsprosessane i det norske språksamfunnet for å vere i stand til å vurdere korleis ein best kan «verna om den kulturarven som norsk skriftspråk og talespråk representerer» (vedtekten § 1). Det ligg i sakas natur at Språkrådet i normerings- og rådgivingsarbeidet må leggje stor vekt på tradisjonen og kontinuiteten i skriftspråket. Samstundes må ein leggje til grunn det språkvitskapleg funderte synet at endring prinsipielt korkje er av det gode eller vonde. Arbeidet med språkobserasjon og

innhenting av kunnskap om språket slik det er i bruk i dag, er hovudpilarar for normeringsarbeidet i Språkrådet. Prosjektet om genusvariasjon nemnt ovanfor og dei normeringssakene som vil kome som følgje av det, er eit godt eksempel på korleis dette fungerer i praksis.

7.8 Ordbøker og ordlister med offisiell rettskriving

Bokmålsordboka, Nynorskordboka og Norsk ordbank

Språkrådet eig saman med Universitetet i Bergen *Bokmålsordboka, Nynorskordboka* og dei to databasane som utgjer Norsk ordbank. Ressursane er utvikla ved Universitetet i Oslo, som var deleigar saman med Språkrådet fram til hausten 2016. Eigarskapen vart overført til Universitetet i Bergen i samband med overføringa av ansvaret for språksamlingane.

Bokmålsordboka og *Nynorskordboka* er dei viktigaste kanalane for Språkrådet når det gjeld å formidle kunnskap om dei offisielle rettskrivingsnormene. Dei er gratis tilgjengelege som nettordbøker, og dei blir jamleg oppdaterte av redaksjonen hos Universitetet i Bergen. Det er eit mål for Språkrådet å gjere ressursane tilgjengelege i fleire medium. I 2017 er utforminga av nettordbøkene lagd om, slik at nettsida eignar seg for ulike skjermar (responsivt design), og det er utvikla ein eigen ordbokapp som kan lastast ned. Det er òg ønske om eit frittståande ordbokprogram for datamaskinar.

Begge ordbøkene er kopla til Norsk ordbank, som er to databasar – éin for nynorsk og éin for bokmål – med informasjon om oppslagsform, ordklasse og fulle bøyingsformer for ei stor mengde ord. Opplysningane om skrivemåte og bøyning i ordbøkene kjem direkte frå ordbanken. Ordbanken fungerer òg som ei kjelde til informasjon om normering for ord som ikkje er oppslagsord i ordbøkene. Ordbanken er fritt tilgjengeleg for oppslag på nettet, og det er òg mogleg å laste han ned som fil frå Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket.

Godkjenning av ordlister og ordbøker til skolebruk

Språkrådet godkjenner ordlister og ordbøker til skolebruk med heimel i opplæringslova § 9-4. Lovteksten må forståast slik at ordninga gjeld norskspråklege ordlister og ordbøker på bokmål eller nynorsk og både trykte og digitale utgåver. Også i digitale læringsressursar kan det inngå ordlister. Språkrådet gjennomførte i 2015 ei høyring om ny godkjenningsordning. Eit kjernepunkt i utkastet til ny ordning er at godkjenning skal gjerast ved at utgivaren kontrollerer manuset mot Norsk ordbank. Firmaet Nynodata fekk i 2016 godkjent rettskriving og bøyning for bokmål i den digitale ressursen Ordrik.

7.9 Retningslinjer for transkripsjon frå andre skriftsystem

Med globalisering og veksande grad av kontakt over landegrensene på alle plan er det eit aukande behov for standardar når det gjeld attgiving av namn frå språk som bruker andre skriftsystem, i norsk. Språkrådet får ofte spørsmål om korleis namn skal transkriberast, og det er òg etterspurnad, til dømes frå Utanriksdepartementet, etter retningslinjer for transkripsjon.

Per i dag eksisterer det offisielle retningslinjer for nygresk og for slaviske språk som bruker det kyrilliske alfabetet, det vil seie bulgarsk, kviterussisk, makedonsk, russisk, serbisk og ukriansk. Retningslinjene for dei slaviske språka blir gjennomgått med tanke på mindre justeringar i 2017. Vidare er det ei prioritert oppgåve for Språkrådet å få utarbeidd retningslinjer for transkripsjon frå andre språk. Fremst i køen står arabisk, og arbeidet med dette vil kome i gang i 2017.

7.10 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Forvaltinga av rettskrivingsnormene for nynorsk og bokmål er ei kjerneverksemnd for Språkrådet. Kva normeringsvedtak Språkrådet gjer, og korleis desse vedtaka blir formidla til ålmenta, er viktig

for det omdømmet Språkrådet har i samfunnet generelt og i fagmiljøa spesielt. Det er særsviktig at normeringsverksemda også i framtida er fundert på solide faglege vurderingar. Det kunnskapsgrunnlaget om faktisk språkbruk som ligg til grunn for normeringsvedtaka, må vere så godt som mogleg, og Språkrådet må vere ein pådrivar for utbygging av tekstkorpus og raffinering av søkjemetodar i dei korpusa som finst i dag.

Språkrådet må òg i tida framover leggje vinn på å etablere og halde ved like breie kontaktflater til ulike lag av språksamfunnet. Vi må registrere og handsame alle framlegg som kjem inn om endringar i normene. Samstundes må vi vere varsame med å la oss presse av organisasjonar med faglege eller språkpolitiske særinteresser. Dei retningslinjene for normering som er vedtekne, er ein god reiskap som bør sikre grundig og kunnskapsbasert saksbehandling.

Det må vere eit viktig mål for Språkrådet å auke medvitet om rettskrivingsnormene i skolen og i samfunnet elles. Heilt sentrale reiskapar i dette arbeidet er *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka*. Språkrådet må arbeide for at desse ressursane til kvar tid er oppdaterte, at dei gir rett informasjon om dei gjeldande normene, og at dei speglar norsk skriftspråk slik det er i dag. Det er viktig å medverke til å etablere og vidareutvikle eit leksikografisk fagmiljø i Noreg som òg i framtida kan syte for at det blir produsert gode ordbokressursar.

Prinsippet om at det ikkje skal vere større rettskrivingsreformer i tida framover, legg til rette for ei styrking av posisjonen til normene i språksamfunnet, men vi veit òg at skriftnormene er under press, mellom anna fordi talemåsprega skriftmål er vanleg i sosiale medium. Normstyrking må vere eit satsingsområde for Språkrådet i åra som kjem. Eit viktig delmål her må vere etablering av ei velfungerande godkjenningsordning for ordlistar og ordbøker til skolebruk.

Kjelder

- Bokmålsordboka og Nynorskordboka. <http://ordbok.uib.no> (august 2017).
- Conzett, P. (2017): Genusvariasjon i norsk skriftspråk. Ei undersøking av genusbruken ved substantiv som er normerte som maskulinum og nøytrum. *Septentrio Reports* 2017 (1):1–91. <http://doi.org/10.7557/7.4077> (august 2017).
- Mål og mening sjå St.meld. nr. 35 (2007–2008).
- Nistov, I. og T. Opsahl (2014): The social side of syntax in multilingual Oslo. I: T.A. Åfarli og B.K. Mæhlum (red.): *The Sociolinguistics of Grammar*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins. 91–116.
- Opplæringslova = Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> (august 2017).
- Sandøy, H. (2000): *Lånte fjører eller bunad? Om importord i norsk*. Oslo: Cappelen.
- Språkrådet (2012): *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet*. <http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf> (august 2017).
- Språkrådet (2015a): *Retningslinjer for normering – bokmålsversjon*. <http://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-bokmalsversjon.pdf> (august 2017).
- Språkrådet (2015b): *Retningslinjer for normering – nynorskversjon*. <http://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-nynorskversjon.pdf> (august 2017).
- Språkrådet (2017): *Vedtekter for Språkrådet*. Fastsette av Kulturdepartementet 6. april 2017 med heimel i stortingsvedtak 14. desember 2004. <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Om-oss/Vedtekter-for-Sprakradet/> (august 2017).

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meinings. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.* Kultur- og kyrkjedepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (august 2017). Kortversjon:

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (august 2017).

8 Språkrøkt

Språkrådet gir råd om norsk språk generelt, om terminologi og fagspråk og språkbruk i staten og om norsk teiknspråk og minoritetsspråk. Til rådgivingstenesta i Språkrådet kjem det årleg inn rundt 10 000 spørsmål på telefon og e-post, og nettsidene hadde over 3,3 millionar besøk i 2016. Språkrådet gir også meir og meir råd på Twitter og Facebook.

Språkrådet deler kvart år ut fleire prisar for å stimulere til språkleg medvit og heidre framifrå språkbruk og språkarbeid.

8.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meinung

Generelt (kap. 8.5.1)

Godt språk er meir enn korrekt rettskriving.

Skriftspråket gjev meir tid til gjennomtenkt språkleg utforming enn talespråket, men også talekunst og retorikk bør oppmuntrast. NRK må vidareføra sin tradisjon som talespråkleg normsetjar.

Dårleg språk kan sjåast som språkleg forfall, men også som ein funksjon av at fleire skriv meir enn før. Ein stikkprøvekontroll av avisspråket gjev ein viss grunn til uro.

Språkleg kvalitet i lærebøker (kap. 8.5.2)

Som autoritativ kunnskapskjelde for barn og unge er lærebøker strategisk viktige i språkleg kvalitets- og haldningsarbeid. Fram til 2000 dreiv Språkrådet, som ledd i ei statleg godkjenningsordning, omfattande språkleg førehandsgransking av lærebøker. I dag er det indikasjonar på at den språklege kvaliteten ikkje er god nok, men vi manglar systematisk kunnskap. Språkrådet har derfor teke initiativ til ein språkleg gjennomgang av eit utval lærebøker.

Språket i film- og fjernsynsteksting (kap. 8.5.3)

Analysar indikerer at undertekstar på fjernsyn er det folk les mest, nest etter aviser. Tekstane er oftast omsette til norsk av tekstarar som arbeider for frittståande tekstebyrå, som på grunn av konkurransen i fjernsynsmarknaden stadig blir pressa på tid og pris. Den språklege kvaliteten blir dermed skadelidande. Det trengst meir dokumentert kunnskap om kvaliteten på fjernsynstekstinga, og om korleis dette språket påverkar lese- og skrivepraksis, særleg hos barn og unge.

Frå kortversjonen av Mål og meinung (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

8.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådet gir råd og informerer om språk, mellom anna gjennom nettsider, publikasjonar som *Språknytt* og *Statsspråk*, brosjyrar, svardatabase og den daglege svartenesta for publikum.

Rådgiving og informasjon gjennom dei sosiale media Facebook og Twitter spelar her ei jamt større rolle. Å stimulere til medvit om språk og skape interesse og engasjement ved å delta i samfunnsdebatten, arrangere konferansar og språkkafear, dele ut diplom og språkprisar, halde föredrag og liknande er også viktige oppgåver. Språkrådet tilbyr statsorgan allsidig fagleg rådgiving. Eit viktig mål er at språket i det offentlege skal vere korrekt, klart og brukartilpassa og ha ei rimeleg fordeling mellom bokmål og nynorsk. Språkrådet normerer og forvaltar rettskrivinga i nynorsk og

bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg. Ordbøker og ordlister til bruk i skolen skal godkjennast av Språkrådet. I 2016 godkjende Språkrådet ein database med elektroniske bokmålsressursar etter opplæringslova § 9-4. Høgskolen i Vestfold (i dag del av Høgskolen i Søraust-Noreg) har på oppdrag frå Språkrådet levert ein rapport med ein serie råd til læremiddelutviklarar (Skjelbred ofl. 2013).

NRK rettar seg etter offisiell rettskriving og språklege råd frå Språkrådet (jf. òg kapittel 5 i denne rapporten).

8.3 Språkrøkt i statsforvaltninga og kommunane

Språkrådet har brei kontakt med statsorgan om opplæring i godt språk, rettleiing om mållova og konkret tekstarbeid. Denne verksemda er omtalt i kapittel 9 i denne rapporten. Nokre kommunar har dei siste åra drive klarspråksarbeid med støtte frå KS, og Språkrådet medverkar i den nye klarspråksprisen for kommunar og fylkeskommunar frå 2016 og i prisen *Årets nynorskkommune*, som skal stimulere til god nynorskbruk. Det blir elles drive mykje spreidd språkrøkt i forvaltninga som det ikkje finst noka oversikt over.

8.4 Språkrådets rådgiving til publikum

Rådgivingstenesta i Språkrådet er ikkje omtalt i underkapittelet om språkrøkt i *Mål og meinig*. Men i vedtekten for Språkrådet (Språkrådet 2017a) står det i § 1 at «Språkrådet skal驱 utoverretta informasjonsverksemdu og i rimeleg omfang gje råd og rettleiing til alle som vender seg dit med språklege spørsmål» (same ordlyd i gamle og nye vedtekter). Den daglege rådgivinga inngår òg i det å svare på samfunnsoppdraget meir generelt etter den same paragrafen, om å verne det norske språket som kulturarv, forvalte rettskrivingsnormene og auke kunnskapen om språk.

Språkleg rådgiving utgjer ein stor og stabil del av arbeidet i Språkrådet, samstundes som vi legg stor vekt på å utvikle ressursane til meir éin-til-mange-rådgiving, slik at vi kan nå fleire. Språkrådet gir råd både om allmenn norsk, terminologi og fagspråk, språkbruk i statsforvaltninga, norsk teiknspråk, minoritetsspråk o.a. I tillegg til å forvalte sjølve rettskrivinga for norsk er Språkrådet såleis ei viktig kraft i den praktiske språkrøkta i Noreg.

Tabell: Talet på e-postar, telefonar og innlegg i sosiale medium (Facebook og Twitter) til Språkrådet med språkspørsmål dei siste sju åra

Rådgiving	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
E-post	4 020	4 288	4 324	4 625	4 708	4 075	4 239
Telefon	2 359	2 329	1 734	1 571	1 409	1 203	1 175
Sosiale medium	–	125	582	557	544	550	787

Kjelde: Årsrapport 2016 (Språkrådet 2017b)

Det samla talet i 2016 av e-postar, telefonar og innlegg på sosiale medium var 6201, men sidan det i gjennomsnitt er meir enn eitt spørsmål i kvar e-post eller telefon, reknar vi med minst 10 000 språkspørsmål i året. Talet på e-postar har vore temmeleg stabilt i fleire år, medan det har vore ein nedgang i talet på telefonar ni år på rad. Våren 2017 har vi likevel registrert nokre fleire telefonar igjen, og det kan tyde på at Språkrådet er godt kjent blant publikum.

Viktigare enn den individuelle rådgivinga er dei nettbaserte tenestene: *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, nettsidene til Språkrådet med mykje språkstoff, nettkurs i nynorsk, svardatabase

og e-læringskurs for offentleg tilsette i nynorsk og klarspråk. Nettsidene hadde over 3,3 millionar besøk i 2016. Det er ein auke frå 2015, då det var 2,8 millionar besøk, medan det i 2011 var 1,1 millionar besøk. Den mest brukte seksjonen på nettsidene våre var i 2016 som tidlegare *språkhjelp* med 900 535 visingar, ein framgang på over 300 000 frå 2015. Våren 2015 vart det òg gjort ei større omlegging av nettsidene til Språkrådet med overgang til responsivt design. Eit øvingsrom i nynorsk med oppgåver spesielt mynta på elevar i vidaregåande skole vart lansert i 2012 og er mykje brukt. Svardatabasen bygd på svar på språkspørsmål vart lansert i 2015, og han blir stadig utvida med fleire emne. Talet på sidevisingar av svardatabasen i februar 2017 var 68 952, i mars 81 357, det vil seie ein klar auke. E-læringskurset i klarspråk kom i 2016, e-læringskurset i nynorsk vart presentert våren 2017.

Språkrådet gav i 2015 ut i bokform eit utval av interessante språkspørsmål: *Hvorfor snur man på flisa? Folk spør – Språkrådet svarer* (Lønnum 2015).

I tillegg til Språkrådet er det fleire andre aktørar som gir råd om språk, til dømes i språkspalter i avisar og på særskilde nettsider og bloggar, og det blir drive språkrøkt i mange forlag, redaksjonar og bedrifter. Det har òg utvikla seg ein eigen språkrådgivningsbransje som tilbyr tenester til forlag og andre. Språkrådet har arrangert kompetanseprøver for språkkonsulentar med to til tre års mellomrom, seinast i 2016. Statsorgan som ønskjer det, kan få ei liste over desse konsulentane.

8.5 Språkleg kvalitet i lærebøker

Etter at godkjenningsordninga for lærebøker vart avvikla i 2000, har ikkje Språkrådet gått systematisk gjennom språket i lærebøker. Språkrådet arbeider likevel for å sikre godt språk i læremiddel. Språkrådet engasjerte i 2011 ei gruppe lærebokforskarar ved Høgskolen i Vestfold (no ein del av Høgskolen i Søraust-Noreg) til å undersøke den språklege kvaliteten i eit utval lærebøker. Rapporten kom i 2013 i skriftserien til Språkrådet (Skjelbred ofl. 2013).

Rapporten bygger på undersøking av mykje brukte læreverk i samfunnsfag og naturfag i grunnskolen og 1. trinn i vidaregående opplæring (Vg1). Det såg ut til å vere lite å utsetje på rettskriving og setningsbygning i dei trykte bøkene, og det var for det meste god samanheng i tekstane. Derimot var det ofte sviktande språkleg kvalitet på nettsidene som høyrer til læreverka. I rapporten var det lagt vekt på korleis lærebøkene legg til rette for arbeid med lesing, og forfattarane gav ein serie råd, særleg til læremiddelutviklarar om framstillingsmåtar og tekstar som fungerer godt i lærebøker. Forskarane, Språkrådet og Den norske forleggerforening stod saman for eit seminar 11.2.2013 om godt språk i læremiddel basert på funna i rapporten.

I boka *Norsk lærebokhistorie* skriv forfattarane at det finst lite forsking på feltet språket i lærebøker (Skjelbred ofl. 2017:500f.).

8.6 Språket i aviser, fjernsyn og andre etermedium

Det kjem ikkje sjeldan klager til Språkrådet og andre over kvaliteten på språket i aviser, både på papir og på nett. Klagene gjeld reine skrivefeil, særskrivingsfeil og därleg språk som kan kome av sviktande omsetjing frå engelsk. Mange av særskrivingsfeila kjem truleg av at folk blir usikre av retteprogram som ikkje godtek kurante samansettningar. Førre utgåve av *Språkstatus* (Språkrådet 2012) refererer til ein test av avisspråk Språkrådet gjorde i 2007, men vi kjenner ikkje til systematiske undersøkingar på feltet.

Språkrådet får òg inn ein del klager på språket i NRK, som først og fremst gjeld munnleg språk i NRK, og klagarane har vorte viste vidare til NRK. Ordninga med eigne språkkonsulentar i NRK vart avvikla i 2012, og NRK har etter det organisert språkarbeidet med eit språkstyre og ein språksjef. Språkrøkt i NRK og normering av munnleg språk i NRK var emne for eit innlegg på Språkdagen 2016. NRK legg vekt på å bruke eit tydeleg, forståeleg og korrekt språk. Sjå elles kapittel 5 i denne rapporten for omtale av språkrøkt i NRK.

8.7 Språket i fjernsynstekstar

Språkrådet har sidan 2014 jamleg hatt møte med Norsk audiovisuell oversetterforening (NAViO), som er interesseorganisasjonen til fjernsynstekstarane. Begge partar er uroa over kvaliteten på tekstinga på fjernsyn og har diskutert korleis ein kan gjere noko med dette. Sidan 2015 har NAViO årleg halde eit bransjeseminar for å prøve å få heile bransjen i tale. Bransjen er sett saman av tekstarar, tekstebyrå og kringkastarar, både allmennkringkastarar og kommersielle kringkastarar. Språkrådet har også vore til stades, sidan NAViO meiner at det er viktig at vi òg er med for å representere den språklege kvaliteten.

På bransjeseminaret i 2016 tok NAViO initiativ til å utarbeide retningslinjer for god teksting i Noreg. Det vart oppretta ei arbeidsgruppe der alle partar var representerte saman med Språkrådet. Det vart òg gjort forsøk på å få med strøymetenestene, men det lét seg ikkje gjere. Retningslinjene vart vedtekne på bransjeseminaret i februar 2017 og skal vise korleis vi i Noreg gjerne vil at teksten skal framstå på skjermen. Dei er først og fremst retta mot kringkastarane og tekstebyråa, men tekstarane vil òg kunne bruke dei som argument overfor sine oppdragsgivarar. Retningslinjene (NAViO 2017) inneholdt språklege krav (mellom anna til rettskriving og idiomatisk rett språk), krav til innhald (mellom anna rett omsetjing) og tekstefaglege krav (mellom anna kor lenge teksten bør stå på skjermen, og kvar på skjermen han skal plasserast).

8.8 Prisar frå Språkrådet

Språkrådet deler ut fleire prisar for å stimulere til språkleg medvit og heidre framifrå språkbruk og språkarbeid. Somme av prisane deler Språkrådet ut saman med andre verksemder. Prisane og vinnarane er omtalte under.

Språkprisen

Prisen vart skipa i 2007. Språkprisen blir gitt for framifrå bruk av norsk språk i sakprosa og har frå 2008 vore delt i ein pris for bokmål og ein pris for nynorsk. Frå 2014 er retningslinjene for prisen endra slik at prisen skal delast ut for sakprosa på nynorsk og bokmål annakvart år. Forgjengaren til Språkprisen var Norsk språkpris, som vart delt ut av Norsk språkråd frå 1992 til 2003. Desse har til no fått Språkprisen:

- 2016: Ivo de Figueiredo (bokmål) for *ord/kjøtt. Norsk scenedramatikk 1890–2000* (2014) og *En fremmed ved mitt bord* (2016)
- 2015: Einar Økland (nynorsk) for *Norske malebøker* (2012) og *Fotgjengar med fotnotar* (2013)
- 2014: Tidsskriftet *Vagant* (bokmål)
- 2013: Gyrid Gunnes (bokmål) for boka *Stemmer. Å forkynne Guds ord klart og urent. Utkast til en feministisk prekenpraksis* (2013) og for kronikkar i Dagbladet og Morgenbladet og Edvard Hoem (nynorsk) for biografien om Bjørnstjerne Bjørnson i fire band: *Villskapens år* (2009), *Vennskap i storm* (2010), *Syng mig hjæm* (2011) og *Det evige forår* (2013)
- 2012: Erik Tunstad (bokmål) for bøkene *Darwins teori. Evolusjon gjennom 400 år* (2009) og *Juks. Hvordan forskere svindler – og hvorfor det ikke er så farlig ...* (2011) og for ein omfattande forskingsjournalistisk produksjon i artikkelform og Marta Norheim (nynorsk) for bøkene *Røff guide til samtidslitteraturen* (2007) og *Friksjonar. Essay frå kulturelle grenseområde* (2011)
- 2011: Agnes Ravatn (nynorsk) for bøkene *Stillstand* og *Folkelesnad* og for virket som spaltist og kommentator i Dag og Tid og Morten A. Strøksnes (bokmål) for bøkene *Hva skjer i Nord-Norge?* og *Et mord i Kongo* og for virket som spaltist og kommentator i dagspressa
- 2010: Elisabeth Aasen (bokmål) for bøkene *Barokke damer, Bergenske kvinner og Opplysningstidens kvinner* og Jon Hellesnes (nynorsk) for bøkene *Illusjon?, Om livstolking* og *Det femte monarki og andre essay*

- 2009: Stephen Walton (nynorsk) og bokprosjektet *Flerspråklighet i skolen* ved redaktør Rita Hvistendahl (bokmål)
2008: Kjartan Fløgstad (nynorsk) og Anders Johansen (bokmål)
2007: Karin Sveen

Kvensk språkpris

Den kvenske språkprisen vart delt ut første gongen i 2017 (jf. òg kapittel 11 i denne rapporten).

Språkgledeprisen

I samarbeid med Norsk Oversetterforening og Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening deler Språkrådet ut Språkgledeprisen til ein person som på kreativt vis bidrar til å spreie språkglede og skape begeistring for ulike måtar å uttrykkje seg på. Prisen har vore delt ut to gonger:

- 2016: Kristin Fridtun
2013: Knut Nærum

Rosings språkpris

Rosings språkpris blir gitt for godt norsk språk i samband med informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Rosings språkpris vart skipa i 2002 og er eit samarbeid mellom Den Norske Dataforening og Språkrådet. Prisen har ikkje vore delt ut sidan 2008. Desse har fått prisen:

- 2008: Lexin – nettbaserte ordbøker for innvandrarar
2007: vêrvarslingsnettstaden yr.no
2006: stiftinga «Åpne kontorprogram på norsk»
2005: TISIP og Gyldendal Akademisk
2003: Max Manus AS
2002: Tapir Akademiske Forlag AS

Nysgjerrigpers språkpris

Prisen vart lansert i byrjinga av skoleåret 2011–2012 og kom til i samarbeid mellom Noregs forskingsråd og Språkrådet. Prisen vart delt ut ved slutten av kvart skoleår i åra 2012–2015 og var ein spesialpris innanfor Årets nysgjerrigper, den årlege forskingskonkuransen for barn i regi av Forskningsrådet. Forskningsrådet avgjorde i 2015 at språkprisen ikkje skulle vidareførast. Vinnarane har vore:

- 2015: Klasse 1A ved Rolland skole i Bergen for prosjektet «Hvorfor må vi lære å lese på skolen?»
2014: 2. trinn på Bondi skole i Asker om korleis ein kan definere «godteri»
2013: 5. klasse ved Hedemarken friskole i Løten for ein dialektstudie om monoftongering
2012: 1.–7. klasse ved Skåbu oppvekst i Nord-Fron for forsking på den lokale dialekten

Diplom for godt namnevett

Språkrådet har mest kvart år sidan 1991 delt ut diplom for godt namnevett til verksemder i eit fylke eller ein landsdel. Diplomutdelinga er eit tiltak for å motverke unødvendig bruk av engelsk i norsk.

I 2016 delte vi for første gong ut eit nasjonalt gulldiplom og fem regionale diplom i samarbeid med Nitimen og Arne Hjeltnes. Vinnarar:

- Gulldiplom: *Kringom* (kollektivselskap), Sogn og Fjordane
Nord-Noreg: *Han Sylte* (marmeladeprodusent), Nordland
Midt-Noreg: *Skrythals* (reklamebyrå), Nord-Trøndelag
Vestlandet: *Ægir* (mikrobryggjeri), Sogn og Fjordane

Sørlandet/Telemark: *Høgt heva* (steinomnnsbakeri), Telemark
Austlandet: *Parat* (arbeidstakarorganisasjon), Oslo

Klarspråksprisen

Klarspråksprisen er omtalt i kapittel 9 i denne rapporten.

Årets nynorskkommune

Prisen Årets nynorskkommune er omtalt i kapittel 9 i denne rapporten.

8.9 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Det er krevjande å halde oppe rådgivingstenesta og produsere mest mogleg innhald som er kvalitetssikra og relevant for dei ulike mottakargruppene.

Den språklege kvaliteten på digitale læremiddel i grunnopplæringa bør vere noko Språkrådet følgjer opp.

Det skal om kort tid gjerast endringar i læreplanverket for grunnopplæringa, noko som truleg vil føre til mange nye læremiddel i fleire fag. Språkrådet vil arbeide for å medverke til at språket i læremidla skal vere godt.

Kjelder

Lønnum, E. (red.) (2015): *Hvorfor snur man på flisa? Folk spør – Språkrådet svarer*. Bergen: Vigmostad & Bjørke.

Mål og meining sjå St.meld. nr. 35 (2007–2008).

NAVIO (2017) = Norsk audiovisuell oversetterforening: *Retningslinjer for god teksting i Norge*.
<http://www.navio.no/wp-content/uploads/2017/03/retningslinjer-for-god-teksting.pdf> (august 2017).

Nynorskordboka. <http://ordbok.uib.no/> (august 2017).

Skjelbred, D., A. Mortensen-Buan, N. Askeland, J.O. Bakke og B. Aamotsbakken (2013): *Språklig kvalitet i læremidler. Rapport utarbeidet ved Høgskolen i Vestfold på oppdrag av Språkrådet*.

Språkrådets skrifter nr. 3. Oslo: Språkrådet.

<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kr%C3%A5dets%20skrifter/Spr%C3%A5klig%20kvalitet%20i%20l%C3%A5remidler.pdf> (august 2017).

Skjelbred, D., N. Askeland, E. Maagerø og B. Aamotsbakken (2017): *Norsk lærebokhistorie. Fra allmueskole til grunnskole 1739–2013*. Oslo: Universitetsforlaget.

Språkrådet (2012): *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet*.

<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf> (august 2017).

Språkrådet (2017a): *Vedtekter for Språkrådet*. Fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet 6. april 2017. <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Om-oss/Vedtekter-for-Sprakradet/> (august 2017).

Språkrådet (2017b): *Årsrapport 2016*. Datert 10.5.2017. http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/arsmeldinger/spraakraadet_aarsrapport_2016.pdf (august 2017).

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining – ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (august 2017). Kortversjon:

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (august 2017).

9 Språkbruk i offentleg forvaltning

Etterspurnaden etter nynorskkurs aukar, og kontakten med statsorgana viser at mange statstilsette treng grunnleggjande opplæring i nynorsk. Svært mange statsorgan har sett i gang tiltak for å betre språket, og prosjektet «Klart språk i staten» har vore ei viktig drivkraft for slikt arbeid. Eit nytt e-læringskurs gir ei innføring i grunnleggjande klarspråksteknikkar, men statsorgana har framleis stort behov for tilpassa kurs og språkfagleg hjelp i arbeidet med viktige tekstar. Interessa for språket i lover og forskrifter har auka dei siste åra. I eit demokratisk samfunn er det avgjerande at folk forstår eigne rettar og plikter, og at lovspråket ikkje er til hinder for dette. Språkrådet har derfor prioritert arbeidet med å kvalitetssikre språket i lov- og forskriftstekstar.

9.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meinung

Offentleg språk som føredøme (kap. 8.6.1)

Vørndnaden for morsmålet vårt krev at det offentlege Noreg kjenner særleg ansvar for å bruka eit korrekt og forståeleg språk.

Analyse av forvaltingsspråket før og no (kap. 8.6.2)

Forvaltingsspråket har fjerna seg langt frå kansellistilen, men framleis finst mykje språkleg ukrut. Tradisjon og manglande omtanke forklarar noko, men enkel framstilling av komplekse saksforhold er også krevjande, og offentleg tilsette må ofte gardera seg i språket. Overforenkling er også ein fare. Tåkete uttrykksmåtar i offentleg informasjon er likevel eit alvorleg velferds- og demokratiproblem.

Klarspråk (kap. 8.6.3)

Mange land strevar med offentleg språktåke, jf. den engelske parolen «fight the fog». Målet er klarspråk, ei nemning henta frå Sverige, der klarspråksarbeid har ein særleg tradisjon. Mange skippertak er tekne også i Noreg, frå arbeidet med nynorsk lovspråk i mellomkrigstida, offentleg rasjonaliseringsarbeid og informasjonspolitikk i 1950- og 60-åra, utviklings- og opplæringsprosjektet i forvaltingsspråk i 1970-åra, Aksjon publikum i 1980-åra og prosjektet Eit enklare Noreg i 1990-åra. No må arbeidet koma inn i fastare organiserte former.

Oppsummerande vurdering (kap. 8.6.5)

Målet er både korrekt språk og god språkføring. Det øvste statsapparatet må setja standard og vera førebilete, men språket i dei store publikumsretta etatane er også særleg viktig.

Frå kortversjonen av Mål og meinung (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

9.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådet har eit særleg ansvar for å betre kvaliteten på språket i statlege tekstar, uavhengig av målform, og for å sikre jamstilling mellom dei to målformene i statsforvaltninga. Dette er Språkrådets viktigaste oppgåver når det gjeld språk i statsforvaltninga:

- Språkrådet har ansvaret for tilsyn med oppfølging av mållova hos sentrale statsorgan som ligg under departementa.
- Språkrådet gir rettleiing i spørsmål som gjeld mållova, og råd til private rettssubjekt (privatpersonar, private verksemder og organisasjonar), kommunar og fylkeskommunar som melder om brot på mållova i statsorgana.
- Språkrådet tilbyr praktisk hjelp til statsorgana slik at dei lettare kan etter leve mållova og skrive betre nynorsk. Her har Språkrådet ei todelt oppgåve: generelt å fremje godt språk i statsforvaltninga, og spesielt å bidra til god og korrekt nynorsk.
- Språkrådet held opne dagskurs i nynorsk og nynorskkurs med oppfølging for statstilsette.
- Språkrådet held kurs, seminar og innlegg om klarspråk for statstilsette.
- Språkrådet held kurs om godt språk i lover og forskrifter.
- Språkrådet hjelper til med å kvalitetssikre særskilt viktige tekstar (til dømes lovtekstar) og gir råd og rettleiing til statstilsette.
- Språkrådet held kompetanseprøver for språkkonsulentar.
- Språkrådet gir ut bladet *Statsspråk* og har laga fleire andre publikasjonar og hjelpemiddel for statstilsette.
- Språkrådet driv nettstaden klarspråk.no og samarbeider med Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) om ulike klarspråkstiltak.

9.3 Språkpolitiske hovudmål og statlege styringsdokument

Dei språkpolitiske hovudmåla i statleg forvaltning er formulerte i fleire statlege styringsdokument og i *lov målbruk i offentleg teneste* (mållova). I mållova heiter det i § 4 at statstilsette som har skriftleg utforming som ein del av tenesta, pliktar å bruke «bokmål og nynorsk etter dei reglane som til kvar tid gjeld for målbruken i statstenesta». Denne føresegna siktat i første rekke til reglane om fordeling av bokmål og nynorsk, men av ordlyden går det også fram at det er bokmål og nynorsk i tråd med offisiell rettskriving det er tale om (*Mål og meining*, s. 175). Statsorgana skal bruke begge målformer i skriftleg informasjon. Det skal leggjast spesielt til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål, og for at det offentlege skal leggje vekt på å føre eit korrekt og forståeleg språk.

Andre viktige styringsdokument er *Statens kommunikasjonspolitikk* (FAD 2009) og *Plattform for leiing i staten* (FAD 2008). *Statens kommunikasjonspolitikk* slår fast at statsforvaltninga skal bruke eit klart språk som skal kunne forståast av alle aktuelle målgrupper, at språket i statlege tekstar skal vere korrekt, og at statstilsette skal følgje gjeldande reglar for rettskriving og målbruk. I *Plattform for leiing i staten* heiter det: «Leiarar i staten sørger for at kontakt med innbyggjarar og brukarar byggjer på openheit, dialog og klart språk.» Solberg-regjeringa satsar på «ein enklare kvardag for folk flest». I dokumentet *Offentlig sektor fornyses, forenkles og forbedres* (KMD 2016) heiter det at regjeringa er oppteken av å fremje klart språk i offentleg forvaltning. I Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge. IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet* heiter det (s. 40): «Det er helt avgjørende at arbeid med klart språk blir en del av utviklingen av de digitale løsningene. Klart språk vil også bidra til å redusere behovet for kunnskap om offentlig sektor blant brukerne, og redusere antall henvendelser».

9.4 Kvaliteten på språket i statsforvaltninga

Interessa for språkarbeid er vorten jamt større dei siste ti åra. Stadig fleire statsorgan har sett i gang tiltak for å betre språket i publikumsretta tekstar. Mange av desse tiltaka blir gjennomførte innanfor rammene av prosjektet «Klart språk i staten», som vart avslutta 31.12.2012 (2008–2012).

Klarspråksarbeidet er etter 2012 vidareført som del av den ordinære drifta hos Språkrådet og Difi. Kombinasjonen av overordna føringer (dei statlege styringsdokumenta), hjelpemiddel og økonomisk støtte, saman med konkret språkarbeid i verksemndene, ser ut til å ha ein god effekt, som sluttevalueringa av prosjektet frå 2013 viser. Den økonomiske støtta har vore eitt av dei mest effektive verkemidla. Evalueringa viser òg at mellomleiarane slit med å få tid til språkarbeid i det daglege, og at det er vanskeleg å integrere språkarbeidet i den daglege drifta, når eit prosjekt er avslutta. Etter det Språkrådet har observert, er statsorgana stadig opptekne av å skrive klart og godt, og mange har gjort ein god innsats for å betre språket i tekstane sine. Men det trengst framleis kurs og stønadstiltak for å halde fart i arbeidet.

Erfaringa er at mange òg treng ei meir grunnleggjande opplæring i nynorsk, og etterspurnaden etter nynorskkurs er stor – sjølv om det reelle behovet er endå større.

Mange statsorgan treng hjelp til å kvalitetssikre tekstar. Språkrådet skal bidra til at statstilsette skriv god norsk, og til at statsorgana bruker bokmål og nynorsk i samsvar med mållova. For å nå desse måla har Språkrådet sidan 2006 hatt ei ordning med kompetanseprøver for språkkonsulentar. Dei som greier prøva, kan vi tilrå statsorgana å bruke til språkfaglege tenester som Språkrådet sjølv ikkje har kapasitet til å yte.

Standard for språkleg kvalitet

I *Mål og mening* tek Kulturdepartementet til orde for etablering av ein standard for språkleg kvalitet i statsforvaltninga (*Mål og mening*, s. 192). Standarden må byggje på tre føresetnader:

- Språket må vere godt og forståeleg og tilpassa føremål og målgruppe.
- Språket må vere korrekt, det vil seie i samsvar med offisielle rettskrivingsreglar.
- Alle dei lovheimla målbruksreglane må etterlevast.

Desse føresetnadene er allereie innebygde i dei statlege styringsdokumenta som er omtalte over.

Om ein ser vekk frå målbruksstemaet, er kjernen i dei statlege styringsdokumenta som er omtalte over, det same som er nedfelt i den svenska språklova § 11: «Språket i offentlig verksamhet ska vara vårdat, enkelt och begripligt.» (Kulturdepartementet, Sveriges riksdag 2009). Det svenska Språkrådet har fått i oppdrag å følgje opp språklova.

Ei eiga norsk språklov har lenge vore på trappene, men det er uvisst om planane vil bli realiserte. I ei slik lov ville det vere naturleg å innlemme den språklege standarden.

9.5 Særleg om nynorsk forvaltingsspråk

Tilsyn med målbruken hos sentrale statsorgan


Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan og gir rettleiing i saker som gjeld *lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste* (mållova) (KUD 1980). Kvart år rapporterer både statsorgan under departementsnivå og departementa sjølv til Språkrådet om fordelinga mellom bokmål og nynorsk i eksternt teksttilfang. Hovudreglane for målbruken det skal rapporterast om, kan oppsummerast slik: Publikumsretta informasjon på nett og papir skal innehalde minst 25 % av kvar av målformene, og alle skjema skal liggje føre på både bokmål og nynorsk.

Språkrådet ber om målbruksrapport frå ca. 170 statsorgan. Talet endrar seg når organ slår seg saman eller endrar struktur, eller nye kjem til. Språkrådet oppdaterer oversynet årleg. Om lag 70 % av dei sentrale statsorgana leverer rapport kvart år, og dei fleste overheld fristen frå Språkrådet, som er sett til 31. januar kvart år. Statsorgan som ikkje leverer rapport, får ei påminning frå Språkrådet.

Organ som ikkje sender tilbakemelding til Språkrådet når vi ber om det i tilsynsbrevet, får òg ei purring. Språkrådet følgjer opp alle sentrale statsorgan gjennom året, også utanom sjølve rapporteringa.

Statsorgana rapporterer om målbruken på nett, i korte tekstar (1–10 sider), i lengre tekstar (over 10 sider), i sosiale medium (Facebook og Twitter) og i skjema. I gjennomsnitt nytta statlege nettstader 14,8 % nynorsk i 2015. Det har vore jamn framgang i denne kategorien dei siste åra, men nynorskbruken har gått litt attende etter 2014. Nettsider er den minst sikre kategorien å måle veksling i. Målemetoden Språkrådet nyttar, eit Google-søk på ordpar, har veikskapar. Dessutan har mange statsorgan store nettstader der mykje av stoffet er lite relevant eller gammalt. Statistikken seier heller ikkje noko om vekslinga i det mest lesne tilfanget på nettstaden, noko som er viktig for den reelle jamstillinga. Ein kan altså ikkje slå heilt fast korleis stoda er, på grunnlag av denne statistikken aleine, men han er likevel ein nyttig indikasjon.


Tabell: Nynorskdel på statlege nettsider, i prosent



Mange statsorgan er flinke til å veksle mellom målformene i dei faste tekstane på nettstaden. Men tilsynsarbeidet avdekkjer at mange statsorgan framleis manglar gode rutinar for veksling mellom målformene i til dømes nyheitssaker. Språkrådet har ikkje undersøkt nærmare kva som er årsaka til at det er lite veksling i særleg det tilfanget. Det er likevel nærliggjande å rekne med at därleg nynorskkunnskap i statsorganet er ein viktig faktor. Dessutan er det mange statsorgan som opprettar nye nettstader, og det tek gjerne lang tid før statsorganet får innarbeidd ei god veksling på desse nettstadene. Den manglande framgangen kan òg tyde på at mange statsorgan ikkje har gjort regelverket kjent i heile organisasjonen. Mange nettstader inneheld mange gamle sider. Dette kan føre til at nye sider på nynorsk ikkje gjer så stort utslag på målbruksfordelinga på nettstaden.


Rapporteringsskjemaet til Språkrådet skil mellom kategoriene «korte tekstar 1–10 sider» og «tekstar over 10 sider». Begge kategoriene inneheld ein god del sentrale publikasjonar av ulik lengd, til dømes stillingsutlysingar i den eine kategorien og årsrapportar i den andre. Ein del statsorgan oppfyller krava i desse kategoriene. Tala våre tyder på at bruken av nynorsk har gått noko ned i kategorien for korte tekstar. Her ligg gjennomsnittleg bruk av nynorsk på 19,1 %, mot 21,5 % i 2014. Også i kategorien for lengre tekstar ser vi nedgang, til 20,1 % i 2015 frå 21,8 % i 2014.

Tabell: Talet på statsorgan som oppfylte krava i mållova i korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider), i prosent




I gjennomsnitt publiserte statsorgana 14,7 % av meldingane sine på nynorsk i sosiale medium i 2015. Språkrådet inkluderte målbruken i sosiale medium for første gong i samband med mållovsrapporteringa for 2013. Talet har auka fleire år på rad. Meldingar og nyheiter i sosiale medium når ut til eit breitt publikum. Det er derfor særleg viktig for måljamstillinga at vekslinga i denne kategorien er jamn. Tekstane er korte, så terskelen bør vere låg for å skrive på nynorsk, også for statstilsette som kjenner seg utrygge på målforma. Språkrådet har tidlegare sett at mange statsorgan ikkje har vore klare over at mållova også gjeld for sosiale medium, men med tida aukar kjennskapen til regelverket. Alt tyder derfor på at den positive utviklinga vi ser i kategorien, er reell.

Tabell: Nynorsk i sosiale medium, i prosent



2066 av 3124 innrapporterte skjema låg føre i begge målformene i 2015. Dei fleste av skjemaa som ikkje gjorde det, mangla på nynorsk. Talet på innrapporterte skjema varierer mykje frå år til år, og det er truleg ein del feilrapportering. Dei store svingingane i denne kategorien må sjåast i lys av dette.

Tabell: Skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent




Tilsyn med målbruken hos departementa

I 2014 overtok Språkrådet tilsynet med mållova også på departementsnivå. Tidlegare har Kulturdepartementet hatt ansvaret for rapporteringa frå departementa. Språkrådet har vidareført arbeidet til Kulturdepartementet i same form av omsyn til det statistiske samanlikningsgrunnlaget, men inkluderte frå 2015 ein kategori for målveksling i sosiale medium for departementa, slik vi òg har for dei sentrale statsorgana. Sosiale medium er ein viktig kanal for kommunikasjonen mellom folk og stat, og det er naturleg at også departementa rapporterer inn tal for vekslinga mellom målformene her. Nettsider er ikkje med i statistikken. Alle dei 16 departementa, medrekna Statsministerens kontor, leverer rapport til Språkrådet. I tabellane under viser vi prosenten for departementa som vege snitt.

Nynorskbruka i dokument på under 10 sider har gått gradvis ned dei siste åra, med eit lågpunkt i 2014, men ser no ut til å vere på veg opp igjen.


Tabell: Nynorsk i dokument under 10 sider hos departementa, i prosent



For dokument på over 10 sider viste tala frå 2015 ein kraftig auke i bruken av nynorsk. Mykje av auken skriv seg frå tekstar som er utarbeidde i samband med kommunevalet i 2015.

Tabell: Nynorsk i dokument over 10 sider hos departementa, i prosent


Dokument over 10 sider



Stortingsdokument, som omfattar proposisjonar og stortingsmeldingar, er den kategorien der departementa samla sett har pleidd å ha den jamnaste vekslinga. Sett under eitt har departementa vore nær ved å oppfylle krava i mållova dei siste åra, og i 2012 nådde dei målet om meir enn 25 % nynorsk. Talet for 2015 er på under 20 %. Vi ventar at departementa ser på rutinane sine slik at tala for 2016 kjem opp mot målet på 25 % att.

Tabell: Nynorsk i stortingsdokument, i prosent

Stortingsdokument




Departementa rapporterer om berre 4 % nynorsk i sosiale medium i 2015. Tidlegare har verken Kulturdepartementet eller Språkrådet bedt om informasjon i denne kategorien. Vi har derfor enno ikkje tal å samanlikne med. Dei aller fleste departementa nyttar både Facebook og Twitter, og bokmål er nesten einerådande. Mange nyttar dessutan heller engelsk enn nynorsk. Departementa har ein lang veg å gå før krava i mållova blir oppfylte i desse media. Vi håper å sjå framgang i tida som kjem.

Førespurnader om moglege brot på mållova

Publikum har høve til å kontakte Språkrådet ved brot på mållova. Det varierer frå år til år kor mange mållovsbrot Språkrådet får kjennskap til, og Språkrådet får berre melding om ein liten del av den totale mengda mållovsbrot. Mange opplever brot på mållova ved eksamen i universitets- og høgskolesektoren. Av dei 63 førespurnadene om moglege brot på mållova som Språkrådet fekk i 2015, gjaldt 25 eksamen i feil målform.

Tabell: Talet på førespurnader om moglege brot på mållova



9.6 Klarspråk

Over heile verda finst det i dag mange private og offentlege instansar som arbeider for eit klarare språk. I Noreg kallar vi slikt arbeid for *klarspråksarbeid*, og nemninga *klarspråk* er godt innarbeidd i Noreg. På engelsk blir klarspråk ofte omtalt som «plain language». Gjennom eit internasjonalt klarspråkssamarbeid der Noreg deltek, har ein no fått ein definisjon av omgrepene klarspråk. Definisjonen er omsett til mange språk, mellom anna norsk: «Klarspråk er kommunikasjon med så tydelig ordlyd, struktur og visuell utforming at leserne i målgruppa finner informasjonen de trenger, forstår den og kan bruke den.»

Sidan 2006 har Språkrådet hatt eit særleg ansvar for klarspråksarbeidet i statsforvaltninga. Klarspråksarbeidet i statsforvaltninga fekk eit ekstra løft med prosjektet «Klart språk i staten» (avslutta i 2012), som òg gav Difi eit ansvar for å arbeide med klarspråk i staten.

9.7 Prosjektet «Klart språk i staten»

Prosjektet «Klart språk i staten» (2008–2012) var eit samarbeid mellom det dåverande Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD), Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og Språkrådet. FAD finansierte prosjektet, medan Difi og Språkrådet stod for den praktiske gjennomføringa.

Prosjektet omfatta mellom anna desse tiltaka:

- nettstaden www.klarspråk.no med praktiske råd, nyheter, rettleiingar og dokumentasjon
- Statens klarspråkspris, som blir delt ut ein gong i året til ei statleg verksemnd som har gjort mykje for å betre språket sitt
- ei støtteordning med økonomisk og fagleg støtte til statlege verksemder som ønskjer å gjennomføre eit språkforbetningsprosjekt
- opne kurs for statstilsette
- konferansar og seminar for statstilsette

Effektar av prosjektet

Det er liten tvil om at det sentrale prosjektet «Klart språk i staten» har skapt merksemd rundt språket i det offentlege, auka medvitet om språk og gitt inspirasjon til å setje i gang tiltak for å betre språket.

Tiltaka som statsorgana sette i gang med støtte frå prosjektet «Klart språk i staten», har gitt konkrete resultat i form av mellom anna språklege retningslinjer og betre tekstar. Det ser vi av nettstaden klarspråk.no, der dokument, erfaringar og materiell blir delte og gjenbrukte. Nettstaden

gir dermed hjelp til sjølvhjelp. Han fungerer òg som ein informasjonsbank for statstilsette som driv med språkarbeid, der dei kan lese om erfaringane og arbeidet til andre og dra nytte av det.

Evalueringar

Prosjektet «Klart språk i staten» og verknadene av det er grundig evaluerte, både gjennom ei undervegsevaluering i 2011 og ei sluttevaluering i 2013. I undervegsevalueringa undersøkte analyseselskapet *Ideas2evidence* verknaden av tiltaka i prosjektet til då, på oppdrag frå FAD (Dahle og Ryssevik 2011a). Rapporten baserte seg både på kvantitative og kvalitative data og viser mellom anna

- om endringane var godt forankra og varige
- kva ein hadde lukkast best med
- kva som hadde vore hindringar og drivkrefter
- kva for tiltak verksemdene ville prioritere framover

Nokre hovudfunn frå undervegsevalueringa:

- Det sentrale klarspråkprosjektet var den viktigaste drivkrafta for å setje i gang klarspråksprosjekt lokalt, også for verksemder som ikkje fekk økonomisk støtte. I tillegg var eldsjeler i leiinga viktige.
- Omtrent alle verksemder som sette i gang klarspråksprosjekt, meinte at den skriftlege kommunikasjonen med brukarane var byråkratisk og vanskeleg før prosjekta vart sett i gang.
- Skrivekurs og revisjon av konkrete tekstar var dei tiltaka som verksemdene meinte var viktigast, og som dei ville prioritere framover. Eit fleirtal av verksemdene hadde òg utarbeidd ein språkprofil. Få hadde gjennomført evalueringar, men over helvta av verksemdene planla å gjere det dei neste åra.
- Av tiltak som verksemdene sette i gang, vart kartlegging av tekstar og opplæringstiltak sett på som viktigast for å oppnå gode resultat. Også rutinar for kvalitetssikring og språklege retningslinjer vart vurderte som viktige eller svært viktige av mest alle verksemdene.
- Den faktoren som flest meinte var den viktigaste for å lukkast med klarspråksarbeid i verksemda, var kursing og kompetanseheving hos dei tilsette. Toppleiarforankring vart sett på som ein viktigare suksessfaktor enn forankring på mellomleiarnivå.
- Mangel på tid og ressursar vart vurdert som ei av dei viktigaste årsakene til at det var vanskeleg å prioritere klarspråk i ein travel kvardag.

Som eit ledd i evalueringa av det sentrale prosjektet er det laga eit verktøy, eit metodehefte, som verksemdene kan bruke for å evaluere sine eigne klarspråkstiltak (Dahle og Ryssevik 2011b). Metodeheftet vart publisert på klarspråk.no i november 2011. Heftet er ei samling av målemetodar og spørjeskjemamodular.

Heile prosjektet vart sluttevaluert i 2013 (Dahle og Ryssevik 2013). Sluttevalueringa viser at det har vore gjort mykje godt klarspråksarbeid i løpet av prosjektperioden (2009–2012), både i det sentrale prosjektet «Klart språk i staten» og i verksemdene. Meir enn 60 verksemder har fått støtte frå det sentrale prosjektet, og det har vore stor entusiasme kring språkarbeidet i staten. Men evalueringa peiker òg på at den økonomiske støtta har vore eitt av dei mest effektive verkemidla. Hovudfunna viste at verksemder med god forankring oppnår meir med klarspråksarbeidet sitt. Dessutan vart det avdekt at mellomleiarane som regel er positive til klarspråk, men dei synest det er vanskeleg å få sett av tid til klarspråk i avdelingane sine. Oppfatninga om at klarspråk ikkje lèt seg foreine med juridisk korrekt språk, er mindre dominerande enn tidlegare.

9.8 Utviklinga på klarspråksfeltet etter 2012

Etter at prosjektet «Klart språk i staten» vart avslutta, har Språkrådet og Difi halde fram samarbeidet om ulike klarspråkstiltak og følgt opp evalueringane av prosjektet. For å dekkje behovet for grunnleggjande trening i å skrive klart har vi saman laga eit e-læringskurs i klarspråk (sjå eigen omtale). Difi har halde fram med å gi støtte til språkarbeid, og Språkrådet har utvikla ein ny kursmodell som byggjer på e-læringskurset.

I perioden 2012–2016 har Språkrådet arrangert ein nordisk klarspråkskonferanse, og saman har Difi og Språkrådet arrangert 16 frukostseminar, to heildags konferansar med rundt 300 deltagarar og eitt dagsseminar om klarspråk. Arrangementa er alltid fullteikna, ofte med ventelister. Dette vitnar om at det er eit stort behov for møteplassar og fagleg påfyll. Språkrådet og Difi samarbeider også om utdelinga av klarspråksprisen og om nettstaden klarspråk.no. Nettstaden vart lansert i mars 2009. Brukartalet har stige jamt og låg i 2016 på 137 500 unike sidevisingar.

Klarspråksprisen

Klarspråksprisen (tidlegare Statens klarspråkspris) er ein forvaltningspris som blir utdelt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og som ifølgje retningslinjene skal «belønne godt, klart og brukervennlig språk i offentlig sektor». Språkrådet og Difi er sekretariat for ein jury som er oppnemnd av KMD. Klarspråksprisen, ein hovudpris og tre tilleggsprisar, blir utdelt av statsråden i KMD.

Klarspråksprisen ser ut til å ha vorte ein viktig motivasjonsfaktor i språkarbeidet i det offentlege. Ein hovudpris er delt ut til åtte statsorgan sidan 2009. Det har vore ein generell framgang på desse åra: Kandidatane held jamt over høgare nivå, kvaliteten på arbeidet stig, og konkurransen blir skarpare.

I 2013 vart det innført to mindre tilleggsprisar: temaprisen og utmerkinga «Årets trekkhund». Temaprisen går til ei offentleg verksemد som har lukkast med å skrive ein sær god og klar tekst (krava til teksttype og innhald blir endra frå år til år). Utmerkinga «Årets trekkhund» går til ein person som har gjort ein spesiell innsats i klarspråksarbeidet. Frå og med 2016 blir det delt ut ein klarspråkspris også til kommunar og fylkeskommunar. Til saman blir det no delt ut fire prisar kvart år. Interessa for prisane aukar jamt. Vinnarane har gjort sær godt klarspråksarbeid. I tillegg til prisvinnarane får fleire verksemder heiderleg omtale.

Støtte til klarspråkstiltak

Prosjektet «Klart språk i staten» hadde ei støtteordning der statsorgan kunne søkje om fagleg rådgiving, klarspråkskurs på arbeidsplassen og/eller økonomisk støtte til språkarbeid. Støtteordninga var forpliktande, og alle støttemottakarane måtte rapportere om korleis dei har brukt støtta, og dei måtte dele erfaringane og produkta sine med andre på klarspråk.no. Den regulerte støtteordninga vart avvikla i 2012.

I perioden 2014–2016 fekk 19 statlege verksemder / 21 ulike einingar støtte til å forbetre tekstar. I perioden 2013–2016 fekk 18 verksemder støtte for å arrangere skriveverkstader for juridiske tekstar (lover og forskrifter). I 2016 fekk til saman 16 departement og direktorat dagskurs i klart lovspråk gjennom prosjektet «Klart lovspråk».

Erfaringane til statsorgan som har fått støtte, har gjort det mogleg å dokumentere korleis ein kan arbeide med språket i lover, og korleis ein kan betre språket i tekstar gjennom skriveverkstader (Difi 2016a).

Dokumentasjonen på nettstaden klarspråk.no, nominasjonane til Klarspråksprisen, innlegg på konferansar osv. viser at mange har gjort ein god innsats for å betre språket i tekstane sine. Samstundes viser interessa for e-læringskurset og dei tilpassa kursa og det store behovet for møteplassar og fagleg påfyll at statsorgana framleis treng både kurs og støttetiltak for å prioritere arbeidet med språket.

Klarspråk i akademia

Jamvel om klarspråksaktiviteten er stor både i Noreg og andre land, har det mangla forsking på feltet. For å byggje og dokumentere fagfeltet har prosjektet «Klart språk i staten» derfor samarbeidd med universiteta om å få fram forsking og på eiga hand delt ut mastergradsstipend til studentar som vil skrive om klarspråk. I 2013 og 2015 har òg Språkrådet delt ut eigne mastergradsstipend til klarspråksoppgåver. Sidan 2011 er det såleis ved norske universitet skrive 15 masteroppgåver om språket i det offentlege frå eit klarspråksperspektiv. Oppgåvene er tilgjengelege på nettstaden klarspråk.no, saman med anna klarspråksforskning.

I 2012, 2013, 2016 og 2017 har Universitetet i Oslo tilbydd eit emne på 10 studiepoeng på bachelornivå i klarspråk (NOR1108 *Klarspråk – korrekt og forståeleg norsk*).

I august 2016 inngjekk Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Oslo og Kommunal- og moderniseringsdepartementet ein avtale om klarspråk. Eitt av føremåla med avtalen er å innføre klart juridisk språk som del av undervisninga, forskinga og formidlinga ved fakultetet. Avtalen inneber at fakultetet mottek 3 mill. kroner årleg fram 2026. Klarspråksarbeidet blir organisert i form av prosjektet «Klarspråk i juridisk forskning og undervisning». Midlane skal finansiere ei fast stilling som professor eller førsteamanuensis og tre stipendiatsstillingar. I 2017 har Det juridiske fakultetet lyst ut ei professor-/førsteamanusenssstillings og éi til to stipendiatsstillingar i rettsvitskap innanfor fagområdet klarspråk og lovgivingslære. Fakultetet har dessutan lyst ut fleire stillingar som vitskapleg assistent for jusstudentar som ønskjer å skrive masteroppgåve om juridisk klarspråk.

I perioden 2017–2018 har Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Bergen fått finansiert prosjektet «Bedre språk, bedre jurister» av Noregsuniversitetet. Prosjektet har m.a. til føremål å betre evnene til skriftleg framstilling og formidling og effektiv og presis juridisk problemformulering. Skriveopplæring for førsteårsstudentane i rettsvitskap er ein sentral del av prosjektet.

Klarspråk i kommunesektoren

Klarspråkssamarbeidet mellom Difi og Språkrådet har vore retta mot statleg sektor. Det fanst inga tilsvarande ordning for kommunesektoren før KMD i 2014 ga KS eit tilskot på 950 000 kroner for å gjennomføre eit pilotprosjekt for klarspråk i kommunesektoren. Difi og Språkrådet var rådgivarar i pilotprosjektet, som satsa på å samle erfaringar frå nokre klarspråksprosjekt i kommunesektoren for å stake ut kurset til eit hovudprosjekt. I 2015 løyvde KMD pengar til eit femårig program for klart språk i kommunesektoren. Målet med programmet er å auke medvitet om klart språk i kommuneforvaltninga og gjere det enklare for kommunar og fylkeskommunar å prioritere arbeid med språket i sine eigne tekstar.

I programperioden skal KS

- tilby regionale grunnkurs for dei som skal leie klarspråksprosjekt i eigne kommunar og fylkeskommunar
- etablere ei eiga verktøykasse for kommunane på nettstaden klarspråk.no, der det viktigaste verktøyet er ei samling med kvalitetssikra standardtekstar som alle kommunane kan bruke
- opprette støtteordningar etter mønster av det statlege prosjektet

Som eit ledd i programsatsinga deler KMD frå og med 2016 ut ein klarspråkspris også til kommunar og fylkeskommunar.

9.9 Arbeid med språk i lover og forskrifter

Lover og forskrifter påverkar avgjerder på alle nivå i samfunnet, og dei set standard for andre tekstar i det offentlege. Skribentar i det offentlege er ofte bundne av teksten i det regelverket dei skal forvalte. Klarare språk i regelverket vil føre til klarare forvaltingsspråk på dei områda reglane gjeld. Skal ei lov vere føremålstenleg, må ho bli forstått av dei lova gjeld.

Språk i lover og forskrifter er eit politisk prioritert tema. Ei forenkling av regelverket inngår i Solberg-regjeringas satsing «Ein enklare kvardag for folk flest». Dei språkpolitiske måla på dette området (jf. *Mål og mening*) er

- betre språkleg kvalitet i lover og forskrifter generelt
- fleire lover og forskrifter på nynorsk (minst 25 % av lovverket, målt i tekstmengd)

I *Mål og mening* tek Kulturdepartementet til orde for etablering av eit system for språkleg kvalitet i lover og forskrifter (*Mål og mening* s. 193–194). I 2011 vart det etablert eit eige prosjekt, «Klart lovspråk», som mellom anna arbeider med dette.

Prosjektet «Klart lovspråk»

Prosjektet «Klart lovspråk» vart sett i gang av det dåverande Fornyings- og administrasjonsdepartementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KMD). Føremålet med prosjektet er å få meir kunnskap om dei språklege utfordringane i regelverket og å setje i gang tiltak for å gjere språket i regelverk betre. Difi leier prosjektet, og KMD, Justis- og beredskapsdepartementet (JD) og Språkrådet deltek i arbeidsgruppa. Prosjektet har òg ei ressursgruppe av fagpersonar for å sikre at tiltaka og framlegga i arbeidet i delprosjektet er godt forankra fagleg. Prosjektet omfattar fleire ulike aktivitetar, mellom anna kurs, fagseminar og undersøkingar.

I 2011 gjennomførte Synovate ei spørjeundersøking på oppdrag frå prosjektet (Johannesen og Pran 2011). Føremålet var å kartlegge korleis befolkninga ser på lover og forskrifter. Undersøkinga er omtalt i Språkstatus 2012 (Språkrådet 2012).

I 2012 gjennomførte prosjektet ved Difi ei anna undersøking blant tilsette i staten. Denne gongen var målet å finne ut kva som hindrar klart språk i lover og forskrifter, og korleis saksbehandlarar bruker lov- og forskriftstekstar i arbeidet sitt. Undersøkinga vart avgrensa til dei tre forvaltningssektorane arbeid, pensjon og bustad/bygg. Ho vart gjennomført i utvalde departement og direktorat, og dessutan blant saksbehandlarar i regionar eller distriktskontor som bruker regelverket. Funna vart presenterte i rapporten *Kan lovspråk temmes? En undersøkelse om klart språk i lover og forskrifter* (Difi 2013). Undersøkinga viser mellom anna at det ikkje finst faste rutinar for språkleg kvalitetssikring undervegs i arbeidet med lover og forskrifter, og at språket i tekstane heller ikkje blir gjennomgått til slutt. Ifølgje informantane er tidspress og innarbeidd skrivekultur viktige grunnar til at språket ikkje blir prioritert. I rapporten kjem Difi med framlegg om fleire tiltak, mellom anna nye rutinar for å sikre betre språk i regelverk.

Det aller viktigaste tiltaket i prosjektet «Klart lovspråk» er arbeidet med språket og strukturen i fire utvalde lover: ny arvelov, ny adopsjonslov, ny forsvarslov og ny opplæringslov. Framlegg til ny adopsjonslov og ny forsvarslov er brukartesta på ulike grupper, mellom anna privatpersonar og saksbehandlarar i forvaltninga. Tilbakemeldingane frå brukarane er gjennomgåande positive, jf. Opinion AS (2015a og 2015b). Den nye forsvarslova tok til å gjelde 1. juli 2017. Den nye adopsjonslova vart vedteken i Stortinget og sanksjonert i statsråd i juni 2017, men det er enno ikkje avgjort når ho tek til å gjelde. Ny arvelov og opplæringslov er framleis under utarbeiding i departamenta.

Resultata frå arbeidet med dei utvalde lovene skal evaluerast. Målet er å finne ut om dei nye lovene fungerer betre enn dei gamle, til dømes ved å undersøkje om dei nye lovtekstane fører til færre spørsmål og unødige klagar.

Arbeidet med tre av dei fire lovtekstane har gått føre seg i tverrfaglege grupper. Juristar og andre fagpersoner har fått språkfagleg bistand frå Språkrådet og lovteknisk bistand frå lovavdelinga i JD. Det kortsigtige målet er at dei utvalde lovene skal få betre struktur og klarare språk. Det langsigtige målet er at det tverrfaglege arbeidet med desse lovene skal danne mönsterpraksis for arbeid med viktige lover i framtida.

Utviklinga på lovspråkområdet

Dei siste åra har vi merka større interesse for språket i lover og forskrifter. Klart språk og ryddig struktur inngår i mandatet til fleire utval som skal skrive nye eller revidere eksisterande lover.

Språkrådet får stadig fleire førespurnader om hjelp med å kvalitetssikre språket i lov- og forskriftstekstar og har valt å prioritere slikt arbeid. Ved å delta i prosjektet «Klart lovspråk» og bidra til å utvikle ein god arbeidsmodell har Språkrådet kanskje teke det første steget mot eit slikt «system for språkleg kvalitet i lover og forskrifter» som Kulturdepartementet tek til orde for i språkmeldinga *Mål og meinung*.

Det er ikkje gjennomført nye undersøkingar som viser om arbeidet med lovspråket dei siste åra har gitt konkrete resultat.

Særleg om nynorsk lovspråk

Lovverket er eit viktig domene for nynorsken. Derfor bør fleire nye lover og forskrifter skrivast på nynorsk, og det er viktig å ta vare på dei nynorske lovene og forskriftene vi har. Dersom ei lov eller forskrift på nynorsk skal bytast ut, bør den nye lova eller forskrifta òg vere på nynorsk, ikkje bokmål. Departement som skriv lover som vedkjem mange, bør også ha lover på nynorsk, og kvaliteten på nynorsken må vere god. Det er viktig å kvalitetssikre lov- og forskriftstekstar på nynorsk, sidan lovspråk forplantar seg så kraftig i alle slags statlege dokument. Fordi nynorsk administrativ tekst til saman har mindre omfang og færre kjelder enn bokmålstekstane, er han meir utsett for kvalitetsforringing.

Det er eit språkpolitisk mål at minst 25 % av lovverket rekna i tekstmengd skal vere på nynorsk (jf. *Mål og meinung*). I lover og forskrifter er det overvekt av bokmål. Nynorskprosenten i nye lover varierer mykje frå år til år, men er jamt over låg. I tabellen nedanfor har vi teke inn tal på sjølvstendige lover på bokmål og nynorsk i perioden 2010–2016. Med sjølvstendige lover meiner vi lover som ikkje er endrings- eller opphevingslover, og som seinare vil stå i lovsamlinga som sjølvstendige lovtekstar.

Tabell: Målform i sjølvstendige lover, 2010–2016 (Kjelde: Lovdata PRO (2017))

	Lover 2010			Lover 2011		
	Bokmål	Nynorsk	Totalt	Bokmål	Nynorsk	Totalt
Tal	11	1	12	7	0	7
Prosent	91,7	8,3	100	100	0	100
Lover 2012			Lover 2013			
	Bokmål	Nynorsk	Totalt	Bokmål	Nynorsk	Totalt
Tal	9	5	14	12	2	14
Prosent	64,3	35,7	100	85,7	14,3	100
Lover 2014			Lover 2015			
	Bokmål	Nynorsk	Totalt	Bokmål	Nynorsk	Totalt
Tal	10	1	11	12	5	17
Prosent	90,9	9,1	100	70,6	29,4	100
Lover 2016						
	Bokmål	Nynorsk	Totalt			
Tal	15	0	15			
Prosent	100	0	100			

Grunnen til at så få departement vel nynorsk som målform i lover, kan vere at dei har for låg skrivekompetanse, eller at dei vegrar seg for å velje ei målform dei ikkje kjenner seg trygge på. Derfor er det viktig at departementa får både skrivetrening og tilbod om språkleg hjelp med nye lover. Eit slikt tilbod har dei fått frå Språkrådet.

I 2014 heldt Språkrådet eit halvdagsseminar om nynorsk lov- og rettspråk. Føremålet med seminaret var å gi byråkratar som arbeider med lovarbeid, inspirasjon og kunnskap om nynorsk som lovspråk. Den primære målgruppa var tilsette og leiarar i departementa som har ansvar for eller arbeider direkte med lovutforming. Både eksterne og interne krefter innleidde, og tilbakemeldingane var gode. Sjølv om seminaret ikkje omhandla tilfang som er underlagt mållova, kan eit slikt seminar ha positive ringverknader for bruken av nynorsk i staten generelt. Språkrådet har gitt ut ein rapport frå seminaret (Språkrådet 2016a).

Grunnlova på nynorsk

Den 31. mai 2012 oppnemnde Stortingets presidentskap eit utval som fekk i oppdrag å «utarbeide nye, språklig oppdaterte versjoner av Grunnloven på tidsmessig bokmål og nynorsk». Utvalet vart oppnemnt etter at Stortinget hadde røysta ned eit framlegg frå professor Finn-Erik Vinje og Carl I. Hagen om ei modernisering av grunnlovsteksten som i hovudsak innebar ei ortografisk modernisering.

Utvalet hadde fem medlemmer og vart leidd av Hans Petter Graver, professor og dekan ved Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Oslo. To rådgivarar i Språkrådet var språkfagkunlige medlemmer i utvalet. Utvalet leverte sin rapport til Stortingets presidentskap 17. september 2012 (Grunnlovsspråkutvalget 2012). Rapporten inneheldt to heilskaplege språkleg moderniserte versjonar av Grunnlova, ein på bokmål og ein på nynorsk. Begge versjonane vart så fremja i Stortinget som framlegg om grunnlovsendring. I tillegg vart det fremja eit nytt framlegg frå Finn-Erik Vinje, som inneheldt ein bokmålsversjon som låg nærmare den dågjeldande grunnlovsteksten enn framlegget frå grunnlovsspråkutvalet.

Den 6. mai 2014 vedtok Stortinget at Grunnlova frå då av skulle finnast i to versjonar, ein på bokmål og ein på nynorsk. Stortinget vedtok nynorskversjonen frå utvalet i kombinasjon med Vinjes bokmålsversjon. På grunn av uhell før grunnlovsframlegga vart fremja, vedtok Stortinget ein nynorskversjon som på ein del punkt ikkje er identisk med det endelige framlegget frå utvalet. I 2016 vart det fremja framlegg i Stortinget om å endre nynorskversjonen slik at han blir i tråd med framlegget frå utvalet.

Språkrådet ser det som eit viktig framsteg i jamstillinga mellom målformene at den mest grunnleggjande juridiske teksten vi har, no finst i likeverdige versjonar på både bokmål og nynorsk.

9.10 Kurs for statstilsette

Kurs for statstilsette (nynorskkurs og klarspråkskurs) blir i dag arrangerte både av Språkrådet og av private kurshaldarar. Etterspurnaden etter kurs er stor. Heilt til 2015 arrangerte Difi opne klarspråkskurs og nynorskkurs for statstilsette. Det var stor oppslutning om desse kursa (jf. Språkrådet 2012). I 2015 gjekk Difi over til digitale læringsplattformer. I samband med det har Difi og Språkrådet utvikla eit e-læringskurs i klarspråk, «Den gylne pennen» (sjå eigen omtale av dette kurset under).

Språkrådet held to typar tradisjonelle kurs for statstilsette: nynorskkurs og klarspråkskurs. I tillegg har Språkrådet halde kurs om språk og struktur i regelverk, i samarbeid med forskriftseininga i Justisdepartementet.

Språkrådets nynorskkurs

I nynorskkursa (1–2 dagar) blir hovudvekta lagd på formverk og uttrykksmåte fordi dette er den mest effektive måten å betre nynorskkompetansen på. Språkrådet held både skreddarsydde kurs for statsorgan som ønskjer det, og opne kurs for enkeltilsette i staten. Forbetring av tekstar deltararane har skrive sjølve, er ein sentral del i nynorskkursa. Etterspurnaden etter nynorskkurs har auka dei siste åra, truleg på grunn av meir og betre marknadsføring.

Tabell: Språkrådets nynorskkurs 2012–2016

2012	2013	2014	2015	2016
4	11	11	11	20

Nynorsk øvingsrom for skoleelevar og offentleg tilsette

I 2012 laga Språkrådet eit nynorsk øvingsrom på nett med kartleggingstest, øvingar og ein minigrammatikk. Øvingsrommet vart oppdatert i 2016 etter ein grundig gjennomgang.

I oppdateringa er utforminga gjort meir brukarvenleg, og overflødig informasjon og funksjonalitet er fjerna. Det er lagt til ein kortare og enklare kartleggingstest, men elles er innhaldet uendra.

E-læringskurset «Oi, på nynorsk!»

I juni 2017 lanserte Språkrådet eit nytt e-læringskurs i nynorsk for offentleg tilsette. Kurset har modular med ulike tema og innhald som Språkrådet veit er utfordrande. Modulane er bygde opp med ein introduksjonsfilm, deretter reglar og oppgåver og ei hugsliste til slutt. Det tek om lag 45 minutt å gå gjennom kurset.

Hovudmålgruppa for kurset er alle statstilsette som skriv tekstar som det skal rapporterast om etter mållova, spesielt nytilsette i staten, saksbehandlarar og kommunikasjonsfolk. Kurset er lagt opp slik at det kan vere relevant også for alle offentleg tilsette og andre som skal skrive nynorsk.

Hovudmålet med e-læringskurset er at brukarane skal kjenne seg tryggare på å bruke nynorsk i arbeidskvarden. Kurset gir derfor viktige råd og reglar og anna som gir meir innsikt i korleis ein kan jobbe godt med nynorsk i staten.

Språkrådet har utvikla kurset i samarbeid med leverandøren Mediafarm AS.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), som er statens fagmiljø for kompetanseutvikling i forvaltninga, er med og finansierer kurset som ein del av satsinga «På nett med læring».

Språkrådets klarspråkskurs

Klarspråkskursa til Språkrådet er mindre omfattande enn nynorskkursa (2–4 timer), og dei har eit anna innhald. Hovudvekta ligg på uttrykksmåte, ikkje formverk. Kursa er i stor grad skreddarsydde og byggjer på konkrete tekstar frå dei aktuelle statsorgana.

I tillegg til dei vanlege klarspråkskursa har Språkrådet saman med forskriftseininga i Justisdepartementet utarbeidd og halde spesialkurset «Språk og struktur i regelverk». Målgruppa er statstilsette som skriv lover og forskrifter.

Oppdraga i tabellen nedanfor omfattar også kortare innlegg som inngår i andre faglege samanhengar.

Tabell: Språkrådet – klarspråkskurs og -innlegg 2012–2016

2012	2013	2014	2015	2016	2017
16	18	11	9	12	3

Tala i tabellen speglar ikkje *etterspurnaden* etter klarspråkskurs, for han har auka jamt dei siste åra og er større enn tilbodet. Mange statsorgan ber om korte og grunnleggjande kurs. Behovet for slike kurs skal dekkjast av e-læringskurset «Den gylne pennen».

Kurs i regi av Difi

Tabell: Nynorskkurs i regi av Difi 2012–2014

2012		2013		2014	
Kurs	Deltakarar	Kurs	Deltakarar	Kurs	Deltakarar
2	34	2	29	1	17

Tabell: Klarspråkskurs i regi av Difi 2012–2016

	2012	2013	2014	2015
	Kurs	Deltakarar	Kurs	Deltakarar
Klarspråk	9	275	7	210
Klarspråk for leiarar	2	29	1	8
Samla tal	11	304	8	218
			4	103
			5	171

Difi slutta å tilby nynorskkurs 1.1.2015 og klarspråkskurs 1.1.2016. Private kurshaldarar melder om stor etterspurnad, særleg etter klarspråkskurs. Etter at marknaden har vore dominert av éi verksemد i mange år, ser det nå ut til at fleire verksemder vil tilby klarspråkskurs.

E-læringskurset «Den gylne pennen»

Behovet for klarspråkskurs er på ingen måte dekt gjennom kursa til Språkrådet og private aktørar. Sluttevalueringa av prosjektet «Klart språk i staten» viste at mange tilsette i statsforvaltninga framleis treng hjelp til å gjere språket klart og brukartilpassa. I mellomtida er det òg sett i gang eit stort klarspråksarbeid i kommunane (sjå eigen omtale), og behovet for grunnleggjande kursing er stort. For å gjere noko med dette avgjorde Difi og Språkrådet i 2015 at dei skulle lage eit e-læringskurs i klarspråk saman. Difi finansierte kurset og hadde prosjektleiinga, medan Språkrådet hadde det språkfaglege ansvaret. Kurset, som vart lansert 2. juni 2016, er meint å vere ei første innføring i klarspråk. 26. januar 2017 hadde 2559 tilsette i stat og kommune teke kurset. E-læringskurset er det mest populære av alle dei 5 e-læringskursa som Difi lanserte 2. juni 2016. Likevel er ikkje eit e-læringskurs nok. Erfaringa viser at mange tilsette i statsforvaltninga framleis treng tilpassa klarspråkskurs og anna språkfagleg hjelp til å betre språket i viktige tekstar.

Sluttevalueringa av prosjektet «Klart språk i staten» viste òg at det er stor vilje til klarspråksarbeid i staten, men at mellomleiarar slit med å få tid til språkarbeid i det daglege. For at

mellomleiarar skal få kunnskap om korleis dei kan drive klarspråksarbeid i praksis, inneheld e-læringskurset òg ein eigen del for mellomleiarar.

Påbyggingskurs i klarspråk

I 2016 lyste Språkrådet ut skreddarsydde, praktiske påbyggingskurs for grupper i statsorgan som har teke e-læringskurset i klarspråk. Med ein søknadsprosess vil ein sikre at dei som får eit slikt kurs, er engasjerte og kvalifiserte og vil følgje opp kurset. Interessa for kurset var stor, og av 17 søkjavar er det 7 statsorgan som får eit slikt kurs i 2017. Kurset er ressurskrevjande, men gir konkrete resultat i form av betre tekstar som blir tekne i bruk. Det er eit krav at kurset skal vere del av eit større klarspråksarbeid i det aktuelle statsorganet, og at klarspråksarbeidet har støtte hos leiinga.

9.11 Statstilskot til språkorganisasjonar og språktiltak

Språkrådet har frå og med 2017 fått ansvar for forvaltninga av statstilskot til språkorganisasjonar og andre språktiltak på kap. 326, post 73 på Kulturdepartementets budsjett. Det vil seie at Språkrådet handterer administrasjonen av tilskota og handsaminga av rapportar og søknader, medan Stortinget fastset fordelinga av midlane på posten.

Oversikt over kap. 326, post 73 i 2017

Tilskotsmottakar	Tilskot i 2017
Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)	300 000*
Noregs Mållag	4 268 000
Nynorsk pressekontor	5 903 000
Stiftinga Nynorsk Avissenter	2 774 000
Det Norske Akademi for Språk og Litteratur	112 000
Riksmålsforbundet	1 536 000
Kvensk institutt	5 619 000
Ruijan Kaiku	1 176 000
Årets nynorskkommune	100 000
Innsamling av stadnamn (tilskotsordning)	800 00

*LNK fekk eit samla statleg driftstilskot på 1,5 mill. kroner i 2017, men 1,2 mill. av dette kom frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter ein avtale i Stortinget i samband med kommunereforma.

9.12 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Oppfølging av mållova og arbeid med målbruk i statsorgana

Ein ny versjon av nettstaden til departementa, regjerings.no, vart lansert rett før årsskiftet 2014/2015. Nettstaden vart kritisert for å ha for lite nynorsk både i faste tekstar og i nyheitssaker. Språkrådet tok derfor initiativ til ein dialog med DSS (Service- og tryggingssorganisasjonen til departementa) om korleis målvekslinga kunne bli betre. Dette leidde til eit konstruktivt samarbeid med DSS, Kulturdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Statsministerens kontor. Samarbeidet ført til at nynorsk gradvis vart meir synleg på nettstaden. Språkrådet inviterte

nettredaktørane og kommunikasjonssjefane i alle departementa til eit møte om arbeidet med målveksling på nettstaden. Målet var å få innsikt i kva utfordringar departementa har i arbeidet med målveksling, slik at Språkrådet på best mogleg måte kan gi råd og rettleiing. Språkrådet følgjer no opp desse spørsmåla i tilsynsdialogen med departementa.

I tida som kjem, vil Språkrådet samarbeide med Nasjonalbiblioteket om ei modernisering og forenkling av rapporteringsmetodane våre for målbruk i offentleg teneste og vonar å få til ei fullgod digital løysing innan få år. Uansett metode må vi likevel alltid ta med i vurderingane våre at målbruk er meir enn berre tal. Statistikken vi fører, er berre ein peikepinn på bruken av og den faktiske jamstillinga mellom nynorsk og bokmål i staten. Statsorgan som har ein låg nynorskprosent, kan ha mykje nynorsk i sentrale tekstar, slik at det er meir verkeleg jamstilling enn tala tyder på. Like eins kan eit statsorgan med nokså jamn veksling ha mest nynorsk i mindre sentrale tekstar, slik at nynorsken i røynda er mindre jamstilt en han tilsynelatande er.

Dokumenterte verknader av klarspråksarbeidet, og vege vidare

Innbyggjarundersøkinga som Difi gjennomfører med jamne mellomrom, har spørsmål om korleis befolkninga opplever tekstar frå forvaltninga. Undersøkinga er delt i to deler, ein *brukardel* – «Hva mener brukerne?» og ein *innbyggjardel* – «Hva mener innbyggerne?». I brukardelen har eit utval brukarar av offentlege tenester svart på korleis dei opplever dialogen med og informasjonen frå eit utval verksemder, og kor lett eller vanskeleg det er å finne fram til informasjon om ei teneste eller informasjon om kva rettar dei har. Det blir stilt spørsmål om kor lett eller vanskeleg det er å forstå

- informasjon på nettsida til tenesta
- kva som blir sagt på telefonen / i møte med tilsette i verksemda
- brev/e-post frå tenesta
- korleis skjema frå verksemda skal fyllast ut
- informasjon om reglar knytte til tenesta
- informasjon om tenesta på nettstaden for tenesta


Rapporten for 2015 (Difi 2015) syner at brukarar av tenester på områda utdanning og kultur og helse synest det er lett å forstå informasjon om tenestene. I den andre enden av skalaen finn vi dei kommunale plan- og bygningskontora og Nav, som skårar lågast på alle desse spørsmåla. Difi skriv at det kan sjå ut til at dei største problema ligg i å utforme informasjon som gjer at brukarane forstår regelverket. Dette gjeld truleg spesielt på område som ligg under skatteetaten (62 poeng), plan- og bygningskontora (55 poeng) og Nav (53 poeng). Dette er truleg òg dei områda med mest kompleks lovregulering.

Samanlikna med innbyggjarundersøkingar frå tidlegare år går tenestene innanfor omsorg tilbake når det gjeld i kva mon dei spurde forstår brev og e-post. På områda barnehage og omsorgsbustad er det ein klar nedgang.

Samstundes går tenester på helseområdet klart fram, og folk synest det er lettare å finne informasjon om seg og sine på nett. Det same er òg registrert for Lånekassen, Statens vegvesen, Skatteetaten, universitet og vidaregåande skole.

Innbyggjardelen syner på si side ei utvikling i omdømmet til det offentlege over tid:

Hvor enig eller uenig er du i de følgende påstandene om det offentlige (både stat, kommune og fylkeskommune)?



«Hvor enig eller uenig er du i de følgende påstandene om det offentlige (både stat, kommune og fylkeskommune)?»
Prosentfordeling på ein skala fra «Helt uenig» til «Helt enig».

Difi skriv i analysen av tala at ein del av befolkninga «mener at det kan være vanskelig å finne rett myndighet eller person, og at det offentlige kan bli bedre på å gjøre seg forstått. Resultatene tyder på at klarspråkarbeidet ennå ikke har hatt ønsket effekt. Vi vet at aktiviteten i dette arbeidet har økt,

men tallene her tyder på at innsatsen må fortsette, og at klarspråkarbeidet må ses på som et kontinuerlig forbedringsarbeid.

For påstandene som tar opp hvordan innbyggerne oppfatter informasjon fra det offentlige, er resultatene i hovedsak de samme som i 2010 og 2013. Imidlertid har andelen som er uenig i at det offentliges vedtak i enkeltsaker er lette å forstå, gått ned fra 36 til 30 % siden 2010, medan andelen som svarer 'vet ikke' har økt tilsvarende.» (Difi 2015)

Verknadene av klarspråksarbeidet *internt i forvaltninga* er ikkje dokumentert systematisk. Dei viktigaste kjeldene er evalueringane av det sentrale prosjektet «Klart språk i staten». Dei syner at det er stor vilje til klarspråksarbeid i staten, men at mellomleiarar slit med å få tid til språkarbeid i det daglege. I 2016 dokumenterte Difi dei konkrete effektane av nokre prosjekt i rapporten *Klart språk gir resultater* (Difi 2016b).

Interessa for språkleg kvalitet i lover og forskrifter er aukande. Dei siste åra har Språkrådet fått fleire førespurnader om hjelp til å kvalitetssikre språket i lovtekstar, men talet på førespurnader speglar truleg ikkje det reelle behovet for språkleg kompetanse i lovarbeidet. Det grunn til å tru at lovutval, som ofte er under sterkt tidspress, ikkje alltid vil prioritere språkleg kvalitetssikring. Formuleringar om klart og forståeleg språk er tekne inn i mandatet til fleire lovutval, men det er usikkert i kva mon dette blir følgt opp i praksis.

Arbeid med lovtekstar er svært krevjande. Det er heilt avgjerande at det blir sett av nok ressursar. Språkleg kompetanse må trekkjast inn tidleg, før prosessen er komen så langt at det er for seint å gjere noko meir enn å rette reine feil. Det bør òg setjast av tid til brukartesting av lovtekstar på relevante målgrupper.

Arbeid med språket i lover og forskrifter er eit felt Språkrådet meiner bør ha høg prioritet også i framtida. Språkrådet meiner at det trengst ei fast, forpliktande ordning for kvalitetssikring av regelverk der både innhald, struktur og språk blir tekne omsyn til. Vi veit no at samarbeid på tvers av faggrupper (jf. òg avsnitt 9.9 i denne rapporten) kan gi gode resultat, og denne tværfaglege arbeidsmetoden kan vere eit steg på vegn mot ei slik sentral ordning. Føresetnaden for etablering av ei slik ordning er eit et stabilt fagmiljø som har nok ressursar til å dekke behovet, og ei stabil finansiering som kan sikre at arbeidet får verke over tid. Det fagmiljøet bør ligge i eller vere knytt til Språkrådet, for ei best mogleg utnytting av ressursane.

Etterspurnaden etter klarspråkskurs er jamm. E-læringskurset *Den gylne pennen* gir ei innføring i klarspråksprinsipp og teknikkar, men dette kurset åleine er ikkje tilstrekkeleg. Behovet for tradisjonelle tilpassa klarspråkskurs og hjelp til arbeid med konkrete tekstar er framleis stort.

I 2016 fekk Språkrådet særleg mange førespurnader frå instansar i Helse-Noreg som ønskjer å gjere skriftleg informasjon til pasientar og pårørande enklare. Dette er ein stor sektor, og så vidt vi veit, har han ikkje har vore særleg aktiv på klarspråksområdet tidlegare. Språkrådet har derfor sett i gang ei større satsing på helsespråket. Helsesektoren er stor og heterogen, og fagmiljøa har sterke tradisjonar, så vi er budde på at det kan ta tid å få etablert eit meir pasientvenleg språkideal.

I *Språkstatus 2012* peikte Språkrådet på at det trondst meir kunnskap om mellom anna kva haldningar statstilsette har til språkarbeid, kor godt leiarar i statsforvaltninga kjenner til språkkrava i dei statlege styringsdokumenta, og kva hjelpemiddel statstilsette bruker når dei skriv. For å få svar på desse spørsmåla fekk Språkrådet i 2012 gjennomført ei omfattande spørjeundersøking om språkarbeid i statsorgana (Ipsos MMI 2012).

Til saman 99 % av respondentane svarer at det er viktig for dei å gi informasjon som er nyttig for mottakaren, og alle svarer at det er viktig å syte for at mottakaren forstår bodskapen. 91 % svarer at det er viktig for dei å velje enkle ord og uttrykk og å følgje offisielle skriveregular. 98 % meiner det er viktig at statlege organ arbeider med å forbetre språket. Samstundes svarer 91 % av dei spurde at dei sjølve har god nok kompetanse i rettskriving og det å skrive klart og forståeleg. Berre 32 % svarer at dei har god nok kompetanse i begge målformene – bokmål og nynorsk.

Elles viser undersøkinga mellom anna dette:

- Åtte av ti kjenner i liten eller ingen grad til den statlege kommunikasjonspolitikken og andre styringsdokument som mellom anna stiller krav om at språket skal vere korrekt og klart, og som seier at statstilsette skal følgje målbruksreglane (dei tre krava som saman utgjer standarden for språkleg kvalitet).
- Fire av ti seier at arbeidsplassen deira har rutinar for språkleg kvalitetskontroll. Den vanlegaste rutinen som blir nemnd, er at kollegaer les tekstar for kvarandre.
- Sju av ti oppgir at dei bruker stavekontrollen som verktøy i skrivearbeidet. Berre fire av ti slår opp i ordbøker.
- To av tre svarer at statsorganet dei er tilsette i, har arbeidd med å forbetre språket i tekstane sine dei siste åra. Dei vanlegaste tiltaka har vore å revidere malar for til dømes brev og skjema og å arrangere eller delta på skrivekurs.
- Berre fire av ti vart spurde om språkkompetanse og skriveferdigheiter før dei vart tilsette.
- På spørsmål om kva tiltak som kan bidra til at verksemda prioriterer språkarbeid dei neste to åra, vel dei fleste å svare «øyremerkte midlar», «ei oppmoding eller eit pålegg frå sentralt hald» og «at ein tilsett hos oss har språkarbeid som fast oppgåve».

Hovudfunna i Ipsos-undersøkinga viser at dei hjelpemiddla og verktøya som finst, må gjerast betre kjende. Dei viser òg at ein språkleg standard som ligg implisitt i ulike styringsdokument, truleg ikkje har særleg stor innverknad på den språklege kvaliteten i statsforvaltninga. Skal ein slik standard etterlevast, må han vere allment kjend og stadsfesta i noko meir forpliktande. I *Mål og mening* gir Kulturdepartementet uttrykk for at det trengst ei klar lovforankring som kan legge grunnlaget for ei sterkare språkpolitisk bevisstgjering og ein meir offensiv språkpolitikk. Om dei språklege krava hadde vore nedfelt i ei eiga språklov, som i Sverige, ville det truleg ha vore lettare å gjere dei kjende.

Den svenske forvaltningslova § 7 slår fast at styresmaktene skal uttrykkje seg på ein lettfatteleg måte (Justitiedepartementet, Sveriges riksdag 1986). Språkrådet meiner det bør takast inn føringar for språket også i ei ny norsk forvaltningslov, som eit regjeringsoppnemnt utval no arbeider med (innstillingsfrist: 1. november 2018), og innstillinga om ny kommunelov (NOU 2016: 4 *Ny kommunelov*), som har vore på høyring. I ei høyringsfråsegn om innstillinga frå kommunelovutvalet har Språkrådet teke til orde for eit tillegg i § 4-1: «De [kommunene og fylkeskommunene] skal etterstrebe å bruke korrekt språk som er klart og forståelig for dem de henvender seg til.» (Språkrådet 2016b)

I tillegg til lovforankring er det praktisk arbeid med konkrete tekstar og gode interne rutinar for språkarbeid i statsorgana som skal til for å betre språket i statsforvaltninga. Dei hjelpemiddla og verktøya som finst, må bli betre kjende.

Kjelder

Dahle, M. og J. Ryssevik (2011a): *Evaluering av prosjektet «Klart språk i staten»*. Rapport fra underveisevaluering. Rapport 10/2011. Ideas2evidence.

<http://www.sprakradet.no/upload/Klarspr%C3%A5k/Dokumenter/Evalueringrapport%20Klart%20spr%C3%A5k%20i%20staten%20fra%20Iideas2evidence%20desember%202011.pdf> (august 2017).

Dahle, M. og J. Ryssevik (2011b): *Evaluering av klarspråksprosjekt*. Metodehefte. Ideas2evidence. <http://www.sprakradet.no/upload/Klarspr%C3%A5k/Dokumenter/Evaluering%20av%20klarspr%C3%A5kprosjekt%20-%20metodehefte.pdf> (august 2017).

Dahle, M. og J. Ryssevik (2013): *Klart vi kan! – en evaluering av effektene av prosjektet «Klart*

- språk i staten».* Rapport 11/2013. Ideas2evidence.
<http://www.sprakradet.no/upload/Klarspr%C3%A5k/Dokumenter/Klart%20vi%20kan%21%20Evaluering%20av%20effektene%20av%20prosjektet%20%C2%ABKlart%20spr%C3%A5k%20i%20staten%C2%BB%202013.pdf> (august 2017).
- Difi (2013): *Kan lovspråk temmes? En undersøkelse om klart språk i lover og forskrifter.* Difi-rapport 2013:1. <https://www.difi.no/rapport/2013/01/kan-lovsprak-temmes-en-undersokelse-om-klart-sprak-i-lover-og-forskrifter> (august 2017).
- Difi (2015): *Innbyggerundersøkelsen 2015. Hva mener innbyggerne?* Difi-rapport 2015:5. https://www.difi.no/sites/difino/files/difi-rapport_2015_5_innbyggerundersokelsen_2015_hva_mener_innbyggerne.pdf (august 2017).
- Difi (2016a): *Råd og tips om skriveverksteder.* <http://www.sprakradet.no/globalassets/klarsprak/dokumenter-og-presentasjoner/vare-egne-sjekklistero-og-rad/rad-og-tips-om-skriveverksteder.pdf> (august 2017).
- Difi (2016b): *Klart språk gir resultater. 10 eksempler fra stat og kommune.* <http://www.sprakradet.no/globalassets/klarsprak/dokumenter-og-presentasjoner/andres-artikler-oppg-kartl/klart-sprak-gir-resultater.pdf> (august 2017).
- FAD (2008) = Fornyings- og administrasjonsdepartementet (2008): *Plattform for leiing i staten.* https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fad/vedlegg/lonns--og-personalpolitikk/ledelsesplattformen_nn.pdf (august 2017).
- FAD (2009) = Fornyings- og administrasjonsdepartementet (2009): *Statens kommunikasjonspolitikk.* https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fad/vedlegg/informasjonspolitikk/statens_kom_p ol_nynorsk.pdf (august 2017).
- Grunnlovsspråkutvalget (2012): Dokument 19 (2011–2012) *Rapport til Stortingets presidentskap fra Grunnlovsspråkutvalget om utarbeidelse av språklig oppdaterte tekstversjoner av Grunnloven på bokmål og nynorsk.* <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/dokumentserien/2011-2012/dok19-201112.pdf> (august 2017).
- Ipsos MMI (2012): *Hvordan står det til med språkarbeidet i staten?* http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kdagen%202012/Spr%C3%A5karbeid%20i%20staten_Ipsos%20MMI.pdf (august 2017).
- Johannesen, B.-O. og K.R. Pran (2011): *Telefonundersøkelse – Lovspråk.* Synovate. <http://www.sprakradet.no/upload/Klarspr%C3%A5k/Dokumenter/Lovspr%C3%A5k-hovedrapport.pdf> (august 2017).
- Justitiedepartementet, Sveriges riksdag (1986) = *Förvaltningslag* (1986:223). Svensk förfatningssamling. http://www.riksdagen.se/sv/dokument-lagar/dokument/svensk-forfatningssamling/forvaltningslag-1986223_sfs-1986-223 (august 2017).
- KMD (2016) = Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2016): *Offentlig sektor fornyes, forenkles og forbedres.* https://www.regjeringen.no/contentassets/bf7aa31fab114ec7803d9d214199b26e/no/pdfs/offentlig_sektor_fornyes.pdf (august 2017).
- KUD (1980) = Kulturdepartementet (1980): *Lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). <http://www.lovdata.no/all/hl-19800411-005.html> (august 2017).
- Kulturdepartementet, Sveriges riksdag (2009) = *Språklag* (2009:600). Svensk förfatningssamling. http://www.riksdagen.se/sv/dokument-lagar/dokument/svensk-forfatningssamling/spraklag-2009600_sfs-2009-600 (august 2017).
- Lovdata PRO (2017): <https://lovdata.no/pro/#registry/chronological/NL/2017>.
- Meld. St. 27 (2015–2016). *Digital agenda for Norge. IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet.* Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-27-20152016/id2483795/sec1> (august 2017).

Mål og meinung sjå St.meld. nr. 35 (2007–2008).

Opinion AS (2015a): «*Klart lovspråk* – en kartlegging av hvordan forslag til ny forsvarslov virker i praksis. http://www.sprakradet.no/globalassets/klarsprak/juridisk-sprak/brukertesting_fd-rapport_forsvarsloven.pdf (august 2017).»

Opinion AS (2015b): «*Klart lovspråk* – en kartlegging av hvordan forslag til ny adopsjonslov virker i praksis. http://www.sprakradet.no/globalassets/klarsprak/juridisk-sprak/brukertesting_bld_rapport_adopsjonsloven.pdf (august 2017).»

Språkrådet (2012): *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet.*

<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf> (august 2017).

Språkrådet (2016a): *Nynorsk lov- og rettsspråk. Rapport frå eit seminar 30. oktober 2014.* Språkrådets skrifter. Nr. 5. <http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakradets-skrifter/nynorsk-lov--og-rettssprak-web.pdf> (august 2017).

Språkrådet (2016b): Høringssvar fra Språkrådet til NOU 2016:4 Ny kommunelov.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---nou-20164-ny-kommunelov/id2481627/?uid=e44018cc-c4f9-4489-aa03-e8ba10e3c56b> (august 2017).

St.meld. nr. 7 (2005–2006). *Målbruk i offentleg teneste.* Kultur- og kyrkjedepartementet.

https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-7-2005-2006-/id199792/sec1?q=m%C3%A5lbruk%20i%20offentleg#match_0 (august 2017).

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meinung. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.* Kultur- og kyrkjedepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (august 2017). Kortversjon: http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (august 2017).

10 Nynorsk

For første gong på meir enn ti år ser vi ein svak auke i det absolutte talet på nynorskelevar i grunnskolen. Samstundes held prosentdelen elevar med nynorsk som opplæringsmål fram med å økke, rett nok med lågare tempo enn tidlegare. Vi ser at allmennkringkastaren NRK oppfyller målkrava for fleire av kanalane og er svært nær ved å gjere det for andre. Lågast nynorskdel er det i radiokanalen NRK P2 og på NRK.no. Kommunar og fylkeskommunar er viktige språkaktørar, og Språkrådet vil følgje opp den pågåande kommunereforma og arbeide for at nynorsken framleis skal ha den posisjonen målforma har i dei tradisjonelle kjerneområda, og ikkje blir vald bort i samband med kommunesamanslåingar.

10.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og mening

Nynorskens status og bruk (kap. 9.1)

Grunnleggjande perspektiv (kap. 9.1.1)

Nynorsk er formelt likestilt, men reelt er nynorskbrukarar diskriminerte. Diskrimineringa er primært strukturell. Stilt overfor presset frå engelsk har likevel nynorsk og bokmål ein lagnadsfellesskap. Nynorsk språkstyrking er derfor norsk språkstyrking.

Nynorsk er både eit sjølvstendig skriftspråk og ein integrert del av norsk skriftkultur. Dette gjev norsk språk ein dobbel verdi. Staten må sikra det minst brukte språket meir likeverdige konkurransevilkår. Slik positiv særbehandling er også forankra i kulturmeldinga frå 2003.

Norsk allmenndanning føreset kompetanse i begge målformer. Sidemålsopplæringa i skulen og dei statlege målbruksreglane er grunnleggjande språkpolitiske verkemiddel. Indirekte er dei også med på å halda oppe talet på nynorske primærspråksbrukarar.

Nynorsk for minoritetsspråklege (kap. 9.1.2)

Også minoritetsspråklege elevar må få læra nynorsk. Minoritetsbakgrunn er ikkje diskvalifiserande i så måte. Men mange har vore fritekne for sidemålsopplæring. Desse må ikkje automatiske stengjast ute frå statlege stillingar. Statsorgan bør derfor ha kompetanseplanar som sikrar fullgod nynorskkompetanse utan nødvendigvis å stilla kompetansekrav til kvar einaste medarbeidar. Alle må likevel ha rett til å kvalifisera seg i nynorsk.

Oppslutninga om nynorsk (kap. 9.1.3)

Utan språkpolitiske stimuleringstiltak vil samfunnsutviklinga tendera til å redusera talet på nynorskbrukarar.

Frå 34 prosent i 1944 er nynorskprosenten i skulen redusert til 14 prosent i dag. Mange elevar med nynorsk opplæringsmål skiftar heilt eller delvis til bokmål seinare i livet. Privat skriv 8 prosent nynorsk, 5 prosent både nynorsk og bokmål.

Nynorsk står klart sterkest på Vestlandet, men i mindre grad i byar og bynære strøk. Jamvel om nynorsk som kvardagsspråk har vorte sterkare regionalisert dei siste tiåra, har den nynorske skriftkulturen samstundes vunne sterkare institusjonelt rotfeste på nasjonalt plan.

Nynorsken si stilling innanfor utvalde språkdomene (kap. 9.1.4)

I privat næringsliv utanfor det nynorske kjerneområdet kan nynorskbrukarar normalt ikkje nyttar nynorsk i arbeidet. Nynorskjournalistar får normalt ikkje nyttar nynorsk i dei riksdekkjande avisene.

Allmennkringkastingsrapportane frå Medietilsynet viser at NRK ikkje fullt ut oppfyller kravet om minst 25 prosent nynorsk i sendingane.

Nynorske korpuspørsmål (kap. 9.2)

Ordtarfansen i nynorsk (kap. 9.2.2)

Nynorsk har eit så rikt og variert uttrykksregister, med både moderne og tradisjonelt ordtafang, at det nok ikkje er språket, men formuleringsevna til språkbrukarane det kjem an på. Det er ordleggingsmåten meir enn ordtafangen som er avgjerande. Nynorsk ordlegging og seiemåte må derfor vera det grunnleggjande i all nynorskopplæring.

Politikk for nynorsk (kap. 9.3)

Det politiske grunnlaget (kap. 9.3.1)

Eit klart uttrykt politisk grunnlag for aktiv støtte til nynorsk språk og kultur finst i stortingsbehandlinga av kulturmeldinga frå 2003, Kulturløftet frå 2004 og Soria Moria-erklæringa frå 2005.

Tiltaksområde (kap. 9.3.2)

I den offentlege språkpolitikken må det byggjast inn eit prinsipp om at nynorsk i utgangspunktet høyrer med der norsk språk blir tematisert eller brukt. Det betyr at det for alle offentlege tiltak og all politikkutforming med eit språkleg aspekt skal vurderast eksplisitt korleis dette kan utformast slik at ein også tek omsyn til dei behov som nynorskbrukarane har.

Det må skapast eit meir positivt omdømme for nynorsk språk og kultur, og det må leggjast til rette for meir nynorsk i kultur- og medieverda generelt og på Internett spesielt.

Frå kortversjonen av Mål og mening (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

10.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Føremålsparagrafen (§ 1) i vedtekten til Språkrådet slår fast at Språkrådet har eit særleg ansvar for å fremje nynorskens stilling i det norske språksamfunnet: «Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og skal særleg arbeida med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid og å forvalta dei to offisielle norske språknormene. Språkstyrkingsarbeidet omfattar både norsk språk generelt og den nynorske målforma spesielt» (Språkrådet 2017). Språkrådet har eit særleg ansvar for å følgje opp bruken av nynorsk i statleg sektor. Rådet fører tilsyn med målbruken hos sentrale statsorgan på oppdrag frå Kulturdepartementet (jf. kapittel 9 i denne rapporten). Dessutan har Språkrådet som sentrale oppgåver å drive med informasjonsarbeid i statleg forvaltning og organisere nynorskopplæring for statsorgan.

Mål og mening legg opp til at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når spørsmål som gjeld norsk språk, blir tematiserte. Dersom ein meiner omsynet til nynorsk ikkje er relevant, skal ein oppgi ein grunn for vurderinga. Den offentlege norske språkpolitikken har styrking av nynorsk som eit overordna prinsipp. For Språkrådets del inneber dette at rådet har eit særleg ansvar for å peike på at andre offentlege institusjonar har eit ansvar for at nynorsk skal takast omsyn til, og at målforma skal ha ein naturleg plass i offentleg sektor. Det gjeld til dømes klarspråksarbeidet i staten, utforming av statleg kommunikasjonspolitikk, grunnskolen og vidaregående skole (læreplanar og læremiddel). Staten har eit særleg ansvar for å vere eit språkleg førebilete for andre, både for private verksemder, for enkeltpersonar og for kommunal og fylkeskommunal forvaltning. Dette gjeld ikkje minst i å vere eit føredøme når det gjeld å ha

nynorsk som bruksspråk på alle saksområde. I denne samanhengen må det understrekast at Språkrådet ikkje har myndigheit til å instruere andre institusjonar direkte, verken offentlege eller private, om når, kvar og korleis dei skal bruke nynorsk.

Privat sektor er ikkje underlagd offentlege krav til bruk av nynorsk. Andsynes privat sektor er Språkrådets oppgåve å synleggjere at nynorsk er eit bruksspråk i kvardagen for mange nordmenn, og at den nynorske målforma, trass i at ho blir brukt av eit mindretal i Noreg, er eit samfunnsberande språk, særleg i dei nynorske kjerneområda.

10.3 Nynorskens status og bruk

Den offentlege språkpolitikken i Noreg legg til grunn at nynorsk og bokmål skal vere to likeverdige målformer av det norske skriftspråket. Det er eit mål at nynorskbrukarar skal kunne bruke si eiga målform på alle område utan at dei opplever diskriminering, stigmatisering eller noko press til å gå over til bokmål.

Undersøking om bruken av bokmål og nynorsk hos statstilsette og språkbrukarar generelt

På oppdrag frå Kulturdepartementet utførte Språkrådet i 2015 ei undersøking om bruken av bokmål og nynorsk hos statstilsette og språkbrukarar generelt. Undersøkinga vart gjord i samarbeid med TNS Gallup (no Kantar TNS).

Tidlegare undersøkingar om same eller liknande emne tyder på at nynorskbrukarar som gruppe er meir opptekne av målbruksoppskrift enn andre. Dette kan gi ein svarmotivasjon som kan føre til at nynorskbrukarar blir overrepresenterte i slike undersøkingar som denne, utan at vi veit sikkert om dette er tilfelle i nett denne undersøkinga.

Undersøkinga (Språkrådet og TNS Gallup 2015) viser at fordelinga av nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar i statsforvaltninga er relativt lik fordelinga i folket generelt. Ni av ti statstilsette seier at dei nyttar bokmål privat. Resultata viser at statstilsette sjeldan blir bedt om å nyte den eine eller den andre målforma, og at leiatarar i staten i varierande grad er opptekne av at verksemda skal nyte begge målformene i tråd med mållova. Heile 41 % oppgir at leiaren deira sjeldan eller aldri er oppteken av dette.

Det årlege mållovstilsynet til Språkrådet viser at få statlege verksemder oppfyller krava i mållova. Mange nynorskbrukarar opplever at staten ikkje kommuniserer med dei på den målforma dei sjølv nyttar, trass i at privatpersonar har rett til å få svar frå statlege verksemder i si eiga målform. Tala frå denne undersøkinga tyder på at slike systematiske brot på mållova i stor grad heng saman med svikt på leiarnivå. Vi veit ikkje kva denne svikten kjem av – om det til dømes er manglande kjennskap til regelverket, eller om problemet er knytt til haldninga. Det er i alle tilfelle oppsiktsvekkjande om ein så stor del av leiatarane i staten ikkje kjenner til lovkrava, eller at det i denne gruppa i verste fall er leiatarar som ikkje er opptekne av at verksemda dei leier, skal oppfylle dei krava som lova stiller.

Undersøkinga syner ein interessant skilnad mellom bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar når det gjeld val av målform i arbeidet. Medan 98 % av statstilsette som nyttar bokmål privat, òg gjer det på jobb, nyttar ein stor del nynorskbrukarar ei anna målform i arbeidet enn privat, det vil seie at dei skriv nynorsk privat og nyttar bokmål som arbeidsspråk. 61 % av nynorskbrukarane vel å alltid nyte nynorsk i jobbsamanheng der dei kan velje målform sjølv, medan 15 % vel å bruke bokmål. 24 % seier at deira eige val av målform varierer. Det ser ut til å skje ei sosialisering inn i eit bokmålsfellesskap på jobb, sjølv for tilsette som nyttar nynorsk privat: Dess fleire år i ei stilling, dess meir sannsynleg er det at den tilsette vel å bruke bokmål i arbeidet.

Faktumet at ein del nynorskbrukarar nyttar bokmål som arbeidsspråk, tyder på at her er mykje ubrukt nynorskkompetanse i statsforvaltninga. Eit av argumenta som Språkrådet ofte høyrer frå statsorgan som ikkje oppfyller krava i mållova, er at manglande nynorskkompetanse gjer det vanskeleg å oppfylle lovkrava. Då er det viktig å merkje seg at det samstundes arbeider nynorskbrukarar i statsforvaltninga som ikkje bruker målforma si i jobben. To av tre respondentar

seier at dei sjeldan eller aldri blir oppmuntra til å bruke begge målformene i jobbsamanheng. Desse svara tyder på at leiarane med fordel kan oppmuntre tilsette som nyttar nynorsk privat, til å gjere det same i arbeidet.

87 % av folket nyttar mest bokmål privat, 8 % nyttar mest nynorsk, og 5 % nyttar begge målformene omtrent like mykje. Det er relativt stort samsvar mellom opplæringsmålform og val av målform i vaksen alder, men ein del nynorskelevar blir bokmålsbrukarar som vaksne. Bokmålelevar blir sjeldan nynorsksbrukarar i vaksen alder.

Undersøkinga viser at dei fleste nyttar si eiga målform i korrespondanse med både statlege verksemder, store serviceorgan og venner eller kjende som nyttar ei anna målform enn dei sjølv. Dei som vel å nytte ei anna målform enn si eiga i slike høve, er hovudsakleg nynorsksbrukarar som vel å bruke bokmål, men dette er ikkje vanleg. Det same gjeld ved flytting til ein kommune med ei anna målform. Dei fleste vel å halde på målet sitt når dei flyttar, men undersøkinga viser at somme nynorsksbrukarar vel å skifte til bokmål. 20 % av nynorsksbrukarane har opplevd å bli bedt om å endre målform av andre.

Undersøkinga viser at nynorsksbrukarar generelt har breiare språkkompetanse enn bokmålsbrukarane. Dei fleste nynorsksbrukarane rapporterer om god kompetanse i bokmål, men berre 21 % av bokmålsbrukarane seier dei har god kompetanse i nynorsk.

Undersøkinga slår fast det vi allereie meiner å vite om målbruken i Noreg. Vi ser av fritekstkommentarane i spørjeundersøkinga at målbruk engasjerer folk sterkt. Vi ser òg av talmaterialet at nynorsken er under press. Det er ikkje bokmålet. Samstundes peiker undersøkinga blant dei statstilsette på ein del problem som hindrar at mållova blir følgd, slik som manglande rutinar og leiing. Funna i undersøkinga har såleis relevans for det vidare språkpolitiske arbeidet som Språkrådet er med på å forvalte.

10.4 Oppslutninga om nynorsk som opplæringsmål

Nynorsk i grunnskolen

For første gong på meir enn ti år er det ein svak auke i det absolutte talet på nynorskelevar i grunnskolen. Samstundes held prosentdelen elevar med nynorsk som opplæringsmål fram med å sokke, rett nok med lågare tempo enn tidlegare. I skoleåret 2016–2017 har 12,2 % av elevane (76 549 elevar) i grunnskolen nynorsk som opplæringsmål, jamfört med 12,3 % av elevane (76 389 elevar) i 2015–2016. Tala er henta frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI), som er administrert av Utdanningsdirektoratet:

Tabell: Nynorsk som opplæringsmål i grunnskolen, nasjonale tal

Skoleår	Prosentdel nynorsk	Tal på nynorskelevar	Samla elevtal
2016–2017	12,2 %	76 549	629 288
2015–2016	12,3 %	76 389	623 755
2014–2015	12,4 %	76 679	618 962
2013–2014	12,5 %	76 977	615 260
2012–2013	12,6 %	77 411	614 791
2011–2012	12,8 %	78 794	614 295
2010–2011	13,0 %	79 841	615 752
2009–2010	13,2 %	81 214	615 719

2008–2009	13,4 %	82 392	616 062
2007–2008	13,6 %	84 237	617 303
2006–2007	13,8 %	85 721	620 057
2005–2006	14,0 %	86 886	620 010
2004–2005	14,2 %	88 020	618 838

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Tabell: Nynorsk som opplæringsmål i grunnskolen etter fylke

Fylke	Skoleår	Prosentdel nynorsk	Tal på nynorskelevar
Oppland	2016–2017	16,8 %	3692
	2013–2014	18 %	3903
	2010–2011	19 %	4315
	2007–2008	20,1 %	4661
	2004–2005	21 %	4991
Buskerud	2016–2017	2,2 %	757
	2013–2014	2,8 %	909
	2010–2011	2,8 %	926
	2007–2008	3,3 %	1072
	2004–2005	3,9 %	1246
Telemark	2016–2017	9,3 %	1861
	2013–2014	9,8 %	1959
	2010–2011	11 %	2284
	2007–2008	14 %	2990
	2004–2005	15,2 %	3328
Aust-Agder	2016–2017	4,9 %	728
	2013–2014	5,3 %	759
	2010–2011	5,6 %	810
	2007–2008	7,2 %	1048
	2004–2005	6,8 %	985
Vest-Agder	2016–2017	3 %	710
	2013–2014	3,2 %	738
	2010–2011	3,3 %	761
	2007–2008	3,4 %	804
	2004–2005	3,7 %	883
Rogaland	2016–2017	23 %	14 321

	2013–2014	23,7 %	14 199
	2010–2011	24,5 %	14 453
	2007–2008	25,7 %	15 165
	2004–2005	26,9 %	15 752
Hordaland	2016–2017	38,4 %	24 262
	2013–2014	38,5 %	23 873
	2010–2011	39,7 %	24 658
	2007–2008	41,2 %	25 677
	2004–2005	42,4 %	26 663
Sogn og Fjordane	2016–2017	97,8 %	13 740
	2013–2014	97,4 %	13 736
	2010–2011	97,3 %	14 092
	2007–2008	96,8 %	14 603
	2004–2005	96,6 %	15 054
Møre og Romsdal	2016–2017	50,2 %	16 459
	2013–2014	51,4 %	16 825
	2010–2011	52,5 %	17 447
	2007–2008	53,8 %	18 045
	2004–2005	55 %	18 887

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Nynorskdelen har gått ned i alle fylke bortsett frå Sogn og Fjordane. Mest dramatisk er nedgangen i Telemark og Oppland. Studerer ein tala på kommunenivå, ser ein ein klar tendens til at nynorskken taper terreng i kommunar som har både nynorsk- og bokmålskrinsar i skolen. Eit slikt område med til dels sterk nedgang for nynorskken, er Romsdal i Møre og Romsdal.

Tre fylke (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane) har ein oppgang i det absolutte talet på nynorskelevar. Ein ser også somme stader tendensar til at den kraftige *relative* nedgangen er stogga, til dømes i Hordaland. I Sogn og Fjordane har ein dei siste åra sett ein liten auke i prosentdelen nynorskelevar. I trøndelagsfylka fanst det somme nynorskkrinsar inntil for nokre få år sidan, men i 2017 er det ingen krinsar med nynorsk som opplæringsmål i Trøndelag.

Hovudmål på skriftleg avgangseksamen i norsk på studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande skole

Medan statistikken for opplæringsmål i grunnskolen er offentleggjord av Utdanningsdirektoratet heilt ned til enkeltskolenivå i Grunnskolens informasjonssystem (GSI), finst det ingen tilsvarande offentleg tilgjengeleg statistikk for fordeling av hovudmål og sidemål i vidaregåande skole på nettstaden til Utdanningsdirektoratet.

Direktoratet har likevel tal på kva for målform elevar i vidaregåande opplæring merkar av for ved påmelding til obligatorisk studieførebuande eksamen i norsk hovudmål. Dette gjeld for elevar og privatistar på Vg3 studieførebuande program og elevar og privatistar på Vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

Tabell: Hovudmål i norsk skriftleg til eksamen på Vg3 studieførebuande utdanningsprogram og påbygging

År	Samla elevtal	Nynorskelever	Nynorskdel
2016	49 643	3026	6,1 %
2015	49 896	3209	6,4 %
2014	49 466	3068	6,2 %
2013	49 516	3181	6,4 %

Kjelde: Udir (2017)

Tabell: Nynorskdel på skriftleg eksamen Vg3 i fylke med nynorskkrinsar i grunnskolen

	2009	2013	2014	2015	2016
Oppland	6,5 %	4,4 %	5,6 %	4,8 %	5,5 %
Buskerud	0,7 %	0,5 %	0,4 %	0,4 %	0,8 %
Telemark	5,2 %	5,1 %	4 %	4,1 %	4,2 %
Aust-Agder	3,2 %	1,4 %	1,9 %	1,2 %	1,2 %
Vest-Agder	1,3 %	0,6 %	0,9 %	0,3 %	0,5 %
Rogaland	7,6 %	6,5 %	5,9 %	6,4 %	6,4 %
Hordaland	23,4 %	19,4 %	19 %	21,1 %	19,3 %
Sogn og Fjordane	84 %	85 %	85,8 %	87,3 %	87,5 %
Møre og Romsdal	29,6 %	27,8 %	28,4 %	27,6 %	26,9 %

Kjelde: Udir (2017)

Vi ser at målbytet frå nynorsk til bokmål i løpet av skoleløpet er stort. Samanliknar vi 2016-tala med 2009-tala, ser vi ein tydeleg nedgang i alle fylka bortsett frå Sogn og Fjordane. Nedgangen er tydelegast i fylka med flest nynorskelever. I Buskerud, Aust-Agder og Vest-Agder er det berre svært få elevar som vel nynorsk som hovudmål på Vg3. Vidare kan ein merke seg at det nominelle talet på nynorskelever har lege på rundt 3000 sidan 2009 (jf. Språkrådet 2012:97), medan talet på elevar som har teke eksamen i norsk på Vg3 kvart år i same perioda har auka frå ca. 40 000 til ca. 50 000, slik at det likevel har vore ein nedgang i prosentdelen nynorsk.

Folkerøystingar om opplæringsmål i grunnskolen

Skolemålsstatistikken og resultata frå folkerøystingane om opplæringsmål stadfester inntrykket av at presset mot nynorsken er stort. Etter opplæringslova § 2-5 skal kommunar halde rådgivande folkerøysting om opplæringsmålet i ein skolekrins dersom eit fleirtal i kommunestyret eller minst 25 % av dei røysteføre i skolekrinsen krev det (Opplæringslova 1998). Røysteføre i slike folkerøystingar er alle som er busette i skolekrinsen, og som har røysterett i lokalval, og dessutan føresette som bur utanfor krinsen, når barna deira er elevar på barnetrinnet på den aktuelle skolen. Det er kommunen som gjer endeleg vedtak om opplæringsmål i krinsen etter rådgivande folkerøysting.

Slike folkerøystingar blir mest utan unntak haldne i skolekrinsar der nynorsk er opplæringsmål frå før. Det har i mange tiår vore eit jamt sig av skolekrinsar som har gått over frå

nynorsk til bokmål som opplæringsmål, ofte som resultat av press frå foreldre eller av skolenedleggingar og samanslåingar av skolekrinsar. Alle røystingane dei siste åra er haldne i område som må karakteriserast som randsonar for nynorsken, det vil seie område der nynorsk ikkje er det dominante skriftspråket lokalt, til dømes i næringsliv, presse og lokal forvaltning, og som ofte ligg nær ein eller ein region der bokmål dominerer.

Tabell: Folkerøystingar om opplæringsmål 2012–2017

Krins	Kommune	Dato	Røysteføre	Nynorsk	Bokmål	Vedtak
Sola	Sola, Rogaland	14.05.12	842	44	17	Bokmål
Otta	Sel, Oppland	12.03.12	3023	76	103	Bokmål
Fire skolekrinsar	Sauherad, Telemark	05. og 06.05.13		197	302	Bokmål
Fagernes	Nord- Aurdal, Oppland	23.05.12	5050	196	348	Bokmål
Sel	Sel, Oppland	09.09.13		114	84	Nynorsk
Heidal	Sel, Oppland	09.09.13		275	138	Nynorsk
Holet	Hol, Buskerud	28.04.14	580	124	58	Nynorsk
Kvinlog	Kvinesdal, Vest-Agder	12.12.14	442	166	79	Nynorsk
Jåren-Råbygda	Skaun, Sør- Trøndelag	24.11.14	350	62	89	Bokmål
Hovet/Holet	Hol, Buskerud	14.04.15	1002	121	298	Bokmål
Malmheim	Sandnes, Rogaland	22.09.15	796	59	136	Bokmål
Grinde	Tysvær, Rogaland	16.06.16	1613	247	119	Nynorsk
Tysværvåg	Tysvær, Rogaland	16.06.16	1302	160	45	Nynorsk
Førland*	Tysvær, Rogaland	16.06.16	579	65	29	
Engjom/Fjerdum	Gausdal, Oppland	07.11.16	1320	78	295	Bokmål
Tonstad	Sirdal, Vest- Agder	13.02.17	1068	333	156	Nynorsk
Høle	Sandnes, Rogaland	20.02.17	781	153	132	Nynorsk

* Førland skole var med på røystinga ved Tysværvåg skole av di elevane frå Førland held fram på ungdomssteget ved Tysværvåg skole.

Kjelde: Noregs Mållag (2017a), e-post frå Sandnes kommune 25.7.2017

10.5 Nynorsk for minoritetsspråklege

Opplæringsmål for vaksne innvandrarar

Per april 2017 gir 42 nynorskkommunar norskopplæring på nynorsk til vaksne innvandrarar (Noregs Mållag 2017b). I tillegg har fem kommunar gjort vedtak om å gå over frå bokmål til nynorsk. Fire kommunar gir opplæring både på nynorsk og bokmål.

58 nynorskkommunar gir bokmålsopplæring til vaksne innvandrarar. Ein kommune som har gitt opplæring på nynorsk, har gjort vedtak om å gå over til bokmål.

Nynorske læreverk for minoritetsspråklege i grunnskolen og i vaksenopplæringa

Per 2017 er desse læremidla tilgjengelege (Nynorsksenteret 2016).

Grunnskolen:

1.–10. klasse:

- Halvorsen, Åse og Astrid Madsen: *Klar, ferdig, norsk!* (biletordbok, arbeidsbok, arbeidshefte og nettressurs).

1.–4. klasse:

- Alant, Lise og Margareth Sandvik: *Kvalpen og eg – arbeidsbok*. Grom design 2005.
- Arntzen, Ragnar og Anette Hagerup: *Norsk start 1–4 Nivå 1, 2 og 3* (tekstbok, arbeidsbok, nettstad). Cappelen Damm 2010.
- Hauge, An-Magrit: *På eventyr* (tekstbok, arbeidshefte). Cappelen Damm 2000.
- Hauge, An-Magrit og Inger Marie Smidt: *Bruk orda* (tekstbok, arbeidshefte). Cappelen Damm 2000.
- *Venar i Sollia* (tekstbok og arbeidshefte). Åsheim ungdomsskole, Trondheim.

5.–7. klasse:

- Alver, Vigdis, Harald Berggreen og Kari Tenfjord: *Ta ordet 1–3* (tekstbøker, arbeidsbøker). Cappelen Damm 2000.
- Gjelseth, Linda og Sigrid Lofthus: *Norsk start 5–7 Nivå 1, 2 og 3* (tekstbok, arbeidsbok, nettstad). Cappelen Damm 2010.

8.–10. klasse:

- Berg, Vie og Toril Sjo: *Norsk start 8–10 Tekstbok Nivå 1, 2 og 3* (tekstbok, arbeidsbok, nettstad). Cappelen Damm 2010.
- Grave, Dordi, Annie Jakobsen og Marie Aalen: *NorskPluss ungdom* (nettbasert læreverk i grunnleggjande norsk for språklege minoritarar, tekstbok, arbeidsbok, testar). Cyberbook 2008.
- Winterbottom, Bodhil: *Mangfold og samspel i naturen, del 1*. Åsheim ungdomsskole, Trondheim 2006.
- Aas, Kjell Erik: *Is og vatn formar landet*. Åsheim ungdomsskole, Trondheim 2006.
- Aas, Kjell Erik: *Verdsrommet*. Åsheim ungdomsskole, Trondheim 2006.
- Aas, Kjell Erik: *Yrke og utdanning*. Åsheim ungdomsskole, Trondheim 2006.
- Aas, Kjell Erik: *Noreg; befolkning, landskap og klima*. Åsheim ungdomsskole, Trondheim 2007.

Vaksenopplæringa:

For opplæring på spor 1:

- Engh, Lisen: *Første ord på norsk, A: Bilete og lyd*. Minor Forlag.
- Hanssen, Ellen og Lise Gummesen: *Godt sagt 1* (biletordbok med CD, spor 1). Fagbokforlaget 2007.
- Hanssen, Ellen: *Godt sagt 1, Les og skriv, Lytteboka nynorsk lyd-CD*, (lytteøvingar CD, spor 1). Fagbokforlaget 2010.
- Hanssen, Ellen: *Godt sagt 1, Lesehefte* (det er laga ti lesehefte til biletordboka, spor 1). Fagbokforlaget 2007.

For opplæring på spor 2 eller 3:

- Cyberbook: *Norskpluss* (eit læreverk med tekstbok, arbeidsbok og nettressurs til nivå A1–B1, hovudsakleg for spor 2).
- Cyberbook: *Norskpluss Akademi* (eit nettbasert læremiddel i norsk for vaksne innvandrarar med høgare utdanning).
- Grimstad, Birgitte F. og Hilde Osdal: *Nynorsk grammatikk for minoritetsspråklege* (grammatikkøvingar med fasit, spor 2 og 3). Volda 2007.
- Kunnskap.no: *NorskPluss B2* (eit nettbasert læremiddel for vaksne som vil ta norskprøve B1–B2 eller Bergenstesten).
- Mac Donald, Kirsti: *Arbeidsgrammatikk. Norsk som framandspråk*. (spor 1 og 2). Cappelen Damm 2007.
- Mac Donald, Kirsti: *Praktisk norsk. Øvingsbok i norsk for vaksne innvandrarar* (spor 2). Cappelen Damm 2007.
- Nilsen, Gölin Kaurin: *Klart det!* (spor 2 og 3, nivå B2). Fagbokforlaget 2015.
- Nilsen, Gölin Kaurin og Jorunn Fjeld: *NORSK NO!* (eit begynnarverk med tekstbok, lydbok og arbeidsbok i norsk som andrespråk, spor 2). Fagbokforlaget 2011.

Nynorske læreverk i arbeidslivskunnskap, samfunnsfag, naturfag og matematikk


- Dolven, Ingebjørg og Janne Rønningen: *Intro. Samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar* (lærebok nettstaden <http://intro.cappelendamm.no/>). Cappelen Damm 2005.
- Dolven, Ingebjørg, Janne Rønningen og Jorunn Mo: *Jobb i sikte*. (bok, arbeidshefte, cd). Cappelen Damm 2006.
- *Grip 1 og 2 – Matematikk*. Fagbokforlaget.
- *Grip 1 og 2 – Samfunnsfag og naturfag*. Fagbokforlaget.
- Lundsten, Meltem Safak og Sevgi Özalp: *Høgtider, heilagdagar og tradisjonar i Noreg*. Kolofon forlag.
- Vox: *Samfunnskunnskap.no* (på desse sidene finn du pensum til faget 50 timer samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Det er tilgjengeleg på 13 språk). Vox 2012.
- Vox, Oslo kemnerkontor og Oslo Voksenopplæring Servicesenter: *Skatt og arbeidsliv*, (PowerPoint-presentasjon til arbeidsretta norskopplæring). Oslo, Vox 2010.
- Øzerk, Kamil: *Fylka i Noreg*. Kolofon forlag 2005.
- Aakervik, Gunnhild: *Norskpluss Arbeid – Heimeteneste og sjukeheim*. Cyberbook 2012.

Anna materiell

- *Klart & kort* (lettlesen avis på nynorsk).
- Utdanningsdirektoratet 2007: *Kartleggingsmateriell – Språkkompetanse i grunnleggjande norsk*.
- Utdanningsdirektoratet 2010: *Lexin: Bildetema* (biletordbøker).
- Utdanningsdirektoratet/AKSIS 2006: *Lexin* (ordbøker for innvandrarar).
- Tekstlaboratoriet: Grammatikkspel for elevar på internett: *Grei*.

10.6 Nynorsk i NRK

NRKs vedtekter (NRK 2009:§ 14 d) slår fast: «NRKs tilbud skal i hovedsak bestå av norskspråklig innhold. Begge de offisielle målformene skal benyttes. Minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk.» Dette må forståast slik at det gjeld redaksjonelt innhold både i etermedia (fjernsyn og radio) og redaksjonell tekst på nettsider. Nynorskdelen i NRKs kanalar har vore slik i perioden 2014–2016 (NRK 2016):



I desse tala blir normert tale rekna til den respektive målforma. Mengda talt dialekt blir delt i to; halvparten blir rekna til bokmål, andre helvta til nynorsk. For NRK.no gjeld tala berre normert nynorsk.

Vi ser at allmennkringkastaren oppfyller krava for fleire av kanalane og er svært nær ved å gjere det for andre. Lågast nynorskdel er det i radiokanalen NRK P2 og på NRK.no.

10.7 Nynorsk i kommunal og fylkeskommunal forvaltning

Kulturdepartementet har i brev dagsett 3. juni 2016 delegert ansvaret for oppfølging av § 8 første og andre ledd i forskrift om målbruk i offentleg teneste (KUD 1980) til Språkrådet. Dei aktuelle føresegne i forskrifta lyder som følgjer:

Vedtak i kommunestyre eller fylkesting etter § 5, første leddet, i lov om målbruk i offentleg teneste skal meldast til Kultur- og vitskapsdepartementet. Ajourførte lister over slike målvedtak blir tekne inn i Norsk Lovtidend og Norsk lysingsblad to gonger for året. Nye målvedtak får ikkje retsslege verknader for statsorgan før dei er kunngjorde på denne måten.

Målvedtaka har til no vore kunngjorde ved at KUD har fastsett ei slik liste i forskriftsform som *forskrift 1. april 2007 nr. 378 om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar* (KUD 2007). Denne forskrifta er elektronisk tilgjengeleg hos Lovdata. Delegeringa av oppgåvene inneber at Språkrådet får fullmakt til å endre og oppheve den gjeldande forskrifta og til å fastsetje ny forskrift, om ein finn det tenleg. Språkrådet har ansvar for at slike endringar blir melde til Lovdata og kunngjorde i Norsk Lovtidend. Språkrådet har òg ansvar for å hente inn opplysningar om målvedtak i samband med endringane i kommune- og fylkesstrukturen som kjem dei komande åra. I samband med samanslåinga av Sandefjord, Andebu og Stokke til den nye Sandefjord kommune frå 1. januar 2017 har Språkrådet fastsett ei endringsforskrift, *forskrift 19. juni 2017 nr. 1045 om endring i forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar*.

Kommunereforma er ei omgripande endring av kommunestrukturen i Noreg er sett i gang av Solberg-regjeringa. Regjeringa la 5. april 2017 fram eit forslag om ny kommunestuktur (Prop. 96 S (2016–2017) *Endringer i kommunestrukturen*), og 8. juni 2017 vedtok Stortinget ei rekke kommunesamanslåingar, slik at det frå 1. januar 2020 vil vere til samen 354 kommunar i Noreg. Stortinget har opna for samanslåing med tvang i somme tilfelle. 5. april 2017 la regjeringa òg fram eit framlegg om ny fylkesstruktur (Prop. 84 S (2016–2017) *Ny inndeling av regionalt folkevalgt nivå*). Då hadde Sogn og Fjordane og Hordaland inngått ein intensjonsavtale om samanslåing av dei to fylka til ein større vestlandsregion. Det er viktig for Språkrådet at fylka tek omsyn til den nynorske skrifttradisjonen i området ved val av administrasjonsspråk, og intensjonsavtalen inneheld i dag ein klar distriktsprofil og legg opp til å bevare den posisjonen nynorsk har i regionen. 8. juni 2017 vedtok Stortinget følgjande endringar i fylkesinndelinga: samanslåing av Troms og Finnmark, samanslåing av Vest-Agder og Aust-Agder, samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane, samanslåing av Akershus, Østfold og Buskerud, samanslåing av Hedmark og Oppland, alle frå 1. januar 2020. Frå før var det vedteke at Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag skal slåast saman frå 1. januar 2018.

Kommunal forvaltning er ved sida av statleg forvaltning eit av dei viktigaste domena for nynorsk som bruks- og arbeidsspråk i dag. Per 1. september 2017 har 113 av 426 kommunar kravd nynorsk i skriv frå staten, og 3 av 19 fylkeskommunar (KUD 2007). Dei aller fleste av desse kommunane har òg nynorsk som forvaltningsspråk og som det dominerande opplæringsmålet i grunnskolen.

Det dåverande Kommunal- og regionaldepartementet etablerte i 2009 prisen Årets nynorskkommune. Språkrådet kårar kvart år ein vinnar av denne prisen i samarbeid med Kulturdepartementet. Føremålet med prisen er å stimulere til god nynorskbruk i kommunane. Prisen går til ein kommune eller fylkeskommune som har nynorsk som målform, og som har gjort særskild innsats på eitt eller fleire område i kommunens arbeid. Tidlegare vinnarar er Stord (2009), Seljord (2010), Fjell (2011), Sogn og Fjordane fylkeskommune (2012), Ørsta (2013), Radøy (2014) og Førde (2015). I 2016 vann Time kommune prisen.

10.8 Målbyte frå nynorsk til bokmål

«Stolt av eige språk» – språkstyrkingsprosjekt i Fjell kommune

Saman med forskarar ved Universitetet i Bergen vil Fjell kommune i Hordaland finne ut kvifor elevar i skolen vel bort nynorsk (Framtida.no 2015). I skoleåret 1992–93 hadde 78 % av elevane i grunnskolen i Fjell nynorsk som opplæringsmål. I skoleåret 2016–17 er det berre 34 % av elevane som har nynorsk som opplæringsmål.

Prosjektet «Stolt av eige språk» fekk i 2015 ei løyving på 255 000 kroner frå Kulturdepartementet. Prosjektet har som målsetjing å undersøkje kvifor elevar byter hovudmål frå nynorsk til bokmål i overgangen frå barneskole til ungdomsskole, i tillegg til å utvikle og fremje nynorsken på nye måtar i opplæringa i skolen i Fjell. Blant tiltaka i prosjektet er å samle nynorskelevane i eigne klasser i norskfaget og å introdusere nynorsken i andre fag enn norsk. Universitetet i Bergen gjennomfører intervju og spørjegranskning av elevane, i tillegg til å granske verknaden av tiltaka som lærarane set i gang.

Odda-modellen

Fram til skoleåret 2015–16 har elevar i Odda som har hatt nynorsk som opplæringsmål i barneskolen, fått halde fram i eigne nynorskklassar på ungdomsskolen. Klassane ved Odda ungdomsskole er altså delte etter målforma til elevane. I Odda er det svært få av dei elevane som startar med nynorsk i barneskolen, som byter målform undervegs i skolelopet. Det er faktisk ein større del av elevane i Odda (61,3 %) som har nynorsk som opplæringsmål i 2016–17, enn det tilsvarande talet i 1992–93 (44,8 %). Det er grunn til å tru at språkdelinga er noko av grunnen til dette. Samstundes er det viktig å peike på at den demografiske utviklinga er heilt annleis i kommunane rundt Bergen, slik som Fjell, der folketalet har auka kraftig dei siste førti åra, enn i Odda, der folketalet har vore i jamn nedgang i same periode. Frå og med hausten 2016 har Odda kommune redusert tilbodet om språkklyvde klassar på grunn av trøng kommuneøkonomi.

Framlegg om å lovfeste Odda-modellen

I juni 2016 kom fem stortingsrepresentantar frå Vestlandet med framlegg om å lovfeste nynorskelevars rett til opplæring på hovudmålet gjennom heile grunnskolelopet (Utdanningsnytt.no 2016). Per i dag er det slik i barneskolen at foreldra til minst ti elevar må krevje nynorsk for at det skal bli oppretta ei eiga nynorskkasse på ein skole der bokmål er hovudmål for skolen. Denne regelen gjeld ikkje for klassetrinna 8–10 (jf. òg avsnitt 12.3 i denne rapporten). I november 2016 vedtok Stortinget samrøystes å sende framlegget til Kunnskapsdepartemenet for utgreiing.

10.9 Rammevilkår for nynorskinstitusjonar

Det er eit politisk mål at det offentlege skal støtte nynorsk språk- og kulturarbeid. Her er oppdaterte tal for nokre viktige nynorskinstitusjonar som får løyvingar på statsbudsjettet:

Tabell: Løyvingar til utvalde nynorskinstitusjonar i 2017, samanlikna med 2012 (summar i 1000 kroner, avrunda)

	2012	2017
Noregs Mållag	3728	4268
Det Norske Samlaget	14 360	15 490
Stiftinga Nynorsk Avissenter*		2 774

Det Norske Teatret	149 076	171 800
Nynorsk kultursentrum	14 468	18 430
Nynorsk pressekontor	4 778	5 903
Landssamanslutninga av nynorskkommunar	1 017	1 500
Dag og Tid (frå Medietilsynet)	4 939	5 000

* Etablert i 2013

Kjelder: Prop. 1 S (2011–2012), Prop. 1 S (2016–2017), Innst. 14 S (2016–2017)

10.10 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Det er eit uttalt mål for norsk språkpolitikk at nynorsk skal vere både formelt og reelt jamstilt med bokmål. Det skal vere fullt mogleg for alle som ønskjer det, å ha nynorsk som bruksspråk på dei fleste samfunnsmiljø. Dersom nynorsk skal vere reelt jamstilt med bokmål, må nynorsk også rekna med opplevast som ein naturleg og sjølvsagd del av kvardagen for bokmålsbrukarar flest. Då Språkrådet undersøkte målbruken blant statstilsette i 2015, kom det fram klare tal på at det er mykje ubrukt nynorskkompetanse i statsforvaltninga (Språkrådet og TNS Gallup 2015). Vi ser at leiarar med fordel kan oppmuntre tilsette som nyttar nynorsk privat, til å gjere det same i arbeidet. Talmaterialet frå undersøkinga syner at nynorsken er under press. Det er ikkje bokmålet. Funna i undersøkinga har såleis relevans for det vidare språkpolitiske arbeidet som Språkrådet er med på å forvalte.

For første gong på meir enn ti år er det ein svak auke i det absolute talet på nynorskelevar i grunnskolen. Samstundes held prosentdelen elevar med nynorsk som opplæringsmål fram med å søkke, rett nok med lågare tempo enn tidlegare. Mange elevar byter framleis målform i løpet av skolegangen, og tendensen held fram ved overgangen til høgare utdanning og arbeidslivet. Det er behov for meir systematisk kunnskap om når og korleis overgangen skjer. Slik kunnskap kan brukast i det vidare nynorske språkstyrkingsarbeidet.

På oppdrag frå Kulturdepartementet vil Språkrådet i tida som kjem, følgje opp § 8 første og andre ledd i forskrift om målbruk i offentleg teneste (KUD 1980) og sjå til at kommunar som slår seg saman, syter for å gjere målvedtak og melde desse til Språkrådet. Det er viktig både for kommunal og fylkeskommunal forvaltning så vel som for skolen at nynorsken får behalde posisjonen sin i dei tradisjonelle kjerneområda for målformen, også ved kommunesamanslåing.

Kjelder

Framtida.no (2015): Skal forska på kvifor unge dumpar nynorsken.

<http://www.framtida.no/articles/skal-forska-pa-kvifor-unge-dumpar-nynorsken#.WSLCwWeweUk> (mai 2017).

GSI = Utdanningsdirektoratet: Grunnskolens informasjonssystem. <https://gsi.udir.no> (august 2017).

Innst. 14 S (2016–2017) = *Innstilling til Stortinget fra familie- og kulturkomiteen om bevilgninger på statsbudsjettet for 2017, kapitler under Barne- og likestillingsdepartementet, Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet (rammeområdene 2 og 3).*

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/innstillinger/stortinget/2016-2017/inns-201617-014s.pdf> (august 2017).

KUD (1980) = Kyrkje- og undervisningsdepartementet: *Forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste.* <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1980-12-05-4938> (august 2017).

KUD (2007) = Kulturdepartementet: *Forskrift 1. april 2007 nr. 378 om målvedtak i kommunar og*

fylkeskommunar. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-04-01-378> (august 2017).
Mål og meinung sjå St.meld. nr 35 (2007–2008).

Noregs Mållag (2017a): E-post frå Noregs Mållag v/Ingar Arnøy 6.4.2017.

Noregs Mållag (2017b): E-post frå Noregs Mållag v/Hege Lothe 25.4.2017.

NRK (2009): *Vedtekter for NRK AS.* <http://www.nrk.no/informasjon/fakta/1.5392438> (august 2017).

NRK (2016): *NRKs årsrapport 2016.* <https://www.nrk.no/aarsrapport/2016/> (august 2017).

Nynorskcenteret (2016): Nynorske læreverk for minoritetsspråklege.

<https://www.nynorskcenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetsspr%C3%A5klege/minoritetsspraklege> (august 2017).

Opplæringslova (1998) = Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> (august 2017).

Prop. 1 S (2011–2012) = *Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak) for budsjettåret 2012 – statsbudsjettet.*

http://www.statsbudsjettet.no/Upload/Statsbudsjett_2012/dokumenter/pdf/gulbok.pdf (august 2017).

Prop. 84 S (2016–2017) *Ny inndeling av regionalt folkevalgt nivå.* Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/825a10ac5ee84817a220a4d07f9ddaa4/nn-no/pdfs/prp201620170084000dddpdfs.pdf> (august 2017).

Prop. 96 S (2016–2017) *Endringer i kommunestrukturen.* Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/6381fed4b86d4d779c26eaf69e6f3fcd/no/pdfs/prp201620170096000dddpdfs.pdf> (august 2017).

Prop. 1 S (2016–2017) = *Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak) for budsjettåret 2017 – statsbudsjettet.*

http://www.statsbudsjettet.no/upload/Statsbudsjett_2017/dokumenter/pdf/gulbok.pdf (august 2017).

Språkrådet (2012): *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet.*

<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf> (august 2017).

Språkrådet (2017): *Vedtekter for Språkrådet.* Fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet 6. april 2017. <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Om-oss/Vedtekter-for-Sprakradet/> (august 2017).

Språkrådet og TNS Gallup (2015): *Undersøkelse av bruken av bokmål og nynorsk – rapport til KUD.* <http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/undersokelse-av-bruken-av-bokmal-og-nynorsk---rapport-til-kud-2015.pdf>. (august 2017).

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meinung. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.* Kultur- og kyrkjedepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (august 2017). Kortversjon:
http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (august 2017).

Time kommune (2017): E-post 25.7.2017.

Udir (2017): E-post frå Utdanningsdirektoratet v/Tone Vindegg 3.4.2017.

Utdanningsnytt.no (2016): Ungdomsskolelever kan få rett til egne nynorskklasser.

<https://www.utdanningsnytt.no/nyheter/2016/november/ungdomsskolelever-kan-fa-rett-til-egne-nynorskklasser/> (mai 2017).

11 Andre språk i Noreg

Språkrådet fekk i 2011 ansvar for å arbeide med norsk teiknspråk. Framleis ser vi fordommar og stor mangel på kunnskap om døve og høyrselshemma i Noreg, både blant fagfolk og i årmenta generelt. Språkrådet arbeider aktivt med å styrke dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes.

11.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meinings

Mål og prinsipp for ein ny språkpolitikk (kap. 3.1)

Overordna språkpolitiske mål (kap. 3.1.1)

5 Alle skal ha rett til språk, å få utvikla og tileigna seg det norske språket, bokmål og nynorsk, å få utvikla og bruka sitt eige morsmål eller førstespråk, inkludert teiknspråk, sitt eige urfolksspråk eller nasjonale minoritetsspråk, og alle skal få høve til å læra seg framande språk.

Innleiing (kap. 10.1)

Nemningsbruk (kap. 10.1.1)

Kapitteloverskrifta viser til at det i Noreg blir nytta mange andre språk enn norsk. Meldinga innfører uttrykket mangespråkleg om samfunnet. Fleirspråkleg blir nytta om individet. Særleg dei mange nyare innvandrarspråka gjev innhald til omgrepene om det mangespråklege, men framstillinga vidare gjeld berre språk med tradisjonelt fotfeste i landet.

Urfolksspråk og språka til nasjonale minoritetar (kap. 10.1.2)

Urfolksspråk og minoritetsspråk er mykje meir utsette språk enn dei statsberande nasjonalens språk. Å verna og styrke desse språka er derfor ein viktig del av eit overordna språkpolitiske ansvar. Det gjeld å sikra både språkmangfoldet i verda og den språklege kulturarven i vårt eige land.

Politisk-administrative ansvarstilhøve (kap. 10.1.3)

Overordna ansvar for urfolks- og minoritetsspråk inngår i det språkpolitiske ansvaret til Kultur- og kyrkjedepartementet.

Samisk (kap. 10.2)

Situasjonen for samisk språk (kap. 10.2.1)

Å sikra samisk språk i Noreg er særleg utfordrande for lulesamisk og sør-samisk. Men også nordsamisk blir internasjonalt rekna for eit truga språk.

I samiske samfunn vekslar samisktalande mellom samisk og norsk avhengig av behov og situasjon. Særleg utanfor forvaltningsområdet er det mange med samisk bakgrunn som ikkje meistrar samisk. Jamvel der samisk er kvardagsspråk, kan ikkje alle lesa og skriva språket.

Oppfølging av relevant lov- og regelverk (kap. 10.2.2)

Krav til samisk i allmennkringkastingskanalane er språkpolitiske viktige verkemiddel.

Ei evaluering viser at manglande kompetanse i samisk gjer at språkreglane i samelova ikkje fullt ut blir etterlevde, dessutan at språkreglane bør tilpassast betre til internasjonale konvensjonsplikter.

Gjennomførte endringar i stadnamnlovgjevinga skal styrke bruken av samiske namn både innanfor

og til dels utanfor forvaltningsområdet.

Samisk språk og ikt (kap. 10.2.3)

Utvikling av samisk føreset at samiskspråklege får full tilgang til ny teknologi. Viktig er utvikling av ikt-løysingar som støttar dei spesielle samiske teikna, slik at samisk i alle samanhengar kan skrivast korrekt.

Arbeidet med samisk stavekontroll er særleg relevant for samar som ikkje fekk skriveopplæring på skulen. Utvikling av samisk talesyntese kan vera eit viktig tilleggsverktøy til ordinære korrekturprogram.

Samisk terminologiutvikling (kap. 10.2.4)

Termutvikling, m.a. kartlegging og koordinering av samiske termar for å unngå ordforvirring, er strategisk viktig for samisk språkstyrking. Nye termar blir no formidla gjennom ein elektronisk ordbase. Eit eige prosjekt arbeider med samisk juridisk terminologi.

Sametinget sitt arbeid for samisk språk (kap. 10.2.5)

Sametinget forvaltar størstedelen av dei statlege løyvingane til samisk språk. Språkarbeid står også sentralt i samarbeidsavtalar med fylkeskommunane. Mesteparten av språkmidlane går til å tryggja eit tospråkleg tenestetilbod innanfor forvaltningsområdet, det viktigaste verkemidlet for å oppfylla språkreglane i samelova.

Sametinget gjev m.a. tilskot til ni samiske språksenter. Viktig er også ei tilskotsordning for samiskspråklege publikasjonar.

Samisk språknemnd er eit vedtaksorgan i samiske språkspørsmål på tvers av landegrensene.

Oppfølging av Noregs tredje rapport til Europarådet (kap. 10.2.6)

Europarådet peiker særleg på at Noreg må styrkja innsatsen for utvikling av lærermateriell og kvalifisering av lærarar i lule- og sør-samisk.

Oppsummerande vurdering (kap. 10.2.7)

Jamvel om samisk dei siste tiåra i mangt har vunne ein sterkare posisjon, er det uklart om utviklinga er berekraftig over tid. Regjeringa vil derfor leggja grunnlaget for ein ny samisk språkpolitikk med eit strategisk og heilsakleg perspektiv på samisk språk og samfunn.

Kvensk (kap. 10.3)

Situasjon og status for kvensk språk i dag (kap. 10.3.1)

Tidlegare assimilasjonspolitikk har gjort kvensk svært utsett, men no skjer ei språkpolitisk oppvakning. Det er teikn til språkleg revitalisering både på individplanet og på samfunnsplanet.

Skal strevet lykkast, krevst det aktiv språkplanlegging. Kvensk har vunne ein viss status; no står såkalla korpusplanlegging for tur. Eit grunnlag var godkjenninga av kvensk som eige språk i 2005. Utfordringa framover er å standardisera kvensk og dermed leggja fundamentet for eit levande kvensk skriftspråk.

Grunnleggjande tiltak for styrking av kvensk (kap. 10.3.2)

Kvensk institutt i Børselv er etablert som nasjonalt senter og har oppnemnt fem medlemmer til eit kvensk språkråd. Dette skal leia standardiseringsarbeidet.

Viktige tiltak elles er tospråkleg stimulering i barnehagen av barn med kvensk bakgrunn og aktiv minoritetsspråkleg oppfølging i vanleg skule, dessutan eit alfabetiseringsprogram for vaksne og eit fast studietilbod i kvensk på universitetsnivå.

Etablerte støtteordningar på kulturområdet må ta omsyn til kvenskspråklege kulturytringar. Det må skapast eit fast offentleg forum for kvensk språk og kultur. Vidare støtte til den kvenskspråklege avisar må derfor prioriterast.

Eigne stadnamn er ein viktig kulturell markør for den kvenske minoritetsbefolkinga, og arbeidet med innsamling av kvenske stadnamn må intensiverast.

Fleire kommunar i nord er trespråklege, med både kvensk/finsk, samisk og norsk kulturbakgrunn representert. Dette mangfaldet må synleggjera.

Merknader til oppfølging av minoritetsspråkpakta (kap. 10.3.3)

Den oppsummerande tilrådinga frå ministerkomiteen i Europarådet i 2007 gjekk ut på at Noreg i samarbeid med dei kvenskspråklege må utforma ein meir systematisk politikk for å verna og styrkja kvensk språk.

Oppsummerande vurdering (kap. 10.3.4)

Ei slik systematisk styrking av kvensk språk må inngå som ein integrert del av den nye heilskaplege språkpolitikken. Målet bør vera at kvensk etter kvart kan sikrast vern på det høgaste nivået i minoritetsspråkpakta.

Romani og romanes (kap. 10.4)

Bakgrunn og noverande situasjon (kap. 10.4.1)

Språka har felles indisk opphav og mykje felles ordtilfang, men ulikt grammatisk system. Romfolket snakkar ofte romanes betre enn norsk, medan romanifolket bruker norsk som daglegspråk.

Romani har likevel overlevd, delvis som hemmeleg, internt gruppespråk. Eldre har særleg mykje språkkunnskap, og det er no stor interesse for å revitalisera språket. Taternes landsforening arbeider med å gje lydbandopptak med eldre taterar, og Landsorganisasjonen for romanifolket utviklar m.a. språkopplæringsmateriell, for at yngre skal læra seg språket.

For begge språka er standardisering og skriffesting ei utfordring.

Merknader om oppfølging av minoritetsspråkpakta (kap. 10.4.2)

Ministerkomiteen i Europarådet oppmodar Noreg til intensivert innsats for å verna og fremja romani og romanes.

Oppsummerande vurdering (kap. 10.4.3)

Det vil bli arbeidt vidare med å utforma tiltak for vern og utvikling av romani og romanes.

Norsk teiknspråk (kap. 10.5)

Språkbrukarar i ei særstilling (kap. 10.5.1)

Teiknspråk er utvikla for å overvinna ei nedsett funksjonsevne. Teiknspråk integrerer døve og tunghørde i samfunnet. Men teiknspråk er samstundes fullverdige språk, og norsk teiknspråk må også sjåast i språkpolitisk perspektiv. Det er identitets- og kulturuttrykk for ein språkleg minoritet i landet.

Tilhøvet mellom teiknspråk og talespråk (kap. 10.5.2)

Dei fleste døve er barn av høyrande foreldre. Tradisjonelt lærer dei teiknspråk som førstespråk. Seinare blir dei tospråklege gjennom å lesa og skrive verbalspråket.

I dag kan døve barn få tilgang til talespråk gjennom koklea-implantat, men effekten av slik kunstig høyrsel varierer. Dei fleste vil framleis ha behov for teiknspråk. I samfunnet blir teiknspråket uansett ikkje overflødig.

Offisiell status for teiknspråk (kap. 10.5.3)

Det har lenge vore arbeidt for å gje norsk teiknspråk høgare status. Ei utgreiing frå 2004 konkluderte med å tilrå ei eiga lov om norsk teiknspråk som offisielt språk, men kva dette i praksis skulle innebera, har vore uklart.

Departementet går i staden inn for at norsk teiknspråk blir omfatta av den generelle språklova som er skissert i kap. 3. Dette inneber at omsynet til norsk teiknspråk og norske teiknspråkbrukarar heretter blir ein integrert del av ein samla norsk språkpolitikk.

Det må også arbeidast internasjonalt for å gje teiknspråk ei sterkare folkerettsleg stilling. Ei svensk teiknspråkutgreiing har konkludert med at teiknspråk bør få ei stilling som ikkje er identisk med, men som tilsvarer det som gjeld språka til nasjonale minoritetar.

Anna arbeid for norsk teiknspråk (kap. 10.5.4)

Utanom den overordna språkpolitiske forankringa må det arbeidast vidare med praktisk tilrettelegging for

teiknspråkbrukarar på ulike samfunnsmiljø. Her inngår også spørsmålet om utvida formelle rettar gjennom særlovgjevinga. Tilgang på teiknspråktolkar er som oftast den kritiske faktoren.

Frå kortversjonen av Mål og meinung (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

11.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådet tilsette i 2011 ein rådgivar med særskilt ansvar for norsk teiknspråk. Vi har slik utvida arbeidsfeltet vårt frå tidlegare å vere konsentrert om norsk språk, til no å arbeide aktivt for å styrke situasjonen for teiknspråk i Noreg.

Det er i dag sjølv sagt for Språkrådet at arrangementa våre er tilgjengelege også for teiknspråkbrukarar. Språkrådet er aktiv deltakar i fleire sentrale forum der teiknspråk blir brukt og diskutert. Språkrådet har teke initiativ til fleire møte og seminar og har knytt til seg kontaktar på fagfeltet både i Noreg, i resten av Norden og internasjonalt. Døvekyrkja har sidan 2012 vore ein god språkpolitisk alliert og ein nær samarbeidspartner i det teiknspråklege arbeidet som Språkrådet gjer. I samarbeid med Kunnskapsdepartementet, Noregs Døveforbund og prosjektet «Teiknpilot» har Språkrådet vore med på å arbeide fram «Teiknspråkspakka», ei samling ressursar til bruk i grunnopplæringa.

Teikntermgruppa vart etablert i 2014. I gruppa deltek både døve og høyrande med grunnleggjande teoretiske kunnskapar om teiknspråkslingvistikk. Teikntermgruppa har tileigna seg unik og banebrytande kunnskap om teiknspråkleg terminologi. Framlegga til nye teiknspråklege termar som gruppa har kome fram til, er tilgjengelege på nettstaden til Språkrådet.

Språkrådet tilsette i 2012 ein rådgivar for minoritetsspråka i Noreg – kvensk, romani og romanes. Språkrådet administrerer i tillegg namnetenesta for kvenske stadnamn.

Språkrådet forvaltar ikkje samisk språkpolitikk; ansvaret her ligg til Sametinget (jf. sametinget.no). Likevel slår vedtekten til Språkrådet fast at rådet skal «ta omsyn til den totale språksituasjonen i landet, slik denne kjem til uttrykk gjennom dei språklege interessene til nordmenn med samisk eller minoritetsspråkleg bakgrunn eller tilknytning».

11.3 Norsk teiknspråk

Norsk teiknspråk er eit språk som blir oppfatta ved hjelp av synet (visuelt) og uttrykt ved hjelp av synlege rørsler med hendene, andletet og overkroppen (gestuelt). Dette kjenneteiknar teiknspråka til skilnad frå talespråka, som blir oppfatta ved hjelp av hørselen (auditivt) og uttrykte ved hjelp av høyrbare rørsler i stemmebanda og andre delar av andingsorgana (vokalt). Norsk teiknspråk og andre teiknspråk er altså heilt uavhengige av hørselen, sidan dei ikkje er bygde opp av noko lydsystem.

Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg og har to hovudvariantar som er knytte til høvesvis Trondheim og Oslo. Det var i desse to byane at døve barn først kom saman for å gå på skole og vekse opp saman frå første halvdelen av 1800-talet. Språket har vorte til uavhengig av talespråket norsk, men norsk teiknspråk ber mange vitnesbyrd om at det har vore omgitt og påverka av norsk så lenge det har eksistert. Samiske døve brukar òg norsk teiknspråk, men ofte i ein variant som er påverka av samisk talespråk og inneholder kulturspesifikke omgrep.

Norsk teiknspråk inneholder to sett med namn på bokstavane i det norske alfabetet, kalla det norske einhandsalfabetet og det norske tohandsalfabetet. Det finst òg eit eige samisk handalfabet.

Talet på brukarar av norsk teiknspråk er usikkert. *Mål og meinung* nemner talet 16 500, medan *Døveprostens årsmelding* for 2016 seier 25 000, jf. Den norske kyrkja (2016:13). Kanskje ca. 5 500 er døve, som kan seiast å vere kjernen av dei teiknspråklege. Mange av dei har ei kjensle av sterkt eigarskap til språket. Døve vil ofte identifisere seg meir som medlemmer av teiknspråkmiljøet enn som individ med ein viss grad av høyselsnedsetjing (Holten og Lønning

2010, Breivik 2007). Dei andre teiknspråkbrukarane er ofte høyrande familiemedlemmer og venner og profesjonelle tenesteytarar. Med dette er norsk teiknspråk eit av dei mest brukte språka i Noreg.

Vi er har grunn til å tru at talet på teiknspråkbrukarar som har norsk teiknspråk som sitt morsmål, ser ut til å gå ned i Noreg, særleg på grunn av nedlegging av dei statlege spesialskolane og at mange lærarar ikkje har morsmålskompetanse sjølv om dei underviser under § 2-6 og § 3-9. Vi veit at opplæringsarenaer er av stor betyding for at eit språk skal overleve på sikt.

Teiknspråkbrukarar som har norsk teiknspråk som andrespråk eller framandspråk, har auka litt på grunn av innvandring og på grunn av at fleire høyrande vaksne har fått høve til å lære seg norsk teiknspråk. Dei fleste vaksne døve eller høyselshemma innvandrarane har med seg sitt eige teiknspråk når dei kjem til Noreg. Korleis desse menneska lever sitt fleirspråklege liv, og korleis teiknspråka til innvandrarane påverkar norsk teiknspråk, veit vi førebels lite om. Nokre vaksne døve og høyselshemma innvandrarar er diverre heilt språklause, og introduksjonlova gir dei ikkje rett til opplæring i og på teiknspråk slik barn i opplæringspliktig alder har når dei kjem til Noreg.

Døve stiftar ofte familie med andre døve. Likevel er det få av barna av døve foreldre som sjølve er døve, berre 4 % ifølgje Mitchell og Karchmer (2004:153). Dei fleste barna er fødde som høyrande og tileignar seg teiknspråk i større eller mindre grad.

Døve er ofte transnasjonale i den tydinga at når dei treng eit større teiknspråkmiljø, reiser dei til møtestader for døve i ein global fellesskap.

Språklege rettar

Etter at språkvitskapleg forsking på norsk teiknspråk tok til i Noreg kring 1980, tok det berre nokre få år før utdanningsstyresmaktene anerkjende norsk teiknspråk som eit eige språk. Anerkjenninga av norsk teiknspråk som ein del av kulturarven på linje med andre minoritetsspråk, med ein eigenverdi for storsamfunnet som er uavhengig av høyselssituasjonen til dei som bruker språket, kom først med språkmeldinga *Mål og meining*. Når vi er ute og informerer om norsk teiknspråk, etterlyser likevel dei teiknspråklege ei språklov for at dei skal kunne få ei styrkt legal anerkjenning av språket sitt.

Utdanning – barnehage og grunnutdanning

Noreg har få teiknspråklege barnehagar. Dei få som finst, er kommunale, og barnehageprofilen er varierande. Dei fleste barnehagane har større innslag av høyrande barn som snakkar norsk, enn barn med teiknspråk som førstespråk. For å sikre eit felles språk slik at døve og høyselshemma barn skal kunne få utvikle og bruke teiknspråk og ta del i kulturen til dei døve, må kvaliteten i teiknspråket vere god og rik. For å få til dette treng barnehagane kompetente teiknspråklege vaksne, og barna treng teiknspråklege rollemodellar og førebilete.

Dei statlege døveskolane og barnehagane som tidlegare var sentrale i Noreg, er anten lagde ned eller overførte til kommunale skoleeigarar. Statped har halde ved like eit deltidstilbod for å kunne gi døve og høyselshemma elevar i skolepliktig alder tilgang til norsk teiknspråk, men har ikkje styrkt tilbodet slik Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlige behov* gjekk inn for.

Trass i at norsk lovverk og læreplanverk anerkjenner døve som ein språkleg og kulturell minoritet, har norske skolar svært få teiknspråklege lærarar med flytande teiknspråkskompetanse. Undervisninga i og på teiknspråk som førstespråk, som opplæringslova § 2-6 gir rett til, er etter det Språkrådet har kunnskap om, av varierande og til dels dårlig kvalitet. Det gjer at døve og høyselshemma barn ofte ikkje får oppfylt den retten dei har til eit heilt språk på alle nivå, og til å få bruke og utvikle eit førstespråk. Teiknspråket er det einaste språket som gir døve og høyselshemma barn høve til fri og uavhengig kommunikasjon. Språket er i tillegg ein viktig kultur- og identitetsmarkør og er i språkpolitisk perspektiv definert som ein del av den norske kulturarven. Fleire barn med kompetanse i norsk teiknspråk er grunnlaget for at norsk teiknspråk skal kunne halde fram med å vere levedyktig, vitalt og i utvikling.

Nasjonalt nettverk for teiknspråk peikte i 2017 på at døve og høyselshemma barn og

ungdom i dag har for lite tilgang til norsk teiknspråk i kvardagen. Grunnskolane som har døve og høyrselshemma elevar, og som underviser i og på teiknspråk, melder om at mange elevar ligg langt etter i språkutviklinga både på teiknspråk og norsk. Ål folkehøyskole og kurssenter for døve ser same utvikling.

Utdanning – vidaregåande skole

Noreg har seks vidaregåande skolar som er definerte som knutepunktskolar med spesielt tilrettelagt og organisert tilbod for døve og høyrselshemma. Skolane skal ivareta den språklege retten som elevane har til undervisning i og på teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø (jf. opplæringslova § 3-9). Nydalen vidaregåande skole i Oslo står i ei særstilling fordi det her blir undervist direkte i og på teiknspråk i mange fag.

Oslo kommune tilbyr norsk teiknspråk som programfag innanfor studieførebuande utdanningsprogram. Dette er eit ettermiddagstilbod med same organisering som andre språkfag, som til dømes kinesisk (mandarin), italiensk, japansk, russisk og latin. Oslo kommune er den einaste norske kommunen som slik fremjar norsk teiknspråk i språkpolitisk perspektiv gjennom utdanningspolitikken sin.

Utdanning – vaksenopplæring

Det finst fleire læringsarenaer for vaksne på teiknspråk. Ved Ål folkehøyskole og kurssenter for døve er 99 % av dei tilsette døve og teiknspråklege og snakkar norsk teiknspråk flytande. All samhandling skjer på norsk teiknspråk. Ål folkehøyskole er ein svært viktig språk- og kulturerbar i Noreg. Han har hatt mykje å seie for utviklinga av døvekulturen og døvesamfunnet både nasjonalt og internasjonalt. Folkehøgskolen er også den einaste staden der høyrande barn av døve får eit fast tilbod éi veke kvart år. På denne møteplassen samlast kvart år ca. 60 barn frå 7 til 15 år. Vi ser elles ein kraftig auke i talet på foreldre til døve og høyrselshemma barn som ønskjer å nytte kurstilboda ved folkehøgskolen. I 2016 deltok 224 vaksne på opplæringsprogrammet «Se mitt språk» på Ål. Dette er ein auke på 67 % frå 2015. «Se mitt språk» der oppe tilbyr opplæring for heile familien samla, både foreldre og søsken. Å inkludere søsken er grunnleggjande for at familiar med døve og høyrselshemma barn kan oppretthalde eit felles heimespråk.

Vaksenopplæringstilbodet i storbykommunane gir også teiknspråksopplæring til vaksne som av ein eller annan grunn ikkje har fullført grunnskolen, og tilbod om opplæring i teiknspråk og norsk til døve eller høyrselshemma innvandrarar. Døve og høyrselshemma innvandrarar har per i dag ingen lovfesta rett til opplæring i og på teiknspråk.

I vaksenopplæringa er også lokallaga til Norges Døveförbund viktige. Norges Døveförbund har starta opp eit prosjekt med felles kursmateriell og skolering av teiknspråklærarar i døveforeiningane for å få eit sams tilbod til elevmassen.

Utdanning – universitet og høgskolar

Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) og NTNU tilbyr årsstudium i norsk teiknspråk, men Noreg har altfor få kompetente teiknspråklærarar, og somme stader underviser pensjonistar for å demme opp for mangelen på fagleg personell. Kulturdepartementet sette i 2016 problemet i fokus ved å tildele Foreningen norsk tegnspråk og Oslo døveforening midlar til prosjektet «Tegnspråkverksted». Målet med prosjektet er å rekruttere fleire til teiknspråklærarutdanninga. Vi ser i dag konturane av ein prekær mangel på fagutdanna lærarar og tolkar. Det er ei akutt utfordring at det ikkje finst ei eiga teiknspråklærarutdanning eller master i teiknspråk på universitets- og høgskolenivå i Noreg.

Forsking og utviklingsarbeid

Det er forska lite på språket norsk teiknspråk i Noreg. På forskingsområdet ligg Noreg såleis langt etter andre land som det er naturleg å samanlikne seg med. NTNU og Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) samarbeider om eit mindre korpusprosjekt knytt til eldre norske døves teiknspråkbruk, finansiert av Kulturdepartementet. NTNU sökte i 2016 Forskningsrådet om midlar til

eit større korpusprosjekt, men fekk ikkje den nødvendige finansieringa for å halde fram. NTNU er medsøkjar i eit europeisk prosjekt om tolking i offentleg sektor («Translating and interpreting – Promoting Equal Access to Public Service») og også i eit større prosjekt for kompetanseheving innanfor fagfeltet i Europa («A-LEARNEd: Applied Linguistic Education and Advanced Research and Training Network in European Deaf Communities»). Det manglar likevel ein heilskapleg nasjonal strategi.

Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) har i 2017 utlyst ei stipendiatstilling i teiknspråk og tolking. Oslo døveforening er dessutan i gang med eit prosjekt for å kartleggje behovet for døve førstespråktolkar. Prosjektet har fokus på døve som ikkje kan norsk teiknspråk godt nok til å ha nytte av norske teiknspråktolker.

Statped midt har fått i oppdrag å utvikle ein ny modell for deltidsoplæring av teiknspråklege elevar. Det er i skrivande stund usikkert korleis den teiknspråklege førstepråkkompetansen hos dei som skal arbeide med ny deltidsmodell blir, og om språkmiljøa blir rike nok. Ny teknologi kan òg gjere teiknspråk tilgjengeleg for elevar som får undervisning heime etter opplæringslova § 2-6. Forsking på dette feltet skjer i samarbeid med Senter for IKT i opplæringa og er meint å vere eit supplement til allereie eksisterande teiknspråklege arenaer.

Teiknspråklege seniorar

Mål og mening slår fast at «[a]lle skal ha rett til språk, å få utvikla og tileigna seg det norske språket, bokmål og nynorsk, å få utvikla og bruka sitt eige morsmål eller førstespråk, inkludert teiknspråk» (s. 24). Eldre teiknspråklege menneske får i liten grad bruke morsmålet eller førstespråket sitt i alderdommen. Oslo kommune har eit teiknspråkleg tilbod om heimehjelp, og dei største byane i Sør-Noreg har tilbod om teiknspråklege aldersheimar, men kvaliteten på desse språkarenaene er diverre av varierande kvalitet. Dessutan blir vakante plassar for døve gjevne bort til høyrande med det resultat at døve ikkje får tilgang til plassar som er spesielt oppretta for gruppa. Teiknspråklege eldre i distrikta blir ofte språkleg isolerte. I beste fall får dei tilgang til ein tolk nokre timar i ny og ne – eller kanskje berre ein tolk via nettbrett. Dette erstattar sjølvsagt ikkje eit fullverdig språkmiljø og kan føre til därleg mental helse og isolasjon.

Høyrande barn av døve foreldre

KODA står for «Kids of Deaf Adults». På norsk seier vi «høyrande barn av døve». Dette er barn som hører, og som har ein eller fleire døve/høyrselshemma føresette. Ofte tek ein for gitt at desse barna lærer seg teiknspråk heime, men det er ikkje alltid tilfelle. Fordi dei kan høre, blir ikkje barna sett på som minoritetsspråklege, sjølv om dei er barn av ein språkleg og kulturell minoritet. Det tyder at dei ikkje har rett til opplæring i teiknspråk. Kommunikasjonen i familien lir under at dei føresette ikkje hører kva barna seier, og barna kan ikkje teiknspråk godt nok til å forstå foreldra sine.

Det er få teiknspråklege arenaer for KODA-barn. Mange bruker og ser teiknspråk kun innanfor husets fire veggar. Det er ikkje nok for å utvikle eit fullgodt språk som gjer dei i stand til å ha gode og nyanserte samtalar med dei føresette. For tida arbeider KODA-utvalet for at høyrande barn av døve foreldre skal få rett til opplæring i teiknspråk som morsmål i barnehage og skole. Dette er viktig for identitetsutviklinga til barna. Statped har forsøkt å ta ansvar for denne minoritetsspråklege gruppa utan at det har kome noko konkret ut av det.

Ål folkehøyskole og kurssenter for døve tilbyr høyrande barn av døve eit fast tilbod éi veke kvart år. På denne møteplassen samlast kvart år ca. 60 barn frå 7 til 15 år.

Språkhaldningar

Høyrande foreldre som får døve barn, opplever at det kan vere vanskeleg å få informasjon om dei tilboda og moglegheitene som finst for barnet dei har fått. Mange døve og høyrselshemma barn får i dag operert inn koklea-implantat, og framleis er det slik at både profesjonelle tenesteytarar i helsesektoren og mange i ålmenta generelt trur at eit slikt implantat gir ein fullgod høysel. Det er

ikkje tilfellet. Sjølv med implantat er høvet til omgang med normalt høyrande redusert.

Patrick Kermit (2006:58) viser i avhandlinga si at det «[f]ra enkelte hold [blir] advart mot tegnspråk da man mener at det svekker barnets mulighet til og motivasjon for å lære å høre». Tilbakemeldingar frå foreldre til døve barn viser også at fleire framleis møter helsepersonell som hevdar at teiknspråk er tungvint, at barnet klarer seg utan, og at det kan øydelegge for vidare habilitering/rehabilitering av barnet. Mange har også ein idé om at barnet må høre *dårleg nok* for å «treng» teiknspråk. Fordommar mot teiknspråk bidrar til at mange foreldre vel å «vente og sjå» før dei gir barnet sitt opplæring i teiknspråk. I mange tilfelle ser vi at språkutviklinga hos barna både på norsk og norsk teiknspråk blir forseinka på grunn av slik venting.

Denne tilnærminga stirr mot gjeldande språkpolitikk, som vektlegg at norsk teiknpråk ikkje skal koplast opp mot hørsel, men det skal takast utgangspunkt i at det er *eit språk i seg sjølv*, uavhengig av hørsel. Å tilby teiknspråk berre som ei «naudløysing» eller som eit erstatningsspråk er å setje framtida til døve barn på spel og å nedvurdere teiknspråk som eit fullverdig språk. Nett som talespråk er òg teiknspråk slik at det er lettare å lære i låg alder. Sein og tilfeldig eksponering for teiknspråk kan derfor få alvorlege konsekvensar for språkbrukargruppa. Ifølgje tilbakemeldingar frå foreldreutvalet i Noregs Døveforbund og Hørselshemmde barns organisasjon ser vi ein auke i talet på foreldre som ønskjer teiknspråk til barna sine, i tråd med opplæringslova § 2-6 eller barnehagelova § 19 h om retten til teiknspråk, men som ikkje får utløyst denne retten. Det er framleis slik at retten til opplæring i og på teiknspråk blir gitt på bakgrunn av sakkunnig vurdering. Denne vurderinga blir ofte gjort av profesjonelle med mangelfull kompetanse om teiknspråk eller negative språkhaldninga.

På grunn av den hørselstekniske utviklinga blir det ofte sagt at det på sikt blir fleire tunghørde og færre døve, og dermed færre som får kjennskap til teiknspråk og døvesamfunnet i språkleg og kulturell forstand. Dette stemmer dårlig, for det har aldri vore så mange døve biologisk sett som no. CI-opererte (personar med koklea-implantat) er nemleg totalt døve utan den tekniske delen som ein heng fast på utsida av hovudet ved hjelp av ein magnet. *Mål og mening* slår fast at «behovet for teiknspråk vil framleis vera til stades, for dei aller fleste» (s. 233).

11.4 Nasjonale minoritetsspråk og nyare minoritetsspråk

Kulturdepartementet (KUD) har det overordna ansvaret for språkpolitikken i Noreg. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har koordineringsansvar for statens politikk overfor dei nasjonale minoritatene (kvener/norskfinnar, romar, romanifolk/taterar, jødar og skogfinnar) i Noreg og den samiske befolkninga. KMD koordinerer òg arbeidet med rapporteringa knytt til den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk (minoritetsspråkpakta) (KMD (2017), jf. KMD (1992)) og Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar (Europarådet 1995).

Språka samisk, kvensk, romanes og romani er anerkjente regions- eller minoritetsspråk i Noreg. Dei er verna gjennom Europarådets pact om regions- eller minoritetsspråk. Målet om vern av språka er forankra i fleire stortingsmeldingar, i norske lover og forskrifter og i internasjonale avtalar. I Noreg har vi òg to andre minoritetsspråk, jiddisch og skogfinsk, som ikkje har same status – og dermed heller ikkje same rett til vern – som dei anerkjente nasjonale minoritetsspråka. Gjennom Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar har jødane og skogfinnane òg rett til eit eige språk, men språka manglar dei meir spesifikke rettane som dei anerkjente nasjonale minoritetsspråka får gjennom minoritetsspråkpakta.

Vi har lite statistikk knytt til nasjonale minoritetar og nasjonale minoritetsspråk. Dette kjem mellom anna av at nokre av minoritetane er skeptiske til registreringar baserte på etnisitet. Manglande informasjon og statistikk om minoritetsspråka kan føre til utfordringar i arbeidet med dei nasjonale minoritetane og språka deira.

Skogfinsk

Skogfinnane snakka opprinnelag skogfinsk, ein variant av ein 1600-talsdialekt fra Savolaks i det

noverande Finland. Gjennom ulike tvangstiltak vart skogfinnane i stor grad assimilerte til det norske samfunnet i løpet av 1800-talet og skifta språk til norsk. Den siste språkbrukaren med skogfinsk som førstespråk døydde kring midten av førre hundreår. Men vi finn framleis spor etter det skogfinske språket i daglegtalen til den eldre generasjonen gjenlevande skogfinnar og eit mangfald av skogfinske stadnamn, særleg på Finnskogen, sør aust i Noreg.

Jiddisch

Jiddisch er eit germansk språk som har utvikla seg frå tyske mellomalderdialektar. Språket ber i seg tydeleg påverknad frå andre språk, som til dømes hebraisk, arameisk og russisk. Over store delar av verda snakkar jødar jiddisch i ulike variantar. I motsetnad til dei andre nasjonale minoritetsspråka har jiddisch alltid hatt ein rik skriftkultur. Skriftspråket nyttar hebraiske teikn.

Det er ei aukande interesse blant jødane i Noreg for å ta språket tilbake. Fram til andre verdskrigen var jiddisk eit levande kvardags- og kulturspråk i Noreg. St.meld. nr. 15 (2000–2001) *Nasjonale minoritetar i Noreg. Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar* hevdar at eit par hundre jødar bruker hebraisk, og at somme eldre forstår jiddisch. Språkrådet har ingen nyare tal.

I Sverige og Finland er jiddisch anerkjende som nasjonale minoritetsspråk.

Romaní

Romaní, òg kalla norsk romani, rotipa, skandoromani eller berre «språket vårt», er språket til romanifolket/taterane og har røter i indoariske språk. Språket kan delast inn i ulike dialektar og varietetar og blir gjerne skildra som eit blandingsspråk. Grammatikk, ordforråd og syntaks skil seg frå romanes, men mange ord er like i dei to språka.

Romanifolk/taterar har gjennomgått ein hard assimileringsprosess i det norske samfunnet, noko NOU 2015:7 *Assimilering og motstand. Norsk politikk overfor taterne/romanifolket fra 1850 til i dag* greier ut om. Assimileringsprosessen har ført til at mange romanifolk/taterar har mista språket sitt. Men ord og uttrykk blanda inn i det norske språket markerer framleis eit identitetssamband. I dag er romani først og fremst nytta munnleg, men vi ser ein aukande bruk av språket i skrift, spesielt i sosiale medium.

I Noreg har vi for lite dokumentasjon av romani til å drive strategisk språkarbeid på feltet. Ulike språkprosjekt har samla inn ord frå enkeltpersonar. Mellom anna har RT-senteret (Romanifolkets/Taternes senter) dei seinere åra gjort forsøk på å registrere språket med særskilt blick på informasjon om nye ord eller endringar i tydinga av ord, uttalevariasjon og geografisk variasjon i språket, idiomatikk og syntaktiske skilnader mellom romani og norsk. Arbeidet møter motstand. Mange av språkbrukarane ønskjer å halde på romani som eit «hemmeleg språk» og er negative til offentleg støtte til og kartlegging av språket.

Morsmålsopplæringa i romani i norsk skole er knytt opp til norskferdigitetene til elevane, jf. opplæringslova §§ 2-8 og 3-12.

Det er gjort lite forsking på romani, men i 2017 disputerte Jakob Wiedner med avhandlinga *(De)mystifying Norwegian Romani. The discursive construction of a minority language* ved Universitetet i Oslo (Wiedner 2017). Utdanningsdirektoratet har dessutan utvikla informasjonsmateriell om dei nasjonale minoritetane i samarbeid med minoritetane sjølve (Utdanningsdirektoratet 2016). I 2014 kom boka *Vandriane rakkrar* (Theil 2014b) ut på romani. Boka inneheld ei ordliste med omsetjing til både bokmål og nynorsk. Språkrådet omtalte boka i *Språknytt* (jf. Theil 2014a).

Trass i ratifiseringa av dei internasjonale konvensjonane for minoritetsspråk manglar romani, i likskap med romanes, juridisk forankring i norsk lov.

Romanes

Romanes er et indoarisk språk med mange ulike varietetar i Europa. I Noreg snakkar dei fleste

romar lovare, ein dialektvariant av valakisk romanes. Samanlikna med dei andre nasjonale minoritetsspråka står romanes sterkt hos minoriteten sjølv: Vi ser at mange rombarn berre kan snakke romanes når dei byrjar på skolen. Det er fleire moment som tyder på at rombarn ikkje får den morsmålsundervisninga eller forsterka norskundervisninga som dei har krav på etter opplæringslova §§ 2-8 og 3-12. Prosjektet «Romlos» har som mål å styrkje skoleheim-samarbeidet gjennom tettare oppfølging av enkeltelevar, men vi har enno ikkje tal eller resultat frå prosjektet, og det er gjort lite forsking på feltet generelt. Europarådet har oppfordra norske styresmakter til å ta tak i og forbetra utdanningssituasjonen i samarbeid med språkbrukarane.

Som dei fleste andre nasjonale minoritetsspråk har romanes først og fremst vore i bruk som munnleg språk. I nyare tid ser vi aukande bruk av språket i skrift i sosiale medium. I 2015 kom artikkelsamlinga *Ute er det kaldt. Om romer i Norge*, redigert av Balder C. Hasvoll. I 2016 vart den første romske kokeboka gitt ut, *Romano Chabenata. Romske matretter* (Lakatosova 2016). Den første romanesspråklege barneboka vart utgitt same året: Balder C. Hasvoll, Maria Barinka Lakatosova og Robert Lorentsen har skrive den parallellspråklege boka (norsk/romanes) *Romske eventyr og historier/Paramiči taj čače historiji*. Boka er eit viktig bidrag til å fastsetje eit skriftspråk for lovardialekten i Noreg.

Trass i ratifiseringa av dei internasjonale konvensjonane for minoritetsspråk manglar romanes, i likskap med romani, juridisk forankring i norsk lov.

Kvensk

Kvensk høyrer til den finsk-ugriske språkfamilien. Språket er nært beslektat med meänkieli, eit nasjonalt minoritetsspråk i Sverige, og mykje påverka av norsk og samisk. Kvensk vart anerkjent som eige nasjonalt minoritetsspråk i Noreg 26. april 2005. Etter lang fornorskingspolitikk er det kvenske språket i dag trua.

I ei helseundersøking frå 1987 gav 20 % av Finnmarks befolkning opp at dei hadde kvensk bakgrunn. Vi kan derfor gå ut frå at omlag 50 000–60 000 menneske har kvensk bakgrunn. Vi ser i nyare tid ei positiv haldningsendring overfor språket. Det er stor etterspurnad etter språkkurs, og ein aukande del passive språkbrukarar tek språket tilbake.

Også kvensk har først og fremst vore eit munnleg språk. For dagens skriftkultur har den kvenskspråklege forfattaren Alf Nilsen-Børsskog hatt mykje å seie. Han gav ut sin første kvenskspråklege roman før kvensk var anerkjend som eige språk (*Kuosuvaaran takana*, 2004). Arbeidet hans la grunnlaget for den kvenske standardiseringsprosessen. Kvensk institutt – Kainun institutti fekk i 2006 i oppdrag å standardisere språket med bakgrunn i eit mangfold av kvenske dialektar. Instituttet oppretta to språkorgan, Kvensk språkråd og Kvensk språkting. I dag er det berre det kvenske språktinget som er i funksjon.

I 2014 gav Eira Söderholm ut den kvenskspråklege grammatikken *Kainun kielen gramatiikki*. Solgunn Hesjevoll gav ut boka *Solgunni muisteleee – Solgunn forteller* i 2014. Boka inneheld kvenskspråklege forteljingar og tekstar om kvensk kultur med omsetjing til norsk.

På barnehagenivå har det kvenske språket tidlegare vore lite i fokus. I Porsanger kommune har Kvensk institutt starta eit kvensk språkprosjekt i barnehagane. Instituttet er fagleg ansvarleg for satsinga og gir barnehagetilsette grunnleggjande innføring i kvensk i samband med prosjektet. Ungane får høyre kvensk fleire gonger i veka, og språket har gjennom prosjektet fått ein offentleg arena som har gitt resultat. Barna har byrja å snakke kvensk, og foreldra lærer seg språket saman med barna. I tillegg har prosjektet gitt positive ringverknader i lokalsamfunnet. Det er planlagt å starte opp liknande prosjekt i fleire andre kommunar.

I 1997 vart skolefaget finsk som andrespråk innført, altså lenge før kvensk fekk status som eige språk. Skolefaget heiter framleis finsk som andrespråk, og tala vi har på elevar som får undervising i faget, skil ikkje mellom elevar som får opplæring i *finsk*, og elevar som får opplæring i *kvensk*. I Troms og Finnmark har elevane rett til opplæring i finsk/kvensk som andrespråk så lenge det er minst tre elevar per skoleeigar (som oftast er kommunen) som ønskjer slik opplæring. Det blir gitt opplæring etter læreplanen for finsk som andrespråk. Retten til opplæringa gjeld frå første til

tiande klasse. Retten til finsk som andrespråk gjeld ikkje for vidaregåande opplæring, men enkelte vidaregåande skolar tilbyr likevel opplæring. Faget har ifølgje rapporten *Kartlegging av årsaker til frafall fra finsk som andrespråk* (Nygaard og Bro 2015) økkende elevtal, og grunnar kan vere mangel på informasjon om tilbodet, manglende kompetanse blant lærarane eller for dårleg tilgang på læreverk.

Tabell: Tal på elevar i grunnskolen i Troms og Finnmark som har faget finsk som andrespråk

Skoleår	Tal på elevar
2010/2011	754
2011/2012	657
2012/2013	600
2013/2014	594
2014/2015	582
2015/2016	559

Merk at tala ikkje skil mellom elevar som får undervisning i finsk, og elevar som får undervisning i kvensk.

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Tabell: Tal på elevar i vidaregåande skole som får opplæring i finsk/kvensk

	2013/2014	2014/2015	2015/2016
Finsk som andrespråk	22	26	23
Finnmark	18	25	23
Troms	4	1	–
Finsk som fellesfag	3	1	–
Finnmark	3	–	–
Oslo	–	1	–
Finsk som programfag	18	16	9
Finnmark	15	16	19
Nordland	3	–	–

Merk at tala ikkje skil mellom elevar som får undervisning i finsk, og elevar som får undervisning i kvensk.

Kjelde: Utdanningsdirektoratets statistikkportalen (Utdanningsdirektoratet 2017)

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet tilbyr undervisning i kvensk på høgare nivå.

Kvensk språk og kultur har ein marginal plass i mediebiletet i Noreg i dag. Avisa *Ruijan kaiku* kjem ut med ti utgåver årleg og har publisert stoff på kvensk, finsk og norsk sidan 1995. I radio og fjernsyn er språket så godt som ikkje-eksisterande.

Kvensk språkpriis vart delt ut av Språkrådet for første gong i 2017. Prisen blir gitt til enkeltpersonar, grupper, organisasjonar eller institusjonar som har utmerkt seg gjennom viktig innsats for kvensk. Prisen skal delast ut annakvart år på den kvenske språkdagen 26. april. Prisen er på 25 000 kroner og vart i 2017 delt mellom to vinnarar, Agnes Eriksen og Eira Söderholm. Dei fekk prisen for arbeidet sitt med forsking og språkdokumentasjon (Söderholm) og utvikling av læremiddel og barnebøker (Eriksen).

Troms fylkeskommune har fått midlar fra KMD for å utarbeide ein kvensk handlingsplan for Troms fylke. Han vart offentleggjord i 2017.

Nyare minoritetsspråk

Den nyare innvandringa til Noreg har ført med seg ei lang rekke nye språk til landet. Desse språka skil seg frå norsk, dei samiske språka, norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka ved at dei ikkje har ei lang historie i Noreg. Norske styresmakter har likevel eit visst ansvar for sider ved desse språka. Ikkje minst skal styresmaktene leggje til rette for at den enkelte minoritetsspråkbrukaren får utøve retten til å nytte sitt eige språk og til å lære norsk.

11.5 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Det er eit klart behov for å informere betre i storsamfunnet om kva norsk teiknspråk er, og òg om kva det ikkje er, slik at ein kan kome nokon veg i å få bukt med dei gamle fordommane som framleis heng i. Slik informasjon bør òg rettast mot teiknspråkbrukarane sjølve, som ikkje alltid tidlegare har fått den informasjonen dei har hatt behov for. I dette arbeidet er det viktig å handle i samråd med organisasjonane til språkbrukarane sjølve. Det er òg viktig å ha god kontakt med institusjonar som har eit spesielt ansvar – om ikkje alltid formelt, så i alle fall reelt – for teiknspråkleg språkrøkt. I tråd med det særskilde ansvaret som Språkrådet har for arbeid med språk i staten, er det òg viktig å sjå kva som kan gjerast for å styrke arbeid med teiknspråkleg informasjon i statsorgana. Gode røynsler frå føregangsorgan vil her vere viktige verkemiddel.

Språkrådet har ansvar for å følgje opp arbeidet med dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes. Å etablere eit godt nettverk med dei ulike språkbrukarorganisasjonane er avgjerande for det vidare arbeidet på feltet.

Kjelder

Breivik, J.-K. (2007): *Døv identitet i endring. Lokale liv – globale bevegelser*. Oslo: Universitetsforlaget.

Den norske kyrkja (2016) = *Årsmelding 2016*. Døvekirkenes fellesråd og døveprosten.

Europarådet (1995) = *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter*.

<https://rm.coe.int/16800c10cf> (august 2017). Norsk (uoffisiell) omsetjing:

<https://rm.coe.int/16800c1311> (august 2017).

GSI = Utdanningsdirektoratet: Grunnskolens informasjonssystem. <https://gsi.udir.no> (august 2017).

Hasvoll, B.C. (2015): *Ute er det kaldt. Om romer i Norge*. Oslo: Tiltaket for rom.

Hasvoll, B.C., M.B. Lakatosova og R. Lorentsen (2016): *Romske eventyr og historier/Paramiči taj čače historiji*. Oslo: Solum.

Hesjevoll, S. (2014): *Solgunni muisteleee – Solgunn forteller*. Lakslev: Eige forlag.

Holten, S.M. og H.R. Lønning (2010): *Hørende er våre sjefar. Språkplanlegging og språkendringer*

i norsk tegnspråk. Upublisert masteroppgave i tegnspråk. Universitetet i Oslo.

<https://www.duo.uio.no/handle/10852/26335> (august 2017).

Kermit, P. (2006): «Tegnspråk og anerkjennelse av døve som en språklig minoritet». I Jørgensen, S.R. og R.L. Anjum (red.): *Tegn som språk. En antologi om tegnspråk.* Oslo: Gyldendal Akademisk.

KMD (1992) = Kommunal- og moderniseringsdepartementet (1992). *Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk.* <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtspalte/minoritetssprakpakta/id86936/> (august 2017). Norsk (uoffisiell) omsetjing:
http://www.coe.int/t/dg4/education/minlang/textcharter/Charter_no.pdf (august 2017).

KMD (2017) = Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2017): Minoritetsspråkpakta 2017. *Den europeiske pakt om regions- eller minoritetsspråk. Syvende periodiske rapport. Norge.* https://www.regjeringen.no/contentassets/2c8f69f165e047809d46708684f71b2a/norges-7ende-rapport-pa-minoritetssprakpakten_no.pdf (august 2017).

Lakatosova, S. (2016): *Romane chabenata. Romske matretter.* Oslo: Romtiltaket.

Lov 17. juli 1998 om grunnskolen og den vidaregående opplæringa (opplæringslova).
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> (august 2017).

Lov 17. juni 2005 om barnehager (barnehagelova). <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova> (august 2017).

Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlige behov.* Kunnskapsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-18-20102011/id639487/sec1> (august 2017).

Mitchell, R.E. og M.A. Karchmer (2004): Chasing the mythical ten percent: Parental hearing status of deaf and hard of hearing students in the United States. I: *Sign Language Studies* 4(2): 138–163. *Mål og mening* sjå St.meld. nr. 35 (2007–2008).

Nilsen-Børsskog, A. (2004): *Kuosuvaaran takana.* Indre Billefjord: Idut.

Noregs Døveforbund (2016): *Årsmeldinger.* <http://m.deafnet.no/om-oss/ndf/arsmeldinger> (august 2017).

NOU 2015: *7 Assimilering og mostand – Norsk politikk overfor taterne/romanifolket fra 1850 til i dag.* Kommunal- og regionaldepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-7/id2414316/> (august 2017).

Nygaard, V. og J. Bro (2015): *Kartlegging av årsaker til frafall fra finsk som andrespråk.* Norut (Northern Research Institut). Rapport 14/2015.

http://norut.no/sites/default/files/norut_rapport_14-2015.pdf (august 2017).

Rambøll (2011): *Evaluering av opplæringsprogram for foreldre til døve og hørselshemmede barn.* Rapport til Statped.

<http://www.statped.no/globalassets/fagområder/hørsel/dokumenter/sluttrapport-evaluering-sms-endelig.pdf> (august 2017).

Sametinget. <https://www.sametinget.no/Om-Sametinget> (august 2017).

St.meld. nr. 15 (2000–2001). *Nasjonale minoritetar i Noreg. Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar.* Kommunal- og regionaldepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-15-2000-2001-/id585195/> (august 2017).

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.* Kultur- og kyrkjedepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (august 2017). Kortversjon:
http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (august 2017).

Söderholm, E. (2014): *Kainun kielen grammatikki.* Helsingfors: Suomalaisen kirjallisuuden seura.

Theil, R. (2014a): Romani, språket til taterane. I: *Språknytt* 2014/4. <http://www.sprakradet.no/Vi->

- [og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/spraknytt-2014/Spraknytt-42014/Romani-spraket-til-taterane/](http://www.udir.no/ldr/og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/spraknytt-2014/Spraknytt-42014/Romani-spraket-til-taterane/) (august 2017).
- Theil, R. (red.) (2014b): *Vandriane rakkrar. Taterne forteller / Taterane fortel.* Oslo: Novus.
- Utdanningsdirektoratet (2016): Informasjonsmateriell om nasjonale minoriteter til bruk i barnehage og skole. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/nasjonale-minoriteter/innhold/last-ned-informasjonen-som-pdf/> (august 2017).
- Utdanningsdirektoratet (2017): *Statistikkportalen.* <https://statistikkportalen.udir.no/Pages/default.aspx> (august 2017).
- Wiedner, J. (2017): *(De)mystifying Norwegian Romani. The discursive construction of a minority language.* Ph.d.-avhandling. Universitetet i Oslo.

12 Språklege rettar og språkopplæring

Nynorsk er under stadig press frå bokmål, og regelverket bidrar ikkje alltid til å sikre rettane til nynorskarane. På ny skal læreplanen i norsk for grunnskolen og vidaregåande skole reviderast, og opplæringa i skriftleg sidemål kjem endå ein gong til å bli sentral i debatten om norskfaget. Nynorskprosenten i skolen held fram med å minke, om enn noko saktare enn tidlegare. Også for samisk ser vi ein jamn tilbakegang. Arbeidet med å synleggjere dei lovfesta språklege rettane til våre nasjonale minoritetar i sentrale opplæringsdokument gir ikkje alltid ønskt resultat.

12.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meinung

Språkets funksjon for språkbrukarane (kap. 6.1)

Gjennom språket opplever og forstår eit menneske tilværet, uttrykkjer tankar og kjensler, og samhandlar med andre. Språket gjev tilgang til litteratur og kultur og er nøkkelen til medverknad i samfunnet og framgang i utdanning og yrke.

Informasjonssamfunnet stiller aukande krav til språkmeistring. Det er uroande at mange elevar forlèt skulen utan tilstrekkeleg lesekompesanse. Dårleg språkmeistring kan også reprodusera og forsterka sosial ulikskap. Tidleg språkstimulering er derfor eit nøkkeltiltak.

Språkleg variasjon, toleranse og kvalitet (kap. 6.2)

I Noreg er det vid aksept for dialektbruk, og meir standardisert talemål har ofte eit regionalt preg. Toleranse og respekt for språkleg variasjon står ikkje i motsetnad til å framelska munnleg språkmeistring og retoriske evner. Sikker meistring av skriftspråket krev større evne til å følgja eit fastare mønster. Rettskriving, teiknsetjing, setningsbygging og tekstforming er sentrale element i dette.

Språk – ein demokratisk rett (kap. 6.3)

I tråd med framlegget i Norsk i hundre! og tilsvarande grunnlagsdokument i Sverige og Danmark vil ein ny språkpolitikk byggja på tre demokratiske rettar: retten til nasjonalspråk, retten til morsmål og retten til framandspråk.

Den nordiske språkdeklarasjonen frå hausten 2006 legg dessutan vekt på at alle nordbuar av omsyn til den nordiske språkfellesskapen må læra eit skandinavisk språk og kunna forstå dei andre skandinaviske språka.

Frå kortversjonen av Mål og meinung (St.meld. nr. 35 (2007–2008))

12.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og skal ha ein koordinerande funksjon der ny språkpolitikk blir forma. Språkrådet driv tilsyn med mållova, men ikkje med språklege rettar som følger av opplæringslova. Språkrådet gir høyringsfråsegner og råd til utdanningsstyremaktene i saker som vedkjem språkopplæringa. Språkrådet har årlege møte med Utdanningsdirektoratet gjennom Forum for nynorsk i opplæringa og skal frå og med 2017 i tillegg ha eit eige årleg møte

med direktoratet om saker som både Utdanningsdirektoratet og Språkrådet arbeider med. Språkrådet møter også i Nettverk for nynorsk i lærarutdanninga, som blir administrert av Nynorsksenteret og har møte to gonger i året.

12.3 Språklege rettar

Retten til morsmål og nasjonalspråk

Ifølgje *Mål og meining* har alle rett til å bruke og tilegne seg eit førstespråk eller morsmål. Dette tyder likevel ikkje at alle har rett til opplæring i morsmålet. I Noreg er nasjonalspråket norsk – både nynorsk og bokmål. For dei som har norsk som morsmål, er retten til nasjonalspråk sikra gjennom opplæringa i norsk i grunnskolen. I læreplanen i norsk har bokmål og nynorsk ein tydeleg nasjonalspråkstatus i tråd med jamstillingsparagrafen i mållova (§ 1). Jamstillingsparagrafen seier at bokmål og nynorsk er jamstilte i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. Kommunane og fylkeskommunane har rett til å krevje skriv frå statsorgan på bokmål eller nynorsk, og private rettssubjekt (privatpersonar og private verksemder og organisasjonar) har rett til å få m.a. svar frå statsorgan, eksamensoppgåver og vitnemål i si eiga målform. Paragrafen fastset òg den plikta statsorgan har til å lage skjema i begge målformer og syte for at dei er tilgjengelege både på bokmål og nynorsk.

Både i høyringssvar og på andre måtar har Språkrådet overfor Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet poengtatt at dersom færre bokmålsbrukarar meistrar nynorsk, vil dei språklege rettane nynorskbrukarar har etter mållova, bli vanskelegare å innfri.

Retten til nasjonalspråk for fleirspråklege elevar

Læreplanen i norsk for elevar med samisk som førstespråk (Udir 2013a) tek omsyn til at elevane i tillegg til norsk også har opplæring i morsmålet sitt. Læreplanen i samisk som førstespråk (Udir 2013b) og læreplanen i norsk for elevar med samisk som førstespråk er tenkte å utfylle kvarandre. Dette kjem tydeleg fram i føremålet med faget. Planen legg også stor vekt på eit komparativt perspektiv, der norskfaget skal byggje på og utvikle den spesielle kultur- og språkkompetansen som desse elevane har. For dei som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, er retten til nasjonalspråket sikra gjennom opplæring i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar.

For elevar gjeld opplæringslova §§ 2-8 og 3-12, som seier at elevar har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheter i norsk til å kunne følgje den vanlege opplæringa. Det finst ein eigen læreplan i norsk for minoritetsspråklege elevar (Udir 2007) som skal fremje norskspråkleg utvikling slik at elevane blir i stand til å følgje ordinær opplæring i norsk og andre fag på norsk. Det er ikkje obligatorisk at skolane tek denne læreplanen i bruk. *Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoritetar* er nivådelt og aldersuavhengig. Planen er ein overgangsplan, noko som tyder at ein kan ha opplæring etter denne læreplanen til ein er i stand til å følgje den vanlege læreplanen i norsk. Ein kan ikkje få vurdering med karakter basert på læreplanen i grunnleggjande norsk, men berre etter den vanlege læreplanen. Frå og med august 2013 (gjeldande versjon frå august 2016) har vi ein eigen læreplan i norsk for språklege minoritetar med kort butid i Noreg, som gjeld for den vidaregåande skolen (Udir 2016). Det blir gitt vurdering med karakterar, og elevane skal opp i skriftleg eksamen i faget. Dei kan også trekkjast ut til munnleg eksamen. Bestått eksamen etter denne læreplanen gir generell studiekompetanse på lik linje med den vanlege læreplanen i norsk.

Språklege rettar i målbytesituasjonar

Kollektivt målbyte frå nynorsk til bokmål er omtalt mellom anna i *Mål og meining* punkt 5.6.7. Målbyte på skolekrinsnivå skal skje etter reglane i opplæringslova § 2-5 sjuande ledd (skolemålsrøystingar), endring av målvedtak for ein kommune eller fylkeskommune skal skje etter mållova § 5.

Målformer i opplæringa er regulerte i opplæringslova § 2-5, der det står at det er kommunen som gir forskrifter om opplæringsmålform. Ledd for ledd nemner lova språket i den munnlege opplæringa, målform i lærebøker etter 7. årstrinnet og rett til norskundervisning i eiga gruppe med anna opplæringsmål enn det som kommunen har vedteke. Måten skoleadministrasjonar og kommunar handhevar regelverket på, kan i seg sjølv medverke til målbytte. Dette kjem fram i enkeltsaker, gjerne saker som kjem til Noregs Mållag som interesseorganisasjon for nynorskbrukarar. Språkrådet mottek også ein del slike saker, fordi mange oppfattar Språkrådet som ombod for språklege rettar (også rettar som kjem av opplæringslova, som Språkrådet ikkje har formelt ansvar for).

Opplæringslova § 2-5 andre ledd seier: «I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva talemål dei vil bruke.» Dette er i samsvar med vedtaket frå 1878 om at undervisninga skulle skje på «Børnenes eget Talesprog». I diskusjonen om bokmålspresset mot nynorskelevar har det vore reist spørsmål ved om det bør stillast krav om målform i tekstar som læraren bruker til støtte for munnlege presentasjonar, det vil seie tavlebruk og PowerPoint-presentasjonar.

Paragraf 2-5 tredje ledd seier at «[f]oreldra vel målform i lærebökene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.» Språkrådet ser med uro på ein slik rett til å velje vekk hovudmålet i lærebøker i andre fag enn norsk, særleg når hovudmålet er nynorsk. Språkrådet kan vanskeleg sjå denne ordninga annleis enn at ho undergrev valet av hovudmål. Vidare er det vanskeleg å sjå korleis ei ordning der elevar med nynorsk som hovudmål får lærebøker på bokmål, kan skape trygge nynorskbrukarar. I læreplanane under Kunnskapsløftet er skriving ei grunnleggjande ferdighet som skal øvast opp i alle fag, m.a.o. er dei andre faga ein sentral arena for skriveopplæringa.

Paragraf 2-5 fjerde ledd seier: «Når minst 10 elevar på eitt av årstrinna 1–7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøyre ei eiga elevgruppe. Retten gjeld så lenge det er minst seks elevar igjen i denne gruppa». Stortinget vedtok i november 2016 at regjeringa skal utgreie om denne retten til opplæring på hovudmålet og til å tilhøyre ei elevgruppe med same hovudmål skal utvidast til også å gjelde elevar i ungdomsskolen. Når dette kjem på plass, kan det vere med på å demme opp for det pågåande målbytet frå nynorsk til bokmål blant norske skoleelevar i randsonene for nynorsken.

12.4 Språkopplæring

Språkopplæring er Kunnskapsdepartementets ansvarsområde, og Kunnskapsdepartementet har derfor ei særleg viktig rolle i den sektorovergripande språkpolitikken. Når det gjeld språkopplæringa, viser *Mål og meining* til språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet. Eit sentralt mål i meldinga er å utvikle gode norskferdigheiter og positive haldningar til bruk av norsk. Språkopplæringspolitikken som blir skildra i meldinga, er ein del av den heilskaplege språkpolitikken, og barnehage og skole er sentrale arenaer for å utvikle språkkunnskapar, språkferdigheiter og generell språkkompetanse.

Språkstimulering i barnehagen

I 2011 gjekk 89,7 % av alle barn i alderen 1–5 år i barnehage, ein auke på 0,7 prosentpoeng frå året før. Prosentdelen hadde i 2016 auka til 91,0, ein auke på 1,4 prosentpoeng frå 2011 og 0,6 prosentpoeng frå 2015 (SSB).

Ein ny føremålsparagraf i barnehagelova tredde i kraft 1. august 2010. Føremålsparagrafen skal spegle eit fleirkulturelt og mangfaldig samfunn, på tvers av ulike livssyn og kulturell bakgrunn. Kunnskapsdepartementet fastsette 10. januar 2011 endringar i rammeplanen for innhaldet i barnehagen (Udir 2017). I 2012 leverte Språkrådet høyningsfråsegn til forskrift til rammeplan for barnehagelærarutdanninga og til ny lovgiving for barnehagane (Språkrådet 2012b). I utgreiingane til ei ny barnehagelov (NOU 2012: 1 *Til barnas beste. Ny lovgivning for barnehagene*) peikte

Språkrådet i høyringsfråsegna på at framlegget til ny barnehagelov manglar ein paragraf om rett til språkleg stimulering før skolestart. Framleis er det barnehagelova frå 2005 som gjeld, men frå 1. august 2016 er retten til opplæring i teiknspråk teken inn i lova. Frå og med 1. august 2017 er det innført ein ny rammeplan for kva for innhald og oppgåver barnehagen skal ha. I den nye rammeplanen er det formulert mål for arbeidet personalet skal gjere med kommunikasjon og språk. I høyringsfråsegna frå Språkrådet (Språkrådet 2017) etterlyste vi ei tydeleggjering i rammeplanen av at norsk teiknspråk har vorte ein språkleg rett, men dette vart ikkje gjort.

Verken nynorsk eller bokmål eller norsk teiknspråk er nemnde særskilt i styringsdokumenta for barnehagane, men i den nye rammeplanen står det mellom anna at «[i] barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, sanger, litteratur og tekster fra samtid og fortid». I høyringsfråsegna uttrykte Språkrådet at det her bør presiserast at utvalet av språk og språkformer må innehalde så vel bokmål og nynorsk som dei nasjonale minoritetsspråka, men denne presisieringa er ikkje tatt inn i den nye rammeplanen.

Språk i grunnopplæringa (1. årstrinn til vidaregåande trinn 3)

Ei ekspertgruppe frå Europarådet har skildra den fleirspråklege situasjonen i det norske samfunnet som noko svært positivt: Norske elevar lærer både nynorsk og bokmål, eventuelt finsk eller samisk, forstår dansk og svensk og får tidleg opplæring i engelsk. Det er stor aksept for dialektar, og det blir gjennomført eksamen i over hundre språk for elevar med andre morsmål enn norsk eller samisk. Ekspertgruppa meiner at denne språklege rikdommen ser ut til å vere undervurdert og teken for gitt i staden for å bli framheva og feira (St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer*).

Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne). I rapporten *Flerspråklighet i Norge* (Vulchanova ofl. 2013), laga av Mila Vulchanova med fleire på initiativ frå Språkrådet, er ein av konklusjonane at bokmål og nynorsk gir dei same fleirspråksfordelane som andre språkpar, sjølv om desse to språka kan seiast å ligge svært nær kvarandre frå eit språktypologisk og språkhistorisk perspektiv.

Ein premiss for den demokratiske språkpolitikken i Noreg er at dei to norske målformene nynorsk og bokmål til saman utgjer det nasjonalspråket som alle norske statsborgarar har rett og, på visse vilkår, plikt til å lære.

Det gjekk 629 275 elevar i grunnskolen (1.–10. årstrinn) per 1. oktober 2016. Nedgangen for nynorsk som opplæringsmål held fram, jamvel om det er ein liten auke i det absolutte talet på nynorskelevar frå skoleåret 2015–2016 til 2016–2017. Òg for samisk er det ein tilbakegang.

Tabell: Opplæringsmål i grunnskolen (elevtal)

	2011–2012	2012–2013	2013–2014	2014–2015	2015–2016	2016–2017
Nynorsk*	78 794	77 411	76 977	76 679	76 389	76 549
Bokmål	532 603	533 579	534 238	537 451	542 234	547 511
Samisk	855	873	822	812	833	814
I alt**	614 295	614 791	615 260	618 962	632 755	629 288

* I kapittel 10 i denne rapporten er nynorskdelen i kvart fylke presentert.

** I GSI er òg somme elevar oppførte med «Andre» som opplæringsmålform. Derfor er det samla elevtalet i tabellen høgare enn summen av tala for nynorsk, bokmål og samisk.

Kjelde: SSB og Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Særleg om norskfaget i grunnopplæringa

Det overordna målet i læreplanen for norsk i Kunnskapsløftet (2006) var at alle elevar skal få ein brei språkkompetanse som omfattar både bokmål og nynorsk. Ein slik språkkompetanse gir innpass i norsk kultur og opnar for brei samfunnssdeltaking og integrering (St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer. Språkstimulering og språklæring for barn, unge og voksne*, s. 31).

I desember 2010 sende Kunnskapsdepartementet eit oppdragsbrev til Utdanningsdirektoratet (KD 2010) der direktoratet mellom anna vart bedt om å utarbeide rammeverk for ei revidering av læreplanane i norsk. Norsklærarane hadde meldt om stor arbeidsbør, og ei gruppe oppretta for å sjå på moglege endringar i norskfaget, hadde tilrådd éin samla sluttcharakter i norsk etter vidaregåande skole, studieførebuande program. I framlegget til endringar frå Utdanningsdirektoratet i januar 2012 tilrådde direktoratet å endre læreplanen i norsk for å prioritere hovudmålet til elevane i skriveopplæringa, medan sidemålet skulle avgrensast. Dei gjekk inn for ein samla skriftleg karakter etter 10. klasse, men ville halde på den eksisterande eksamensordninga i vidaregåande skole. I svaret frå Kunnskapsdepartementet bad departementet om at det vart vurdert om kompetansekrava til hovudmålet og sidemålet kunne vere ulike. I ordskiftet etter dette kom det mange innspel, og Språkrådet sende mellom anna eit brev til Kunnskapsdepartementet i mars 2012 der det gjekk fram at framlegget frå Utdanningsdirektoratet ikkje bygde på dei språkpolitiske grunndokumenta. Språkrådet gjekk såleis mot framlegget om å redusere den skriftlege sidemålsopplæringa, for ettersom nynorsk er sidemål for eit stort fleirtal av elevane, ville det innebere at den samla nynorskkompetansen i samfunnet går ned. Dess lågare nynorskkompetansen til bokmålsbrukarane blir, dess høgare blir terskelen for at dei bruker nynorsk – noko som vil bidra til å marginalisere nynorsk og nynorskbrukarar (jf. Språkrådet 2012a:122–123). Då den nye læreplanen i norsk tredde i kraft i august 2013, var prioriteringa av hovudmålet tona ned, eigen karakter i skriftleg sidemål vart vidareført både etter ungdomsskolen og den vidaregåande skolen, og eksamensordninga i norsk vart verande om lag som før.

Sommaren 2015 la eit regjeringsoppnemt utval leidd av professor Svein Ludvigsen fram ein rapport (NOU 2015: 8 *Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser*) der dei tok til orde for meir djupnelæringer i skolen. Stoffstrengsel vart peikt på som eit hinder mot tilstrekkeleg fordjuping i mange fag. For norskfaget vart det ikkje konkretisert kva årsaka kunne vere til denne stoffstrengselen, men i ein delrapport utvalet la fram i 2014 (NOU 2014: 7 *Elevenes læring i fremtidens skole. Et kunnskapsgrunnlag*) vart sidemålsordninga i skolen trekt fram som eit konkret døme. I høyringsfråseguna frå Språkrådet vart det uttrykt uro for at sidemålet, eller opplæringa i begge målformene, kan kome til å bli svekt i dei endringsprosessane som no er på trappene. Hovudrapporten frå Ludvigsen-utvalet var eit sentralt dokument bak stortingsmeldinga *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av kunnskapsløftet* (Meld. St. 28 (2015–2016)). Meldinga slår fast at regjeringa vil fornye heile læreplanverket for Kunnskapsløftet i år som kjem, og Stortinget slutta seg til meldinga sommaren 2016. I strategien for fagfornyinga, som Kunnskapsdepartementet la fram i februar 2017, tek ein sikte på å fastsetje ein ny generell del av læreplanen hausten 2017. Dei einskilde læreplanane skal fastsetjast slik at dei er klare til å bli teknike i bruk frå om lag 2019.

Det er samstundes på gang eit forsøk med redusert tal på karakterar i halvårvurderinga i norskfaget på 8. og 9. årstrinn i grunnskolen og på Vg1 og Vg2 på studieførebuande program i den vidaregåande skolen. Forsøket starta opp i 2013 og skal avsluttast i 2018. NIFU evaluerer forsøket, og dei la fram den andre delrapporten sin i februar i år (Seland, Gjeruldstad og Lødding 2016). Rapporten tek føre seg forsøket så langt i den vidaregåande skolen, og hovudfunna er at kravet til formelle vurderingssituasjonar går ned, at lærarane bruker det frigjorde handlingsrommet til å utvide skriveopplæringa, og at forsøket betrar dei generelle arbeidsvilkåra for lærarane. Tilbakemeldingane frå elevane er derimot ikkje ein tydig positive, mellom anna fordi fleire meiner dei ikkje får gode nok tilbakemeldingar på kor dei står i hovudmålet respektive sidemålet sitt. Det er grunn til å tru at den endelege evalueringa av forsøket vil telje med når læreplan og vurderingsordningar for norskfaget skal fornyast.

Tiltaksplan for nynorsk i opplæringa

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) avslutta i 2012 arbeidet med ein treårig tiltaksplan for nynorsk i opplæringa, ein tiltaksplan som har utgangspunkt i Kunnskapsdepartementets eiga språkopplæringsmelding *Språk bygger broer* (St.meld. nr. 23 (2007–2008)). Planen sette opp mål og tiltak for nynorskopplæring på områda barnehage, barnetrinn, ungdomstrinn og vidaregåande skole med yrkesfag, språklege minoritetar og UH-sektoren. I 2013 låg sluttrapporten *Mange vegar til målet* (Nynorsksenteret 2013) føre, der dei oppsummerer resultata frå gjennomførte prosjekt ved sju barnehagar og 32 skolar, i tillegg til arbeid for å betre nynorsktildoda for yrkesfaglege elevar og minoritetar og for meir samarbeid med UH-sektoren.

Språkpolitiske føringer for endringar i språkopplæringa

Eit sentralt mål med norsk språkpolitikk er å sikre grunnlaget for ei god utvikling for nynorsk. *Mål og mening* slår fast at «det er viktig å sikra skoleelevar god opplæring i begge målformer, og at sidemålsundervisninga må utviklast og utbetrast, ikkje reduserast» (s. 209). Opplæringa i nynorsk som hovudmål kan ikkje sjåast isolert frå statusen og bruksbreidda for nynorsk i skolen og samfunnet elles.

Språkrådet har meldt til Kunnskapsdepartementet at den skriftelege kompetansen i sidemålet må dokumenterast, anten med standpunktcharakter eller med eigen eksamenscharakter.

Kompetanseheving for lærarar vil òg vere eit godt tiltak (jf. Språkrådet 2012c).

Som nemnt tidlegare i dette kapittelet er det no eit større forsøk i gang der det blir prøvd ut ordningar med færre norskkarakterar ved halvårsverdierungane dei første to åra av ungdomsskolen respektive studieførebuande program i den vidaregåande skolen. Målet er å sjå om tiltaket gir betre skriveopplæring ved at talet på formelle vurderingssituasjonar går ned. Forsøket skal avsluttast i 2018, og det er for tidleg å dra konklusjonar enno. Men sjølv innanfor forsøket skal elevane få tre ulike norskkarakterar siste året i ungdomsskolen og siste året i vidaregåande skole, slik at kravet om dokumentasjon av den skriftelege kompetansen i sidemålet blir oppfylt.

I 2016 starta det første engelskspråklege grunnskoletilbodet i offentleg norsk skole, ved Manglerud skole i Oslo. All undervisning foregår på engelsk etter internasjonal læreplan. Det er eit nytt utviklingstrekk at ein norsk, offentleg skole ikkje bruker norsk som språk i grunnopplæringa.

Kompetanse og opplæring i andre framandspråk enn engelsk

I 2010 sette Kunnskapsdepartementet i gang eit toårig forsøk med andre framandspråk enn engelsk på 6.–7. årstrinn. Forsøket skulle leggje eit grunnlag for og motivere til vidare framandspråklæring. Delrapport 1 frå SINTEF-forskarane som evaluerte forsøket, viste at spansk var det mest populære språket. Det såg òg ut til at jenter var meir motiverte for framandspråk enn gutter (Mordal ofl.2011).

Spansk er i skoleåret 2016–2017 framleis det mest populære framandspråket i ungdomsskolen, med ein marginal auke dei siste fem åra. Størst vekst har likevel tysk, medan fransk har gått ein del tilbake.

Tabell: Val av framandspråk på 8. årstrinn (prosentdel av elevane)

	2009–2010	2010–2011	2011–2012	2016–2017
Tysk	26,1 %	25,5 %	26,9 %	30,4 %
Fransk	14,6 %	15,5 %	15,3 %	12,8 %
Spansk	32,4 %	32,1 %	33,5 %	34,6 %
Russisk	0,1 %	0,1 %	0,1 %	0,1 %
Andre språk	0,2 %	0,2 %	0,4 %	0,4 %

Kjelde: Udir (2012)

12.5 Forsking på skrivekompetanse i begge målformer

Nasjonalt senter for skriveopplæring og skrifeforsking (Skrivesenteret) skal bidra til auka kvalitet i skriveopplæringa. Senteret skal vere eit nasjonalt ressurscenter i arbeidet med å styrke kompetansen i skriving som ei grunnleggjande ferdighet. Skrivesenteret byrja i 2012 arbeidet med eit fireårig prosjekt kalla «Developing national standards for assessment of writing: a tool for teaching and learning», på norsk kalla «Normprosjektet» (Skrivesenteret 2012), om skriving som grunnleggjande ferdighet i skolen. Prosjektet var eit samarbeid mellom fleire institusjonar: NTNU, Universitetet i Oslo, Høgskolen i Oslo og Akershus, Universitetet i Agder og Høgskolen i Sør-Trøndelag ved Skrivesenteret. Føremålet med prosjektet var å bidra til betre forskingsbasert kunnskap om kva ein kan forvente av skrivekompetanse hos elevar på ulike trinn i utdanningssystemet. Det overordna målet var å bidra til å utvikle nasjonale standardar for skrivekompetanse, til nytte i undervisning og vurdering. «Normprosjektet» vart formelt avslutta våren 2016, og ein omfattande sluttrapport vart send til Forskningsrådet. Ei fagbok er under arbeid, og ein eigen konferanse er planlagd i Trondheim i november 2017.

Språkstatus 2010 (Språkrådet 2010) slo fast at forsking på nynorsk i opplæringa er mangelvare (Språkrådet 2010:42):

Forsking er mangelvare på området nynorsk i opplæringa, frå barnehagen, gjennom heile grunnopplæringa og til og med i lærarutdanninga. Gransking av kva vilkår som må oppfyllast for at elevar med nynorsk som hovudmål skal kunna halda fram å skriva nynorsk etter at dei er ferdige med grunnopplæringa, er eit område det finst lite kunnskap om (Nynorsksenteret 2009). Det finst lite informasjon om korleis det vert undervist i nynorsk som sidemål, kor mykje tid som vert bruka og om kor tidleg i grunnopplæringa undervisninga tek til (Grepstad 2004b).

Rapportar frå Nynorsksenteret i perioden 2009–2010 er *Sjølvsgått les og skriv vi nynorsk* (Bergem og Båtevik 2010), som er ei evaluering av eit prosjekt ved Volda ungdomsskole, og *Nynorsk i praksis. Lærarstudentar møter nynorskelevar. Fase II* (Bjørlo og Hernes 2010) (fase I var frå perioden 2008–2009). I forskings- og utviklingsprosjektet «Nynorsk i praksis» møtte lærarstudentar nynorskelevar. Prosjektet hadde tre mål: Det første var å utvikle og kartleggje nynorskkompetansen hos studentar som var i praksis på nynorsksskolar. Vidare ville prosjektet undersøkje haldningane studentane har til nynorsk generelt og nynorskkompetansen i lærarrolla spesielt, før og etter praksis på nynorsksskole. Til sist ønskte prosjektet å inkludere øvingslærarar i ein didaktisk og erfaringsbasert refleksjon om nynorskkompetansen til studentane i lærarpraksis. Erfaringane var at engasjementet for å undervise i nynorsk auka, og det same gjorde den språklege sjølvtilleit. Lærarstudentane kjende seg som betre og meir positive nynorskbrukarar etter prosjektet.

I desember 2016 forsvarte Kristin Kibsgaard Sjøhelle avhandlinga si for graden ph.d. Avhandlinga hadde tittelen *Å skrive seg inn i språket. Ein intervensionsstudie av nynorsk sidemålsopplæring for vidaregåande trinn* (Sjøhelle 2016). Elevar og lærarar i ein Vg3-klasse i Trondheim nyttar nynorsk som bruksspråk i digitale tekstar og papirbaserte tekstar i norskundervisninga gjennom eit skoleår. Hovudfunna var at elevane nytta fleire ulike strategiar for å skrive god nynorsk i ulike fasar av skrivinga, og at det å nytte nynorsk i både formelle og uformelle tekstar aktiverer fleire skrivestrategiar hos elevane. Studien viser eit potensial i å arbeide med skrivestrategiar i sidemålsarbeidet, som er tilpassa elevane i ulike fasar av skrivinga.

12.6 Lærarutdanninga

I stortingsmeldinga *Læreren. Rollen og utdanningen* (St.meld. nr. 11 (2008–2009)) føreslo Kunnskapsdepartementet ei ny og meir spesialisert lærarutdanning for grunnskolen. Frå og med skoleåret 2010–2011 vart grunnskolelærarutdanninga delt i to, GRL1–7 og GRL5–10. Frå og med skoleåret 2017–2018 er grunnskolelærarutdanninga omgjort til femårig mastergradsutdanning, men todelinga held fram. Desse siste lærarutdanningsreformene har aktualisert behovet for tydelege krav

til norsk kompetanse i lærarrolla. Etter at todelinga vart gjennomført hausten 2010, er ikkje norskfaget lenger obligatorisk på grunnskolelærarutdanninga for 5.–10. trinn. Dette reiser spørsmål om korleis styresmaktene vil sikre at også faglærarar utan norsk i fagkrinsen får kompetanse til å vere skrive- og leselærarar i alle fag, både på nynorsk og bokmål, slik læreplanen krev. Språkrådet er òg skeptisk til at det kan bli gitt fritak for ei av målformene til norskeksamen i lærarutdanninga. Dette vil oftast gjelde nynorsk og bidrar derfor til å svekkje stillinga til nynorsk i skolen.

Frå innføringa av todelt grunnskolelærarutdanning i 2010 auka talet på førstevalssøkjurar til lærarutdanningane med om lag 19 % fram til 2015 (Samordna opptak 2017). Frå 2015 til 2016 var det derimot ein nedgang i søkeralet på drygt 4 %, i hovudsak årsaka av nedgangen for GRL1–7, som var på 11 %. Søkeralet for den nye mastergradsutdanninga som startar hausten 2017, viser ein ytterlegare nedgang frå 2016 på 4,6 %. Reduksjonen i talet på søkerarar er no størst på GRL5–10.

12.7 Haldningar til eige fag hos norsklærarar

På oppdrag frå Språkrådet gjennomførte Synovate Norge AS hausten 2010 ei landsomfattande undersøking blant norsklærarar i ungdomsskolen og i vidaregåande skole om kva haldningar dei har til sitt eige fag. Det kom inn 1594 svar i alt. Hovudfunna var slik: Utdanningsnivået og erfaringa til lærarane er vesentleg for kva haldningar dei har til norskfaget. Dei fleste av lærarane med lengst utdanning (mastergrad/hovudfag) opplever at dei har god eller ganske god kompetanse til å undervise i dei emna læreplanane krev at dei skal undervise i (Pran og Ukkelberg 2011).

I 2015 gjennomførte Ann Kristin Karstad ei undersøking blant elevar på tiande trinn og norsklærarane deira i Tromsø. Ho gjorde også ei samanlikning med eit mindre utval elevar og lærarar i indre Østfold. Også denne studien viser ein samanheng mellom utdanningsnivået og arbeidserfaringa til lærarane og haldninga deira til å lese og skrive nynorsk, men det er få lærarar som bruker nynorsk i undervisninga i andre fag enn norsk (Karstad 2015).

I ein studie utført av Aksel Torsnes Mehlum i 2016 undersøkte han mellom anna kva haldningar eit utval lærarstudentar i Trondheim og Oslo som har vakse opp med nynorsk som hovudmål, har til valfridomen i nynorsknorma. Meiningane er delte med omsyn til kva som er best for språksamfunnet av ei vid eller ei stram norm, men alle studentane som var med i undersøkinga, trur det er ein pedagogisk/didaktisk føremón for læring av nynorsk at norma er smal (Mehlum 2016).

12.8 Læremiddel

Opplæringslova § 9-4 første ledd første punktum seier: «i andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå regelen.» Forskrift til opplæringslova kapittel 17 (KD 2006) inneholder nærmere føresegner om det lovfesta kravet. Ingen har tilsyn med dette, men skoleeigaren har oppfølgingsansvar etter opplæringslova. Forskrifta til opplæringslova vart justert i 2010. Tittelen på kapittel 17 var før «Kravet om språkleg parallelutgåve» og er no «Elevens rett til læremiddel på eiga målform». Den nye formuleringa tydeleggjer rettane til elevane. Skoleeigaren har plikt til å innfri retten til elevane. Denne plikta gjeld for skoleeigaren uavhengig av talet på elevar som bruker nynorsk eller bokmål. Det er ikkje unntak frå kravet ut frå talet på brukarar i kommunen/fylket. Det inneber òg at skoleeigarar med få eller ingen brukarar av ei målform berre kan kjøpe inn læremiddel som ligg føre på begge målformer. Unntak gjeld berre for fag med årskull på 300 eller lågare på landsbasis.

I § 17-1 i forskrifta til opplæringslova er *læremiddel* definert som «alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i undervisninga». Parallelitetskravet gjeld for læremiddel som blir brukte regelmessig i opplæringa og dekkjer vesentlege delar av kompetanseområda. Vidare blir det understreka at læremiddel kan vere både trykte og digitale, og at dei same reglane gjeld for begge typane. Såkalla læringsressursar, dvs. materiale som ikkje er

utvikla særskilt til bruk i undervisninga, fell dermed utanfor parallellitetskravet, sidan dei ikkje dekkjer vesentlege delar av kompetanseområda i faget, men kan vere konsentrerte om berre nokre få kompetanseområda. Språkrådet får stadig meldingar frå lærarar og elevar på skolar med nynorsk som opplæringsmål om at slike læringsressursar svært sjeldan finst på nynorsk. Dette bidrar ytterlegare til at nynorskelevar møter eit stort tilfang av bokmåltekst i opplæringa si alt tidleg i skoleløpet, noko som parallellitetskravet skal hindre.

Læremiddelforskning

Språkrådet bestilte i 2011 ei undersøking av språket i læremiddel frå dåverande Høgskolen i Vestfold (HVE). Basert på funna i undersøkinga skulle HVE tilrå kriterium for godt språk i læremiddel. Kriteria var meinte som støtte til utviklarar av læremiddel for å sikre godt språk i læremidla (Skjelbred ofl. 2013).

HVE har på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet utarbeidd ei kunnskapsoversikt over læremiddelforskning etter læreplanverket for Kunnskapsløftet (Juuhl ofl. 2010). Studien tek særleg opp val, vurdering og bruk av læremiddel og tilpassa opplæring. Rapporten peiker på at det er lite systematikk og progresjon i korleis læremidla hjelper lærarane til å arbeide med dei grunnleggjande ferdighetene, først og fremst lesing og skriving, i alle fag. Det er lite arbeid med lesing og med tekstane i læreboka, og individuelt arbeid med oppgåver har stor plass.

Støtte til utvikling av læremiddelet

I mai 2010 lyste Utdanningsdirektoratet ut til saman ca. 40 millionar kroner for særskilt tilrettelagd opplæring, for minoritetsspråklege elevar og for smale fag og små elevgrupper. Til smale fag og små elevgrupper (17 millionar) var utvikling av parallellutgåver av digitale læremiddel særleg prioritert. I mai 2012 vart det lyst ut nærmere 50 millionar kroner som tilskot til læremiddel for minoritetsspråklege elevar, tilskot til smale fag og tilskot til multifunksjonelle læremiddel.

12.9 Forum for nynorsk i opplæringa og Nettverk for nynorsk i lærarutdanninga

Forum for nynorsk i skolen var eit forum der representantar frå Noregs Mållag, Norsk Målungsdom, Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Det Norske Samlaget, Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret, Språkrådet og Utdanningsdirektoratet møttest for å diskutere særskilde utfordringar for nynorsk i opplæringa. Frå 2005 var det om lag to årlege møte i regi av Utdanningsdirektoratet. Det siste møtet vart halde 1. april 2011, og revisjonen av læreplanen i norsk var temaet. Etter dette møtet låg aktiviteten nede nokre år før direktoratet revitaliserte det under namnet Forum for nynorsk i opplæringa og kalla saman til eit møte 29. januar 2015. Etter planen skal det haldast møte ein gong i året, men i samband med den pågående fagfornyinga (jf. avsnitt 12.4 i denne rapporten) kan møta bli halvårlege.

Nettverk for nynorsk i lærarutdanninga hadde si første samling i Bergen 20. oktober 2015. Nettverket består av deltakarar frå dei fleste grunnskolelærarutdanningane i Noreg og blir administrert av Nynorsksenteret i Volda. Språkrådet blir invitert til samlingane, som blir haldne to gonger i året. Nettverket er særleg oppteke av utfordringane knytte til lærarstudentanes kompetanse i nynorsk.

12.10 Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Frå 2016 er det Justis- og beredskapsdepartementet som har ansvar for innføringskurs i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar, som er heimla i lov 4. juli 2003 nr. 80 om *introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere* (introduksjonslova). Det er personar mellom 18 og 55 år som har rett og plikt til å delta i introduksjonsordninga. Alle kommunar som buset flyktningar, har plikt til å tilby introduksjonsprogram, som skal bidra til ei lettare og raskare integrering av nytilkomne i det norske samfunnet. Vaksne innvandrarar med eit

oppahaldsløyve som dannar grunnlag for busetjing, har rett og plikt til å gjennomføre 300 eller 600 timer opplæring i norsk språk og samfunnskunnskap. Dei som fekk første oppahaldsløyvet sitt før 2012, har plikt til å ta 300 timer opplæring, medan plikta er på 600 timer opplæring for dei som fekk første oppahaldsløyvet sitt etter 1. januar 2012. Programmet er normalt på full tid i inntil to år. Det er kommunen som har ansvar for å leggje til rette for opplæringa. Nordiske borgarar og borgarar av EØS-statar er ikkje omfatta av rett og plikt til å delta i introduksjonsprogram for nykomne utlendingar.

Fram til 2014 var norskprøve 2 og norskprøve 3 dei avsluttande nasjonale prøvene i opplæringa for vaksne innvandrarar.

Tabell: Tal på innvandrar som tek norskprøve, og prosentdel som består prøva

	2010	bestått	2011	bestått
Munnleg norskprøve 2	2789	92 %	2963	92 %
Munnleg norskprøve 3	1160	79 %	1641	75 %
Skriftleg norskprøve 2	2750	65 %	3217	61 %
Skriftleg norskprøve 3	1171	45 %	1609	48 %

Kjelde: Kompetanse Noreg (2017)

I 2014 vart desse prøvene erstatta av eit prøveregime der ein melder seg til norskprøve og får eit resultat tilsvarende definerte nivå. Den tidlegare norskprøve 2 tilsvarer no nivå A2, medan tidlegare norskprøve 3 tilsvarer nivå B1. Ein kan melde seg til prøver som testar separate ferdigheiter: munnleg, lytteforståing, leseforståing og skriftleg framstilling. Talet på innvandrarar som har meldt seg til dei ymse prøvene, har variert noko frå starten sommaren 2014, men vinteren 2016 varierte talet mellom 6000 og 7000 på dei fire ferdighetstestane. 53 % av dei oppmelde nådde nivået B1 eller høgare i munnleg, medan det tilsvarande talet var 37 % i skriftleg framstilling.

Vaksne innvandrarar får oftast opplæringa si på bokmål, òg i kommunar der nynorsk er både skolemål, administrasjonsmål og dominerande i lokalsamfunnet. NOU-en *Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringssystemet* (NOU 2010: 7) peiker på at læremiddel for innvandrarar bør inn under parallellitetskravet i opplæringslova (slik som for grunnskolen og vidaregåande skole). Det vil gjere at læremiddel for vaksne innvandrarar skal finnast på både nynorsk og bokmål til same tid og same pris. Per april 2017 har det framleis ikkje kome noko endring i opplæringslova på dette punktet.

12.11 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Skolen er avgjerande for korleis det norske språksamfunnet utviklar seg på alle andre område. I lys av at barnehagen meir og meir blir rekna for ein del av det samla opplæringsløpet, er det også viktig å få forpliktande formuleringar om språkleg medvit og språklege rettar inn i planverket for barnehagen. I rammeplanen som vart fastsett nyleg, finst det ikkje spor etter dei framlegga til endringar som Språkrådet kom med i høyringsfråsegnna.

Når læreplanane for grunnopplæringa no skal fornyast, er det viktig at Kunnskapsdepartementet ser til at at nynorskperspektivet er med når dei utviklar planverket for utdanningssektoren, slik det er lagt til grunn i den sektorovergripande språkpolitikken.

Språkrådet har meint at norsk må vere eit obligatorisk fag for alle som utdannar seg til grunnskolelærarar. Dette har vi ikkje fått gjennomslag for, og i den nye femårige mastergradsutdanninga for grunnskolelærarar er det framleis slik at ein del studentgrupper får fritak

for vurdering i sidemål, samstundes som mange studentar i GLU5–10 kan velje bort norsk som fag. Språkrådet vil arbeide for at flest mogleg lærarstudentar må dokumentere kompetanse i sidemål, og at denne kompetansen blir synleg på vitnemålet deira.

I kommunar der nynorsk er både skolemål, administrasjonsmål og dominerande i lokalsamfunnet, får vaksne innvandrarar ofte opplæringa si på bokmål. Læremiddel for innvandrarar bør inn under parallelitetskravet i opplæringslova, slik at læremiddel kjem på både nynorsk og bokmål til same tid og same pris.

Kjelder

Barnehagelova = *Lov om barnehager*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64> (august 2017).

Bergem, R. og F.O. Båtevik (2010): *Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk. Evaluering av eit prosjekt ved Volda ungdomsskule*. Rapport nr. 8. Høgskulen i Volda / Møreforsking Volda.
http://www.moreforsk.no/download.aspx?object_id=91ED208971704A9CA476D8B2042FAC49 (august 2017).

Bjørlo, B.W. og R. Hernes (2010): *Nynorsk i praksis. Lærarstudentar møter nynorskelevar. Fase II. Sluttrapport for prosjektåret 2009/2010*. Høgskolen i Bergen.
https://www.nynorskcenter.no/neted/front/img/FoU_rapport/2010_HiB_NynorskPraksis.pdf (august 2017).

GSI = Utdanningsdirektoratet: Grunnskolens informasjonssystem. <https://gsi.udir.no> (august 2017).
Introduksjonslova = *Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere*.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80> (august 2017).

Juuhl, G.K. M. Hontvedt og D. Skjelbred (2010): *Læremiddelforskning etter LK06: eit kunnskapsoversyn*. Høgskolen i Vestfold, rapport 1/2010.
<https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/149132> (august 2017).

Karstad, A.K. (2015): *Nynorsk som sidemål: En holdningsstudie blant elever og norsklærere på ungdomstrinnet*. Masteroppgave i nordisk språk ved lektorutdanningen, Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet. <http://hdl.handle.net/10037/9164> (august 2017).

KD (2006) = Kunnskapsdepartementet: Forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova.
<http://www.lovdata.no/for/sf/kd/xd-20060623-0724.html> (august 2017).

KD (2010) = Kunnskapsdepartementet: Oppdragsbrev nr. 42-10 til Utdanningsdirektoratet. Datert 6.12.2010. https://www.udir.no/Upload/larerplaner/forsok/Oppdragsbrev_42-10.pdf (august 2017).

Kompetanse Noreg (2017): Statistikkbanken. <http://status.vox.no/webview/> (august 2017).
Mehlum, A.T. (2016): «Eg kviler litt for mykje på at eg tenkjer at eg kan nynorsk.» *Ei undersøking av kjennskap og haldningar til valfridomen i nynorsknorma hjå lærarstudentar med nynorskbakgrunn i Oslo og Trondheim*. Masteroppgåve i nynorsk skriftkultur, Høgskulen i Volda.
https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2415944/master_MehlumAT.pdf?sequence=1&isAllowed=y (august 2017).

Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av kunnskapsløftet*. Kunnskapsdepartementet.
https://www.regjeringen.no/contentassets/e8e1f41732ca4a64b003fca213ae663b/no/pdfs/stm2015_20160028000dddpdfs.pdf (august 2017).

Mordal, S., B.E. Aaslid og H. Jensberg (2011): *Evaluering av forsøk med 2. fremmedspråk på 6.–7. trinn. Delrapport 1*. SINTEF Teknologi og samfunn.
<http://www.udir.no/Upload/rapporter/2011/5/fremmedsprak.pdf?epslanguage=no> (august 2017).

Mållova (1980) = *Lov om målbruk i offentleg teneste*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5> (august 2017).

Mål og mening sjå St.meld. nr. 35 (2007–2008).

NOU 2010: 7 *Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringssystemet*.

Kunnskapsdepartementet.

<http://www.regjeringen.no/pages/10797590/PDFS/NOU201020100007000DDDPDFS.pdf>
(august 2017).

NOU 2012: 1 *Til barnas beste. Ny lovgivning for barnehagene*. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/f77c1a6dbd00473fb8c0b8928724dd30/no/pdfs/nou201220120001000dddpdfs.pdf> (august 2017).

NOU 2014: 7 *Elevenes læring i fremtidens skole. Et kunnskapsgrunnlag*. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e22a715fa374474581a8c58288edc161/no/pdfs/nou201420140007000dddpdfs.pdf> (august 2017).

NOU 2015: 8 *Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser*. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/da148fec8c4a4ab88daa8b677a700292/no/pdfs/nou201520150008000dddpdfs.pdf> (august 2017).

Nynorsksenteret (2013) = Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa: *Mange vegar til målet*.

Sluttrapport for Tiltaksplan 2009–2013.

http://www.nynorsksenteret.no/nyn/forsking-og-utvikling/fou_rapportar-1/_mange-vegar-til-malet_ (august 2017).

Opplæringslova (1998) = *Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa*.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> (august 2017).

Pran, K.R. og Å. Ukkelberg (2011): *Norsk lærerers holdning til eget fag*.

<http://www.sprakradet.no/upload/Norsk%C3%A6rerers%20holdninger%20til%20eget%20fag.pdf> (august 2017).

Samordna opptak (2017): Søkertall per april 2017.

<https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2017/> (august 2017).

Seland, I., C. Gjeruldstad og B. Lødding (2016): *Evaluering av forsøk med halvårsverdering med én eller to karakterer i norsk. Erfaringer fra forsøket i videregående skole*. NIFU-rapport 2016:29. <https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2422341/NIFUrapport2016-29.pdf> (august 2017).

Sjøhelle, K.K. (2016): *Å skrive seg inn i språket. Ein intervensionsstudie av nynorsk sidemålsopplæring for vidaregåande trinn*. Ph.d.-avhandling. Universitet i Oslo, Det utdanningsvitenskapelige fakultet, Institutt for lærerutdanning og skoleutvikling.

Skjelbred, D., Mortensen-Buan, A., Askeland, N., Bakke, J.O. og Aamotsbakken, B. (2013):

Språklig kvalitet i læremidler. Språkrådets skrifter. Nr 3. Oslo:

Språkrådet. <http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakradets-skrifter/spraklig-kvalitet-i-laremidler.pdf> (august 2017).

Skrivesenteret (2012): Normprosjektet. <http://norm.skrivesenteret.no/> (august 2017).

Språkrådet (2010): *Språkstatus 2010. Kunnskap frå elleve språkpolitiske område*.

<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus%202010.pdf> (august 2017).

Språkrådet (2012a): *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet*.

<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf> (august 2017).

Språkrådet (2012b): Høyringsfråsegn – NOU 2012: 1 *Til barnas beste*. Brev til

Kunnskapsdepartementet datert 7.5.2012.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/aff8c9b618b9401f928bd93a855767de/spraakraadet.pdf> (august 2017).

Språkrådet (2012c): Språkpolitiske føringer for norskfaget. Brev til Kunnskapsdepartementet datert 6.3.2012.

<http://www.sprakradet.no/upload/Aktuelt/Spr%C3%A5kpolitiske%20f%C3%B8ringar%20for%20norskfaget.pdf> (august 2017).

Språkrådet (2017): Svar på høring av ny forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. Brev til Kunnskapsdepartementet datert 18.1.2017.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/be9c9cbcbeac4989899cc032228150ee/sprakradet.pdf> (august 2017).

SSB = Statistisk sentralbyrå. www.ssb.no (august 2017).

St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e78e5e702d464f89bbc2f1a0d5f507d7/no/pdfs/stm200720080023000dddpdfs.pdf> (august 2017).

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (august 2017). Kortversjon:
http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (august 2017).

St.meld. nr. 11 (2008–2009) *Læreren. Rollen og utdanningen*. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/dce0159e067d445aacc82c55e364ce83/no/pdfs/stm200820090011000dddpdfs.pdf> (august 2017).

Udir (2007) = Utdanningsdirektoratet: *Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter (NOR7-01)*. Gjeld fra 1.8.2007. <https://www.udir.no/kl06/NOR7-01> (august 2017).

Udir (2012) = Utdanningsdirektoratet: *Tall fra Grunnskolens informasjonssystem (GSI) 2011–12*.
http://www.udir.no/Upload/Statistikk/GSI/GSI_2011_2012_notat.pdf?epslanguage=no (august 2017).

Udir (2013a) = Utdanningsdirektoratet: *Læreplan i norsk for elever med samisk som førstespråk (NOR3-03)*. Gjeld fra 1.8.2013. <https://www.udir.no/kl06/NOR3-03> (august 2017).

Udir (2013b) = Utdanningsdirektoratet: *Læreplan i samisk som førstespråk (SFS1-04)*. Gjeld fra 1.8.2013. <https://www.udir.no/kl06/SFS1-04> (august 2017).

Udir (2016) = Utdanningsdirektoratet: *Læreplan i norsk for språklige minoriteter med kort botid i Norge – videregående opplæring (NOR9-02)*. Gjeld fra 1.8.2016.

<https://www.udir.no/kl06/NOR9-02> (august 2017).

Udir (2017) = Utdanningsdirektoratet: *Rammeplan for barnehagen*. <https://www.udir.no/rammeplan> (august 2017).

Vulchanova, M., M.F. Asbjørnsen, T.A. Åfarli, B.R. Riksem, J. Järvikivi og V. Vulchanov (2013): *Flerspråkhets i Norge. Rapport*.

<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kdagen%202012/Vulchanova%20endelig%20rapport%2025042013.pdf> (august 2017).

13 Nabospråk

Nabospråkforståinga i Norden har gått ned dei siste tiåra, men skandinavisktalande forstår kvarandre framleis godt etter kort tids eksponering for dei andre språka. Det nordiske medietilbodet påverkar nabospråkforståinga. Til dømes har tv-serien Skam har hatt positiv påverknad for i kva grad svenskar og danskar forstår norsk. Nordisk språkpolitikk og språksamarbeid har fokusert mykje på skolesektoren og på barn og unge dei seinare åra, medan det sektorovergipande språkarbeidet har vorte mindre vektlagt.

13.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meinig

Nordisk språksamarbeid (kap. 11.1)

Nordisk språksamarbeid har lange røter. Årlege språkmøte er haldne frå 1954. Frå 1978 fanst Nordisk språksekretariat. Sidan 2004 har den faglege forankringa vore Nordens språkråd, rådgjevande organ for Ministerrådet.

I Ministerrådet har språksamarbeidet vore organisatorisk forankra under det forskings- og utdanningspolitiske samarbeidsområdet.

Den nordiske språkdeklarasjonen frå 2006 stadfester politisk vilje til å halda oppe den nordiske språkfellesskapen.

Internordisk språkforståing (kap. 11.2)

Intern språkvariasjon kan forklara at nordmenn er best til å forstå dei andre skandinaviske språka.

Undersøkingar viser svekt nabospråkforståing i Danmark og Sverige frå 1972 til 2005. For Noreg er situasjonen uendra.

Av islendingar og finnar nyttar mange engelsk i staden for skandinavisk i nordisk samanheng.

Verkemiddel i det nordiske språksamarbeidet (kap. 11.3)

Nordens språkråd har i perioden 2004–2007 årleg fordelt ca. 8 mill. danske kroner til eit vidt spekter av språktiltak med nordisk relevans.

Innanfor det kulturpolitiske samarbeidet under Ministerrådet, dessutan frå Nordisk kulturfond, går det støtte til ulike kulturtiltak som også kan ha språkpolitisk relevans.

Oppfølging av Den nordiske språkdeklarasjonen (kap. 11.4)

Bakgrunn og innhald (kap. 11.4.1)

Språkdeklarasjonen handlar om fire språkpolitiske arbeidsområde: styrking av nabospråksundervisninga for å fremja gjensidig språkforståing, utvikling av ein konsekvent parallellspråksbruk på relevante område, behovet for å vareta det språklege mangfaldet, og Norden som språkleg føregangsregion med vekt på språkfellesskap og klarspråksarbeid.

Generelt om oppfølgingsarbeidet (kap. 11.4.2)

Språkdeklarasjonen må følgjast opp både nasjonalt og i det nordiske samarbeidet.

Språkforståing og språkkunnskap (kap. 11.4.3)

Nabospråksforståing kan fremjast gjennom så vel utdanningspolitiske som kulturpolitiske verkemiddel.

Internordiske språkkurs, ulike former for nettverkssamarbeid for lærarar og tilgang til bøker på

nabospråka er døme på relevante samarbeidstiltak.

Språkdimensjonen i kultursamarbeidet er særleg tydeleg ved støtte til omsetjing av nabolandslitteratur og utdeling av nordiske litteratur- og filmprisar. Viktig er også internordisk formidling av film- og tv-produksjonar og nordiske samproduksjonar.

Nyleg er det også oppretta ei støtteordning for utvikling av nordiske dataspel.

Derimot har det ikkje lykkast å gjera offentleg finansierte tv-kanalar i Norden automatisk tilgjengelege også i nabolanda.

Språkteknologi (kap. 11.4.4)

Nordens språkråd har utpeikt språkteknologi som eit prioritert oppfølgingsområde. Tekst- og taleressursar i nasjonale språkbankar kombinert med utvikling av fellesnordiske reiskapar og metodar kan utgjera ein nordisk språkbank. Den vil fremja fellesnordisk språkforståing ved å bidra til å utvikla til dømes maskinomsetningsprogram, internordiske ordbøker, tverrgåande søkjeprogram osv.

Oppsummerande vurdering (kap. 11.4.5)

Nasjonal oppfølging av behovet for betre nabospråksundervisning er nærmere omtalt i ei stortingsmelding frå Kunnskapsdepartementet om språkstimulering og språkopplæring.

Frå kortversjonen av Mål og mening (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

13.2 Nordisk språksamark og nabospråksforståing

Språkfellesskapen er ein av faktorane som bind Norden saman. Dansk, norsk og svensk har ein nær slektskap som gjer at språkbrukarar som kan eitt av desse språka, som oftast kan forstå dei andre språka i stor grad. Kvar for seg er språka ikkje blant dei største, men samla har dei skandinaviske språka over 20 millionar brukarar.

Tilgang til skandinaviskspråklege film- og tv-produksjonar er med på å auke nabospråkforståinga i Norden. Til dømes har vi sett korleis den norske tv-suksessen *Skam* har bidratt til auka status for og forståing av norsk i nabolanda våre. Det bør derfor vere eit mål at offentleg finansierte tv-kanalar i Norden skal vere automatisk tilgjengelege i nabolanda. Også andre mediekanalar kan bidra til å styrke ein nabospråkleg fellesskap, som til dømes det nyetablerte nordiske nyhendebrevet *Broen.xyz*.

Den nordiske arbeidsmarknaden er ei anna kjelde til auka nabospråksforståing. Eksempel på dette er dei mange svenske arbeidstakarane i Noreg dei siste åra og den dansk-svenske arbeidsmarknaden som har vakse fram i området på både sider av Øresundsbrua.

Trass i auka kontakt tyder undersøkingar på at nabospråkforståinga går ned (Bacquin og Christensen 2013). Framveksten av engelsk som fellesspråk blir gjerne trekt fram som ei mogleg årsak til dette. Ei undersøking frå 2016 av nabospråkforståing i praksis blant unge i Norden (Brink 2016) syner likevel at nordiske arbeidstakarar har relativt lett for å forstå kvarandre på norsk, svensk og dansk. Ein tredjedel av informantane hadde ifølgje rapporten ei umiddelbar forståing av nabospråket, og resten fortalte at dei forstod det meste etter nokre få månader. Der nabospråka blir brukte i praksis, tek det altså ikkje lang tid før forståinga er god.

Nabospråkforståing er i stor grad ein konsekvens av kontakt mellom språkbrukarar, men språkforståinga kan også fremjast gjennom utdanningspolitiske og kulturpolitiske verkemiddel. I 2017 har Noreg formannskapen i Nordisk ministerråd, og den nordiske språkforståinga står på dagsorden. Samstundes blir det lansert eit nytt nordisk støtteprogram for barn og unge, kultur og språk. I seg sjølv er dette eit svært godt tiltak. Vi ser likevel at det nordiske språksamarket og støtteordningane knytte til dette, har hatt eit sterkt fokus på barn og på skolesektoren dei siste åra. Det er viktig å hugse at det nordiske språksamarket omfattar fleire samfunnområde enn dette, og at som anna språkpolitisk arbeid må også det nordiske arbeidet vere sektorovergripande.

13.3 Språkrådets rolle og aktivitetar

Det nordiske språksamarbeidet vart etablert i 1954, og det har vore årlege språkmøte sidan då. Frå 2010 vart samarbeidet koordinert med andre tiltak som fell inn under ansvaret Nordisk ministerråd har på utdannings-, kultur- og språkområdet ved at Nordisk språkkoordinasjon vart oppretta (Nordisk språkkoordinasjon 2017a). Språkrådet har heilt frå starten av det nordiske språksamarbeidet i 1954 samarbeidd med tilsvarende institusjonar i dei andre nordiske landa om faglege tema med særleg vekt på å halde ved like nabospråksforståinga i Norden.

Språknemndene i Norden har framleis sitt eige nettverk der Språkrådet er med. Ei sentral oppgåve for nettverket er å følge opp den nordiske språkdeklarasjonen (sjå avsnitt 13.4 nedanfor) gjennom eigne tiltak, arbeidsgrupper og prosjekt.

13.4 Verkemiddel i det nordiske språksamarbeidet

Nordisk språkkoordinasjon fordeler årleg midlar til aktivitetar i nettverket i tillegg til dei andre språklege tiltaka på språk- og kulturområdet. I tillegg kan aktørane søkje om prosjektmidlar frå Språkkoordinasjonen, Nordpluss nordiske språk, Nordpluss junior, Nordisk kulturfond, Letterstedtska föreningen, Clara Lachmanns fond og andre fond som står nordiske tiltak på språkområdet. I 2016 vedtok Nordisk ministerråd eit nytt program for tiltak på kultur- og språkområdet, kalla «Volt». Dette programmet kjem i tillegg til dei som er nemnde over, og er retta særleg inn mot aktivitetar der barn og unge medverkar.

13.5 Den nordiske språkdeklarasjonen

Den nordiske språkdeklarasjonen (Nordisk ministerråd 2006) er ein språkpolitisk deklarasjon der målet er å gi retningsliner for ein samla nordisk språkpolitikk for framtida. Det blir understreka kor viktig det nordiske språkfellesskapet er, og kor viktig det er å ta vare på det også i framtida. Deklarasjonen har fire språkpolitiske arbeidsområde:

- 1) språkforståing og språkkunnskap
- 2) parallellspråklegheit (jf. kap. 2 i denne rapporten)
- 3) fleirspråklegheit
- 4) Norden som språkleg føregangsregion

Nettverket for språknemndene i Norden har knytt sine tiltak og prosjekt opp mot arbeidsområda i språkdeklarasjonen, og i omtalen nedanfor blir desse områda refererte til ved at nummeret for arbeidsområdet står i parentes.

13.6 Nettverket for språknemndene – arbeid for nordisk språkforståing

Det er sett i gang tiltak for å styrkje den nordiske språkforståinga gjennom fleire nordiske prosjekt, konferansar og seminar knytte til nettverket for språkråda i Norden.

Nettverket har frå 1970 gitt ut årsskriftet *Språk i Norden*. Redaksjonen for årsskriftet er dei nordiske sekretærane i språknemndene. Alle utgåvene er tilgjengelege elektronisk, og frå 2012 har årsskriftet berre vorte publisert elektronisk. Artiklane i *Språk i Norden* blir skrivne på dansk, norsk og svensk, og innhaldet er konsentrert om eit språktema. Nettverket har ei arbeidsgruppe i språktekologi, ASTIN. ASTIN har sidan starten i 2005 arrangert konferansar og arbeidsverkstader åleine eller saman med andre aktuelle aktørar. Arbeidet i ASTIN har heile tida vore knytt opp til arbeidsmåla 1, 2 og 4 i den nordiske språkdeklarasjonen. Målet for ASTIN har vore å få i gang diskusjonar om tema i språktekologien som alle landa kan ha nytte av: skrivestøtteverktøy, programvare for personar med særskilde behov, talegenkjenning osv. Dei fleste arrangementa er det publisert rapportar frå, og desse er tilgjengelege på nettsidene til arbeidsgruppa (Astin-rapportar).

Nettverket har også ei gruppe som arbeider med klarspråk. Gruppa arrangerer ein nordisk klarspråkskonferanse med to til tre års mellomrom (2013 i Finland, 2015 i Noreg og 2017 i Danmark). Konferansane er opne for alle som driv med klarspråk. I etterkant blir det publisert ein rapport, og elektroniske utgåver av rapportane ligg på Nordisk språkkoordinasjons nettside (Nordisk språkkoordinasjon).

Prosjektet «Termbase for nordisk mobilitet» starta i 2013 som ein del av styrkinga av det nordiske språksam arbeidet, og deltakarane i prosjektet kom frå språknemndene og frå private aktørar på terminologiområdet. Prosjektet er forankra i den nordiske språkdeklarasjonen og i artikkel 2 i den nordiske språkkonvensjonen. Prosjektet fekk finansiering frå NordPlus Sprog- og kulturprogram. Første del av arbeidet vart avslutta i mars 2017. Termbasen inneheld brukarnære fagtermar frå samfunnsmiljøet som utdanning og arbeidsmarknad, men planen er at ein i neste omgang skal fylle på med fagtermar frå helse, sosialvesen og domstolar. Ein ser føre seg at brukarane er nordiske borgarar som møter språklege og fagterminologiske utfordringar når dei vil flytte til eit anna nordisk land for å studere eller arbeide. Finansieringa i første runde var nok til den delen som no er avslutta, og prosjektet har gjort nokre viktige erfaringar når det gjeld samarbeid mellom offentlege og private institusjonar som kan kome til nytte når ein går i gang med del to.

«Nordisk språk og språkforståing i nye kommunikasjonskanalar» var eit nettverksprosjekt som vart etablert i samarbeid med Nordpluss språk- og kulturprogram i 2010 og avslutta i 2013. I prosjektperioden vart det arrangert fleire nordiske konferansar der deltema innanfor emnet vart diskuterte. Prosjektet vart avslutta med ein oppsummerande konferanse i Danmark i april 2013. Prosjektet avdekte store manglar når det gjeld forsking på språket i dei nye media. Innlegga frå sluttkonferansen er presenterte i rapporten *Nye medier, sprogbrug, data og metode* og utgitt i Dansk Sprognævns konferanseserie (Rathje 2015).

Nettverksprosjektet «Nordisk miniordbok på nett» vart finansiert av nettverket saman med Nordpluss språk- og kulturprogram, Nordisk kulturfond og Nordisk språkkoordinasjon i perioden 2011–2013. Prosjektet er avslutta, og ordboka ligg no på nettet (Norden i skolen). Ordboka finst òg som applikasjon for smarttelefonar. Ordboka er lita, men gir moglegheit til lyttetrening. Oppslagsordet saman med ei kort forklaring er lese inn slik at brukarane kan høyre uttalen i tillegg til å sjå den skriftlege forklaringa. Innhaldet er på dansk, norsk (bokmål og nynorsk) og svensk. I tillegg kan ein gjøre søk i ordboka på finsk, nordsamisk, islandsk, færøysk og grønlandske.

«Nordisk språkbarometer» er eit delprosjekt av arbeidet med eit europeisk språkbarometer som European Federation of National Institutions for Language (EFNIL) publiserer med nokre års mellomrom. Målet er å overvake språksituasjonen i dei nordiske landa og sjå korleis landa følgjer opp den nordiske språkdeklarasjonen.

13.7 Nabospråkundervisning

Språkrådet publiserte i 2015 *Handbok i nabospråkundervisning* (Eide og Breivik 2015). Handboka er meint som hjelpe og støtte for lærarar som vil undervise i nabospråk, men elevar i vidaregåande skole kan òg ha nytte av å lese delar av boka. Boka inneheld bakgrunnsmateriale med nordisk perspektiv og ei samling tekstar frå dei nordiske landa. Heile boka kan lastast ned frå Språkrådet sine nettsider.

På nettstaden til Norden online er mange av kurstilboda til lærarstudentar og lærarar i vidaregåande skole som gjeld nabospråksundervisning, samla, og fleire av dei som er omtalte nedanfor, finn ein også på denne nettstaden (Norden online).

«Norden i skolen» er eit prosjekt som Foreiningane Nordens Forbund står bak, og er ei læringsplattform med bakgrunnsmateriale, oppgåver, tekstar og andre ressursar for elevar og lærarar. Nettstaden har tilbod om å opprette venneklassar, chatting på nettet, andre typar utveksling og samarbeid ved hjelp av ny teknologi (tenester som Skype, videochatt og Facebook blir brukte). *Nordisk miniordbog* (Nettverket for språknemndene i Norden) er kopla direkte til nokre av tekstane på denne nettstaden, men er også søkbar elles. Frå forskinga veit ein at å ha kontakt er viktig for språkforståinga.

«Nordiske språkpiloter» er eit utdanningstilbod til lærarar i grunnskole og vidaregåande skole som vil undervise i nordiske språk som nabospråk eller som framandspråk. Prosjektet har fått EUs språkpris for nyskapande språkundervisning. Det er til no utdanna 203 språkpilotar på ni kurs for grunnskolelærarar i Norden, og 60 språkpilotar på to kurs for lærarar i vidaregåande skole. I tillegg har alle språkpilotane vorte inviterte til i alt tre oppfølgingskonferansar (2008, 2010 og 2016). Prosjektet fekk i 2015 midlar til ein ny treårsperiode.

Prosjektet «Grænseoverskridende Nordisk Undervisning (GNU) 2011–2014» var eit samarbeid mellom ni nordiske skolar som planla og gjennomførte felles undervisning på internett i faga morsmål, naturfag, historie- og samfunnsfag og matematikk. Initiativtakaren til prosjektet var Roskilde kommune, i samarbeid med University College Sjælland frå Danmark og Høgskolen i Vestfold frå Noreg. På nettsida for prosjektet ligg resultata frå arbeidet i form av publiserte artiklar som tek føre seg ulike deltema.

13.8 Nettverk om parallellspråkbruk i Norden

Engelsk blir stadig meir nytta til undervisnings- og forskingsformidling ved dei nordiske universiteta. I 2011 vart det etablert eit nordisk nettverk som skal kome fram til mål for bruk av både nasjonalspråk og engelsk ved lærestadene – såkalla parallellspråkbruk. Samarbeidet er støtta økonomisk av Nordplus Nordiske Sprog og blir administrert av Center for Internationalisering og Parallelssproglighed ved Københavns Universitet. I 2014 gav nettverket ut boka *Hvor parallelt – Om parallellspråkhets på Nordens universitet*. Frans Gregersen var redaktør (Gregersen ofl. (red.) 2014), og boka har bidrag frå fleire andre involverte i nettverket. Boka har ei generell språkpolitisk innleiring og ein gjennomgang av kva tilhøve ein må ta omsyn til når ein vel undervisningsspråk. Deretter følgjer landsrapportar som tek føre seg fire hovudpunkt: uttalt språkpolitikk, språkval i publikasjonar, språkval i utdanningstilboda og internasjonalisering av språkval for studentar og tilsette frå andre land. Nettverket hadde ein avsluttande konferanse i Oslo i mai 2017.

13.9 Språkteknologi i det nordiske språksamarbeidet

Språkteknologiske prosjekt er prioriterte i den nordiske språkdeklarasjonen som eitt av fire innsatsområde. Nordisk ministerråd lyste i 2010 ut ein konkurranse på 500 000 danske kroner til eit språkverktøy som kan bidra til auka språk- og kulturforståing blant nordiske barn og unge. I oktober 2011 fekk Foreiningane Nordens Forbund ein del av prisen for «Norden i skolen», ei digital undervisningsplattform for lærarar og elevar (jf. 13.7), og Snöball Film for nettstaden nordiskesprak.net, som har korte filmar og aktiverande tekstar av, med og for ungdommar i dei ulike nordiske landa.

Nordisk miniordbog (Nettverket for språknemndene i Norden) høyrer med i satsinga på språkteknologi i språkdeklarasjonen ved at ho gir lyd (opplesing av setningar med oppslagsordet) og fleirspråkleg søking tilgjengeleg for brukarane.

Arbeidsgruppa for språkteknologi i Norden (ASTIN) arrangerte i 2011 ein arbeidsverkstad i Estland om open kjeldekode og problem kring tilgang til språkressursar. Opphavsvrettane stengjer nokre gonger for at eksisterande ressursar blir tilgjengelege for språkteknologisk bruk. ASTIN publiserte i 2011 rapporten *Språkteknologi för ökad tillgänglighet* frå eit nordisk seminar i Linköping i oktober 2010 om korleis språkteknologi kan auke tilgangen til tenester og informasjon for grupper med spesielle behov (Domeij ofl. 2011).

13.10 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Språka i Norden skal halde fram med å vere sterke, levande og samfunnsberande. Det nordiske samarbeidet skal òg i framtida skje på dei skandinaviske språka. For å leve opp til dette må kvart enkelt land arbeide aktivt med å følgje opp den nordiske språkdeklarasjonen. Det er viktig at barn

lærer om nabospråka så tidleg som mogleg. Her har skolen ei viktig rolle. Lærarar treng nettsider der dei kan hente inspirasjon og informasjon. Det er òg behov for fleire kurs i nabospråksundervisning for lærarar. «Språkpilotprosjektet» er eit godt tiltak som bør halde fram.

Nordisk ministerråd har vedteke eit nytt program for kultur og språk retta mot barn og unge opp til 25 år. Programmet, som blir kalla «Volt», er ei oppfølging av den nye tverrsektorielle strategien for barn og unge i Norden som ministerrådet vedtok i 2016.

Tilgang til TV-utsendingar frå nabolandia er tiltak som viser seg å fungere. NRK-serien *Skam* har vorte svært populær i dei andre nordiske landa, og det utan å bli teksta. *Skam* fekk Foreningen Nordens språkpris for 2016 nettopp med grunngivinga at serien bidrog til den nordiske språkforståinga (Foreningen Norden). Serien er utgangspunkt for ei seminarrekke som Fondet for dansk-norsk samarbeid har sett i gang våren 2017 med tema som språk og språkforståing, filmspråk og mediebruk osv.

Ei anna utfordring er tilgang til skjønnlitteratur på dei andre nordiske språka. I Noreg bør ein prioritere svensk og dansk. Å lese meir nordisk litteratur på originalspråket veit vi står opp om nabospråksforståinga.

Eit oversyn over tilgjengelege, digitale ordbøker på dei nordiske språka vil vere eit nyttig hjelpemiddel for undervisningsføremål, men også for alle som vil lese innhald på dei andre nordiske språka. Islex og Frasar.net er gode eksempel på slike ordbøker.

Vi ser utfordringar på det språkteknologiske området i Norden når Noreg og Island no tek del i eit fellesnordisk prosjekt om maskinstøtta omsetjing i regi av EUs omsetjareining. Prosjektet vart sett i gang i 2015, men har støytt på problem i møte med fleire av dei nordiske språka. Meir informasjon om prosjektet ligg på nettstaden til European Language Ressource Coordination.

I Noreg pågår det no eit arbeid med fornying av faga i grunnskolen. Ei av problemstillingane som er framme, er at norskfaget har for mange komponentar, og at det er behov for å fordjupe seg meir i kjernelementa i faget. Det er ikkje klart kva plass nabospråksundervisninga vil få i det nye norskfaget, men det er det grunn til å følgje med på utviklinga for nabospråksundervisninga når dei nye fagplanane skal lagast.

Kjelder

ASTIN-rapportar: <http://www.sprakochfolkminnen.se/sprak/sprak-och-it/sprakteknologi/arbetsgruppen-for-sprakteknologi-i-norden-astin/nordiska-seminarier.html> (august 2017).

Brink, E.T. (2016): *Man skal bare kaste sig ud i det...* Nordisk Sprogkoordination og Foreningerne Nordens Forbund. <http://sprogkoordinationen.org/media/1337/man-skal-bare-kaste-sig-ud-i-det.pdf> (august 2016).

Bacquin, M. og R. Z. Christensen (2013): Dansk og svensk – Fra nabosprog til fremmedsprog. <http://www.css.lu.se/uploads/media/Danskogsvensk.pdf> (august 2017).

Domeij, R. ofl. (2011): *Språkteknologi för ökad tillgänglighet. Rapport från ett nordiskt seminarium. Linköping 27–28 oktober 2010.* Linköping. <http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kteknologi%20for%20%C3%B8kt%20tilgjengelighet,%20nordisk%20seminar%20oktober%202010.pdf> (august 2017).

EFNIL = European Federation of Institutions for Language: <http://efnil.org/> (august 2017).

Eide, O. og T. Breivik (red.) (2015): *Handbok i nabospråkundervisning.* Språkrådets skrifter nr. 4. Oslo. <http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakradets-skrifter/handboka-i-nabospraksundervisning-web.pdf> (august 2017).

European Language Ressource Coordination: <http://lr-coordination.eu/4thlrb> (august 2017).

Foreningen Norden: Nordens språkpriis: <http://www.aftenposten.no/kultur/Nordens-sprakpris-til-Skam-610459b.html> (august 2017).

Frasar.net: <http://www.frasar.net/> (august 2017).

Gregersen, F. ofl. (red.) (2014): Hvor parallelt – Om parallellspråkighet på Nordens universitet. Nordisk ministerråd. København.

Grænseoverskridende Nordisk Undervisning (GNU): <https://projektgnu.wordpress.com/> (august 2017).

Islex: www.islex.no (august 2017).

Mål og mening sjå St.meld. nr. 35 (2007–2008).

Nettverket for språknemndene i Norden: *Nordisk miniordbog*. <http://miniordbok.org/nb/annen-info/lydordbok/> (august 2017).

Norden i skolen: <https://nordeniskolen.org/nn> (august 2017).

Norden online: <http://www.norden-online.dk/> (august 2017).

Nordisk ministerråd (2006): *Deklaration om nordisk språkpolitik*. København. <http://norden.diva-portal.org/smash/record.jsf?pid=diva2%3A700895&dswid=-651> (august 2017).

Nordisk språkkoordinasjon (2017): <http://www.sprogkoordinationen.org/> (august 2017).

Nordiske språkpiloter: <http://www.sprogpiloter.org/> (august 2017).

Nordpluss Nordiske Språk: <http://www.nordplusonline.org/> (august 2017).

Rathje, M. (red.) (2015): *Nye medier, sprogbrug, data og metode*. Dansk Sprognævn. Sprognævnets konferenceserie 4. København.

Snøball Film: <http://nordiskesprak.net/#> (august 2017).

Språk i Norden. Årsskrift for nettverket for språknemndene i Norden.
<https://tidsskrift.dk/index.php/sin/index> (august 2017).

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf> (august 2017). Kortversjon:
http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf (august 2017).

Volt: <http://www.norden.org/no/aktuelt/bilder/grafik-og-logoer/volt-nytt-kultur-och-spraakprogram-foer-barn-och-unga/view> (august 2017).

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet.

Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal vere i bruk i alle delar av samfunnslivet også i framtida – og ikkje bli sett til sides av engelsk.

Vi vil gi det offentlege, næringslivet og folk flest tru på at norsk språk duger, og derfor arbeider vi for å auke kunnskapen om norsk språk.



Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Tlf. 22 54 19 50
E-post: post@sprakradet.no

www.språkrådet.no
www.sprakradet.no